– David mot Goliat, skriver Aftenposten. Resultat: 3–1 til David. Tambarskjelvar fra Naustdal i Sunnfjord er dameseriens David. Naustdal-jentene er seriens minste, gjennomsnitt på 168 cm, og yngste, gjennomsnitt på 19 år. Før sesongstart var ikke Sunnfjordlaget levnet særlige sjanser av ekspertisen. I helga møtte «Davidene» volleyballens nye Goliat, Oslo VBK. Fusjonen NIHI og Vahl var sammen med BSI tiltenkt hovedrollen i årets serie. Oslo-jentene gikk på tap mot BSI lørdag, søndag skulle dette rettes opp i Førdehallen. Tambarskjelvar ble ikke ulvemat. Naustdal-lagets glimrende opplegger Gunnvor Aase fikk med seg sine lagkamerater til full innsats og Oslo VBK ble sendt hjem med 3–1 tap. Glimrende av Naustdal-jentene. Gunnvor Aase er med sine 16 år litt av en volleyball-sensasjon her til lands. Jenta har før årets sesong notert 22 landskamper. Under junior nordisk i Sverige i høst ble hun karakterisert som Nordens største opplegger-talent. Vi våger et hipp hurra for Naustdal.

## Sittende volleyball

Volleyballnivået i Ålesund har stagnert, men stadig flere blir aktive i denne ballidretten. Sittende volleyball er populært i handikapidrettslagene. I helga var det landskamper i denne grenen i Danmark. Med på det norske laget var en ålesunder, Torgeir Skillestad. Norge gjorde en flott innsats og besatte andre plassen blant de fem deltakende lagene. Vest-Tyskland toppet.

## Norges-cupen

Det var ikke bare sunnmøringene som spilte 1. runde i Norges-cupen i volleyball i helga. På sunndalsøra møttes lagene fra Romsdal og Nordmøre. I dameklassen gikk Aure, Eide og Gjermundnes videre til andre runde. I herreklassen ble det avansement for Isfjorden, Gjermundnes og Molde 2.

**BSI – Tambarskjelvar 3 – 0:**

# Toppkampen i 1. divisjon vart eit antiklimaks.

Seriekampen mange hadde trutt skulle bli eit toppoppgjer i 1. divisjon, vart i staden ei tam og til dels dårleg forestilling mellom BSI og Tambarskjelvar, der BSI vann ein lett 3-0 siger.

Den aggressivitet og sjølvtillit som prega Tambarskjelvar i kampen mot Ålesund helga før, var som stroken vekk i denne kampen. Det synest som respekten for BSI-namnet er så stor, at motstandarane ikkje trur det er mogeleg å vinne.

Dei av publikum som hadde venta ein kamp med lange ballvekslingar og variert angrepsspel, vart skuffa.

Dels vanskelege servar frå begge lag — når desse trefte motstandarane sin banehalvdel — gjorde det vanskeleg å bygge opp angrep. Dermed kom dei fleste poenga på servemottaksfeil og andre personlege feil.

Første settet starta godt for gjestene og dei var oppe i 5-0 leiing før BSI fekk kontakt, og laga fylgdest til 10-9 då BSI sa takk for fylgjet og vann 15-9.

I andre sett var det motsett opning med 8-1 leiing til BSI, før Tambarskjelvar henta opp og fekk kontakt på 10-10. Så stoppa det igjen og BSI vann 15-10.

Tredje sett var gjestene sin siste sjanse, og det såg lenge ut til å lukkast. Tambarskjelvar leia 7-2 og 11-8, men BSI viste nok ein gong sin rutine. Utan å overtyde med godt spel berga dei 3-0 siger med 15-12 i siste settet.

**Lagleiar Atle Øen:**

# Framleis ting å rette på.

Etter kampen tok vi ein prat med trenar og lagleiar hos Tambarskjelvar Atle Øen. Han var sjølvsagt godt fornøgd både med spel og resultat. Litt misfornøgd var han med at taktikken med å demme opp for Oslo sine smashar langs linja, slo feil i byrjinga av første sett. Vi var klar over at Oslo ville køyre hardt ut, og satsa spesielt på å dekke opp for linjesmashane. Dette lukkast ikkje før eit stykke utover i settet, men sidan demde laget godt opp. Han ville ikkje ta fram dei store superlativa, men konstaterte at dette først og fremst var ein lag-siger, der heile laget jobba ypperleg, men Venke Andal sitt forsvarsarbeid vil han framheve spesielt. Dessutan vil han rose innbyttarane Torunn Solheim og Erna Viken for måten dei gjorde jobben på. Det er ikkje enkelt å komme inn på slutten av ein kamp, og gjere så god innsats som desse gjorde. Han vil også framheve Gunnvor Aase sin overbevisande match-ball, som gjekk rett inn. Ein imponerande prestasjon av ein 16-åring.

Som spesielt gledeleg vil han framheve framgangen frå BSI-kampen. Innstillinga i laget var mykje betre. I dag ville laget vinne, og hadde trua på seg sjølv. Også taktisk hadde dei forandra seg frå BSI-kampen. Laget gjekk tilbake til same taktikk som mot Ålesund, og det viste seg å slå inn. Men Øen påpeikar at framleis er ikkje alt perfekt, laget har enno ting som må rettast på, noko dei vil satse på føre dei komande kampar.

**Norges-cup:**

# Sande og Tambarskjelvar klar for krinsfinale.



**Laget til Sande som kvalifiserte seg til krinsfinalen: Stein Åge Ålsen, Rune Olsen, Geir Inge Olsen, Frode Eide, Jarl Tyssekvam, Asgeir Bell-Fossen, Arne Sande, Torbjørn Thue, Anita Eide (lagleiar).**

Sundag var Førdehuset arena for kvalifiseringskampar til krinsfinalen i Norgescupen. Berre eit lag var påmeldt i dameklassa, nemleg Tambarskjelvar. Dei møtte Nordfjord-laga på Nordfjordeid.

Følgjeleg vart det berre herrekampar i Førdehuset. Der var det påmeldt 5 lag: Førde I og II, Pil, Sande og Tambarskjelvar. Førdelaga var samansett av spelarar frå 3. div.-laget. Innleiande kampar gjekk dels føre og dels etter 1. div.-kampen. Det viste seg at førehandsfavoritten Sande fekk Tambarskjelvar som finalemotstandar. Finalen utvikla seg til ei ganske spennande affære, der Sande tok sikkert heim sigeren i første sett, 15-4. I andre sett viste Tambarskjelvar seg fullt på høgde med Sande, og vann settet 15-9. Men i 3. sett kom Sande tilbake, og vann sikkert 15-2. Begge finalemotstandarane er klare for krinsfinalen i Firdahallen seinare.

Inge Andersen i arrangørklubben Førde VBK seier seg bra fornøgd med arrangementet, sjølv om det vart litt vanskeleggjort av 1. div. kampen. Han var litt skuffa over den dårlege deltakinga då denne turneringa er ein fin anledning å få matchtrening, då alle lag får mange kampar.

Resultata:

Innleiande kampar.

| | |
|---|---|
| **Pulje I.** | |
| Tambarskjelvar – Førde I | 2-1 |
| Pil – Førde I | 0-2 |
| Tambarskjelvar – Pil | 2-0 |
| **Pulje 2:** | |
| Førde II – Sande | 0-2 |
| **Kamp om 3. plass:** | |
| Førde II – Førde I | 0-2 |
| **Kamp om 4. plass:** | |
| Førde II – Pil | 2-1 |
| **Finale:** | |
| Sande – Tambarskjelvar | 2-0 |

Sluttstillinga vart då:

1. Sande
2. Tambarskjelvar
3. Førde I
4. Førde II
5. Pil



**Laget til Tambarskjelvar er også klart for krinsfinale: Edgar Damås, Jostein Berntsen, Børge Einevoll, Egil Holvik (lagleiar), Rune Førland, Ragnar Berntsen, Are Einevoll, Odd Rognebakke, Atle Standal og Frode Hilde.**

# Til krinsfinalane.

I helga vart distrikts-finalane i Norgescupen volleyball avvikla i Eid Idrettshus, Sogndalshallen og Førdehallen.

I dameklassa kvalifiserte KFUM Sandane lag I og II, Tambarskjelvar og Hornindal, seg til krinsfinalen. Frå Sogn har Sogndal kvalifisert seg, og desse laga utgjer finalen saman med 1. divisjonslaget til Tambarskjelvar og 2. divisjonslaga til Førde og KFUM Måløy.

I herreklassa kvalifiserte Sogndal seg frå Sogn. Sande og Tambarskjelvar frå Sunnfjord, og Eid I, Svelgen I frå kampane på Nordfjordeid. Desse utgjer finalelaga, saman med 1. og 2. divisjonslaga til Førde, KFUM Måløy og Hornindal.

Krinsfinalen går i Firdahallen Sandane 1. desember.



BSI jobbet skikkelig i forsvar da laget slo Oslo i Stemmemyrshallen. Her er Ina Svenningsen i aksjon med Inger Gundersen, Marita Hjelmeland og Heidi Brox som «tilskuere». (Foto: Odd E. Nerbø)

# Årsbeste av BSI

AV PER INGE HJERTAKER

**BSI-damene var på gyngende grunn i begynnelsen av kampen mot Oslo Volleyballklubbs tittel-utfordrere, men laget tok seg godt inn og slo til med et spill som må karakteriseres som årsbeste. Dermed ble gjestene fra hovedstaden for statister å regne etter BSI-serien 15-8, 15-6 og 15-7 i de tre siste settene. Åpningssettet gikk til gjestene med 15-7.**

Det var gjestene som kom best i gang. Anført av en godt opplagt Brit Farstad smashet Oslo-laget inn det meste, mens fjorårsmestrene fra Bergen var tilskuere til det som skjedde. Etter bare en trening med Ragnhild Korneliussen som opplegger var det tydelig at spillerne var svært usikre på hverandre.

De neste settene viste med all mulig tydelighet at BSI akter å bli sittende på volleyball-tronen. Med sesongens beste spill avviste BSI alle forsøk fra gjestene, og de tre siste settene gikk unna i ren utklassingsstil. Med en glimrende Inger Gundersen i midten viste hjemmelaget angrepsspill ingen kan gjøre dem etter her til lands. Oslo VBK spilte ikke dårlig, men Bergens-jentene var så mye bedre.

Utover i kampen ble også Ragnhild Korneliussen varm i trøyen, og det var ikke mye som avslørte at hun har vært borte fra volleyball i omlag et halvt år. Med sin gode plasseringsevne og suverene overblikk ble hun etterhvert spilleren som la grunnlaget for det eminente BSI-spillet. Oslo VBK begynte bra anført av den tidligere BSI-spilleren Brit Farstad, men overfor det beste damelaget norsk volleyball har hatt ble det etter hvert for dårlig. Lagleder for Oslo og trener for det norske damelandslaget Svein Rørvik må nok derfor ha med seg landslaget neste gang han kommer til Bergen, om han skal ha forhåpninger om å slå BSI-damene.

## God generalprøve

Helgens kamp var generalprøven før møtet med finske Karhulan Veikot i Europa-cupens 1. runde. Får BSI-damene til et lignende spill i Stemmemyren kommende helg, er det ikke umulig at Bergens-laget kan står for en liten nordisk volleyball-bombe.

# Sensasjon

**Tambarskjelvar gikk sensasjonelt nok seirende ut av oppgjøret mot Oslo VBK i Førdehuset i går. Ungjentene fra Naustdal slo til så det virkelig ga gjenlyd i norsk volleyball, og favorittene fra Oslo måtte reise fullstendig tomhendte hjem etter sitt møte med Vestlandets volleyball-elite. 3-1 vant Tambarskjelvar etter sett-sifrene 12-15, 15-11, 15-7 og 15-12.**

Lørdag var det BSI som utklasset gjestene fra Oslo, og i går var det Tambarskjelvars tur til å knuse Oslo-jentenes drøm om å nå tabell-topp. De lovpriste spillerne til landslagstrener Svein Rørvik fikk dermed et brutalt møte med volleyballdamene fra vest, og de må nok revurdere sin ambisiøse målsetting om å kjempe om seriemesterskapet. Et lag som derimot seiler opp som en outsider i damenes 1. divisjon, er debutantene fra Naustdal.

I helgens kamp kom lagets eminente teknikk til sin rett, og da det kom til stykket, hadde gjestene ikke muligheter til å følge med i det høyt oppdrevne tempoet til Tambarskjelvar. Hjemmelaget fikk til mottakene sine bedre enn på lenge, og med sine noe tyngre spillere klarte ikke Oslo VBK å blokke de raske angrepene satt i scene av Gunnvor Aase.

Oslo-laget har sin faste opplegger skadet, og det var tydelig at det var nettopp i denne fasen gjestene hadde de største problemene.

# Førde-tap

**Alle forhåndstips ble gjort til skamme i Førdehuset lørdag da gjestende KFUM/Oslo slo hjemmelaget i en spennende og jevn kamp. Førde var med hele tiden, og med litt mer uttelling i angrep kunne kampen ha vippet til fordel for Førde-guttene. KFUM/Oslo vant imidlertid 3-1 etter 15-12, 15-13, 14-15 og 15-12.**

Det ser fortsatt ut til at Førde VBK ikke er blitt kvitt «KFUM-komplekset» sitt. I fjor var Oslo-laget aldri truet i kampene mot det unge Førde-laget. Lagleder Inge Andersen hadde håpet at disiplene hans skulle slå de regjerende seriemestre i årets hjemmekamp, men heller ikke denne gangen lyktes det. Det var likevel ikke mye om å gjøre. Som settsifrene viser, var det en jevn kamp, og det satte de tre hundre tilskuerne høylydt pris på.

Førde holdt godt følge i alle settene, men spillerne sto ikke nok på mot slutten. Oslo-laget holdt nervene bedre under kontroll og kunne med færre personlige feil gå fra og vinne. I denne kampen var det tydelig at hjemmelaget er for avhengig av dine to play-makere Olav Vølstad og Knut Føleide. Begge er i det militære og kan derfor ikke trene med laget. Lange reiser og lite samtrening må derfor ta sin del av skylden for at Førde ikke klarte å ta nye poeng.

Inge Andersen mener likevel at laget hans er i rute, og fortsatt er målsettingen for sesongen uforandret: Førde skal bli blant de fire beste og med det få plass i sluttspillet!

Volleyballpoeng om 1. divisjon:

# Sunnfjord-laga yngst. Tambarskjelvar også minst

- Nye i 1. divisjon: Tambarskjelvar og Bergkameratene (damer) og Sandnes og Hellerasten (herrar).
- Studentlaga er nærmast borte. I vår forsvant OSI, KSI, BSI (herrar) og NIHI frå toppvolleyballen. Men OSI har framleis flest meisterskapar, i alt 13, og saman med BSI (damer) toppar dei maratontabellen klart.
- Dette er 12. sesong med 1. divisjon for herrar, damene sin 9.
- Dei minste spelarane er Bente Dahlen, Bergkameratene (160 cm) og Inge Hagerup, BK Tromsø (172 cm).
- Høgste: Janne Rustad, Oslo VBK (182) og Georg Husa, Sandnes, Tom Hatlestad, KFUM Oslo og Jeppe Vørre, Førde (alle 200 cm). Leira, KFUM Oslo (44).
- Utlendingar i hovudserien: Ulla Alvarsson (Sverige), Oslo VBK, Tomas Jonsson (Island) og Håkon Hedengård (Sverige), begge KFUM Oslo.
- Lågaste gjennomsnittshøgde: Tambarskjelvar (168) og BK Tromsø (180). Høgste: Ålesund VK (173) og Hellerasten (188).
- Lågaste gjennomsnittsalder: Tambarskjelvar (19 år) og Førde (21 år). Høgste: Porsgrunn og KFUM Ålesund, begge 25 år.
- Eldste: Signe Frick, Sandnes (33) og Geir Humberset, KFUM Volda (30). Yngste: Helene Steffensen, Bergkameratene (16) og Lennart Langø og Erling Bjørn Sørensen, KFUM Volda (begge 17).
- Flest landskampar: Eli-Wenche Nilsen, Bergkam. (46) og Egil

# ÅVKs volleyball-damer i motvind



★ **Sunnmørs-enerne i damevolleyball, ÅVK, maktet heller ikke denne helga å reise kjerringa. Her kapitulerer Oddveig Indrebø mens Eva Knutsen, Unni Belden og Inger Lise Skarbøvik er bekymret, og kan lite gjøre. (Foto: Klaus)**

**D1: ÅVK–Porsgrunn 1–3 (15–11, 14–16, 14–16, 6–15)**

ÅVK-damene greidde ikke å spille seg opp fra jumbo-plassen på førstedivisjonstabellen i Fagerlihallen i går. Bortsett fra i åpninga maktet ikke laget å stå setta ut, og Porsgrunn drog lengste strået i sett nummer to og tre, kampens jamneste. Mot slutten var ÅVK-damene tydelig slitne, og spillet raknet så pass at Porsgrunn ikke hadde problemer med å trygge poenga. Dermed har jentene fra Skien-kanten to seire av to mulige så langt i sesongen.

ÅVK åpnet brukbart, og ledet 13–7 i første sett. Men allerede da viste laget svakheter som skulle bli utslagsgivende seinere i kampen. Det er først og fremst forsvarsspillet ved nettet vi tenker på, og Porsgrunn kunne redusere til 13–11. Men ÅVK-damene samlet seg om de siste ballene.

Jamnere i andre sett. Det sto lenge og bikket på 5–5, før ÅVK kunne dra ifra. Særlig Eva Knutsen glimtet til i denne perioden. Men Porsgrunn fikk skikk på forsvarsspillet, og kom á jour på 13–13. Til slutt satt gjestenes settball der den skulle, dermed var det jamvekt.

Også i tredje sett viste ÅVK at de ikke makter å kjøre for fullt et heilt sett. De hadde føringa 3–0, men ti minutt etter var stoda 3–8! Heimelaget utnyttet fint en downperiode hos gjestene, og kjempet seg forbi. Men så stivnet ÅVK-spillet, Porsgrunnblokka tok seg effektivt av heime-smashene, samtidig som det blei flyt i framspilla. Ved 14–10 kom ÅVK til hektene igjen. Men det var for seint. Sjøl om ÅVK maktet kjempe seg opp til 14–14, hadde gjestene mest inne mot slutten av dette viktige settet.

Porsgrunn hadde greidd å snu kampen til sin favør, og da laget tok føringa et lite stykke ut i fjerde sett, klarte ikke ÅVK å svare. Vi tror spillerne rett og slett var kjørt, for laget hang ikke sammen på samme måte som Porsgrunn gjorde det. At ÅVK greidde å holde følge med fjestene i perioder, skyldes mer kjemping og enmannsprestasjoner enn direkte godt spill. Inger Lise Skarbøvik holdt hodet mest kaldt, og Arnhild Holstad glimtet til i perioder.

Porsgrunns styrke lå i ÅVKs svikt: Forsvarsspillet. Presise blokker, og rolige, **kontrollerte** opphentinger. Gunn Garsvik (nummer 9) banens beste, men også opplegger Sissel Pettersen (10) var god å ha.

Grei dømming av Karl Arne Remvik og Arne-Helge Gamlem.

*Klaus*

## – Vi trener for lite!

– Det er slutt å flyte på at man er sunnmøring i volleyballsporten. Og det er bare bra, fastslo ÅVK-damenes trener, Terje Grønningsæter, etter tapet mot Porsgrunn.

– Her på Sunnmøre har nivået stagnert de siste sju åra, mens man i andre landsdeler satser for fullt. Vi trener to ganger i uka, og med denne treningsmengden har vi ikke noe i første divisjon å gjøre. Skal man holde seg i toppdivisjonen i dag må man satse målbevisst, ta et lag som Tambarskjelvar for eksempel, de kommer sammen ikke mindre enn fem ganger i uka.

Dette er årsaken til at Ålesunds to førstedivisjonslag ligger nederst på tabellene. Men Grønningsæter, som sjøl er aktiv på ÅVKs herrelag, forteller at han bare har tid til å lede treningene en gang i uka. At ÅVK-damene ikke makter å stå på for fullt i et helt sett skyldes mangelfull trening, sjøl om han også fremhever rekrutteringa. Den er ikke god, og derfor er tapet av en spiller av Ann-Mari Falkeviks kaliber foran sesongen blitt så pass merkbart, mener Grønningsæter.

# Tafatt Volda-lag gav lettkjøpt siger til BK Tromsø



Kampen mellom KFUM-Volda og BK Tromsø i Voldahallen laurdag vart ikkje nokon storkamp.

BK Tromsø synte ikkje det storspelet dei leverte i førre sesong og KFUM-Volda låg kanskje enno lenger vekk frå fjorårets nivå.

Dette synte seg tidleg i kampen og dermed vart ikkje publikum så engasjerte.

Det opna med 2 raske av BK Tromsø men KFUK-Volda kvitterte med heile 12 poeng før BK Tromsø fekk ny utteljing.

Så skulle det syne seg at KFUM-Volda sitt overtak ikkje gav eit «sant» bilete. BK Tromsø henta godt inn på KFUM-Volda sitt forsprang til det var 15-15. Men her takka KFUM-Volda for samveret og stakk forbi. Første settet gjekk til heimelaget med 17-15.

I andre settet kom det svake i Volda-laget så tydeleg fram at vi forstod at sigeren låg for langt unna — trass heller svakt spel frå gjestane.

I slutten av spelet såg vi fleire fikse ting av voldingane som gav ei viss optimisme til 3. settet. Men så gjekk det heilt gale. Visst hadde gjestane ein god del flaks, men dei mange mistydingane og det tildels nonchalante spelet måtte gje solid tap. Det vart det også. Gjestane feia heimelaget av bana med 15-1!

Så var det 4. settet. Det var få som trudde voldingane greidde å «reise kjerringa» så publikum kvikna verkeleg til då voldingane hadde ei opning som minte oss om «dei gamle gode dagar». Men BK Tromsø var best og tok raskt leiinga. Voldingane kom på nytt att, fram til det var 7-7 men frå då av gjekk gjestane sakte men sikkert forbi.

Gjestane vann med 15-11. Fasiten vert, at aldri før har eit lag fått ein så billig siger over KFUM-Volda som BK Tromsø fekk i denne kampen.

Det kan her nemnast at KFUM-Volda fekk inga støtte hjå publikum når dei låg på defensiven.

VOLLEYBALL

# 30 lag i dei «nye» kri seriane i Sogn og Fj.

## Krinsen samla til eitt rike i både 3 4. divisjon.

Det nye seriesystemet på landsplan har også ført til endringar for krinsseriane i Sogn og Fjordane. Den mest markante skilnaden frå i fjor er at 4. divisjonsavdelingane for herrar er samla til ei avdeling med 8 lag, medan 3. divisjonsavdelingane for damer er samla til ei avdeling med 8 lag samstundes som det er oppretta ei 4. divisjonsavdeling der 6 lag er påmelde.

Seriesystemet føreset same inndelinga i dame- og herreklassen, der 1. divisjon er ei avdeling med 8 lag. I 2. divisjon er det fire avdelingar kvar med 8 lag. I 3. div, er det åtte avdelingar, kvar med 8 lag. Inntil sesongen 1985/86 kan 3. divisjonsavdelingane delast i ei A- og ei B-avdeling som kvar består av 8 lag, og nettopp dette har skjedd i avdeling Møre og Romsdal/Sogn og Fjordane der Sogn og Fjordane utgjer ei B-avdeling førebels. I 4. divisjon er det 16 avdelingar kvar med 8 lag. Også desse kan delast inntil 85/86-sesongen.

I dameseriane finn ein Breim, Hornindal, Jotun, KFUM Sandane, Sande, Sogndal, Svelgen og Tambarskjelvar i 3. divisjon og Dale, Eid, Førde, Høyang, Sogndal og Tambarskjelvar i 4. divisjon. I fjor vann Breim avdeling A føre Sande, Svelgen, KFUM Sandane, Tambarskjelvar, Hornindal, Dale og Pil, medan Sogndal I vann avdeling B føre Jotun, Høyang og Sogndal II. I kvalifiseringskampane for å unngå nedrykk vann Tambarskjelvar og Hornindal føre Høyang som måtte ned i den nyoppretta 4. divisjonen.

I årets herreseriar spelar Eid, Førde, KFUM Sandane, Pil, Sande, Sogndal, Svelgen og Vik i 3. divisjon, medan 4. divisjonslaga er Breim, Dale, Førde, Høyang, Jotun, Sogndal, Svelgen og Tambarskjelvar. Fjorårets 3. divisjonsvinnar var Sande føre Sogndal, Vik, Eid, KFUM Sandane, Svelgen, Stryn og Førde. Stryn trekte seg frå seriane og dermed var det ingen andre lag som måtte ned. Frå dei to 4. div gane vann Brodd kampane for oppryk Balestrand, men lag og dermed var det plassen i 3. divisjon.

**D3:**
24/10 Sande—KFUM
Svelgen—Sog
25/10 Hornindal—Sc

**H3:**
24/10 Førde—Sande
Vik—KFUM
Svelgen—Eid
25/10 Sogndal—KFU

**D4:**
24/10 Tambarskjelv
Sogndal—Eid

**H4:**
24/10 Tambarskjelv
25/10 Høyang—Jotu
Svelgen—Dal
Breim—Tam

## Større sat på jenter/

Volleyballkrinsen eit stort arbeid i seri og jentelag framfo songen, og fleire lag at dei satsar seriøst p spelarane. I yngste til 13 år er det rett n klubbar som stiller interessa er god i kla 16 år.

Breim og Eid stille gute- og jenteserien medan Tambarskjelv eit jentelag i denne serien for jenter opp KFUM Måløy og Ei område A, medan As og to Førde-lag stiller Førde har også meld guteserien i denne kl med Askvoll og Breim møtest Eid, KFUM Svelgen-lag.

Seriane vert innl november, medan kri skal kårast først i m seriane er avslutta i februar.

# To nye poeng til Dale.

## Vann fortent 3-1 i sett over Jotun. Setttala var 15-5, 16-18, 15-10 og 15-8.



Heimelaget scora mange poeng på gode smashar, og her sender spelande trenar Arne Dag Gjærde i veg ein teljande ball mot Jotun-blokka.

Herrelaget til Dale sikra seg heilt fortent to nye poeng i kampen mot Jotun sundag. Kampen gjekk over fire sett, med siger til Dale i det første og dei to siste. Dale er oppe i fire poeng på tre kampar og har fått ei brukar sesongopning. Marit Østensen og Ann Kristin Bjergene dømde kampen, med Margrethe Reisæter og Arne Petter Brekke som linjedommarar.

Fleire av spelarane på Dalelaget er nye frå i fjor, medan eit par sentrale frå sist sesong, ikkje var med. Laget er ungt og skulle såleis ha gode voner om å spele seg opp ein divisjon, minst, om enn ikkje alt i år. Arne Dag Gjærde frå Askvoll er framleis spelande trenar og har ein fin stamme å byggje vidare på.

Det var gjestane frå Øvre Årdal



Geir Paulsen (sesongdebuterte etter armbrudd) høyt oppe mot islendingene, men laginnsatsen var langt nede. (Foto: Erik Unaas)

# Heldig dag å få «black out» på

**SOGNSHALLEN — Spillet i denne kampen kan i beste fall regnes som dårlig norsk 1. divisjon. Jeg kan bare beklage at vi i en E-cupkamp med stort publikum og fjernsynet på plass ikke kunne skape bedre PR for volleyballen.**

**Av ERIK UNAAS**

KFUM/OSLO-trener Håkon Figenschou var ikke særlig blir i går, til tross for at hans lag avanserte i serievinner-cupen med 3—2-seier over islandske Throttur. Oslo vant nemlig 3-0 i bortekampen forrige helg og med bare ett vunnet sett i Sognshallen i går ville laget være klare for 2. runde.

Da KFUM/Oslo vant 1. sett var egentlig all spenning borte. — Nettopp det ødela nok kampen. Det virket som motivasjonen hos spillerne fullstendig forsvant etter det, sier Figenschou. Kampen ble aldri god. Det florerte med personlige feil på begge lag. Bare 3. settet som KFUM/Oslo fant 15—5 etter under et kvarters spill var noenlunde. Da smashet Rune Høgevoll som bare en toppspiller gjør og klarte for en liten stund å heve laget sitt opp til akseptabelt nivå.

Men det skal sies at Throttur hadde en rotete og uortodoks spillestil som nodmenn er lite vant til.

Foruten nevnte Høgevoll spilte KFUMs tó utlendinger, oppleggeren Håkan Hedengård og midtspilleren Thomas Jonsson bra. Dessuten likte vi Eigil Leira fremme ved nettet det lille han var innpå.

## Store oppgaver

Nå venter store oppgaver på KFUM/Oslo. Lørdag kommer serieleder og E-cup-makker BK Tromsø på besøk, deretter venter Hormann VC fra Belgia i 2. runde i E-cupen.

**KAMPFAKTA:**
1. runde E-cupen
KFUM/Oslo — Throttur 3-2
(15—7, 7—15, 15—5, 13—15, 15—13)
Sognshallen, Oslo
300 tilskuere
Effektiv kamptid: 83 minutter.
KFUMs beste: Rune Høgevoll.
Throtturs beste: Gunnar Arnason.
Dommere: Sigmund Dawiskiba, Sverige — Thorleif Bjerke, Norge, begge meget gode.

# DRAMATISK I TROMSØ

**For en dramatikk. For en stemning. Med fem fattige ballers overvekt avanserte BK Tromsø i volleyballens cupvinnercup på bekostning av engelske Kelly Girls. 2700 elleville tilskuere var vitne til det i Tromsøhallen lørdag.**

**Av ERIK UNAAS**

— Dette ble mer spennende enn vi hadde regnet med. Den klare seieren i London (3—1), alt oppstyret i Tromsø den siste uka og den enorme publikumstilstrømningen i dag holdt nesten på å knekke spillerne psykisk, sa en svært lettet BK-formann Peter Drecker til pressen etter kampen. For helt fornøyd med spillet, bortsett fra i 2. sett, kunne han ikke være.

Det skyldes utvilsomt nerver og press. I 1. sett ledet Kelly Girls 6—0 før hjemmelaget kom i gang — men for seint til å redde settet. Det ble tap 14—16. I neste gled alt bra, før BK «dvergene» i 3. igjen falt pladask sammen. Elendige blokker og en rekke personlige feil preget BK i det settet.

## 8 poeng holdt

Foran siste «periode» var situasjonen den at 8 poeng ville gi 2. runde-billett. Tromsø fikk raskt 3—0, så gikk det 11 servevekslinger før noen igjen fikk poeng. Det ble Kelly Girls, som gikk opp til 7—3. Spenningen økte. Så kom det ytterligere ni servevekslinger før endeklig BK igjen fikk poeng. Da de gikk opp til 8, var dagen reddet. Det spilte nesten ingen rolle om gjestene vant settet 15—13 og kampen 3—1.

«Dvergene» skuffet altså en smule spillemessig. En del skyldes nok at eneren Svein Arild Jacobsen fikk uvanlig lite til. I stedet overtok landslagskollega Ulf Edholm Johansen som den førende i angrepet. Best på laget var nok oppleggeren Jan Rønnestad.

Engelskmennene var svært skuffet da de dro fra hallen. — Vi er langt bedre enn nordmennene og det burde vært vi som skulle møtt Grenoble i 2. runde. Dessuten ødela hjemmedommere kampen fullstendig, hevdet de etterpå.

**KAMPFAKTA:**
1. runde E-cupen, cupvinnere
BK Tromsø—Kelly Girls 1—3
(14—16, 15—7, 6—15, 13—15)
BK Tromsø videre etter 4—4 i sett og 101—95 poeng.
Tromsøhallen, 2700 tilskuere
Kamptid: 100 minutter
BKs beste: Jan Rønnestad
Kelly Girls': Roger Belinga
Dommere: Arto Suontakanen, Finland, og Arvid Vangen, Norge.

# — Nederlag ga mersmak

**Dagbladet/Karhulan**
**BSI-damene røk ut av Europa-cupen med flagget til topps. Til tross for 0—3-tap i helga og 2—6 sammenlagt for finske Karhulan Veikot, et av favorittlagene i serievinnercupen, har Bergensjentene virkelig satt seg i respekt.**

**—Riktignok spilte vi ikke så godt i bortekampen som hjemme i Bergen, men jeg synes vi er bedre enn vi trodde. Finne-kampene har gitt oss mersmak og nå kommer vi virkelig til å satse utover, sier BSIs spillende trener, Inger Gundersen, og legger til: — Faktisk er jeg litt glad vi røk ut. Om vi hadde gått videre skulle vi møtt et lag fra Ural i Sovjet, hvordan vi skulle klart det økonomisk forstår ikke jeg.**

VOLLEYBALL

# Serie-runda

## D3:

### Breim – Sande 1-3.

Breim opna godt i 1. sett og hadde Sande heilt i kne, men i dei tre siste setta kjempa Sande godt, og fekk ei leiing Breim aldri greidde å innhente. Settsiffera var 15-1, 10-15, 10-15, 10-15.

### Tambarskj. – Svelgen 3-2.

Heimelaget vann første settet relativt lett 15-8, men i 2. sett kom gjestene sterkt og tok ein klar siger 15-1. 3. og 4. sett var begge jamne, men med motsette forteikn. Tambarskjelvar førde det tredje, men tapte mot slutten. I fjerde skjedde akkurat det motsette. Settsiffera 13-15, 15-13. I siste sett var det ingen tvil, heimelaget vann med 15-5. Tambarskjelvar manglar tydlegvis kamptrening, og utnytta sine angriparar dårleg i periodar.

## H3:

### KFUM Sandane – Sande 1-3

Sande spelte i helga ein utsett kamp mot Sandane og vann 3-1.

## H3:

### Sande – Sogndal 2-3

Sogndal tok ein heller overraskande siger over Sande i helga. Heimelaget tok dei to første setta relativt lett, 15-8, 15-9. I 3. sett fekk Sogndal ein knepen siger 16-14. Endå jamnare vart det i 4. sett som gjestene vann 18-16, før dei i siste viste at i dag er Sogndal best, og vann klart 15-2.

### Pil – KFUM Sandane 3-0.

Eit dårleg motivert Sandane-lag greidde ikkje å yte Pil motstand i kampen i Førdehuset i helga. Kampen mot Sande like før sat nok i beina på nordfjordingane, og sluttstillinga var vel meir resultat av dårleg spel frå Sandane si side, enn godt spel av Pil. Sandane hadde overtaket i byrjinga av første sett, men sidan var det jamt slutt. Sett-siffera: 15-10, 15-13, 15-2.

## H4:

### Breim – Jotun 3-1

Eit tent Breim-lag opna svært godt i kampen mot Jotun i helga. Laget hadde litt problem i opninga av setta, men frå 5-5 i begge dei første setta vann dei med klare 15-6 og 15-5. Tredjesettet gjekk til Jotun 15-2, etter dårleg spel frå heimelaget. I siste sett låg Breim under 5-7, før dei vakna og vann sikkert 15-7. Laget fungerte bra i angrep, medan forsvarsarbeidet ikkje var patent.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **D3:** | | | | |
| Breim – Sande | | | | 1-3 |
| Tambarskjelvar – Svelgen | | | | 3-2 |
| Sogndal | 4 | 4-0 | 12- 0 | 8 |
| Sande | 5 | 3-2 | 11- 7 | 6 |
| Breim | 5 | 3-2 | 10- 9 | 6 |
| KFUM Sandane | 3 | 2-1 | 6- 6 | 4 |
| Tambarskj. | 5 | 2-3 | 9-12 | 4 |
| Svelgen | 5 | 1-4 | 8-12 | 2 |
| Jotun | 2 | 1-1 | 3- 5 | 2 |
| Hornindal | 3 | 0-3 | 1- 9 | 0 |
| **H3:** | | | | |
| KFUM Sandane – Sande | | | | 1-3 |
| Sande – Sogndal | | | | 2-3 |
| Vik – Eid | | | | 2-3 |
| Pil – KUM Sandane | | | | 3-0 |
| Eid | 5 | 4-1 | 12- 7 | 8 |
| Svelgen | 4 | 3-1 | 10- 4 | 6 |
| Sande | 4 | 3-1 | 11- 5 | 6 |
| Vik | 5 | 3-2 | 11- 7 | 6 |
| Førde | 4 | 2-2 | 7- 8 | 4 |
| Sogndal | 5 | 2-3 | 7-12 | 4 |
| Pil | 4 | 1-3 | 6- 9 | 2 |
| KFUM Sandane | 5 | 0-5 | 3-15 | 0 |
| **H4:** | | | | |
| Breim – Jotun | | | | 3-1 |
| Dale – Jotun | | | | 3-1 |
| Tambarskj. | 4 | 4-0 | 12- 3 | 8 |
| Breim | 4 | 3-1 | 10- 4 | 6 |
| Dale | 3 | 2-1 | 6- 4 | 4 |
| Svelgen | 2 | 1-1 | 5- 3 | 2 |
| Jotun | 4 | 1-3 | 5-11 | 2 |
| Høyang | 2 | 0-2 | 2- 6 | 0 |
| Sogndal | 3 | 0-3 | 0- 9 | 0 |



Glade Førde-gutter jubler etter den overraskende 3—2 seieren over Hellerasten lørdag kveld. (Foto: Oddle Apneseth)

Volleyball:

# Ujamt Volda-lag fekk bank av NTHI

Dei omlag 200 på tribunene fekk i Voldahallen laurdag sjå eit NTHI-lag som, i første rekkje med sitt solide forsvarsspel, påførde KFUM/Volda eit litt uventa tap. Volda-laget var på etterskot gjennom store deler av kampen og greidde aldri å finne ettektive mottrekk mot NTHI sine bastante blokker.

Første sett vart både jamt og spanande. Volda leia 14-12 og med fleire settballar burde laget ha gjort settet til sin fordel. I staden var det gjestane som drog lengste strået med 16-14. I andre settet viste KFUM/Volda seg frå si sikrare side og vann 15-9, men som så ofte før fekk laget problem med 3. sett. 14 minutt brukte NTHI på å vinne 15-6, etter også å ha hatt leiinga 10-1. Lite lukkast for heimelaget i dette settet der dei nærast vart spela av bana.

I 4. sett måtte Volda vinne, men det var gjestelaget som opna best og tok leiinga 5-2. KFUM-laget hadde likevel ikkje sagt sitt siste og etter ei god periode snudde dei dette til 7-5. NTHI kom igjen og på stillinga 8-8 overtok dei føringa og gjekk opp til 11-8. Stemninga i Voldahallen var enorm då heimelaget igjen fekk kontakt med 10-11, men så var det stort sett slutt. Lagleiar og trenar Geir Humberset gjekk sjølv innpå, men heller ikkje han kunne berge poeng for Volda-laget som tapte settet 13-15.

Ein svært ujamn kamp av KFUM/Volda som på ingen måte kom opp mot sitt beste. Spelarane verka i lange perioder ikkje konsentrerte nok og dette førde til ei rekkje personlege feil. Ingen av spelarane til heimelaget utmerka seg i spesiell postiv retning denne gongen.

Neste kamp er lokaloppgjeret mot KFUM/Ålesund i Ålesund, og til akkurat dette oppgjeret skulle ikkje Volda-laget ha vanskar med å motivere seg.

KFUM/Volda - NTHI 1-3
14-16, 15-9, 6-15,13-15.
Domar: Helge Gamlem og Arne Remvik.

63



# Jubelhelg for Førde og Tamberskjelvar

**Herrer: Førde VBK - Hellerasten 3—2 (15-9, 4-15, 7-15, 15-8, 15-13)**
**Damer: Tamberskjelver - Sortland 3—2 (14-16, 15-9, 15-5, 9-15, 15-10)**

AV PER INGE HJERTAKER

Idretten i Sogn og Fjordane opplevde i helgen to virkelige jubeldager da Førde lørdag sendte gullfavoritten Hellerasten tilbake til Oslo med tap. Søndag var ikke Tamberskjelvar stort dårligere og denne gangen var det damelaget til Sortland som gikk tapende ut av møtet med dyktige idrettsutøvere fra Sunnfjord.

Et fullsatt Førdehus hadde nok håp om hjemmeseier i kampen mot Hellerasten. Alle tips gikk vel allikevel ut på at gjestene fra Oslo ikke ville få problemer med de unge Førde-guttene. Førde lot seg ikke affisere av slike spådommer og gikk respektløst til verks fra starten av. Anført av brødrene Asbjørn og Olav Vølstad servet og blokket laget som de ikke har gjort tidligere denne sesongen. På forhånd var duellen mellom disse to og storebror Torgeir på den andre siden av nettet imøtesett med stor interesse. Denne gangen var imidlertid de to yngste best i alt, og må nok få mye av æren for at hjemmelaget kunne juble over overraskende poeng. Kampen var allikevel åpen helt til siste ball, og siste sett ble da også avgjort med minst mulig margin. Det så lenge stygt ut i dette settet som startet med at Hellerasten gikk opp i en 7-1 ledelse. Førde samlet seg mesterlig, og da den siste ballen satt i gulvet var det fortjent hyllest laget mottok fra de omlag fire hundre tilskuerne, som hadde fulgt med i en av de mest spennende volleyballkamper som har vært spilt i Førdehuset.

## Fortjent seier til Tamberskjelvar

Kampen mellom hjemmelaget Tamberskjelvar og Sortland ble også en spennende affære med lange ballvekslinger og intens kjemping i forsvarsfeltet. At de unge Naustdal-jentene trakk det lengste strået til slutt var det ingen ting å si på. Med sin bedre teknikk spilte de bedre volleyball enn gjestene, men nordlandslaget klarte å rive opp spillet til Tambarskjelvar og scoret en del uventede poeng på det.

Et fulltallig publikum fikk også i denne kampen valuta for pengene, og var særlig vitne til at hjemmelaget nå har fått god dreis på servene sine. Mottakene var også patente, og da skal det bare et BSI-lag til for å sette ungjentene på plass. Med en kamp mer spilt har nå Tamberskjelvar gått forbi på tabellen sine læremestere i sør, og med det er utsiktene for en plass i sluttspillet svært lovende.

# Klart E-cuptap for BSI

AV PER INGE HJERTAKER

**Karhulan Veikot—BSI 3-0**
**(15-7, 16-14, 15-10)**

BSI hadde vel et lite håp om i hvert fall å ta sett fra Karhulan Veikot i returkampen i Finland. De finske jentene viste seg imidlertid fra en langt friskere side denne gangen enn i kampen i Bergen, og BSI måtte nøye seg med å kjempe likt i bare ett sett.

Bergenslaget var ikke langt unna settgevinst i det andre settet, men ukonsentrert serving resulterte nok en gang i at det ble med mulígheten. BSI hadde faktisk ledelsen mot slutten av dette settet, og kunne med litt mer hell og dyktighet ha gitt kampen fornyet spenning. Med sin større tøffhet ved nettet avviste finnene imidlertid alle forsøk, og kunne ta en knepen sett-seier. BSI viste i dette settet som de viste under hele kampen i Bergen at de i sine beste stunder holder nordisk toppnivå. Laget er likevel ofte plaget av konsentrasjonssvikt, og da har selv ordinære motstandere små problemer med å holde følge. I denne kampen avslørte disse problemene seg spesielt i det første settet. Her fikk de finske vertene gjøre som de ville og vant noe bortimot en utklassingsseier. Karhulan viste seg fra en glimrende side også i siste sett og levnet heller ikke her tvil om hvem som var best. Dermed hadde BSI reist den lange veien fånyttes, men det spørs likevel om ikke jentene er glad for å slippe turen til Sovjet. Hadde bergenslaget gått videre skulle de nemlig ha møtt E-cupmesteren fra i fjor, noe som hadde blitt et litt for stort økonomisk eventyr for norske amatører.

Nå har Inger Gundersen & co fått verdifull internasjonal kamptrening som kan komme godt med ved neste korsvei. Forrige helg spilte Marita Hjelmeland en gnistrende kamp mot de finske mestrene. Hun gjorde det ikke stort dårligere denne helgen heller, og til stor BSI-jubel fikk hun tildelt bestemannspremien som de finske arrangørene hadde satt opp.

***2. divisjon***

# Bergens-lagene vant

**KFUM/Bergen—Hisøy 3-0**
**(15-10, 15-4, 15-10)**

Herrelaget til KFUM/Bergen fortsetter sin seiersgang i 2. divisjon. Denne helgen var Hisøy motstander og KFUM-erne levnet ingen tvil om hvem som var best. Kampen ble likevel aldri god, til det var gjestene for dårlige. Til tider sviktet også konsentrasjonen betenkelig hos hjemmelaget som lot seg rive litt for mye med i Hisøys lite tekniske spill. Selv om Hisøy fikk ti poeng i to av settene var det ikke fare for at bergenslaget skulle tape sett, og kampen ebbet etter hvert ut i det samme bedagelige tempoet som den begynte.

**BSI—Hisøy 3-2**
**(15-8, 12-15, 7-15, 15-8, 15-13)**

BSI fikk atskillig større problemer med gjestene fra Arendal. Årsaken var kanskje ikke så mye godt spill av Hisøy. BSI har store problemer om dagen, og det er ofte ikke så mye som minner om lagspill når en ser studentene i aksjon. Nå gikk det bra til slutt, men laget må skjerpe blant annet lagmoralen om det vil henge med i tetstriden.

**Damer:**
**KFUM/Bergen—Birkenes 0-3**
**(3-15, 6-15, 10-15)**

# Tromsø videre i E-cupen

TROMSØ: BK Tromsø er klar for første runde i europacupen i volleyball for menn. De tapte 3-1 i lørdagens kamp mot engelske Kelly Girls i Tromsø, men gikk videre på grunn av bedre settpoeng.

BK Tromsø vant den første kvalifiseringskampen og fikk bedre settkvotient på to kamper.

I første runde skal Tromsø spille mot Grenoble. Den første kampen går i Frankrike 12. desember, mens det er returkamp i Tromsø en uke senere.

VOLLEYBALL

(64)

# 4-poengskamp enda med viktig siger for Tambarskjelvar.

## Snudde 0-7 i Sortland-favør til siger i femte sett.

**– Dette var ein verkeleg 4 poengskamp. Sortland stod med 4 poeng før oppgjeret og ville med siger kome heilt opp i ryggen på oss med 6 poeng. Men no har vi i staden 10 poeng mot deira 4, og dersom vi også klarer å slå Sandnes komande helg, har vi sikra oss eit framifrå utgangspunkt framfor andre halvdel av serien. Utanom BSI er Sortland det beste laget vi har møtt, og det vert vanskeleg for alle lag å ta dei heime. Vi skal såleis vere glade for denne sigeren, som sat langt inne.**



Ingrid Aase lurer ballen forbi Anita Nilsen i blokk. Elles var det først og fremst på servane at Ingrid imponerte dei rundt 400 på tribunane som fekk sjå halvannan time med innsatsfylt volleyball. Dei andre Tambarskjelvar-spelarane på biletet er Gunnvor Aase (t.v.) og Randi Standal.

Det er lagleiar Atle Øen som summerer opp sundagens viktige 3-2 siger over Sortland i slike ordelag. Heimelaget klarte å hente fram løynde ressursar då det galdt som mest i femte og avgjerande sett og trass i to beinharde kampar førre helg, klarte Naustdal-jentene nok ein gong å presse motstandaren i serve. Nettopp servinga var av ypperste merke i denne kampen, og begge lag hadde serveseriar som sette mottaket på dei aller største prøver. Dermed gjekk kampen i rykk og napp alt etter kven som klarte å stable angrep på beina. Og stort sett var det heimelaget – takka vere sin jamne spelarstall – som hadde flest av dei gode servane.

**Burde tatt første settet.**

Ingrid Aase slo an tonen heilt frå start. Med solide servar pressa ho Sortland til dårlege mottak. Dermed kom legga bak på bana, slik at Tambarskjelvar-blokka bremsa på smashane som vart henta opp i feltforsvaret. Utan servebyte tok heimelaget leiinga 7-0 på denne måten, før Sortland braut og starta ei omstendeleg opphenting. Dei jobba godt i forsvar og etter eit par solide blokker av landslagsspelar Anita Nilsen stod det a-8 på tavla. I den neste perioden hadde Naustdal-laget ei rekkje feilservar og laga fylgdest til a-10, før Ingrid sine servar og Britt Fjellanger sine smashar igjen gav 13-10 leiing til heimelaget. Dei fekk settball på 14-12, men to av desse vart brende og i staden var det Sortland som etter flott forsvarsarbeid berga settet 16-14.

I andre sett fylgdest laga til a-5. Nokre personlege feil hjå gjestene vart raskt utnytta og i den neste perioden dominerte heimelaget i alle fasar av spelet. Først på 13-6 klarte Anita Nilsen å presse motstandaren i serve slik at leiinga vart redusert til 13-9. Men Trine Hove svarte med serveess slik at settet vart vunne 15-9.

**Sortland kom attende.**

Det vart hard kjemping om initiativet i tredje sett og først då Ingrid Aase kom i serveposisjon, rasa poenga inn takka vere nokre «umogelege» servar. 7-1 viste tavla og Sortland vart blokka ned uansett kva dei gjorde. No var det Trine Hove sin tur til å serve gjestene av bana til 12-1. Nokre feil i heimelaget gav redusering med fire poeng, men forspranget var solid og til sist kunne Torunn Solheim serve inn 15-5.

I fjerde sett fekk nordlendingane ta leiinga heile 8-0 før god serving av Ingrid og fin dip av Britt starta opphentinga. No lukkast sunnfjordingane i alt både i forsvar og angrep og først på stillinga 8-7 stoppa ein Sortland-time out den gode perioden for heimelaget. Gjestene jobba som løver i forsvar og opparbeidde ei 5-poengsleiing, men Tambarskjelvar svarte. Dei kom i siget, men ein liten feil var nok til at Sortland fekk dei naudsynte poenga for settsiger 15-9.

**Imponerande opphenting.**

Velplasserte servar frå Kristin Nilsen og like velplasserte og harde smashar frå Anita Nilsen tok pusten frå Tambarskjelvar i opninga av avgjerande sett. Laget var no hardt pressa og det var taust blant dei rundt 400 på tribunane då Anita serva inn 0-6 og 0-7. Men så braka jubelen laus då Ingrid Aase ordna 2-7 i midtangrepet. Sortland vart igjen pressa bak på bana og Tambarskjelvar utlikna. Nordlendingane kunne likevel ta sidebyte med leiing 8-7 og auka denne straks etter. Men heimelaget svarte med variert angrepsspel og snudde stillinga til 13-9. Etter fleire servebyte tok Sortland poeng, men eit fantastisk forsvarsarbeid gjorde at serven vart vunnen tilbake og Trine Hove smasha inn 14-10 og 15-10 ute på kant – og det til og med mot landslagsduoen Anita Nilsen og Marit Lien i blokk.

– Vi fekk ein konsentrasjonssvikt mot slutten. I staden for å spele automatisk, tok dei til å tenke på å unngå feil og då kjem feila. Tambarskjelvar spelte enkelt, godt og sikkert, og største forskjelen låg i serven, meiner Sortland-lagleiar Ole Petter Bergland. Det var nedtrykt stemning i Sortland-leiren etter kampen, og enkelte måtte også ty til tårene. Laget har vist god framgang den seinare tid og det var i så måte berre ein framifrå laginnsats frå Tambarskjelvar som kunne knekke gjestene frå Nordland.

Dommarar i Førdehuset var Helge Strømsheim og Inge Andersen.



Landslagsduoen Anita Nilsen (fremst) og Marit Lien måtte sjå seg slått av eit jamnare lag. Spesielt Anita spelte ein stor kamp både i serve, angrep og forsvar, men vart for åleine.

VOLLEYBALL

# *Sunnfjord markerer seg i norsk volleyball.*

3-2 sigrar for både Førde og Tambarskjelvar gav jubelhelg i Førdehuset. Sigrane sat langt inne, men det står respekt av å slå seriefavoritten Hellerasten og framgangsrike Sortland. Men det er ikkje berre i 1. divisjon sunnfjordingane markerte seg i helga. I Trøndelag gjorde Førde-damene ein respektabel innsats mot sine hardaste 2. divisjonsmotstandarar, og det var ikkje langt ifrå at dei kom heim med full pott. Utgangspunktet for returkampane er svært godt trass i 2-3 tapet for Sverresborg.

Sunnfjord-laga gjer det sterkt på volleyballfronten for tida og Tambarskjelvar må finne seg i å vere den store sensasjonen i norsk volleyball så lenge dei toppar tabellen i debutsesongen sin. Men også for andre klubbar står sunnfjordingar i fokus. I dei seinaste vekene har t.d. Marita Hjelmeland vore beste spelar på BSI og Torgeir Vølstad, Hellerasten, og Magne Hornnes, KFUM Volda, har utmerka seg i nyeklubbane mot sine gamle lagkameratar.

**D1:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Oslo—Porsgrunn | | | | 2-3 |
| Tambarskjelvar—Sortland | | | | 3-2 |
| Tambarskj. | 6 | 5-1 | 15- 8 | 10 |
| BSI | 4 | 4-0 | 12- 3 | 8 |
| Porsgrunn | 5 | 3-2 | 11-10 | 6 |
| Bergkam. | 5 | 2-3 | 10-11 | 4 |
| Oslo | 5 | 2-3 | 10-11 | 4 |
| Sortland | 6 | 2-4 | 10-13 | 4 |
| Ålesund | 6 | 2-4 | 9-16 | 4 |
| Sandnes | 5 | 1-4 | 8-13 | 2 |

**H1:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Førde—Hellerasten | | | | 3-2 |
| KFUM Volda—NTHI | | | | 1-3 |
| KFUM Ålesund—NTHI | | | | 1-3 |
| Sandnes—Hellerasten | | | | 2-3 |
| Tromsø | 5 | 5-0 | 15- 1 | 10 |
| Hellerasten | 6 | 5-1 | 17- 7 | 10 |
| NTHI | 7 | 4-3 | 12-15 | 8 |
| KFUM Oslo | 6 | 3-3 | 15-12 | 6 |
| Førde | 6 | 3-3 | 12-13 | 6 |
| KFUM Volda | 6 | 3-3 | 11-14 | 6 |
| Sandnes | 6 | 1-5 | 9-15 | 2 |
| KFUM Ålesund | 6 | 0-6 | 4-18 | 0 |

Positivt trekk i den siste serierunda er også Hornindal sine to poeng i 2. divisjon herrar. På bortebane avviste dei Kristiansund med 16-14, 15-5, 15-9 og klatra dermed bort frå nedrykksposisjonen. Dei vann også eitt sett mot Nessegutten og var nær siger i tredje sett i laurdagens kamp som enda 9-15, 15-3, 15-13, 15-7. Elles er det Hessa som stormar fram mot seriemeisterskap med 3-1 sigrar over både Åsheim og Nidaros. Ei litt spesiell utvikling var det i Åsheim-kampen der Hessa vann første sett 15-0 før Åsheim svarte med 15-10 i andre. Dei neste vann Hessa 16-14 og 15-9.

**D2:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Hareide—Lagopus | | | | 2-3 |
| Vinne—Førde | | | | 1-3 |
| Spjelkavik—Lagopus | | | | 1-3 |
| Sverresborg—Førde | | | | 3-2 |
| Sverresborg | 5 | 5-0 | 15- 3 | 10 |
| Førde | 6 | 5-1 | 17- 5 | 10 |
| Vinne | 5 | 4-1 | 13- 8 | 8 |
| Lagopus | 7 | 4-3 | 14-12 | 8 |
| Spjelkavik | 6 | 2-4 | 8-13 | 4 |
| Hareid | 6 | 1-5 | 8-15 | 2 |
| KFUM Måløy | 4 | 1-3 | 3- 9 | 2 |
| Valder | 5 | 0-5 | 2-15 | 0 |

**H2:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Nessegutten—Hornindal | | | | 3-1 |
| Åsheim—Hessa | | | | 1-3 |
| Kristiansund—Hornindal | | | | 0-3 |
| Nidaros—Hessa | | | | 1-3 |
| Hessa | 6 | 6-0 | 18- 5 | 12 |
| Nessegutten | 4 | 4-0 | 12- 5 | 8 |
| Ålesund | 4 | 3-1 | 11- 3 | 6 |
| Nidaros | 5 | 2-3 | 10- 9 | 4 |
| Åsheim | 5 | 2-3 | 10-10 | 4 |
| Hornindal | 6 | 2-4 | 7-14 | 4 |
| Kristiansund | 6 | 1-5 | 5-16 | 2 |
| KFUM Måløy | 4 | 0-4 | 1-12 | 0 |

# Førde vann på sin rutine frå 5-settskampar.

## Kjempa seg til 15-13 i avgjerande sett etter at favoritten Hellerasten hadde leia 7-2.

**Førde sin rutine frå jamne 5-settkampar medverka til lagets 3-2 siger over Hellerasten laurdag. Like eins kan ein seie at god serving var med og avgjorde kampen. Sigeren sat langt inne, men var svært verdfull for heimelaget, som igjen er med i kampen om plass i sluttspelet samstundes som nedrykksstriden kom på avstand.**

**Første settet enda 15-9 etter at heimelaget ei stund hadde vore oppe i 11-4 leiing. Hellerasten tok dei neste to setta med klare siffer, og tok også leiinga i fjerde. Men framifrå serving av Olav Vølstad knekte gjestene midtvegs i settet. I avgjerande femtesettet leia gjestene heile 7-2 før Førde med god blokking og framifrå satsing snudde stillinga til 9-7. Hellerasten prøvde å komme attende og klarte å halde fylgje til a 12, men heimelaget sin rutine og psykiske styrke avgjorde kampen på fjerde matchball.**

**Hellerasten burde avgjort i 4. sett.**

Landslagstrenar og lagleiar for Hellerasten, Harald Karlsen, meiner at laget hans ikkje fylgde den fastsette taktikken. Dessutan var Førde såpass mykje betre i serve, at kampen vart vunnen på det. Heimelaget hadde kniven på strupen og hans eigne spelarar var ikkje rutinerte nok til å svare. Laget synest å ha ein liten formsvikt, men serien er såpass jamn at alle lag må rekne med å få eit tap, meiner Karlsen. Han minner om at serien ikkje er slutt og fortel at dei arbeider stadig med detaljar som skal rettast på.

Dei to sentrale spelarane på Hellerasten, Torgeir Vølstad og Roald Bahr, er samde om at dei burde avgjort kampen i fjerde settet. Førde vann kampen på å få eit femtesett. Bahr peikar også på at dette var deira første eigentlege bortekamp, og at heimepublikumet forsterka inntrykket av at Førde var i føringa. Samstundes lukkast Førde i å rive opp Hellerasten sine gode periodar med taktiske innbyte, seier Roald Bahr som saman med Torgeir Vølstad har over 50 landskampar.

**Førde kjempa for tilveret.**

— Det var to jamne lag som møttest. Hellerasten har eit teoretisk og teknisk overtak, men denne gongen avgjorde vi på vår rutine frå 5-settskampar. Det var ingen toppkamp. Vi måtte slite og kjempe for tilveret, men lukkast med gode servar i dag. Dessutan nytta vi mykje spelarbyte, og taktikken gav sjølvtillit når motstandaren ikkje greidde å utnytte sine gode periodar, seier Førde-lagleiar Inge Andersen, som ikkje underslår at dei var heldige med sigeren. Men heldige hadde også Hellerasten vore, om dei hadde gått sigrande ut av dette jamne møtet.



Torgeir Vølstad (nr. 2 frå v.) var saman med Roald Bahr den beste på Hellerasten denne gongen, og her blokkar den tidlegare Førde-spelaren ned ein smash frå Kenneth Hafstad.

Sjølv om heimelaget viste framgang og var jamnare enn Hellerasten denne gongen, så er ikkje Inge Andersen heilt nøgd med variasjonen i angrep. Men det var gledeleg å sjå at spelarar som tidlegare har bomma, no slo til for fullt. Laget viste større innsats og vilje denne gongen, og gav ikkje opp ballar, noko dei har gjort t.d. mot KFUM Volda. Inge Andersen held fast på at serien vert jamn og trur nokon kjem til å slå Tromsø. Og då er det straks fleire lag med i kampen enn på førehand rekna med.

**Førde opna best.**

Men attende til laurdagens oppgjer i Førdehuset, der det vart fleire og fleire på tribunane etterkvart som dramatikken berre auka frammot avgjersla i 5. sett. Då var det rundt 300 som gav heimelaget sin verdfulle støtte. Same susen var det ikkje i opninga og spesielt såg det dystert ut etter tredje sett.

Men det var Førde som opna best. Etter at laga hadde halde fylgje til a-4, kunne Bernt Ove Hundvebakke med sikker serving føre heimelaget i leiinga med 10-4. Hellerasten svarte med å gå opp frå 4-11 til 7-11, men etter gode smashar av Asbjørn Vølstad fekk Førde settball på 14-8. Roald Bahr avverga den første og nr. to vart smasha ut, men den tredje lukkast det Asbjørn å blokke inn — 15-9.

**Så kom Hellerasten.**

I opninga av andresettet vart Førde ettertrykkeleg blokka ned av Hellerasten, som tok leiinga 7-0 før heimelaget fekk snudd spelet. Olav Vølstad tok tre strake på serve, men gjestene kom attende og etter mange personlege feil i Førde-laget stod det 14-3. På tredje forsøk vart settballen slått inn på stillinga 15-4. Dette var kampens kortaste sett på 13 minutt.

Møtet mellom Vølstad-brørne var eit av poenga i dette oppgjeret, og i opninga av tredje settet herja dei i midten som aldri før. Førde fekk utlikna ei 2-0 leiing og etter god kjemping stod det 4-2 til heimelaget. Men etter eit par småfeil var stillinga brått snudd, Førde kom bakpå helane og vart knekt av Hellerasten si utrulege evne til å få ballane over nettkanten. Først på 12-5 klarte heimelaget å stoppe frammarsjen, men fekk ikkje sjølv poeng. 5 servebyte på stillinga 13-7 måtte til før gjestene tok det avgjerande stikket 15-7.

**Thriller-avslutning.**

Med Vølstad-brørne ved nett klarte Førde å utlikne ei 4-1 leiing i fjerde sett. Heimelaget arbeidde godt saman både i angrep og forsvar, og no starta Olav Vølstad med sine kanonservar. Først på 12-5 klarte Kolbotn-laget å finne mottrekk mot ballane frå Olav. Men settet var ikkje i fare og 15-8 vart blokka inn på første settball.

Førde fekk ei uheldig opning på det avgjerande settet og tavla viste snart 2-7. Men etter god blokking kunne dei byte baneside med leiing 8-7 til stor jubel både på bana og tribunane. Dei var også oppe i 2-poengleiing før Hellerasten utlikna. Men Førde hadde føringa i den dramatiske avslutninga. Gjestene heldt fylgje til siste slutt, men vertane viste seg sterkast og etter mange ballvekslingar vann dei 15-13. Settet varte i 22 minutt.

Helge Strømsheim og Jarl Tyssekvam dømde den halvannan time lange kampen.



Vølstad-brørne Asbjørn og Olav høgt over nettkanten i ei aggressiv blokk. Denne gongen kunne dei påføre den eldre broren tap.

# Førde-damene med ein og ein halv siger i Trøndelag.

Det var på førehand sagt at Førde-damene skulle vere nøgde med 2 poeng frå turen til Trøndelag dersom ikkje tapet av sett vart for stort. I så måte gjorde dei sin del av jobben då dei slo Vinne 3-1 laurdag og spelte jamt med seriefavoritten Sverresborg i ein femsettskamp sundag, der heimelaget til slutt reiste av med sigeren.

Sverresborg kjem nok til å leie 2. divisjon damer ved halvspelt serie, men forspranget bak til Førde er på ingen måte avskrekkande. Både Førde og Sverresborg skal møte KFUM Måløy i dei neste rundene, men i tillegg skal Trondheims-laget også spele mot Vinne. Det kan såleis skje at settskilnaden vert jamna noko ut.

**Vinne — Førde 1-3**
**(10-15, 12-15, 15-8, 7-15).**

Vinne viste seg for urutinerte og for teknisk svake til å slå Førde, men dei kjempa godt og klarte såleis å rive til seg tredje settet. I dei andre setta heldt dei fylgje til 8 poeng, men sidan var gjestene aldri trua i desse setta. I tredjesettet kom Førde på etterskot alt frå start. Elles gjorde gjestene ein god kamp mot Vinne, som ein på førehand hadde frykta — m.a. fordi heimelaget ville vere godt motivert framfor kampen.

**Sverresborg — Førde 3-2**
**(15-3, 15-13, 12-15, 10-15, 15-6).**

Utgangspunktet var eit anna framfor møtet med Sverresborg, som har ein langt sterkare spelarstall. Førde måtte såleis prøve å ta dei på teknikken alt frå først av, men dei fekk ein uheldig start som øydela mykje. Dette resulterte også i eit knapt tap i andre sett, der dei hadde ei sterk opphenting og utlikna til a-13 før heimelaget rodde sigeren i land.

Hadde gjestene kjempa til seg sigeren i dette settet, kunne kampen fått ein annan karakter, for i dei neste setta viste Førde seg frå ei anna side og avgjorde to jamne sett i sin favør. Men det hadde kosta mykje å utlikne stillinga, og etter a-2 i avgjerande sett klarte dei ikkje å presse Sverresborg så mykje i serve som dei ynskte. Dermed fekk heimelaget utnytte større rekkevidde og angrepskapasitet og sigra etter 1 time og 50 minutts spel. Med ein annan start kunne kanskje Førde berga denne sigeren, for dei viste seg betre teknisk og som lag. Sverresborg hadde derimot individuelt sterkare spelarar.



Tromsø-spillerne (her Jan Rønnestad og Svein Arild Jacobsen) er ikke mer enn 1,80 m i gjennomsnitt, men slo Hellerastens 1,94-menn (representert ved Jaan Anderson og Torgeir Vølstad) (Foto: Ole C. H. Thomassen)

# DVERGENE ER STØRST

**KOLBOTN — De minste er størst. BK Tromsø er best. Måten «dvergene» i går slo Hellerasten på, var overbevisende, og det er helt fortjent at laget fra ishavsbyen nå er alene på toppen.**

Den foreløpige seriefinalen i en stappfull Sofiemyrhall i ble både spennende og velspilt, ja, trolig en av de aller beste kampene i 1. divisjon på flere år. BK Tromsø sjokkåpnet og ledet 10-0 etter ni minutters spill i første sett, vant lett 15-8 og neste sett gikk faktisk like glatt: 15-6. Da var det gått 30 min.

Men Hellerasten klarte å reise seg. De fikk skikk på servemottakene sine, utnyttet svakhetene i et tydelig «kjørt» Tromsø-lag og vant klart. I fjerde sett fortsatte hjemmelaget i samme stil. Men på 12-15 våknet igjen Tromsø. Eneoppleggeren Jan Rønnestad plasserte sine baller med milimeters presisjon. Riktignok kom oppstartingen for seint, Hellerasten rodde settet i land, men i det avgjørende femte settet var det aldri tvil. Da var Hellerasten på kraftig etterskudd.

— Jeg var redd foran siste periode. Lørdag tapte vi mot KFUM Oslo i samme situasjon, men avslutningen i fjerde sett i dag ga oss den nødvendige selvtillit, sa en lettet Tromsø-trener Børre Thorsvik. Han var meget fornøyd, spesielt med angrepskombinasjonene og lagspillet: de to poengene i denne kampen skyldes flere enn landslagstrioen Rønnestad/Jacobsen/Johansen.

**BOWLING**

Nå skal gutta hjem til Tromsø for å slappe av. Etter et tettpakket program uten frihelg siden august, kan de se fram til tre uker uten seriekamp. Kommende uke har Thorsvik lagt opp til bare en treningsøkt og den blir i bowlinghallen på torsdag.

Hellerasten var skuffet etter kampen. Først og fremst sviktet mottakene. Blokka var deres sterkeste våpen, men så har da også første sekseren en snitthøyde på 1.94. «Dvergene» ligger på bare 1.80, likevel er altså de de største.

**KAMPFAKTA**

Volleyball 1. divisjon herrer
Hellerasten — BK Tromsø 2-3
(8-15, 5-15, 15-6, 15-12, 7-15)
Sofiemyrhallen, Kolbotn, 650 tilskuere
Effektiv kamptid: 106 min.
Hellerastens beste: Torgeir Vølstad
BK's beste: Jan Rønnestad
Dommere: Gunnar Syrrist, OFI og Thorleif Bjerke, Nesodden

1. divisjon volleyball:
Menn:
KFUM Ålesund — KFUM Volda 3-1 (17-15, 13-15, 15-12, 15-11)
Sandnes — Førde 3-2 (6-15, 13-15, 15-2, 15-11, 15-13)
KFUM Oslo — BK Tromsø 3-2 (13-15, 15-11, 6-15, 15-7, 15-10)
Hellerasten — BK Tromsø 2-3 (8-15, 5-15, 15-6, 15-12, 7-15).
Kvinner:
Porsgrunn — Bergkameratene 3-1 (15-11, 6-15, 15-11, 15-7)
Tambarskjelvar — Sandnes 3-0 (15-11, 15-8, 15-9)
Sortland — Oslo 3-1 (15-4, 7-15, 15-12, 15-11)
BSI — Sandnes 3-0 (16-14, 15-4, 15-13)
Ålesund — Oslo 2-3 (15-10, 15-9, 2-15, 15-9, 13-15).

Tabell

| | | | |
|---|---|---|---|
| BK Tromsø | 7 | 20- 6 | 12 |
| Hellerasten | 7 | 19-10 | 10 |
| KFUM Oslo | 7 | 18-14 | 8 |
| NTHI | 7 | 12-15 | 8 |
| Førde | 7 | 14-16 | 6 |
| KFUM Volda | 7 | 12-17 | 6 |
| Sandnes | 7 | 12-17 | 4 |
| KFUM Ålesund | 7 | 7-19 | 2 |

Kvinner:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar | 7 | 18- 8 | 12 |
| BSI | 5 | 15- 3 | 10 |
| Porsgrunn | 6 | 13-10 | 8 |
| Sortland | 7 | 13-14 | 6 |
| Oslo | 7 | 14-16 | 6 |
| Bergkameratene | 6 | 11-14 | 4 |
| Ålesund | 7 | 11-19 | 4 |
| Sandnes | 7 | 8-19 | 2 |

VOLLEYBALL

## Noreg til topps i «Norway Cup»?

Noreg kan vinne, men vegen ned til 4. plassen er heller ikkje lang når Nordsjø Cup i volleyball for damer skal avviklast i Sandnes i helga. Utanom vertslandet deltek Skottland, Danmark og England — og det tyder på at vi går mot ei svært jamn turnering. Laga står godt til kvarandre og dei har spelt mange 3-2 kampar tidlegare.

Det norske damelandslaget er i stor utvikling. Vårsesongen var svært positiv, og ein håpar at både TV-sjåarar og tilskodarar i Giskehallen i Sandnes får sjå mykje god volleyball. Eli Wenche Nilsen (26) frå Bergkameratene er den mest rutinerte spelaren med sine 46 landskampar. Einaste debutant er klubbveninna Ellen Røraas. Yngste spelar er 16-årige Gunnvor Aase frå Tambarskjelvar, men urutinert er ho på langt nær. Etter «Nordsjø Cup» passerer opplegg-gar-talentet 25 seniorlandskampar. Elles finn ein i 12-manns-troppen spelarar frå heile landet. Gjennomsnittsalderen er på akkurat 20 år.

Denne 4-nasjonsturneringa er lagt opp nesten som handballen sin «Polar Cup», og volleyballfolket håpar at «Nordsjø Cup» skal verte eit fast arrangement. Og det trengst, for landslagstilbodet i haustsesongen er som regel magert. Det er våren som er det store internasjonalt.

**Distriktsfinale vidaregåande skular:**

## Nedgang i deltakande lag

Laurdag vert distriktsfinalane for dei vidaregåande skulane avvikla på Nordfjordeid. Det er påmeldt i alt 5 damelag og 4 herrelag, noko som er ein kraftig nedgang frå tidlegare år. Landsfinalen går i år i Mo i Rana 23.—24. januar. Kanskje har dei lange og dyre reisene til Mo skremt enkelte lag frå å stille opp?

Deltakande lag i dameklassen: Måløy, Førde, Eid, Høyanger og Heimeyrkeskulen i Jølster. I herreklassen stiller følgjande lag: Måløy, Førde, Eid og Høyanger.

# Seier til KFUM-Ålesund – slo KFUM-Volda 3-1



★ *Reidar Mjelde smasher forbi blokka til KFUM–Volda. Lars Petter Eggesbø (nr. 7) har ingen sjanse til å stoppe ballen. (Foto: staale)*

**KFUM-Ålesund–KFUM-Volda 3–1**
(17–15, 13–15, 15–12, 15–11)

Endelig klarte KFUM-Ålesund å vinne en kamp, men ingen skulle tro at dette var henholdsvis sølv og bronselag sist sesong. I kampens to første sett var spillet som ble levert langt under de krav man bør stille til kamper i toppserien. Personlige feil florerte. Vi gav rett og slett opp å telle feilserver. KFUM-Ålesund skal ha ære for at de greide å redusere disse helt unødvendige feilene utover i kampen. Det virket som Ålesund-guttene var bedre psykisk forberedt enn voldingene. I kamp om avgjørende baller vant KFUM-Ålesund uvanlig mange ganger.

Kampen ble akkurat så spennende som disse lokaloppgjørene bruker å være. Minuset i går kveld var at publikum ikke møtte opp i den grad som tidligere år, men de vel 100 på tribunene hadde en og en halv spennende time. KFUM-Volda startet 1. settet best, de tok føringen klart og ledet 6–1 før KFUM-Ålesund fikk samlet seg. Volda-guttene virket som de hadde kontrollen på settet, men slik gikk det ikke. KFUM-Volda slurvet. To ganger på rad satte de serven i nettet, mottaka sviktet helt og KFUM-Ålesund fikk kontakt på 7–9 uten å vise godt spill i det hele. KFUM-Volda fortsatte å ha føringen i dette settet, de ledet 13–8 og 14–10, men misbrukte settballen. Nå skjer det vi trodde ikke var mulig av KFUM-Ålesund denne sesongen. Laget samler seg til topp innsats, voldingene kommer ut å kjøre og på et blunk har de sløst bort en klar settgevinst. KFUM-Ålesund utligner Volda-ledelsen og etter å ha avverget nok en settball på 14–15 går de rett opp og vinner settet 17–15.

Andre settet er jevnt fra start av, svakt spill fra begge sider, de personlige feilene blir tidlig i settet dominerende. KFUM-Ålesund har føringen med to–tre mål fram til 10–10. KFUM-Volda makter å heve spillet sitt et lite hakk, nok til å komme à jour. Fra 12–12 er det KFUM-Volda som har lykken på sin side. De får to baller inn, men settballen blir avverget. Voldingene misbrukte fire settballer før de fikk sikret seg settgevinsten.

I 3. og 4. settet fikk KFUM-Ålesund hevet spillet sitt det lille hakket som skulle til i en så jevn kamp. Laga holdt følge til 11 poeng, men så skar KFUM-Ålesund gjennom og vant begge. KFUM-Ålesund kan takke fornuften og rutinerte spillere som Sevrin Roald og Geir Tanstad for gårsdagens seier. Disse to holdt laget godt sammen og jobbet hele kampen.

KFUM-Volda reiste tilbake med bøyde nakker og vi forstår dem. Kampen var ikke oppløftende, og selv om Lars Petter Eggesbø og Rune Humberset i perioder spiller godt er det ikke nok.

VOLLEYBALL

# Med 12 av 14 mogelege poeng i haustsesongen

**er sluttspelet nær for Tambarskjelvar. Men då må Sandnes slåast i Førdehuset laurdag.**

Tambarskjelvar må finne seg i å stille med favorittstempel i laurdagens 1. divisjonskamp i Førdehuset der Sandnes er motstandar. Vi har spurt lagleiar Atle Øen om korleis laget ser på å vere favorittstempla.

– Vi følte litt av favorittstempelet også mot Sortland. Spelarane jobba godt, men vi fekk ikkje til det elegante spelet. Elles har vi vore favorittar gjennom mange år i 2. divisjon, så det er ikkje så nytt og eg veit ikkje om spelarane tenkjer så mykje på det. Akkurat no ser det ut til at dei spelar heilt til dommaren bles av kampen. Det synte dei også i siste sett mot Sortland. Sjølv om publikum fortvilte, så gjorde ikkje spelarane det og dei klarte å bryte.

Men ein eller annan dag kjem problema med motivasjonen, og det er nettopp dette som kan skje dersom ein ser på Sandnes som eit svakare lag enn dei vi hittil har møtt. Det er farleg. Men klarer vi å vinne denne siste kampen i første halvdel av serien, har vi spelt ein verkeleg jubelhalvdel, og akkurat dette burde motivere oss til ekstra innsats. Vi har berre to heimekampar etter jul, så alt vi kan få med oss no er kjærkome. Får vi 12 poeng av 14 mogelege før serien skal snuast, ligg vi sterkt an til å nå sluttspelet, seier Øen som kan fortelje at spelarane er meir opplagde no enn før Sortland-kampen. Berre litt forkjøling svekkar laget.

Sandnes har hatt store problem hittil i serien. Laget er samansett av ungt og gamalt og mellom dei mest frykta spelarane nemner Atle Øen 25-årige Gro Wigestrand som var fast oppleggar på landslaget (30 senior- og 6 juniorlandskampar) inntil ho slutta og overlet plassen til Gunnvor Aase. Massevis av rutine har også den 33 år gamle midtspelaren Signe Frick med m.a. 28 seniorlandskampar, men elles er laget samansett av meir ordinære spelarar som det er mogeleg også for andre enn Naustdals-jentene å kome på talefot med. Bortsett frå Signe Frick (1,77) og Reidun K. Aarstad (1,80) er heller ikkje rekkevidda til spelarane så mykje større enn det Tambarskjelvar kan vise til.

**E-cupkamp i Finland:**

# Bestemanns-premie til Marita.

BSI tapte også den andre E-cupkampen mot det finske meisterlaget Karhulan Veikot, men eit lyspunkt var det at dei finske arrangørane gav den oppsette bestemannspremien til Førde-jenta Marita Hjelmeland, som spelte glimrande i begge kampane. I returkampen i Finland tapte BSI-damene 7–15, 14–16, 10–15.

Både Tromsø og KFUM Oslo avanserte i E-cupen. Tromsø tapte heimekampen mot engelske Kelly Girls 1–3, men gjekk vidare på betre settkvotient på to kampar og skal no møte Grenoble i Frankrike 12. desember med returkamp i Tromsø helga etter. KFUM Oslo berga ein 3–2 siger over Throttur frå Island med 3–0 frå Reykjavik i bakhand. Vidare avansement er lite truleg når Oslo-laget i andre runde møter belgisk toppvolleyball.

# Tromsø-seier i E-cup-debut

London (NTB): BK Tromsø fikk en fin debutkamp i første runde i cupvinner-cupen i volleyball for menn. Kelly Girls International ble slått 3-1 (15-12, 8-15, 15-12, 15-3) i London lørdag.

Begge lag åpnet nervøst, spesielt var blokkene dårlige. Men etter hvert kom Tromsø i gang, anført av landslagssmasheren Svein Arild Jacobsen, og fikk et ørlige overtak. Men alle de tre første settene må karakteriseres som jevnspilte.

Nå skulle «dvergene» fra ishavsbyen ha et godt utgangspunkt foran returkampen på hjemmebane førstkommende lørdag. To settseire er nok, og i så fall står det franske laget Grenoble VC for tur andre og tredje helgen i desember.

68

# Hellerasten slo KFUM Oslo.

Det var så vidt Hellerasten klarte å hale i land sin fjerde strake siger då dei onsdag møtte KFUM Oslo i ein 5-settskamp. Etter 1 time og 35 minutt var det klart at Kolbotn-laget hadde sigra 3-2 med 15-7 i avgjerande sett. Det var ein spennande kamp der laga tok annakvart sett 15-9, 6-15, 15-10, 11-15, 15-7.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tromsø | 5 | 5-0 | 15-1 | 10 |
| Hellerasten | 4 | 4-0 | 12-2 | 8 |
| KFUM Oslo | 6 | 3-3 | 15-12 | 6 |
| Førde | 4 | 2-2 | 7-8 | 4 |
| KFUM Volda | 4 | 2-2 | 7-9 | 4 |
| NTHI | 5 | 2-3 | 6-13 | 4 |
| Sandnes | 4 | 0-4 | 4-12 | 0 |
| KFUM Ålesund | 4 | 0-4 | 3-12 | 0 |



# KFUM Volda utspela

**KFUM Volda–NTHI 1–3**
**14–16, 15–9, 6–15, 13–15.**
**Kamptid 85 min. Tilskodarar vel 150.**
**Dommarar: Helge Gamlem og Arne Remvik.**

*KFUM Volda fekk sitt første hovudserie-nederlag mot NTHI laurdagskvelden. Aldri tidlegare har Trondheimsstudentane slått Volda i ein seriekamp, og det etter at laga har møtte kvarandre i volleyballens elitedivisjon 19 gonger. Volda-tapet kan seie noko om NTHIs framgang frå tidlegare møte, men seier nok mest om Voldas problemer for tida.*

NTHI serva, blokka – og vann, for å omskrive salige Cæcar. For det var i første rekkje berre servar og betre blokkering som førte til ein trøndersk topoengar. Volda fekk aldri sjansen til noko overraskande i opplegga sine. Solide to og tremanns blokker møtte Volda-smasharane overalt der dei prøvde seg, og berre sjeldan baud Volda NTHI til kamp på NTHI-smashar. Sjølv ikkje då Geir Humburset midtvegs i 4. settet tok av seg lagleiar-trøya og tok att sin gamle plass som speleoppleggar lukkast det Volda å snu kampen. To gongar hadde likevel Volda ei desidert sjanse til å halde på dei forventa heimepoenga.

På stillinga 14–12 til Volda i 1. sett hadde Volda fire settballar, men manglande konsentrasjon gjorde at trøndarane først fekk slite seg à - poeng og sidan inn til settsiger 16–14.

Det settet burde Volda aldri gitt frå seg. For sjølv om dei vant 2. settet tok NTHI ein overbevisande 15–6-siger i 3. sett, og dermed måtte Volda vinne 4. settet. Og i 4. settet kom Voldas andre store sjanse til å gi NTHI en smekk på fingrane. NTHI tok leiinga 5–2, men voldingane kjempa seg fram til ei 7–5-leiing på direkten. Men heller ikkje då kjente voldingane si besøkstid. For NTHI kom igjen og gjekk opp til 11–8. Volda samla seg og medan publikum øste seg opp til dei store høgdar makta laget å få kontakt på 10–11.

Men så kom reaksjonen på kraftøydinga. To Volda-smashar gjekk rett i ein ugjennomtrengeleg NTHI-mur, og det sto brått 10–13. Sjølv om Volda fekk kontakt att på 13–14, held det altså ikkje til siger mot det jamne og framfor alt kjempande NTHI-laget. Trass i stor heimeheiing behldt NTHI roa og rodde i land to svært viktige poeng.

Volda-spelarane så ikkje ut til å sjå alvoret i kampen før dei fekk kniven på strupen i siste settet, og då var det for seint. Laget spela for tida svært mykje i rykk og napp. Laurdag makta mannskapet ikkje samtidig á spele nok over pari. Mange fine typar på eit Volda-lag som er inne i ei fornyingstid. Men Erling Bjørn Sørensen, Dag Tore Hagen og Bjørn Ove Langlo, treng enno litt tid før dei får «sett» seg. Når det er skjedd vil Volda truleg igjen kunne ta opp ei lang sigersrekke mot NTHI.

*Ten*



★ *Lukkast denne blokka, eller lurer ballen seg over nettet? Frå kampen mellom KFUM-Volda og NTHI.*

**D1:**

Porsgrunn—Tambarskjelvar 1-3
Sandnes—Ålesund 2-3
Bergkameratene—Tambarskj. 1-3
BSI—Ålesund 3-2

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| BSI | 4 | 4-0 | 12- 3 | 8 |
| Tambarskj. | 5 | 4-1 | 12- 6 | 8 |
| Oslo | 4 | 2-2 | 8- 8 | 4 |
| Porsgrunn | 4 | 2-2 | 8- 8 | 4 |
| Bergkam. | 5 | 2-3 | 10-11 | 4 |
| Sortland | 5 | 2-3 | 8-10 | 4 |
| Ålesund | 6 | 2-4 | 9-16 | 4 |
| Sandnes | 5 | 1-4 | 8-13 | 2 |

**H1:**

Sandnes—KFUM Ålesund 3-0

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tromsø | 5 | 5-0 | 15- 1 | 10 |
| Hellerasten | 4 | 4-0 | 12- 2 | 8 |
| KFUM Oslo | 6 | 3-3 | 15-12 | 6 |
| KFUM Volda | 5 | 3-2 | 10-11 | 6 |
| Førde | 5 | 2-3 | 9-11 | 4 |
| NTHI | 5 | 2-3 | 6-13 | 4 |
| Sandnes | 5 | 1-4 | 7-12 | 2 |
| KFUM Ålesund | 5 | 0-5 | 3-15 | 0 |

**D2:**

Spjelkavik—KFUM Måløy 3-0
Hareid—Sverresborg 1-3
Lagopus—Sverresborg 0-3
Valder—KFUM Måløy 0-3

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Førde | 4 | 4-0 | 12- 1 | 8 |
| Sverresborg | 4 | 4-0 | 12- 1 | 8 |
| Vinne | 4 | 4-0 | 12- 5 | 8 |
| Lagopus | 5 | 2-3 | 8- 9 | 4 |
| Spjelkavik | 5 | 2-3 | 7-10 | 4 |
| Hareid | 5 | 1-4 | 6-12 | 2 |
| KFUM Måløy | 4 | 1-3 | 3- 9 | 2 |
| Valder | 5 | 0-5 | 2-15 | 0 |

**H2:**

Hessa—KFUM Måløy 3-1
Kristiansund—Nidaros 3-1
Ålesund—KFUM Måløy 3-0

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Hessa | 4 | 4-0 | 12- 3 | 8 |
| Ålesund | 4 | 3-1 | 11- 3 | 6 |
| Nessegutten | 3 | 3-0 | 9- 4 | 6 |
| Nidaros | 4 | 2-2 | 9- 6 | 4 |
| Åsheim | 4 | 2-2 | 9- 7 | 4 |
| Kristiansund | 5 | 1-4 | 5-13 | 2 |
| Hornindal | 4 | 1-3 | 3-11 | 2 |
| KFUM Måløy | 4 | 0-4 | 1-12 | 0 |

70

VOLLEYBALL

# Tambarskjelvar mot topplag i 1. divisjon.



Frå fjorårets møte mellom Breim og KFUM Sandane (nærmast). Då vann breimningane 3—1 og 3—2, men så langt i år er det Sandane-laget som har gjort det skarpast.

Det vert avvikla full serierunde i volleyball i helga. Det vil seie at nokre 1. divisjonslag i herreserien alt har «tjuvstarta» på runda. KFUM Oslo—Hellerasten møttest i lokaloppgjer onsdag, medan Førde vitja KFUM Volda torsdag. Det knytte seg spenning til det sistnemnde møtet i og med at nettopp KFUM Volda er eit lag Førde kan og må kjempe jamt med for å verte blant dei fire beste i serien. Etter 3—1 tapet for KFUM Oslo sist helg er det også klart at Førde no treng poeng for å ha denne målsetjinga innan rekkevidde. Sundagens oppgjer mellom Sandnes og KFUM Ålesund vert eit reint botnoppgjer i og med at begge lag står med fire strake tap så langt. Trass i bortebane tippar vi Ålesund-siger.

I 1. divisjon damer møter Tambarskjelvar det eine topplaget etter det andre. Etter vanskelege motstandarar som BSI og Oslo, står Porsgrunn og Bergkameratene for tur i helga. At Naustdal-laget ikkje kjem lett til poenga, vert stadfesta av at både Porsgrunn og Bergkameratene har vist gode vinnartakter i det siste og såleis plassert seg på tredje- og fjerdeplass på tabellen. Spelet det unge Naustdal-laget viste i Førdehuset sist helg, lovar likevel det beste for nye poeng. Det vil i tilfelle også bety revansj over den andre debutanten, Kongsberg-laget, som slo Tambarskjelvar 3—0 i kvalifiseringa til 1. divisjon. Ålesund vitjar i helga Sandnes og BSI, og det går i retning av to nye tap for gjestene.

I 2. divisjon skal KFUM Måløy spele bortekampar både i dame- og herreserien komande helg. Måløy-laga har fått ei svak serieopning og dei botnar kvar sin tabell. Herrelaget får det vanskelegast i helga då dei møter topplaga Hessa og Ålesund og kan såleis ikkje gjere rekning med poeng. Det kan heller ikkje damene vente mot Spjelkavik, men med litt tur kan dei slå Valder, som heller ikkje har teke poeng så langt. Elles er trønder-laga Nidaros og Sverresborg klare favorittar i sine kampar i helga.

3. divisjonslaget til Tambarskjelvar skal til Sogn i helga, der dei møter serieleiar Sogndal og Jotun. Sande har slått Jotun 3—0 og det er såleis ikkje umogeleg for Naustdal-jentene å ta to poeng i Årdal, men det vert vanskeleg å tukte sogndølene. I Firdahallen går lokaloppgjeret KFUM Sandane—Breim, og førebels ser heimelaget ut til å vere sterkast av dei to. Svelgen er heimefavoritt mot Hornindal.

Heimefavorittar er også Svelgen og Vik i herreserien, medan Førde bør kunne slå Eid trass i bortebane. I 4. divisjon herrar tar truleg Tambarskjelvar sin fjerde strake siger når Sogndal kjem på vitjing. Sogndølene kan dermed spele jamt med Dale. Breim må finne seg i å ha favorittstempelet i møtet med Høyang. I dameserien er få kampar avvikla, men vi tippar sigrar til Tambarskjelvar og Eid i helga.

**D1:**
7/11 Porsgrunn—Tambarskj.
Sandnes—Ålesund
8/11 Bergkameratene—Tambarskj.
BSI—Ålesund

**H1:**
4/11 KFUM Oslo—Hellerasten
5/11 KFUM Volda—Førde
8/11 Sandnes—KFUM Ålesund

**D2:**
7/11 Spjelkavik—KFUM Måløy
Hareid—Sverresborg
8/11 Lagopus—Sverresborg
Valder—KFUM Måløy

**H2:**
7/11 Hessa—KFUM Måløy
8/11 Kristiansund—Nidaros
Ålesund—KFUM Måløy

**D3:**
7/11 KFUM Sandane—Breim
Sogndal—Tambarskjelvar
Svelgen—Hornindal
8/11 Jotun—Tambarskjelvar

**H3:**
7/11 Svelgen—Pil
Vik—Sogndal
8/11 Eid—Førde

**D4:**
8/11 Tambarskjelvar—Dale
Høyang—Eid

**H4:**
7/11 Tambarskjelvar—Sogndal
8/11 Breim—Høyang
Dale—Sogndal

VOLLEYBALL:

# Fortsatt langt fram for damene

**SANDNES — Den nyetablerte Nordsjø Cup i volleyball for kvinner ble ingen suksess for Norges vedkommende. En sisteplass uten en eneste seier var klart i underkant av forventningene. Riktignok var det intens kjemping om førsteplassen, men siden den kampen ikke inkluderte Norge, ble det relativt uinteressant å være norsk volleyballentusiast i Sandnes denne helga. Danmark vant til slutt turneringen foran Skottland og England. Alle lagene endte på fire poeng.**

Av EGIL RUGLAND

Dette var altså turneringen som skulle bekrefte at norske kvinner nærmer seg mellomskiktet i europeisk volleyball. Svaret gir seg sjøl etter resultatene å dømme i Nordsjø Cup. Fullt så enkelt er det imidlertid ikke. I virkeligheten burde Norge ha slått først og fremst England med 2—0 ledelse i sett, men så snudde de engelske jentene kampen totalt og vant 3—2.

Søndagens siste kamp mot Skottland burde vel også strengt tatt resultert i seier, men skottene kom uimotståelig i siste sett og feide de norske kvinnene av banen med 15—3.

Akkurat kampen mot skottene var karakteristisk for innsatsen. I lange perioder presterte Norge gode ballvekslinger, bra smasher og brukbart forsvarsspill. I neste øyeblikk falt laget totalt sammen og gjorde elementære feil.

— Det er helt klart at vi burde slått England og Skottland med den norske kapteinen Eli Wenche Nilsen, men det ser ut til at vi mangler seiersinstinktet.

— Jeg er fornøyd med angrepsspillet under turneringen, sier den norske treneren Svein Rørvik — men forsvarsspillet var i perioder svakt. La oss ikke glemme at dette var en jevn turnering, og jeg vil si at Norge vel er det laget som har størst utviklingsmuligheter. Vi har et ungt og lovende lag. Det som skaper problemer for oss i slike turneringer er at det blir en for stor overgang fra den hjemlige serien, som er meget ujevn. I framtida må arbeidet i klubbene intensiveres.

Eli Wenche Nilsen var drivkraften i det norske laget. Hun fikk god hjelp av Ingrid og Gunnvor Aase fra Tambarskjelvar — to søstre som avgjort gir håp for framtida i norsk kvinne-volleyball.

# God BSI-kamp trass i E-cup-nederlag

AV PER INGE HJERTAKER

**BSI-damene kjempet tappert i lørdagens E-cup kamp mot Karhulan Veikot. De finske jentene ble allikevel for sterke i det femte og avgjørende settet, og BSI er sannsynligvis ute av cupen for denne gangen, om de ikke spiller over evne i returkampen kommende helg.**

**Volleyball**

Europa-cup i volleyball:
BSI-Karhulan Veikot 2-3
(8-15,13-15, 17-15, 16-14, 5-15)

Selv om det ble tap i lørdagens kamp i Stemmemyren viste kampen at det er internasjonalt snitt over BSI. Jentene begynte nervøst og famlende, etter hvert kom de imidlertid i siget, og med de nødvendige centimeter på sin side spesielt i det andre settet, kunne kampen fått et helt annet resultat. Nå gikk det ikke slik, og det spørs om det ikke var nervene som spilte de dyktige jentene et puss. I andre sett var de faktisk i ledelsen mot slutten. Dårlig serving og svake avslutninger gjorde at Karhulan Veikot klarte å kare seg de nødvendige poengene foran og vinne 15-13. Bergensjentene gjorde feil de ellers ikke ville ha gjort selv med bind for øynene, og finnene fikk settseieren servert på fat.

De omlag to hundre tilskuerne trodde vel da at finsk sisu og nervøse Bergensjenter ville gi en lett seier til gjestene. Karhulan hadde nemlig også vunnet det første settet uten særlig motstand. Inger Gundersen & co. ville det annerledes og kjempet seg til seier i de to neste settene. Særlig var det tredje settet en virkelig thriller med alle de ingrediensene en spennende og god volleyballkamp skal ha. Knallharde smasher, gode blokker og intens kjemping i feltarbeidet. Kampens store spiller viste gang på gang sin klasse i dette settet. Selv ikke finske landslagsstjerner klarte å hamle opp med Marita Hjelmeland denne gangen. Med smasher det luktet svidd av dundret hun ballen forbi forbløffende finner. Hadde lagvenninnene hennes gått like respektløst til verks ville BSI ha utklasset gjestene. Norsk husmannsånd lot seg imidlertid ikke fornekte denne gangen heller, og etter den suverene opphentingen var det hverken vilje eller evne i BSI til å vinne kampen, og Karhulan kunne spasere seg til en lett gevinst i det siste og avgjørende settet.

## BSI bedre enn landslaget?

Karhulan Veikot var et hyggelig, men som det beste damelaget i Finland, noe skuffende bekjentskap. Det finske landslaget er adskillig bedre enn norske. At norsk klubbvolleyball på sitt beste ligger på finsk toppnivå var det vel få som hadde regnet med. Nå ligger BSI-damene i en klasse for seg selv i Norge, og helgens kamp tyder på at Bergenslaget ligger en klasse over det norske landslaget også. Det var bare så synd at BSI-damene ikke oppdaget hvor gode de egentlig er før i det tredje settet. I de to foregående hadde en mengde personlige feil hos hjemmelaget gitt Karhulan poeng. I det nevnte settet var rollene byttet om. Det var hele tiden BSI som presset og med rikelig anledning for finnene til å gjøre feil. Disse uteble heller ikke, og hadde BSI fortsatt i samme stil resten av kampen hadde turen til 2. runde og sovjetiske Sverdlovsk vinket i det fjerne. Nå må laget prøve å gjøre en hederlig figur i returkampen, og heller satse på ny Europacup-frisk neste sesong.

## Ny BSI-stjerne

I helgens kamp i Europa-cupen slo en av årets nye BSI-spillere ut i full blomst. Selv ikke etablerte finske stjerner som Riitta Byckling eller Hannele Alho hadde noe å stille opp når Marita Hjelmeland kom til fremme ved nettet. De finske spillerne hørte bare susen av smashene hennes, og var glad til hver gang ungjenten var i de bakre posisjoner.

Marita er ingen hvem som helst i norsk volleyball. Hun kommer fra volleyballtalentenes arnested i Norge for tiden, Førde. Tross sine bare nitten år har hun i flere år spilt på landslaget. Marita har allikevel ikke fått det helt til i BSI-trøyen før denne kampen. Nå er det imidlertid ingen tvil.

Ungjenten fra Førde har slått ut i full blomst for sitt nye lag, og selv om det ble tap var det ingen sure miner i BSI. Laget hadde gjort en glimrende kamp, og fått en ny stjerne.

## Antiklimaks

BSI—Ålesund VBK 3-2 (10-15, 11-15, 15-6,15-4, 15-8)

Søndagens seriekamp ble et stort antiklimaks for BSI. På grunn av at Ragnhild Korneliussen spilte håndballkamp for Bjørnar på samme tidspunkt som denne seriekampen gikk måtte unge Line Haram en periode være alene om oppleggerjobben. Spillerne var tydelig svært dårlig motivert dagen etter E-cup kampen, og det begynte mildt sagt dårlig for Bergenslaget i dette serieoppgjøret. Ålesund var best i alt og vant de to første settene klart. I det tredje settet da det så ut til å gå mot en oppsiktvekkende borteseier satte BSI inn sin ene smasher som opplegger. Ina Svenningsen har tidligere ikke spilt i denne rollen, men forholdene tatt i betraktning klarte hun seg meget bra i sin nye funksjon. Ina og lagvenninnene snudde kampen, overtok fullstendig kommandoen og utliknet etter to klare settseire.

Bergensjentene holdt konsentrasjonen oppe også i det femte og avgjørende settet, tok en ny seier og ligger fortsatt på tabelltoppen i damenes 1. divisjon.

## 2. divisjon herrer:

KFUM/Bergen— Egersund 3-0
BSI—Egersund 3-2



**BSI spilte godt mesteparten av E-cup kampen, men var i kne hele siste settet. Her representert ved Ina Svenningsen.**

(11)

# Sandnes slo Førde, men ikkje Tambarskjelvar.

## Tambarskjelvar er så godt som sikra plass i sluttspelet, men Førde ligg «under streken» ved halvspelt serie.

1. divisjon er no halvspelt med unnatak av BSI-damene sine to utsette kampar mot Porsgrunn og Bergkameratene. Men vi kan igjen slå fast at Tambarskjelvar har gjort ein strålande debut som gjer at dei pr. i dag tronar øvst på tabellen. Laurdagens storsiger over Sandnes betyr at Naustdal-laget har dei aller beste føresetnader til å nå sluttspelet i sin første toppseriesesong.

Dersom BSI vinn sine to utsette kampar, vil Bergensstudentane leie den halvspelte serien to poeng føre kometane frå Naustdal, som på si side vil ha fire poengs forsprang på neste konkurrent, Porsgrunn. Sortland ligg i dag på ein plass som ville kvalifisere til sluttspel, men Oslo vil nok vere med og kjempe om denne plassen sjølv om den nyskipa klubben meir eller mindre har kolapsa etter den fine opninga. Det går mot nedrykk for Sandnes, medan debutanten Bergkameratene må kjempe med Ålesund for å halde seg i divisjonen.

Førde spelte i helga sin fjerde femsettskamp, og for andre gong enda eit slikt oppgjer med tap for Førde-laget som dermed finn seg sjølv plassert under streken når det gjeld sluttspel. Laget må såleis bruke andre halvdel av serien til å avansere ein plass for å nå målsetjinga om å bli blant dei fire beste. Serien har vist seg å bli uhyre jamn, noko som vart stadfesta i siste runda før serien no vert snudd. Lokaloppgjeret på Sunnmøre enda med at dumpekandidat KFUM Ålesund tok sin første seriesiger samstundes som seriefavoritt Tromsø fekk sitt første tap då dei møtte KFUM Oslo. Mot Hellerasten brukte «dvergane» fem sett på å vinne.

Det er såleis altfor tidleg å peike ut kven som går til sluttspelet. At favorittane Tromsø og Hellerasten vert å finne der, er ganske sikkert. Og at KFUM Ålesund takkar for seg i 1. divisjon, er også godt truleg. Men elles kan alt skje. I dag ligg KFUM Oslo og NTHI på sluttspel-plass, men Førde og KFUM Volda ligg berre to poeng bak, og det er ingen ting som tyder på at slaget er tapt for desse to. Sandnes kjempar på den eine sida for å unngå nedrykk og på den andre for å få kontakt med sluttspelkandidatane — noko som lukkast eit stykke på veg med sigeren over Førde.

KFUM Måløy kom tomhendte heim frå kampane i Trøndelag og på Nordmøre. Damene vart feia av bana av topplaga og fekk berre med seg 7, 7 og 19 poeng i setta mot Vinne og 5, 10 og 5 poeng mot Sverresborg. Overspelte vart også herrane mot Nessegutten med 15-6, 15-8, 15-11. Derimot hadde det nær blitt poeng mot Kristiansund, men sigeren glapp i fjerde og femte sett (13-15, 15-8, 5-15, 15-11, 15-9). Både i dame- og herreserien har det skilt seg ut ein leiartrio. Hessa, Ålesund og Nessegutten går frå siger til siger i herreklassen, medan Sverresborg, Førde og Vinne er medaljeaspirantar i dameklassen. Rett nok kan denne trioen utvidast til ein kvartett dersom Lagopus kjem sterkare.

## KFUM-Oslo mot 2. runde

Oslo (NTB): For andre året på rad ser KFUM-Oslo ut til å avansere i E-cupen i volleyball. Throttur ble beseiret 3-0 og 15-12, 15-7, 15-11 i Reykjavik lørdag, og da ser returkampen i Oslo søndag ut til bare å bli en formalitet.

Paret Jon Martin Buvarp – Thomas Jonsson var de beste på et jevnt Oslo-lag.

Og når annen runde går i Belgia i desember, har Oslo-klubben mere på lager. Da har de trolig med ytterligere tre landslagsspillere. Egil Leira var hjemme i helgen, Geir Paulsen er snart frisk etter et armbrudd og Jørn Chr. Vestre, Norges beste angrepsspiller, har meldt overgang fra KFUM-Ålesund. Til sammen har trioen 120 representasjonskamper.

## Tap for BSI

Bergen (NTB): BSI tapte som eneste norske lag sin Europacup- kamp i volleyball i helgen. Men Bergensjentene skal ha all ære for sin innsats. Spillet de viste mot det sterke finske laget, Karhulan Veikkot i Stemmemyrshallen lørdag er noe av det beste et norsk damelag noen gang har vist. Karhulan vant kampen 3-2 etter settsifrene 15-8, 15-13, 15-17, 14-16 og 15-5. Matchen var særdeles spennende og varte i nærmere to timer.

Marita Hjelmeland, tidligere Førde, var banens dominerende spiller. Returkampen går i Finland søndag.

# Tambarskj. serva Sandnes av bana.



Sandnes hadde problem å komme til nett. Vi ser blokka til Sandnes når ikkje fram. Venke Andal kan slå inn ein knallhard smash, Birte Kittelsen sikrar.



Vi let Gunnvor Aase stå som døme på glimrande serving hos Tambarskjelvar.

Tambarskjelvar tok ein ny overtydande siger i Førdehuset laurdag. Kampen mot Sandnes vart aldri god, til det var motstandaren for dårleg. Heimelaget imponerte med lange, harde og presise servar. Sandnes-jentene vart pressa tilbake på bana, og fekk problem med servemottaka. Dette gjorde at Tambarskjelvar sin siger aldri var truga, og med sett-siffera 15-10, 15-8, 15-8 vann dei ein velfortent 3-0 siger.

Lagleiar Atle Øen seier seg bra nøgd med utfallet av kampen. Hans lag viste ikkje toppspel, men det var heller ikkje naudsynt for å slå eit svakt Sandnes-lag. Tambarskjelvar satsar medvete på å utnytte eigen serve, og i denne kampen lukkast dette fullt ut.

Lagleiar Klovning var langt frå nøgd med Sandnes sitt spel. I periodar greidde laget å blokke ned Tambarskjelvar, men han måtte innrømme at Tambarskjelvar var eit betre lag. Spesielt hadde gjestene problem med servemottaka, og etter Klovning si meining var dette avgjerande for kampen.

Sandnes-laget viste tydeleg kvifor dei ligg på botnen av tabellen. Laget har eit ujamt mannskap, og det heile vart meir kjemping enn konstruktivt spel. Klovning har bygd opp eit lag rundt rutinerte spelarar som Signe Frick og Gro Wigeland, men dei unge held førebels ikkje mål.

Tambarskjelvar viste stor styrke i denne kampen. Bortsett frå første del av første sett gav dei aldri frå seg initiativet. Gjestene pressa dei i enkelte periodar, mellom anna på stillinga a-7 i 2. sett og a-6 i 3. sett, men begge gongene avviste heimelaget dei lett. Kampen vart aldri god, og spelet verka til tider ukonsentrert. Begge lag viste mange personlege feil.

Første sett opna med famlande spel frå begge lag. Heimelaget var tydeleg svært tent på kampen. Dette gav seg utslag i oppjaga spel, unøyaktige opplegg, og smashane vart for lange. Sandnes fekk 3-0 leiing før heimelaget fekk orden på feltarbeidet. Utover i settet fekk Tambarskjelvar ro i laget, og i resten av kampen hadde ein heile tida kjensle av at dette fiksar naustdalsjentene lett. Kampen vart aldri direkte spanande, og den store stemninga blant dei vel 200 på tribunene uteblei.

Dommarane, Arne H. Gamlem og Solveig Helgheim, kom seg godt frå oppgåva.

**D1:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Porsgrunn—Bergkameratene | | | | 3-1 |
| Tambarskjelvar—Sandnes | | | | 3-0 |
| Sortland—Oslo | | | | 3-1 |
| BSI—Sandnes | | | | 3-0 |
| Ålesund—Oslo | | | | 2-3 |
| Tambarskjelvar | 7 | 6-1 | 18- 8 | 12 |
| BSI | 5 | 5-0 | 15- 3 | 10 |
| Porsgrunn | 6 | 4-2 | 14-11 | 8 |
| Sortland | 7 | 3-4 | 13-14 | 6 |
| Oslo | 7 | 3-4 | 14-16 | 6 |
| Bergkam. | 6 | 2-4 | 11-14 | 4 |
| Ålesund | 7 | 2-5 | 11-19 | 4 |
| Sandnes | 7 | 1-6 | 8-19 | 2 |

**H1:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| KFUM Ålesund—KFUM Volda | | | | 3-1 |
| Sandnes—Førde | | | | 3-2 |
| KFUM Oslo—Tromsø | | | | 3-1 |
| Hellerasten—Tromsø | | | | 2-3 |
| Tromsø | 7 | 6-1 | 19- 6 | 12 |
| Hellerasten | 7 | 5-2 | 19-10 | 10 |
| KFUM Oslo | 7 | 4-3 | 18-13 | 8 |
| NTHI | 7 | 4-3 | 12-15 | 8 |
| Førde | 7 | 3-4 | 14-16 | 6 |
| KFUM Volda | 7 | 3-4 | 12-17 | 6 |
| Sandnes | 7 | 2-5 | 12-17 | 4 |
| KFUM Ålesund | 7 | 1-6 | 7-19 | 2 |

**D2:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Vinne—KFUM Måløy | | | | 3-0 |
| Sverresborg—KFUM Måløy | | | | 3-0 |
| Sverresborg | 6 | 6-0 | 18- 3 | 12 |
| Førde | 6 | 5-1 | 17- 5 | 10 |
| Vinne | 6 | 5-1 | 16- 8 | 10 |
| Lagopus | 7 | 4-3 | 14-12 | 8 |
| Spjelkavik | 6 | 2-4 | 8-13 | 4 |
| Hareid | 6 | 1-5 | 8-15 | 2 |
| KFUM Måløy | 6 | 1-5 | 3-15 | 2 |
| Valder | 5 | 0-5 | 2-15 | 0 |

**H2:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Nessegutten—KFUM Måløy | | | | 3-0 |
| Åsheim—Ålesund | | | | 0-3 |
| Kristiansund—KFUM Måløy | | | | 3-2 |
| Nidaros—Ålesund | | | | 0-3 |
| Hessa | 6 | 6-0 | 18- 5 | 12 |
| Ålesund | 6 | 5-1 | 17- 3 | 10 |
| Nessegutten | 5 | 5-0 | 15- 5 | 10 |
| Nidaros | 6 | 2-4 | 10-12 | 4 |
| Åsheim | 6 | 2-4 | 10-13 | 4 |
| Hornindal | 6 | 2-4 | 7-14 | 4 |
| Kristiansund | 7 | 2-5 | 8-18 | 4 |
| KFUM Måløy | 6 | 0-6 | 3-18 | 0 |

**Nok eit dramatisk femtesett:**

# Førde tapte 13—15 etter utruleg opphenting.

### Leia 2-0 etter 15-6 og 15-13 i første setta.

Førde «debuterte» i Giskehallen i Sandnes på laurdag. Men opninga på kampen avslørte ikkje debutantnervar. Konsentrert spel grunna på god serving skapte panikk hos heimelaget som på dei få angrepa vart blokka ned. Først på 0-8 kom heimelaget med etter god serving, men gjestene kontrollerte det heile og vann lett 15-6, utan å imponere.

Neste sett avdekka også mottaksvanskar hos begge lag. Sandnes hadde dei mest agressive servane og gjekk fort opp i 9-3. Opphentinga av denne leiinga gav kvalitetsmessig det beste spelet av Førde. Laget lukkast i det meste samstundes som motstandaren viste manglande samarbeid. Sandnes greidde ikkje å få poeng før Førdegutane var i føringa på 11-9. Spelet jamna seg ut og heimelaget kom i føringa 13-12 før sunnfjordingane avslutta med «tre strake» og 15-13.

Med 0-2 hadde Sandnes kniven på strupen og dette hadde skjerpa dei. Dei skjerma effektivt sine svake mottakarar og køyrde mange midtangrep på dei gode framlegga. Førde fekk ein reaksjon på opphentinga i 2. settet, og settet gjekk tidleg tapt. 15-2 til Sandnes.

Så var det heimelaget sin tur til å få motgang. Førde gjekk raskt opp i 4-1, og Sandnes var klårt på defensiven. Men etter ein time-out følgde ein heilsvart periode frå Førde med mislukka angrep, og dette gav mange «gratis-poeng» til jærbuane, som utan å nøle greip sjansen. Førde sleit, men mangla glød. Særleg verka det nedbrytande at 2-metringen Georg Husa gong på gong scora poeng i midten. Og landslagsmannen Edmond Ims vakna til dåd. På 11-11 vart han tunga på vektskåla og sett-tapet var faktum for Førde. 15-11 viste tavla.

Byrjinga på 5. settet var som ein vond draum for Førde. Mottaket svikta, og samarbeid i laget mangla. På 0-8 fekk sunnfjordingane eit pusterom og kunne starte opphentinga. Sakte men sikkert åt dei seg innpå, og det vart tilløp til panikk på andre sida av nettet. Men her hjelpte nok heimepublikum godt, dei fekk «stabla» favorittane sine på beina, så dei greidde å skaffe seg 14 poeng. Under eit enormt **press kom Førde opp til 13-14 før ein serve gjekk litt for langt.**Poeng her hadde gitt kampen ei heilt ny utvikling. I staden fekk heimelaget sin 6. match-ball, og jubelen var stor i Giskehallen då denne gjekk inn.

Førde spelte ingen stor kamp, og oppgjeret viste at meir samtrening trengst. Spelarane opptrer alt for mykje som enkeltpersonar på bana, og dei viste i det heile alt for lite glød. Angrepsspelet vert for enkelt, og motstandarane si blokk vert dermed effektiv. Best på Førde-laget var Jeppe Vørre.

Dommarane, Arild Sviland og Jan A. Rønneberg, var inkonsekvente og hadde ikkje kontroll over kampen.

**VOLLEYBALL**

# 2 timars god kjemping — 0 poeng.

### Nytt Førde-tap i jamn kamp. KFUM Volda slapp med skrekken og halte femtesettet i land takka vere Magne Hornnes.

«Frende er frende verst» var inntrykket ein sat att med etter 1.divisjonsoppgjeret mellom KFUM Volda og Førde i Voldahallen torsdagskvelden. Magne Hornnes som i fjor spelte oppleggar på Førde, var heimelaget sin dominerande spelar, og på stillinga 9-10 i 5. sett prikka han inn 5 servar som knekte gjestene i ein spennande og velspelt 5-settar.

Det var to konsentrerte lag som møttest, og 1. settet viste at tabellsituasjonen ikkje laug. Førde sin større individuelle kapasitet gav likt spel mot eit tålmodigare og taktisk sterkare heimelag. Poeng for poeng følgde dei kvarandre. Volda greidde å gå opp i 13-10 før Førde sin sluttspurt nær hadde lukkast. Etter meir enn ein halvtime stod det 13-15.

Det knepne settapet gav konsentrasjonssvikt i neste sett, og Volda fekk 4-0 før Førde gav kontant svar med 6 strake poeng. Heimelaget var rysta, men tok seg inn att med gode angrep i posisjon 2. På ny førte dei settet på 13-10 før sunnfjordingane sin vilje kom til sin rett. Ei feiande opphenting gav to settballar på 15-14 før det glapp. Eit bittert settap på 17-15.

**Men så vann Førde...**

Ein times godt spel med 0-2 som betaling var tungt å svelgje for førdianarane, og det såg ut til å gå mot 3-0 tap då møringane fekk 4-1 i starten av tredje sett. Men då snudde kampen. Førde-blokka fekk taket på Volda sin landslagsmann Rune Humberset, og etter dette var han ufarleg i angrep. Heimelaget hadde trøytna og Førde dominerte dei to neste setta. 15-8 og 15-9 i fjerde gav nytt grunnlag for optimisme.

No var sunnmøringane alvorleg rysta, og Førde fekk 5-1 i femte sett før spelet jamna seg ut. Volda hadde ein god periode i settet og var i føringa ved sidebyte med 8-7. Herifrå byrja dramatikken. Begge laga gav alt i denne fasen og greidde med god konsentrasjon å bryte motstandaren sin serv. Førde sitt betre angrep mot ypperleg forsvarsarbeid av heimelaget gav stillingskrig.



Magne Hornnes (t.h.) har flytta over på andre sida av nettet sidan dette biletet vart teke. No akslar han KFUM Volda si trøye, og torsdag avgjorde han kampen mot tidlegare lagkameratar frå Førde. Bestemann på bana var likevel Asbjørn Vølstad (midt på biletet, nr. 2), som stadig vekk blokka ned landslagsspelaren Rune Humberset (nærmast, nr. 1).

**Dramatikk på tampen.**

Så avgjorde Magne Hornnes det heile med si serverekkje. I denne fasen vart gjestene si svake side avsløra. Spelet vart for einsidig og KFUM Volda var sterke nok til finne mottiltak — dermed 15-10.

2-3 var tungt å bere for Førdespelarane etter siste helgs knepne 1-3 mot KFUM Oslo. Det er likevel grunn til å hevde at sunnfjordingane kjempa ypperleg kampen gjennom mot eit godt Voldalag. Sunnmøringane har mista fleire oppleggarar frå i fjor, men tilveksten har ikkje svekka laget. Ved sida a: Magne Hornnes, spelte Dag Tore Hagen frå Måløy framifrå og storebror Torstein Hagen var og på bana mesteparten av tida. Altså eit sterkt innslag av fjordingar.

**Betra konsentrasjon.**

Bana sin dominerande spelar var likevel Asbjørn Vølstad som viste gryande storform. I angrep herja han uhemma gjennom fem sett, og det er vel lenge sidan nokon har varta opp med slik blokking i Voldahallen. Og nøkkelen til suksess for eit for lite samtrena Førde-lag ligg kanskje i å kunne blokkere like godt i begge kantposisjonar.

Elles må heile laget få ros for å ha betra konsentrasjonen sidan sist. Talet på personlege feil var kraftig redusert, og kan sjølvtilliten aukast komande veke, vert det «storkamp» neste laurdag mot Hellerasten. Ein siger der vil utan tvil smake betre enn Volda-spelarane sine ord: «Det er synd nokon må tape slike oppgjer, men uavgjort finst ikkje i volleyball».

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tromsø | 5 | 5-0 | 15-1 | 10 |
| Hellerasten | 4 | 4-0 | 12-2 | 8 |
| KFUM Oslo | 6 | 3-3 | 15-12 | 6 |
| KFUM Volda | 5 | 3-2 | 10-11 | 6 |
| Førde | 5 | 2-3 | 9-11 | 4 |
| NTHI | 5 | 2-3 | 6-13 | 4 |
| Sandnes | 4 | 0-4 | 4-12 | 0 |
| KFUM Ålesund | 4 | 0-4 | 3-12 | 0 |

Lokaloppgjør i 1. div. volleyball:

# Blir poenga i Volda?

KFUM-Volda har valgt å spille sine to lokaloppgjør i 1. div. på torsdager for å få større publikum. I helgene reiser en stor del av studentene i Volda vekk, og når det så klaffer å få avviklet hverdagskamper er det duket for atskillig større innrykk i Voldahallen.

I kveld er Førde Volleyballklubb gjester i Volda, og i likhet med debutsesongen i fjor ser Sunnfjord-laget ut til å legge seg midt på tabellen. Sist helg tapte de heimekampen mot KFUM-Oslo med 1–3, et lag som voldingene slo 3–2 i Oslo forrige helg. Førde og KFUM-Volda ligger på hhv. 4. og 5. plass etter fire kamper. Begge har vunnet to, tapt to, og Førde ligger på plassen foran bare takket være et tapt sett mindre.

Volda har møtt tre av de sterkeste laga til nå, og er fornøyd med å ha vunnet to av de fire kampene. Det kan bli et ganske jevnt oppgjør i kveld, men vi holder en liten knapp på heimelaget.

Voldingene har riktig nok satt seg nokså beskjedne mål denne sesongen – «ståplass» er siktemålet etter at man måtte si farvel til støttespillere som Jarle Bae og Audun Rørstad. Men det er likevel en god del rutine i mannskapet. Et ekstra poeng ved kveldens oppgjør er det for øvrig at en spiller på hvert lag møter sine tidligere lagkamerater. Det gjelder Magne Hornnes, som kom til Volda fra Førde, og Knut Føleide, som gikk motsatt veg foran denne sesongen.

Vi tviler på at kveldens oppgjør blir avgjort over tre sett, men tror altså mest på knapp heimeseier.

Tambarskjelvar-spelarane slitne —

# Men vil yte sitt beste mot gjestene frå Troms.

— Vi veit at gjestene er i framgang. Dei slo Porsgrunn 3—1 i siste heimekampen sin. Så har dei jo Anita Nilsen — landslagsspelar med lang røynsle (27 landskampar). Vi må rekne med at den dårlege starten dei hadde, grunna seg i dårleg kamptrening, noko dei no har fått.

Slik karakteriserer Atle Øen i Tambarskjelvar IL motstandaren i sundagens heimekamp mot Sortland. Det vert ingen lett kamp. Naustdaljentene synest litt slitne for tida. Dei tok ut mykje sist helg i to harde bortekampar. — Vi stiller fullt lag, men overskotet manglar. Men det er enno nokre dagar att til kampen, seier Øen, som understrekar at det ikkje er noko misstemning i laget, men dei ser alvorleg på oppgjeret.

— Kjenner de spelestilen til Sortland?

— Nei, det er lite. Og vi kjem ikkje til å legge opp til noko spesielt mot dei. Vi vil spele som vi har gjort. Men vi veit om Sortland at det er eit kjempande, jamt lag, seier Øen. I så måte er Sortland ein eksponent for den nord-norske satsinga på volleyball.

Sortland har dertil god rekkevidde. Dei 12 spelarane rager i gjennomsnitt 171,4 cm over bakken (Tambarskjelvar 168). — Det vert spennande å sjå om vi klarer å tvinge også Sortland bak på bana. Då treng vi nettopp konsentrasjon og krefter.

— Eg trur det kan bli ein publikumskamp med ganske mykje kjemping. Det har vist seg at dei siste kampane våre har vore sjåverdige med lange ballvekslingar. (Forestillinga dei hadde i Førdehuset i siste heimekampen skulle absolutt gje meirsmak). Publikum kan også — dersom eit lag er litt ille ute og køyrer — hjelpe til med å skape nye krefter og nytt mot. Sortland er vant til å ha eit stort heimepublikum — rundt 300—400 på heimekampane — og det kunne vere eit ynskjemål med noko liknande i Førdehuset, seier heimelaget sin lagleiar.



**Sortland-spelarane Anita Nilsen (t. v.) og Marit Lien har til saman 39 landskampar og vil utgjere ein farleg trusel mot Tambarskjelvar.**

1-0, 2-0, 2-1, 2-2, 3-2

# Rikeleg med spenning i kampen Volda KFUM - Førde VBK



**Voldingane fekk verkeleg store vanskar med blokka til brødrene Vølstad på Førdelaget. Vel halvannan time gjekk det før kampen var over - og ikkje minst domarane, Helge Strømsheim og Jan A. Rønneberg fekk ein anstrengande jobb.**

Volleyballkampen mellom KFUM-Volda og Førde Volleyball Klubb vart ein publikumkamp av hyggelegaste merke.

Alt frå opninga var det klart at her måtte det ein verkeleg innsats til for å få ein siger i hamn.

Førdespelarane opna best- ikkje minst grunna sine sikre blokker og gjekk raskt opp i ei 4-1 leiing, men voldingane tok då ein time out og fekk «ordne på problemet». Frå då av kom voldingane - og det med fleire, gode einskildprestasjonar som ikkje minst publikum synte å setje pris på. Likevel, voldingane hadde vanskar med Førdeblokka og gjestane greidde å fylgje voldingane. Det var 15-13 til Volda i første settet.

Det vart likevel det andre settet som vart det mest spanande og prestasjonsmessig best.

Sjeldan ser vi ein slik kamp ved nettet - og sjølv om voldingane i starten var oppe i 4-0 leiing, så greidde Førde snøgt å ta dette innatt og gå forbi. Ved stillinga 8-7 til Førde tok voldingane over spelet men det heldt så vidt. Også 2. settet gjekk til Volda med 17-15.

Publikum rekna med at også det 3. settet skulle gå til Volda, sjølv om det måtte verte ein knepen siger. Voldingane er og frå starten innstilte på dette og er raskt oppe i 5-1 leiing.

Men Førde let seg ikkje feie av golvet utan å kjempe. Så syner det seg at voldingane gjer fleire småsynder og Førde går sakte men sikkert til siger. Dei vann dette 3. settet godt fortent med 15-8.

No var stillinga 2-1 til Volda og vi venta her ein 3-1 siger. Men Førde hadde fått ein god inspirasjon av sigeren i 3. settet og greidde også 4. settet.

Siste og avgjerande settet gjekk til Volda og fekk altså ein 3-2 siger.

Fleire slike kampar, og publikum vil nok på nytt fylle Voldahallen - og gje lyd frå seg.

# KFUM-Volda slo Førde

Årsbeste av KFUM-Volda i Voldahallen og siger 3–2 til KFUM-Volda over Førde Volleyballklubb. Publikum ca. 300.

Sigeren 3–2 over Førde kom etter ein jamn og god kamp. KFUM-Volda starta med å vinne eit svært jamt og langvt første sett der laga følgde kvarandre gjennom heile settet. Volda hadde den nødvendige turen på slutten av settet, og vann 15–13. Første settet varte i 31 minutt.

2. settet var om mogleg enda jamnare, 26 min. Volda vann og dette settet etter svært godt spel av begge laga. Settet endte 17–15. I det 3. settet leia Volda 5–1, og publikum og spelarar byrja tru at kampen nærma seg slutten. Førde kom imidlertid svært sterkt attende og Volda-spelarane gjorde fleire personlege feil. Førde vann settet klårt 15–8. Dette settet var det kortaste til no, berre 16 minutt. Truleg klarde ikkje Volda-spelarane her å halde konsentrasjonen på topp lenger. Dei måtte jobbe svært konsentrert i begge dei to første setta, og fekk ein naturleg reaksjon. Dei to første setta varte nokså nøyaktig ein time medrekna pausen mellom setta. Det 4. settet var klårt Førde sitt. 15–9 i eit sett der dei stort sett hadde føringa og kontroll over settet. Før det avgjerande 5. settet gjorde lagleiaren til Volda, Per Homberset ein vri ved å sette inn ein ny midtspelar som berre so vidt hadde vore på banen tidlegare i kampen. Han heitte Geir Hjertaker. Lars Petter Eggesbø, som til no hadde spela midtspelar, vart flytt ut som diagonalspelar, og diagonalspelaren Dag Tore Hagen vart flytt ut som kampsmasher. Dette var ein dristig variant av lagleiaren til KFUM-Volda. Førde kom avgjort best i gong med det 5. settet, og leia 7–3. Dei var altså nær ved å skifte på stillinga 8–3, men her starta Volda ein kjempespurt, og klarde å snu med leiing 8–7. Når Volda til slutt klarde å vinne settet 15–11 etter 4 matchballar, sto jubelen i taket hos publikum. Trist at eit lag må tape ein slik kamp, men uavgjort finst som kjent ikkje i volleyball. Lagsiger til Volda, likevel kjem vi ikkje utanom Magne Hornes som spela oppleggar og som kom nett frå Førde før denne sesongen. Det er frå sine eigne ein skal ha det. For Førde spela Åsbjørn Vølstad stort. Solid spel og av Olav Vølstad og Bernt Olav Hundvebakke. Blokka til brørne Vølstad må vere noko av det beste vi har i landet. Dei sette grå hår i hovudet til fleire av Volda-spelarane.

Første settet, Volda er nemnd først: 15–13, 17–15, 8–15, 9–15 og 15–11. Det var altså 4 match-baller før kampen vart vunnen. Totalt hadde likevel Førde vunne 69 poeng, mot Voldas 64.

VOLLEYBALL 76

Europa-cup:

## Marita Hjelmeland best — men BSI-tap.

Tre norske volleyballag spelte Europacup-kampar sist helg. BSI-damene hadde heimekamp mot det finske meisterlaget Karhulan Veikot. Det vart ein dramatisk 5-settskamp i Stemmemyren, der Marita Hjelmeland i storform var med på å snu utviklinga i kampen etter at studentane hadde tapt dei to første setta 8-15, og 13-15 m.a. grunna stor respekt for motstandaren.

Marita Hjelmeland plukka poeng i stor stil på kant og BSI tok leiinga 13-5 i tredje settet før finnane starta opphentinga som førte til ei svært dramatisk settavslutning. Heimelaget vann til sist 17-15. I fjerdesettet heldt den tidlegare Førde-spelaren fram med oppvisingsstilen og plasserte ballane forbi den finske blokka. I midten viste Inger Gundersen gong på gong at ho høyrer til blant dei beste senterspelarane her til lands. Nok eit sett enda 15-13, men i det avgjerande settet rakna det for BSI og finsk sisu berga sigeren med 15-5, etter 2 timars spel. Dette var likevel ein av BSI-damene sine aller beste kampar, som lovar godt for seinare internasjonale møte. Returkampen går i Finland sundag.

Dei to andre norske laga sigra sine cup-oppgjer. KFUM Oslo slo Throttur heile 3-0 (15-12, 15-7, 15-11) i Reykjavik laurdag, og returkampen i Oslo sundag ser ut til å bli reine formaliteten. Når andre runde går i Belgia i desember har Oslo-klubben også fått endå ein landslagsspelar i og med at Jørn Chr. Vestre no har meldt overgang frå KFUM Ålesund. Tromsø debuterte i Europacupen med å slå engelske Kelly Girls International i London med 3-1 (15-12, 8-15, 15-12, 15-3). Dersom dei vinn heimekampen laurdag, skal dei møte franske Grenoble VC andre og tredje helga i desember.

Førde i utfordrarposisjon:

## Kan bli første laget som slår Hellerasten.

### Interessant møte mellom Vølstad-brørne.

— Vi møter eit teknisk godt lag laurdag, disiplinert og velorganisert. Å ha landslagstrenar Harald Karlsen på sidelina er utan tvil ein styrke, og ekspertisen har då også rekna Hellerasten som ein av seriefavorittane.

Det er Inge Andersen i Førde VBK som seier dette før 1. divisjonsoppgjeret i Førdehuset laurdags kvelden der alt ligg til rette for ein spelemessig god kamp. Laga står nemleg godt til kvarandre, og begge har eit internasjonalt snitt. Gjestene frå Kolbotn har fem spelarar med junior- og seniorkampar for Noreg, medan heimelaget kan skilte med tre.

Hellerasten er favoritt etter fire strake sigrar så langt, men også Førde har gode kort på handa. — Med vinnarånda vår attende, så kan vi klare dette. Hellerasten er favoritt — også i eigne auge — så denne gongen er det vi som er utfordrarar, etter at vi har spelt mot eit KFUM Oslo-lag som måtte ha poeng og mot vanskelege KFUM Volda på heimebane.

— Spelemessig ligg vi bra an, og ikkje minst dei som er i det militære viser god framgang. Eit spørsmål er om Johan Jakobsen vert speleklar etter skade, for vi treng fullt lag. Eit poeng i kampen vert elles møtet mellom Vølstad-brørne. Det spørst om dei yngste vert størst denne gongen.

Heimepublikum i ryggen er eit anna sterkt kort på Førde-handa, meiner Andersen. Hellerasten møter for første gong i årets serie eit publikum som heiar fram motstandaren, og det kan kanskje avgjere ein jamn kamp. I førre serierunda i Førdehuset sat rundt 300 på tribunane, som denne gongen bør fyllast til siste plass.

— Vi treng publikum minst like mykje denne gongen. Var det ein kamp eg ville tilrå publikum å sjå, så måtte det vere denne. Sjølvsagt kan eg ikkje garantere noko, men dersom ikkje eitt av laga bommar fullstendig, så vert dette ein særs sjåverdig kamp, seier Inge Andersen.

Det er også klart at Førde no treng poeng etter to hårfine nederlag. Tapar dei mot Hellerasten og dessutan mot Sandnes i siste bortekampen før halvspelt serie, så er Førde-laget straks innblanda i nedrykksstriden — ein noko uventa situasjon. Det viser samstundes kor jamn serien er. Eigentleg har Førde spelt berre ein dårleg kamp hittil, og det var møtet med Tromsø.



Hellerasten med skremmande høgde ved nett. Men Førde-spelarane kjenner motstandaren godt frå tidlegare møte, m.a. i samband med Kolbotn-laget sin treningsleir i Førdehuset før sesongen, då dei brukte trampoline (— grunnen til den imponerande høgda). Laga er elles ganske jambyrdige i høgde på spelarane, medan gjestene har ein gjennomsnittsalder på 22,3 år mot Førde sine 20 år.

VOLLEYBALL

## Sunnfjordingar til Nordsjø Cup.

Mellom dei spelarane Norges Volleyballforbund har teke ut til «Nordsjø Cup» finn vi tre sunnfjordingar, Gunnvor og Ingrid Aase frå Tambarskjelvar og Førde-jenta Marita Hjelmeland, som no representerer BSI. «Nordsjø Cup» for damer — volleyballen sitt svar på handballturneringa «Polar Cup» — går av stabelen i Sandnes 27.-29. november.

På det norske landslaget er elles desse uttekne: Heidi Brox, BSI, Brit Farstad, Oslo, Gunn Garvik, Porsgrunn, Jorunn Grødum, Birkenes, Anita Nilsen, Sortland, Eli Wenche Nilsen og Ellen Røraas, Bergkameratene, Rannveig Wallin, Hellerasten, og Gro Årstad, Børstad.

Trenar er Svein G. Rørvik med Geir Humberset som assisterande trenar. Motstandarar i turneringa vert England, Skottland og Danmark.




Nye representasjonsoppgåver ventar frå v. Ingrid Aase, Marita Hjelmeland og Gunnvor Aase. Landskampmotstandarar neste gong er England, Skottland og Danmark.

# Fjerde på rad

**KFUM-Oslo—Hellerasten 2—3 (9—15, 15—6, 10—15, 15—11, 7—15).**

Hellerasten berget igår kveld så vidt sin fjerde strake seier i herrenes 1. div. i volleyball. Etter 1 time og 35 minutters hard kamp mot KFUM-Oslo, kunne de tilslutt hale iland det femte og avgjørende settet med 15—7.

Kampen var til tider svært spennende, og et tallrikt publikum ga ved flere anledninger høylydt respons på godt nettspill ved begge lag.

Spillet var likevel en del skjemmet av personlige feil, spesielt gjaldt det i servemottak. Oppleggerne fikk således ikke anledning til å styre spillet slik de gjerne ville. Resultatet ble derfor tildels enkelt angrepsspill

I det avgjørende femtesettet ante vi likevel konturene av hel volleyball. Kolbotnlagets gode opplegger Ole Jørn Lundanes greide med sitt fine blikk for spillet å rive opp KFUM-Oslos forsvar ved nettet. Flere utspekulerte direkteangrep på 2. slag inspirerte medspillerne til også å ta ut det siste av krefter

77

## Volleyball

OSLO:
1. divisjon volleyball:
Menn:
KFUM Ålesund — KFUM Volda 3-1 (17-15, 13-15, 15-12, 15-11)
Sandnes — Førde 3-2 (6-15, 13-15, 15-2, 15-11, 15-13)
KFUM Oslo — BK Tromsø 3-2 (13-15, 15-11, 6-15, 15-7, 15-10)
Hellerasten — BK Tromsø 2-3 (8-15, 5-15, 15-6, 15-12, 7-15).
Kvinner:
Porsgrunn — Bergkameratene 3-1 (15-11, 6-15, 15-11, 15-7)
Tambarskjelvar — Sandnes 3-0 (15-11, 15-8, 15-9)
Sortland — Oslo 3-1 (15-4, 7-15, 15-12, 15-11)
BSI — Sandnes 3-0 (16-14, 15-4, 15-13)
Ålesund — Oslo 2-3 (15-10, 15-9, 2-15, 15-9, 13-15).

Tabell

| | | | |
|---|---|---|---|
| BK Tromsø | 7 | 20- 6 | 12 |
| Hellerasten | 7 | 19-10 | 10 |
| KFUM Oslo | 7 | 18-14 | 8 |
| NTHI | 7 | 12-15 | 8 |
| Førde | 7 | 14-16 | 6 |
| KFUM Volda | 7 | 12-17 | 6 |
| Sandnes | 7 | 12-17 | 4 |
| KFUM Ålesund | 7 | 7-19 | 2 |

Kvinner:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar | 7 | 18- 8 | 12 |
| BSI | 5 | 15- 3 | 10 |
| Porsgrunn | 6 | 13-10 | 8 |
| Sortland | 7 | 13-14 | 6 |
| Oslo | 7 | 14-16 | 6 |
| Bergkameratene | 6 | 11-14 | 4 |
| Ålesund | 7 | 11-19 | 4 |
| Sandnes | 7 | 8-19 | 2 |

# Førde-jentene sine viktigaste kampar.

Det er ikkje berre i 1. divisjon at Sunnfjord-laga er innblanda i spennande duellar komande helg. Førde sitt 2. divisjonslag skal til Trøndelag der dei møter sine to hardaste konkurrentar i årets serie. Tre lag står med 8 poeng etter fire strake sigrar, nemleg Førde og dei to vertslaga i helga, Vinne og Sverresborg. Desse tre er tippa å ta medaljeplassane, medan rekkjefylgja dei imellom vert avgjort m.a. av resultata denne helga.

Førde-jentene har varma opp med fleire kampar mot Tambarskjelvar og dersom dei får spelet til å gli, er det ikkje umogeleg at dei kan vinne begge kampane og dermed ta eit langt steg i retning av avdelingsmeisterskap. Men grunna kollisjon med herrelaget sin viktige kamp mot Hellerasten, må damene klare seg utan sin faste lagleiar. Dessutan er dei motstandarane underlegne både i alder og høgde. Medan Førde-spelarane held ein gjennomsnitt på 18 år og 170,5 cm, opererer Sverresborg med 23 år og 173,5 cm og Vinne med bortimot 21 år og 172 cm. Det er inga katastrofe om dei ikkje får med seg meir enn to poeng, men vert det klare nederlag i begge kampar, skal det godt gjerast å ta att forspranget.

I 2. divisjon herrar skal Hornindal ut i to vanskelege bortekampar. Nessegutten er klar favoritt på heimebane, medan Kristiansund — trass i den overraskande sigeren over Nidaros — ikkje bør vere for trygge på poeng mot Hornindal. Vidare trur vi på nye Hessa-sigrar over Åsheim og Nidaros.

Sogndal tar truleg sin femte strake siger i 3. divisjon damer når Jotun kjem på vitjing. Elles kan det verte eit spennande oppgjer mellom Breim og Sande, der heimelaget er favoritt etter den fine framgangen i det siste. Jamt vert det nok også mellom Tambarskjelvar og Svelgen, men vi trur heimebane avgjer. Heimesiger tippar vi også i KFUM Sandane—Hornindal.

Toppkampen i herreserien står denne helga mellom Vik og Eid, men vi reknar med at Sande på nytt vil blande seg inn i tetstriden med siger over Sogndal. Botnoppgjer vert det når Pil får vitjing av KFUM Sandane, då ingen av desse har teke poeng så langt.

I 4. divisjon vert det eit jamt oppgjer mellom damelaga til Eid og Dale, som begge har slått Tambarskjelvar 3-1. I herreserien tippar vi heimesigrar til Breim, Dale og Svelgen mot Sognelaga Jotun og Høyang.

**D1:**
14/11 Oslo-Porsgrunn
15/11 Tambarskjelvar-Sortland

**H1:**
14/11 Førde-Hellerasten
KFUM Volda-NTHI
15/11 KFUM Ålesund-NTHI
Sandnes-Hellerasten

**D2:**
14/11 Hareid-Lagopus
Vinne-Førde
15/11 Spjelkavik-Lagopus
Sverresborg-Førde

**H2:**
14/11 Nessegutten-Hornindal
Åsheim-Hessa
15/11 Kristiansund-Hornindal
Nidaros-Hessa

**D3:**
14/11 KFUM Sandane-Hornindal
Sogndal-Jotun
15/11 Breim-Sande
Tambarskjelvar-Svelgen

**H3:**
14/11 Sande-Sogndal
Vik-Eid
15/11 Pil-KFUM Sandane

**D4:**
14/11 Eid-Dale

**H4:**
14/11 Breim-Jotun
15/11 Svelgen-Høyang
Dale-Jotun

## VOLLEYBALLRUNDEN



Gunnvor Aase (t.v.) spilte en sentral rolle da Tambarskjelvar styrket posisjonen som serieleder, men også Ingrid Aase leverte en god kamp mot Sandnes.

# Tambarskjelvar imponerte på ny

PER INGE HJERTAKER

**Tambarskjelvar fortsetter å imponere i sin første sesong i hovedserien. De unge jentene fra Nausdal ledet damenes 1. divisjon foran helgens serierunde, og de ga ikke ledelsen fra seg etter kampen mot Sandnes. 3-0 i sett ble seieren på. Samme sifre vant BSI-damene med, men uten å imponere. Herrene til Førde ble slått 3-2 i Sandnes.**

### Damer Tambarskjelvar — Sandnes 3-0 (15-11, 15-8, 15-9)

Heller ikke rutinerte Sandnes klarte å stoppe seiersrekken til Tambarskjelvar. Egentlig var det klasseforskjell mellom motstanderne i Førdehuset på lørdag, og det var lite som minnet om at gjestene er et av «veteran-lagene» i damenes 1. divisjon. Laget ligger denne sesongen på bunnen av tabellen, og etter helgens bedrøvelige innsats er det mye som tyder på at Sandnes kommer til å forbli der også resten av sesongen.

Selv ,om dette er Tambarskjelvar's første sesong i hovedserien, virker det som Naustdal-jentene ikke har gjort annet enn å spille i volleyballens toppdivisjon. I tidligere kamper har mye vært avhengig av lagets to landslagsspillere Gunnvor og Ingrid Aase. I denne kampen ble alle spillerne brukt uten at laget viste svakhetstegn av den grunn. Dette viser bare at de tikke lenger er enkelte stjerner som gj

### BSI—Sandnes 3—0 (16—14, 15—4, 15—13)

Det var et noe haltende volleyballspill BSI viste i kampen mot bunnlaget Sandnes i helgen. Ennå en gang var det imidlertid nok til å vinne, og BSI er fortsatt ubeseiret i damenes 1. divisjon.

Sandnes åpnet kampen forrykende og gikk fort opp i en 5—2 ledelse. Vi var til da vitne til uhyre svak serving av hjemmelaget, til tider gikk det faktisk lenge mellom hver gang spillerne fikk ballen over nettet. I volleyball er det som kjent ikke mulig å få peong annet enn etter egen serv. Det virket som BSI-spillerne ikke var helt klar overdette, og Sandnes fikk plukke poeng som de ville. Laget ledet 12—6 uten at det så ut til at Bergensjentene var særlig interessert i det som skjedde på banen. Sandnes derimot forstod at de var i ferd med å få overtaket i kampen og kjempet som det gjaldt livet.

BSI satte så inn Marita Hjelmeland og RAgnhild Korneliussen, og det så ut til at det var den nødvendige vitamininnsprøytningen for BSI. Hjemmelaget begynte å vine poeng, og etter hvert gjorde snusende smasher fra BSIs berømte midtangrep gjestene usikre.

Nok en gang viste de rutinerte spillerne på laget sin styrke, og BSI kunne innkassere en knepen sett-gevinst. Hjemmelaget fortsatte i samme stil også i andre sett, hvor det stort sett bare var ett lag på banen. Sandnes hadde tydeligvis mistet troen på at det skulle lykkes, og nettopp selvtillig er helt nødvendig for et lag som tar mål av seg å slå BSI-damene. Sandnes frisknet litt til i tredje sett, men BSI var hele tiden foran og kunne etter hvert sikre en ny seier.

Selv om 3—0 tyder på klar overvekt er ikke alt fryd og gammen hos BSi. Laget har store problemer medk onsentrasjonen, og dette gir seg særlig utslag i servene. Denne fasen var tidligere lagets styrke, men nå er både kraft og teknikk mangelvare i dette første angrepslaget i volleyball. Ellers halter det betenkelig på oppleggerplassen, og angrepsspillerne venter nok med lengsel og smerte på at lagets tidligere eneopplegger Bente Wold skal bli spilleklar igjen.

### Herrer Sandnes—Førde VBK 3-2 (6-15, 13-15, 15-2, 15-11, 15-13)

Førde hadde vel regnet med lett spill mot Sandnes i Stavanger lørdag. Førde-guttene startet da også etter oppskriften, og tok det første settet ganske lett. Dermed kom nok en liten undervurdering av motstanderen inn i kampen, som Førde ikke klarte å kvitte seg med. Laget vant riktignok andre sett, men deretter var det bare Sandnes som hadde initiativet, og Førde som måtte kjempe for hvert poeng.

Hjemmelaget utliknet til 2-2, og tok en 8-0 ledelse i femte og avgjørende sett. Førde viste glimrende lagarbeid og kjempet seg stadig nærmere. På stillingen à 11 skulle en tro at gjestene hadde skapt nok usikkerhet hos vertene til å vinne, men anført av sin play-maker Emil Haugseng beholdt Sandnes konsentrasjonen

80

**Dramatisk i Førdehuset:**

# Femsettskampar gav nye heimesigrar.

Både Tambarskjelvar og Førde måtte i helga ty til fem sett for å berge nye 1. divisjonspoeng. Sjølv om poenga sat langt inne, var dei desto meir verdfulle. Etter sigeren over Porsgrunn laurdag er Tambarskjelvar i røynda sikra ein plass i sluttspelet. Oslo tapte overraskande for Sandnes og står til liks med Porsgrunn på 8 poeng. Så det er snart berre BSI som kan hindre Naustdals-jentene i å gå heilt til topps i den fantastiske debutsesongen sin. Førde vann på si side den viktige firepoengskampen mot NTHI sundag. Dei er dermed på nytt med i kampen om plass i sluttspelet, men det kan bli hardt å måtte halde både NTHI og KFUM Volda bak seg på tabellen.

I 2. divisjon overraska KFUM Måløy med sigrar både i dame- og herreklassen. Etter å ha blitt feia av bana av Lagopus laurdag, reiste damene frå Måløy med poenga frå Hareid sundag. Settsiffera 15-17, 15-11, 7-15, 9-15 fortel at gjestene kom sterkt mot slutten. Herrane overraska kanskje endå meir då dei tok sine første poeng denne sesongen. Dei kom i ein femsettskamp mot Åsheim som enda 17-15, 15-7, 14-16, 11-15, 8-15 etter at Måløy-herrane klarte å snu kampen i tredjesettet. Jamt vart det også mot Nidaros der KFUM Måløy tapte 2-3 etter 15-8, 15-6, 16-18, 9-15, 15-8 til heimelaget.

Toppoppgjeret mellom Hessa og Ålesund vart ein ny femsettskamp. I det første møtet sigra Hessa 3-2, men no tok Ålesund revansj med siffera 13-15, 15-13, 12-15, 15-7, 15-9.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **D1:** | | | | |
| Tambarskjelvar—Porsgrunn | | | | 3-2 |
| BSI—Porsgrunn | | | | 3-0 |
| Sandnes—Oslo | | | | 3-1 |
| Tambarskjelvar | 9 | 8-1 | 24-11 | 16 |
| BSI | 7 | 6-1 | 17- 6 | 12 |
| Sortland | 9 | 5-4 | 19-15 | 10 |
| Oslo | 9 | 4-5 | 18-19 | 8 |
| Porsgrunn | 9 | 4-5 | 17-20 | 8 |
| Bergkam. | 7 | 2-5 | 11-17 | 4 |
| Sandnes | 8 | 2-6 | 11-20 | 4 |
| Ålesund | 8 | 2-6 | 12-22 | 4 |
| **H1:** | | | | |
| Sandnes—NTHI | | | | 0-3 |
| Førde—NTHI | | | | 3-2 |
| Tromsø | 8 | 7-1 | 23- 6 | 14 |
| Hellerasten | 8 | 5-3 | 21-13 | 10 |
| KFUM Oslo | 8 | 5-3 | 21-16 | 10 |
| NTHI | 10 | 5-5 | 17-21 | 10 |
| Førde | 8 | 4-4 | 17-18 | 8 |
| KFUM Volda | 8 | 4-4 | 15-17 | 8 |
| Sandnes | 10 | 3-7 | 15-23 | 6 |
| Ålesund | 8 | 1-7 | 7-22 | 2 |
| **D2:** | | | | |
| Lagopus—KFUM Måløy | | | | 3-0 |
| Valder—Sverresborg | | | | 0-3 |
| Hareid—KFUM Måløy | | | | 1-3 |
| Sverresborg | 8 | 8-0 | 24- 3 | 16 |
| Førde | 7 | 6-1 | 20- 5 | 12 |
| Vinne | 7 | 5-2 | 16-11 | 10 |
| Lagopus | 8 | 5-3 | 17-12 | 10 |
| Spjelkavik | 7 | 3-4 | 11-14 | 6 |
| Hareid | 8 | 2-6 | 12-20 | 4 |
| KFUM Måløy | 9 | 2-7 | 6-22 | 4 |
| Valder | 8 | 0-8 | 5-24 | 0 |
| **H2:** | | | | |
| Hessa—Ålesund | | | | 2-3 |
| Åsheim—KFUM Måløy | | | | 2-3 |
| Nidaros—KFUM Måløy | | | | 3-2 |
| Ålesund | 8 | 7-1 | 23- 5 | 14 |
| Nessegutten | 7 | 6-1 | 18- 9 | 12 |
| Hessa | 8 | 6-2 | 21-11 | 12 |
| Nidaros | 8 | 4-4 | 16-14 | 8 |
| Åsheim | 8 | 2-6 | 12-19 | 4 |
| Hornindal | 6 | 2-4 | 7-14 | 4 |
| Kristiansund | 7 | 2-5 | 8-18 | 4 |
| KFUM Måløy | 8 | 1-7 | 8-23 | 2 |
| **H3:** | | | | |
| Vik—Førde | | | | 2-3 |
| Eid—Pil | | | | 3-0 |
| **D4:** | | | | |
| Dale—Høyang | | | | 2-3 |
| **H4:** | | | | |
| Sogndal—Jotun | | | | 1-3 |

står for.

I opninga verka heimelaget forknytt og lite samspelt. Gjestene tok straks leiinga, vann mange poeng på blokk ut og på eige forsvarsarbeid. Førde heldt fylgje til 4-7, men så raste poenga inn til det stod 4-13. Dei klarte å utsette settballen, men det var i røynda ikkje noko håp og settet vart tapt 5-15.

Dei to første setta var som natt og dag. I det andre lukkast Førde i alt og gjekk direkte opp frå 5-1 til 13-1. Etter flott kjemping vart settballen vunnen på 15-3. Dette settet var unnagjort på berre 11 minutt, og like raskt gjekk tredjesettet der gjestene var i føringa. Nokre svake servemottak hjå Førde gjorde at NTHI kunne gå frå à-2 til 6-2. Dei auka seinare til 13-4 før Førde reduserte tre gonger. Men opphentinga vart stoppa då NTHI blokka settet i hamn på 15-7.

I neste settet kom Førde best i gang og opparbeidde ei 8-3 leiing før dei kom på defensiven og let gjestene utlikna til à-8. Etter mange servebyte og frisk kjemping på begge sider av nettet stod det a-13, men dei to avgjerande ballane var det Førde som fekk sett inn til stor applaus frå dei over 200 på tribunane som gav heimelaget god støtte.

Bra forsvarsarbeid og blokking gav Førde-leiing 4-0 i avgjerande sett, men på nokre upresise ballar fekk NTHI kontakt. Det var god nerve i kampen og mange rotasjonar måtte til før det stod 6-4 på tavla i heimelaget sin favør. Ved sidebyte hadde dei klart å slite seg føre med fire poeng, men gjestene var snare til å redusere til 8-7. Ei mistyding i Førde-laget gav a-10 og for første gong i dette settet var NTHI på høgd med sunnfjordingane. Men Førde blokka dei ned og etter ei flott oppvising enda settet 15-10. Asbjørn Vølstad var gull verd i denne avslutninga, men elles viste heile laget gode tendensar i sine betre periodar.

Dommarar i Førdehuset denne helga var Rune Skarbøvik og Helge Blindheim.

# Tambarskjelvar klare for sluttspelet.

## Kan debutantane bli meistrar?

Tambarskjelvar må etter laurdagens siger over Porsgrunn seiast å vere klare for sluttspelet som det første laget. Rett nok kan dei i teorien verte sette utanfor, men då må dei først og fremst tape alle sine attståande kampar, noko vi stiller oss tvilande til. På den andre sida kan dei like gjerne gå heilt til topps. Dei viste evne til å stå på til siste slutt mot Porsgrunn, og nettopp det er viktige kvalitetar hjå eit lag som skal kjempe i toppen. Porsgrunn spelte ingen dårleg kamp, men heimelaget vart for sterkt i femte og avgjerande sett.

Naustdaljentene stod femtesettet på ein framifrå måte, men resten av kampen var ujamn og i enkelte periodar var laget heilt utanfor. Lagleiar Atle Øen meiner dei vert for utålmodige. Dertil nemner han det psykiske presset ved å ligge i toppen og skulle vinne. At den skadde Venke Andal måtte stå over, reduserte nok styrken m.a. i angrep, men andre spelarar er på veg oppover att sjølv om der er eit stykke att til toppformen. Men klarer dei å spele like godt som i dei beste periodane mot Porsgrunn, så er det ingenting i vegen for at dei kan slå Oslo den 9. januar, meiner Øen.

Tambarskjelvar fekk ei trå opning i kampen. Dei hadde store problem i servemottak og lite lukkast i forsvar og angrep. Dei gongene dei klarte å bryte, var heller ikkje servane av beste merke. Dermed kom Porsgrunn til ved nett, der deira overlegne rekkevidde vart avgjerande slik at dei kunne gå frå 4-3 til 15-3.

Andre settet fekk motsett forteikn. Heimelaget kom på offensiven og då hadde Porsgrunn ingenting å svare med. Britt Fjellanger smasha inn ball etter ball i midten og Helene Mallasvik på kanten. Først på stillinga 14-1 klarte gjestene å bryte serverekka til Gunnvor Aase, som slo inn 9 strake. Men etter flott ballveksling vann dei serven attende og settballen vart slått inn på 15-1.

Tambarskjelvar tok føringa heilt frå start i tredje sett og leia med minst to poeng heilt til gjestene utlikna til a-10. Dei var no i siget og overtok leiinga på 12-10.



Det var glede i Porsgrunn-leiren då det gjekk mot 3-1 siger, men Tambarskjelvar vart til slutt for sterke for landslagsspelaren Gunn Garvik (t.v.) og Førde-jenta Borghild Aasen som flytta til Porsgrunn for 6 år sidan.

Dei fekk settball på 14-12, men sunnfjordingane svarte med å utlikne til trampeklapp frå publikum, som elles var fullstendig tause i Tambarskjelvar sin motgang. Men like etter vart settet avgjort i Porsgrunn sin favør 16-14 etter at ein spelar hadde vore borti nettet. Så lite skulle det til.

Fjerdesettet opna Tambarskjelvar friskt, men gjestene utlikna 3-0 leiinga og tok føringa med 8-4. Heimelaget fekk ikkje tyngde i angrepa før Britt Fjellanger tok til å presse motstandaren med gode servar. Dette tende resten av Naustdal-mannskapet, og det som såg ut til å kunne gå i retning av 3-1



Britt Fjellanger slår inn poeng i midtangrepet. Lengst t.v. «serve-maskinen» Gunnvor Aase og nærmast oppleggaren Randi Standal.

siger til Porsgrunn, vart i staden ein parademarsj av heimelaget.

Etter å ha feia gjestene av bana med 15-10 i fjerde sett, måtte de sjå at eit par svake servemottak gav Porsgrunn 2-0 leiing. Men så heldt parademarsjen fram. Publikum var vitne til eit særsyn norsk 1. divisjonsvolleyball då ein og same spelar serva inn 15 strake poeng. Gunnvor Aase stod bal denne bragden, men mykje av æra må også tilskrivast medspelaran hennar som klarte å halde på kon sentrasjonen og berga gratisbal lane.

— Vi tapte på servemottaket seier Borghild Aasen i Porsgrunn laget, som samrøystes påpeika a det var uhøyrt ikkje å klare å svar på ein einaste av dei 15 servane siste settet. — Med vår rekkevidd klarte vi dei andre fasane av spele bra, vil eg seie, og kampen va jamnare enn den heime i Pors grunn. Men Tambarskjelvar jol bar godt, så ein må bruke kraft fo å kome forbi dei, seier Aasen, som i 1975 flytta frå Førde til Pors grunn, der ho begynte å spel volleyball.

(81)

VOLLEYBALL

# Spennande oppgjer i Distriktsfinalen.

**Førde og Tambarskjelvar møter vinnarane frå Hordaland.**

Førde og Tambarskjelvar reiser komande helg til Bergen for å forsvare Sogn og Fjordane si ære under Distriktsfinalen i volleyball. Tambarskjelvar har kvalifisert seg med 4 lag, medan Førde har 2 lag i denne finalen. Vinnarane går vidare til Landsfinale seinare i år.

Størst spenning knyter det seg til oppgjeret i dameklassa mellom vinnaren i Hordaland, BSI, og Tambarskjelvar. Naustdals-jentene vil i dette oppgjeret få svar på om nederlaget sist helg var ei arbeidsulukke, eller om laget er ute av form. Atle Øen meiner spelarane har vist fin framgang under trening i den siste veka, så laget bør absolutt kjempe jamt med BSI. Men Bergens-laget er nok favoritt etter sigeren over Bergkameratene sist helg.

Førde sitt seniorlag møter KFUM Bergen, som nok er topptende på dette oppgjeret. Laget spelar i 2. divisjon, men har spelarar med 1. divisjonserfaring, og kan i gode stunder spele god volleyball. Men Førde er favoritt og bør kome heim med finaleplass.

Størst forhåpningar knyter det seg til junior-laga til Førde og Tambarskjelvar. Tambarskjelvar stiller sitt 1. divisjonslag og møter KFUM Åsane, eit lag dei tidlegare har slått. Førde møter KFUM Åsane i herre-klassa, eit ukjent lag, men Førde med 3 førstedivisjonsspelarar på laget, bør hente heim siger i dette oppgjeret.

Også jentene og gutane til Tambarskjelvar kvalifiserte seg til Distriktsfinalen. Desse kampane skulle avviklast 27.—28. februar, men Tambarskjelvar fekk dei flytta for å spare ei reise til Bergen. Difor går dei kampane denne helga, og jentelaget møter Trio, eit lag dei har slege dei siste åra. Difor bør Tambarskjelvar hente heim siger også i år.

Gutelaget møter Alvira, eit heilt ukjent lag. Men etter det vi veit, er laget samansett av siste års gutespelarar, og utifrå det kan det vere eit godt lag. Så gutane til Tambarskjelvar vil nok møte hard kamp om landsfinaleplassen. Med siger vil Sunnfjord ha to representantar i Landsfinalen, då Førde alt er kvalifisert i og med at laget skal stå som arrangør 16. og 17. april.

VOLLEYBALL

# Serie-runda

### D3:
### Sande—Sogndal 0-3

Sogndal fekk lett match mot Sande i første settet. Men i dei to siste kunne Sande lett ha vunne. Begge desse setta var svært jamne. I og med sigeren er det vel vanskeleg å hindre Sogndal seriemeisterskapen.

### H3:
### Vik—Førde 2-3

Kampen mellom heimelaget og Førde i Vik, vart ein interessant kamp. Settsiffera 15-7, 15-13, 4-15, 4-15 og 3-15, tyder på at gjestene var knusande overlegne, men det var aldri tilfelle. Vik var stadig frampå, og var heile tida godt med i spelet. Førde spelte sin beste kamp for året, laget viste ein stor veikskap i 2. settet då dei leia 13-4 for så å tape settet med 15-13. I denne perioden spelte Vik verkeleg godt med ypparleg forsvarsarbeid og nøytraliserte Førde-blokka heilt. Dette settet gjorde at Førde aldri følte seg trygge på siger før siste ball i siste sett.

### Eid—Pil 3-0

Eit Pil-lag utan to faste oppleggarar og smasharar måtte sjå seg slegne 3-0 etter settsiffera 15-5, 15-10 og 15-7. Trass i klare settsiffer vert kampen karakterisert som jamn. Lange slagvekslingar og mange serveskifte prega denne kampen. Pil hadde problem i angrep, som var tydeleg merka av at oppleggar og smashar mangla. Men dei ser ikkje umogeleg på å ta revansje når Eid kjem på vitjing til heimekamp på Sande første kamp over nyttår, og Pil si leiing 7-2 i 2. settet gjev god von om dette.

### D4:
### Dale—Høyang 2-3

1. settet var prega av mykje serving. Dale pressa Høyang med gode servar, og vann settet 15-11.

I 2. settet fekk gjestene spelet betre til, og Høyang viste kva dei kan. Dei viste seg som teknisk betre, og vann settet 15-7. Høyang fortsette det gode spelet i 3. sett, før Dale fekk orden på servemottaka og vann settet 15-13. I 4. sett verka det som om kondisjonen svikta hos Dale. Dette gjekk utover konsentrasjonen, Høyang fekk betre ro, og spelte godt i angrep. Dei vann settet 15-9. Dale opna godt i 5. sett, og var oppe i 8-6 før Høyang kom sterkt mot slutten og vann settet 15-10 og kampen 3-2.

### H4:
### Svelgen—Breim 1-3

Breim frykta den låge takhøgda på bana til Svelgen. Det viste seg at dei ikkje fekk større problem enn det heimelaget hadde. Breim vann lett 1. og 2. sett med 15-4 og 15-8. Laget fekk godt til servemottaka, noko som gav rom for gode angrep. Mottaka svikta i 3. settet, og Breim tapte dette settet for tredje gong denne sesongen. Svelgen spelte i denne perioden godt i angrep, og vann settet ganske lett. Svelgen heldt fram med det gode spelet i 4. sett, og leia med 6-0 og 9-5 før gjestene fekk orden på mottaka og vann settet 15-9.

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **D3:** | | | | |
| Sande—Sogndal | | | | 0-3 |
| Sande | 9 | 6-3 | 20-12 | 12 |
| Sogndal | 5 | 5-0 | 15- 0 | 10 |
| Breim | 6 | 4-2 | 13-10 | 8 |
| KFUM Sandane | 4 | 3-1 | 9- 7 | 6 |
| Svelgen | 7 | 2-5 | 12-15 | 4 |
| Tambarskj. | 7 | 2-5 | 10-18 | 4 |
| Hornindal | 6 | 1-5 | 6-15 | 2 |
| Jotun | 4 | 1-3 | 3-11 | 2 |
| **H3:** | | | | |
| Vik—Førde | | | | 2-3 |
| Eid—Pil | | | | 3-0 |
| Svelgen | 6 | 5-1 | 16- 4 | 10 |
| Eid | 7 | 5-2 | 17- 9 | 10 |
| Førde | 7 | 5-2 | 16-13 | 10 |
| Vik | 7 | 4-3 | 16-10 | 8 |
| Sande | 6 | 4-2 | 14- 9 | 8 |
| Pil | 7 | 2-5 | 10-16 | 4 |
| Sogndal | 7 | 2-5 | 8-18 | 4 |
| KFUM Sandane | 7 | 0-7 | 3-21 | 0 |
| **D4:** | | | | |
| Dale—Høyang | | | | 2-3 |
| Høyang | 3 | 3-0 | 9-3 | 6 |
| Eid | 2 | 1-1 | 4-4 | 2 |
| Sogndal | 2 | 1-1 | 3-4 | 2 |
| Dale | 3 | 1-2 | 5-7 | 2 |
| Tambarskj. | 4 | 1-3 | 6-9 | 2 |
| **H4:** | | | | |
| Sogndal—Jotun | | | | 1-3 |
| Svelgen—Breim | | | | 1-3 |
| Dale—Tambarskjelvar | | | | utsett |
| Breim | 6 | 5-1 | 16- 8 | 10 |
| Tambarskj. | 4 | 4-0 | 12- 3 | 8 |
| Svelgen | 4 | 2-2 | 9- 6 | 4 |
| Dale | 4 | 2-2 | 7- 7 | 4 |
| Jotun | 6 | 1-5 | 7-16 | 2 |
| Sogndal | 4 | 0-4 | 1-12 | 0 |

**Volleyball:**

# Avgjørende helg for bunnstriden



*★ Frank Hansen, KFUM-Ålesund lurer her Rune Humberseth med en fiks smash. De må begge hente fram sitt beste skal det bli seirer i helgens kamper mot Sandnes.*

Lørdag kveld bør det bli livlig i Fagerlihallen. Tambarskjelvar, serielederen i 1. div. damer, kommer til Ålesund for å møte ÅVK. Ålesund-jentene har hatt en skuffende sesong, men de to siste kampene har gitt bud om bedring. Både i kampene mot BSI og sist mot OVBK sprakk jentene like foran døra. 2–0 ledelse ble begge gangene sløst bort til tap 2–3. Tapene til tross, ÅVK har vist de kan spille godt. Tambarskjelvar bør ikke på noen måte føle at de har poengene i lomma før kampen.

Søstrene Gunnvor og Ingrid Aase har det vært skrevet adskillige spaltemeter om tidligere, også av oss. Lørdag får vi se om disse to sammen med resten av Tambarskjelvar-laget kan vise at de er en volleyballsensasjon.

I herreklassen kjemper både KFUM-Ålesund og KFUM-Volda fortvilt for sin fortsatte 1. div. eksistens. Helgens motstander, Sandnes, er i samme bås. På tabellen har de plassert seg mellom de to sunnmørslagene. Hjemmebane burde normalt gi sikre poeng både til KFUM-Ålesund og KFUM-Volda, men ingen ting er normalt i herrenes 1. div. for tiden. Sandnes gikk bort og slo Førde siste serierunde, og etter KFUM-Ålesund sin seier over KFUM-Volda våger vi slett ikke å spå noe som helst foran helgens kamper. Ett er likevel sikkert, skal KFUM-Ålesund ha sjanse til fortsatt hovedseriespill må de vinne.

**ÅVK OG HESSA**

I 2. div. herrer har de to Ålesund-lagene herjet nærmest enerådende denne sesongen. Kampen om seriemesterskapet blir en intern kamp mellom ÅVK og Hessa. Hessa ligger pr. i dag best i løypa etter 3–2 seieren over ÅVK i deres første møte. I helga får disse to Nesegutten på besøk. Vi har vanskelig for å tro at poeng blir sløst bort til trønderne.

De to andre kampene som spilles i herrenes 2. div. er begge lokaloppgjør. KFUM-Måløy møter Hornindal og Nidaros møter Åsheim. Dette kan bli to jevne kamper.

I dameklassen spilles tre kamper, alle lokaloppgjør. Spjelkavik møter Valder, KFUM-Måløy møter Førde og Sverresborg får Vinne på besøk. Spjelkavik og Valder er begge lag i bunnsonen, Valder helt nederst. Skal vi dømme etter tidligere kamper, blir det to Spjelkavik-poeng. Førde får ikke problemer med å slå KFUM-Måløy, selv på bortebane. I trøndermøtet mellom Sverresborg og Vinne blir det mer interessant. Disse to er begge aspiranter til avdelingsgevinsten. Sverresborg ligger et hakk foran og med seier over Vinne kan de rekne Førde som eneste virkelige konkurrent.

82

Gute- og jentemeisterskapen:

# Utslått, men fin debut av Askvoll.

**Førde og Tambarskjelvar vidare til krinsfinalen.**



Ekte speleglede vart lagt for dagen i dei innleiande kampane. Sjølv om nivået var variabelt, kunne ein sjå utvikling i løpet av turneringa, så det er tydeleg at laga manglar kamptrening. Her er vinnarlaget til Førde i aksjon mot Askvoll (nærmast).

— Vi er heilt ferske. Askvoll vart innmeldt i volleyballforbundet i oktober, men vi hadde litt volleyballaktivitet også i fjor for å sjå kor stor interessa var.

Det er trenaren, Arne Dag Gjerde, som fortel dette i samband med at eit gutelag og eit jentelag frå Askvoll debuterte i innleiande runde i gute- og jentemeisterskapen i helga. Ingen hadde rekna med vidare avansement, men sjølv om dei ikkje kom til krinsfinalen vart det lagt merke til at både gutane og jentene fekk med seg ein siger frå turneringa i Førdehuset.

— Vi er inne i ein oppkøyringsfase og trenar no to gonger i veka: Vi har spelarar nok til eitt jentelag og to gutelag, og vi er godt og vel 20 på treningane på ungdomsskulen. Den eine dagen har vi fellestrening og den andre dagen deler vi opp laga slik at vi kan spele kampar. Sidan det aldri har vore spelt volleyball i Askvoll tidlegare, er det det heilt grunnleggande vi må konsentrere treninga om. Halvparten av spelarane er 9. klassingar som vi misser neste år, men eg håpar Førde VBK tek vare på talenta, seier Gjerde, som legg til at spelarane kjem frå både Holmedal og Askvoll. I tillegg til denne cupen er både gute- og jentelag påmeldt i serie.

Det var i alt 4 gutelag og 5 jentelag som møttest i Førdehuset sundag. Ikkje minst i guteklassen var det spennande. Der var nivået det jamnaste og sjølv om Førde slo Tambarskjelvar 2-0 i finalen, hadde Naustdal-laget eit sterkt mannskap som fortener plass i krinsfinalen. To av kampane i jenteklassen enda 2-1, men stort sett gjekk det på 2-0 sigrar. Finalevinnar var Tambarskjelvar, men truleg går også Førde-jentene til krinsfinalen i Førdehuset sundag 16. januar. Førde-gutane er også klare, medan det i skrivande stund er litt uvisst om Tambarskjelvar slår fylgje.

Resultata:

| | |
|---|---|
| **Gutar:** | |
| Tambarskj.—Førde II | 2-0 |
| Førde I—Askvoll | 2-0 |
| Tambarskj.—Askvoll | 2-0 |
| Førde I—Førde II | 2-0 |
| Askvoll—Førde II | 2-0 |
| Førde I—Tambarskj. | 2-0 |
| **Jenter:** | |
| Tambarskj. I—Askvoll | 2-0 |
| Tambarskj. II—Førde II | 2-0 |
| Askvoll—Førde II | 2-0 |
| Førde I—Tambarskj. II | 2-1 |
| **Semifinale:** | |
| Førde I— Askvoll | 2-0 |
| Tambarskj. I—Tamb. II | 2-0 |
| **Kamp om tredjeplass:** | |
| Tambarskj. II—Askvoll | 2-1 |
| **Finale:** | |
| Tambarskj. I—Førde I | 2-0 |

# Førde sin fjerde femsettskamp på rad.

**Sterk avslutning berga poeng mot NTHI.**

Publikum i Førdehuset fekk nok ein gong valuta for pengane då Førde spelte sin femte seriekamp over fem sett denne sesongen. Sundagens motstandar, NTHI, har spelt seg stort opp og viste seg som ein jambyrdig motstandar for heimelaget. Laurdag hadde dei sendt Sandnes av bana med 0-3-tap etter berre 50 minutt — med andre ord berre «oppvarminga» framfor Førde-kampen som varte i halvannan time. Trass i liten spelarstall — der seks mann var på bana så og seie kampen ut — kunne gjestene frå Trondheim ha avgjort kampen i 4. settet på stillinga à-13.

At Førde måtte ty til femtesett nok ein gong, skuldast delvis at laget har vanskar med å finne «nivået» det skal spele på. I periodar let dei seg overspele, men så skjerpar dei seg og spelar framifrå i andre periodar. I femtesettet spelte begge lag konsentrert og då fekk Førde-gutane vist kva dei



Asbjørn Vølstad var gull verd i avslutninga av kampen. Her slår han eit opplegg frå «broder» Olav i golvet på NTHI si side av nettet.

# Dvergene vokste nesten i himmelen

**Fra vårt Nord-Norge kontor**
**TROMSØ — Tromsø Volleyballklubb, populært kalt Dvergene, holdt på å vokse rett inn i himmelen i går under sitt første møte med det franske topplaget Grenoble i Europa-cupen. De tapte til sist 17—15 i det femte og avgjørende settet etter at nervene hadde overmannet dem i atskillig større grad enn stjernelaget fra Grenoble med den polske OL-mester Bruno Bebel i sin midte.**

Dvergene lå lenge på stillingen 14—10 i siste sett, men de lyktes ikke å få det avgjørende poeng. Og mens franskmennene langsomt hentet dem inn igjen satte de tre matchballer i nettet på stillingen 15—14. Mens laginnsatsen var voldsom hos Dvergene, tapte de altså første E-cup oppgjør på rene personlige slurvefeil.

Stimningen hos de over 2500 tilskuere i Tromsøhallen var hele tida utrolig. Ikke minst da det viste seg at franskmennene ikke på langt nær var så gode som ventet. Tromsø var faktisk best i det meste, de spilte morsommere og mer variert enn det betongtunge, litt humørløse franske laget, som hadde mange fremragende spillere. Likevel, banens beste mener vi var et par av Dvergene, nemlig Ulf Edhold Johansen og Rune Johnsen.

Settresultatene var 15—5, 15—5 for Grenoble, mens Tromsø svarte med 15—9 og 15—8.

**KFUM TAPTE**

Hormann VC fra Belgia ble for sterke for KFUM/Oslo og vant 3—0 (15—10, 15—4, 15—3). Oslo-laget spilte bra i første sett, menn seinere sviktet forsvarsspillet, spesielt servemottaket. Returkampen går i Oslo søndag, da regner KFUM med å yte bedre motstand. Blant annet er de nå klar over at polakken Lubjevski spiller på det belgiske laget, han var OL-mester for Polen i 1976.

Jørn Vestre var beste norske spiller i gårsdagens kamp.

(83)

## VOLLEYBALL



Askvoll debuterer i år i jente- og guteserien og i helga stilte dei også to lag i cupen. Dei som deltok var (framme frå v.) Agnethe Aarseth, Linda Ness, Tone Andersen, Trude Aarseth, Nina Haugstad, Britt Ask, Anita Bentås, Janne Olset, (framme frå v.) Arild Jostein Ask, Aksel Helgheim, Dag Øystein Nordanger, Frode Vagstad, Svein Morten Kjeldedal, Audun Vagstad, Sigmund Nyhammer, Stig Ove Olset, Jens Helgheim og Erik Teige.

Volleyball:

# KFUM - VOLDA 3-0 over svakt Sandnes-lag

Med 3-0 over Sandnes sikra KFUM-Volda seg to viktige poeng i Voldahallen laurdag.

Det var ingen stor volleyballkamp dei 200 fekk sjå, det viktigaste for heimelaget var å sikre poenga. Evna til å konsentrere seg og stå på utan å kome i ubalanse av å ligge under, avgjorde kampen til Volda sin fordel. Sandnes tok leiinga i alle tre setta, men det verka som om laget ikkje greidde å konsentrere seg når KFUM-Volda starta opphentinga. Første sett vart gjort unna på godt under 20 minutt. Volda låg under 7-10, men derfrå spelte laget konsentrert og tok settet med 15-10.

Også i andre sett var det Sandnes som tok leiinga. På 5-0 tok Volda time out, etter å ha fått lite til å stemme. Med ei sikker 10-2 leiing såg det ut til at Sandnes ikkje skulle ha så store problem med å utlikne.

Volda hadde så langt i settet hatt store problem med Sandnes-blokka og i perioder var Volda sitt forsvarsspel alt anna enn godt. Ny time out til heimelaget som igjen viste fin evne til ikkje å gi opp. Laget reduserte til 10-8, Sandnes drog frå til 12-8, men så var det slutt. På stillinga 13-13 var det tydeleg at det var KFUM-Volda som hadde det psykiske overtaket og laget avgjorde settet med 15-13.

I tredje settet var det heimelaget som tok føringa, men Sandnes henta opp Volda-laget sine 4-0 og tok føringa første gong med 7-6. Gjestane visste kva som stod på spel, settet måtte vinnast om det skulle vere poengsjansar.

På stillinga 9-6 til Sandnes kom Bjørn Ove Langlo inn som opplegggar. Han hadde så avgjort sin del av æra for at Volda-laget snudde også dette settet. Laget viste ikkje teikn til nervar og avgjorde kampen med 15-11.

Som nemnt vart det ingen stor kamp. KFUM-Volda viste kvifor laget i år ikkje er med på å kjempe om dei fremste plassane på tabellen, men laget skal ha ros for innsatsviljen og konsentrasjonsevna. Sandnes viste også tydeleg kvifor laget i år må kjempe for unngå nedrykk. Dei var med på å gjere det til ein kamp som ikkje vil verte hugsa.

# Viktig seier for Volda – vant 3–0 over Sandnes

**FUM-Volda–Sandnes 3–0**
**5–10, 15–13, 15–11).**

– Dette var på alle måter en psyko-
gisk seier, sa KFUM-Voldas lagleder
eir Humberset etter kampen. Med
t mente han at Volda-laget i opp-
dningen før kampen la mer vekt på
n mentale siden av spillet. Selve
viklingen av kampen avslørte da en
lt annen innstilling hos spillerne lør-
g enn det vi så i de siste kampene
første halvdel av grunnserien. Ten-
nsen var at Sandnes ledet til midt-
is i alle tre setterne, men så skjerpet
ldingene seg, og vant. Imponerende
r for eksempel den måten KFUM-
lda utnyttet den lange serverekka til
g Tore Hagen på. Han fikk serve
rste settet direkte inn fra stillinga
-10. Like mesterlig var det da sam-
e laget snudde andre settet fra 2–10
15–13. Tredje settet fulgte lagene
erandre helt fram til 13–13, hvoret-
r heimelaget avgjorde på sin andre
matchball. På dette tidspunktet var det virkelig spennende i Volda-hallen.

Det var tydelig at unge urutinerte spillere hadde vokst til og leverte en meget god innsats. For eksempel var det sterkt av 18-åringen Bjørn Ove Langlo å komme inn litt ut i kampen og spille så sikkert som han gjorde.

I og med at begge disse lagene ligger utsatt til på tabellen, og må belage seg på å kjempe mot hverandre i sluttspillet, var dette en såkalt 4-poengskamp der innbyrdesoppgjørene kan ble avgjørende for videre 1. divisjonsspill. De enkelte åpenbare misforståelser på begge sidene av nettet, får vi derfor kreditere en viss nervøsitet hos lagene.

Sunnmøringene fryktet på forhånd de høye spillere til Sandnes, men de fant snart mottrekk. Kampsmashene satt der de skulle, og serving mot svake deler skapte delvis forvirring hos motparten som spilte altfor stereotypt. Dette, pluss konsentrasjon og seiersvilje i de jevne avslutningene, var nok styrken hos heimelaget denne gangen.

Sandnes, som inntil lørdag seilte på en medgangsbølge, har imidlertid aldri vunnet i Volda. Respekten for heimelaget ble nok for stor også lørdag. Settene var jevnspilt, men uten de lange ballvekslinger som spesielt publikum setter pris på. Kampen ble da også unnagjort på under en og en halv time, som er kort spilletid i volleyballens 1. divisjon. Men når heimelaget vinner og samtidig viser framgang, er det grunn for enda flere volleyballinteresserte i Volda å imøtese de kommende kamper med stor spenning og optimisme. Neste oppgave for KFUM-Volda blir Norges–Cup-kvalifiseringen om ca. 14 dager som går i Volda-hallen. Her deltar de seks beste lagene fra kretsen, og de skal samtidig kåre sin kretsmester.




Stemninga var ikkje på topp i Førde-leiren før siste sett. Lagleiar Inge Andersen hadde litt av kvart å fortelje spelarane sine.

# Serie-runda

## H3:
## Sande – Eid 3-1.

Med settsiffera 15-6, 15-6, 11-15 og 15-8 tok Sande ein sikker 3-1 siger over Eid. Det vart ein heller enkel kamp for Sande, som møtte lite motstand hos eit overraskande svakt Nordfjord-lag. Sande fekk denne gongen orden på mottaka, noko som laget har hatt problem med tidlegare, men enno sviktar det ein del i angrep. Med denne sigeren held Sande avstanden til laga i teten, og med høvesvis 1 og 2 kampar mindre enn Førde og Eid, ligg dei godt an i kampen om ein av dei 3 første plassane på tabellen.

## Førde – KFUM Sandane 3-0.

Poenglause KFUM Sandane må framleis freiste tilværet åleine i tabellbotnen i 3.divisjon herrar etter møtet med Førde laurdag. I løpet av tre kvarter vart dei feia av bana med 3-0 i Førdehuset. Etter at heimelaget hadde vunne førstesettet 15-3 i rein oppvisningsstil med godt og variert angrep, kom det rusk i maskineriet i neste sett. Gjestene var i føringa fram til 4-3, men det var aldri tvil om at settet ville hamne hjå Førde. Berre eitt poeng tok Sandane-laget før settballen vart slått inn på stillinga 15-5. Konsentrasjonen i Førdelaget minka etter kvart og i tredje settet let dei gjestene hente opp ei 8-1 leiing til 8-6 før dei rodde også dette settet i land med 15-9.

## Pil – Eid 1-3.

Etter 60 minutts spel kunne Eid reise heim med 3-1 siger over Pil. Pil vann førstesettet 15-6 før gjestene tok over og vann dei tre neste med 15-8, 15-6 og 15-6. Pil opna svært lovande i kampen, og med maskinmessig og godt spel, enkle og effektive angrep tok dei fullstendig luven frå Eid-spelarane. Men i 2. settet rakna det. Spelarane fekk problem med å finne kvarandre, noko som opna for overtak til gjestene. At dei til slutt tok heim sigeren, skuldast like mykje dårleg Pil-spel, som godt spel frå Eid si side.

## D3:
## Breim – Tamb. 3-0.

Ingen av laga kom opp mot sitt beste i oppgjeret i Breim sundag. Personlege feil, med dårlege servar og dårlege mottak prega kampen, som aldri vart god. Tambarskjelvar sine spelarar har problem med å motivere seg før dei er komne på etterskot, og då er det som oftast for seint. Dette kan forklare den utsette tabellposisjonen, sjølv om laget i periodar kan spele jamt med dei beste. Breim leia 11-0 i første sett før Tambarskjelvar kom i gang. Settsiffera var: 15-6, 15-12 og 15-9.

## H4:
## Tamb. – Svelgen 3-0.

Svelgen tok Tambarskjelvar på senga i opninga av kampen sundag. Dei var oppe i 7-0 før heimelaget forstod alvoret, men med bra skjerping vann Tambarskjelvar settet 15-13. Også andre settet var jamt og naustedølingane vann det til slutt 15-12, før dei i siste sett fekk spelet til å gli betre, og vann 15-3. Tambarskjelvar er ikkje nøgd med spelet i denne kampen. Problema i dei to første setta kan vel skrivast på dårleg motivasjon, i tillegg til at laget hadde problem med den låge takhøgda. Tambarskjelvar som i den seinare tid har slege såvel 2. som 3. divisjonslag, er no på toppen av tabellen. Venteleg vert dei der ved serieavslutninga også.

## D4:
## Høyang – Tamb. 3-0.

I denne kampen var Høyang best i det meste. Som tabellen fortel er dette det klart beste laget i divisjonen, og det unge Tambarskjelvar-laget var sjanselause mot Høyang, som er jamt godt på alle plassar. Settsiffera: 15-8, 15-1 og 15-4.




KFUM Sandane (nærmast) kom aldri opp mot Førde sitt spel i 3. divisjonskampen laurdag. Her er det Frode Svalheim som når høgst, medan Frank Kalstad (3) og Vidar Vie (11) avventar situasjonen.

85



# To timars thriller enda med Volda-siger.

## Dramatisk sistesett på 35 minutt.



Det heldt ikkje. Trass i god kjemping og godt spel, måtte skuffa Førde-spelarar sjå gjestene juble for sigeren.

**Folk med dårleg hjarte bør ikkje gå på volleyballkamp, i alle fall ikkje når Førde og KFUM Volda møtest. I to timar og 15 minutt heldt dei to laga i overkant av 200 tilskodarar på pinebenken. Spesielt 3. og 5. settet inneheldt alt det volleyball skal ha: lange slagvekslingar, fine opphentingar, gode smashar og raske skiftingar. Sistesettet på 35 minutt var, for å seie det mildt, ulideleg spanande. Og etter 10 servebyte på stillinga 6-8, og 11 på stillinga 7-11, kunne Volda juble over settsiger 7-15, og samanlagt 3-2 siger.**

KFUM Volda vann kampen, men som lagleiar Humberset i KFUM Volda sa etter kampen: —I dette oppgjeret var det så små marginar at sigeren like godt kunne hamna hos Førde.

Volda sine gode servemottak, var avgjerande for utfallet av kampen. Dei gav oppleggaren høve til å legge presise opplegg, og gjennom mesteparten av kampen greidde Volda-angrepet å presse Førde til unøyaktige servemottak og smashar frå kant, der gjestene blokka godt. Når det er sagt, må ein legge til at heimelaget i 2., 3. og delvis i 5.sett makta å presse Volda på serven, og med godt forsvarsarbeid var dei fullt på høgde med dei meir rutinerte Volda-spelarane.

Første sett opna med gode Førde-angrep, men utover i settet utmanøvrerte Volda-oppleggaren i periodar Førde-blokka, og smasharane kom lett til, samstundes som heimelaget viste mange personlege feil. Og gjestene vann settet relativt greitt 15—5.

Eit friskare og meir kjempande Førde-lag opna 2. settet med å gå i 3-0 leiing. Førde blokka ned Volda sine angrep, samstundes som servemottaket fungerte godt. Heimelaget var heile tida i føringa, og frå 10-9 var det ikkje tvil om at dei ville vinne settet. Volda vart pressa til dårlege servemottak, samstundes som alt stemde for heimelaget.

3. settet opna med vaklande spel frå Førde si side. Spelarane tapte roa og smasha på vanskelege ballar. Dette gav Volda 5-0 leiing utan å vise stort spel. Men to knallharde smashar tende Førde-laget, og brått snudde kampen. Førde vart sikrare i forsvar og med god serving pressa dei Volda tilbake på bana. Først på stillinga 9-5 til heimelaget kom Volda med i spelet, men heimelaget kjempa om kvar ball og viste godt spel i alle fasar. Solid settsiger til trampeklapp frå tribunen.

I 4. sett var det tydeleg at mykje stod på spel. Dette kom til syne med famlande spel frå begge lag. Dei fylgde kvarandre til a-5, men då fekk Volda orden på servemottaka, og med ypparleg spel pressa dei Førde bak seg på bana, og vann settet 15-7.

I 35 dramatiske minutt skapte dei to laga nærmast hysteriske tilstandar på tribunane. Publikum var med i høgste grad. Laga skifte banehalvdel på stillinga 6-8, og etter 10 servebyte greidde Volda å gå i 6-9. Ny stillingskrig på 11-7, også den gjekk Volda sigrande ut av, og då var kampen i realiteten avgjort. Førde-spelarane var mektig slitne, og greidde aldri å presse Volda-forsvaret. Nok ein gong måtte dei innsjå at to timars innsats resulterte i tap for Volda.

Trass i tapet viste heimelaget stor styrke. Laget var i periodar hardt pressa, men dei kom tilbake gong på gong, og med litt meir rutine kunne dei avgjort kampen til sin fordel. Heile laget jobba godt, men juniorspelaren Vidar Råheim leverte ein stor kamp, sin beste hittil for Førde-laget. Han kom innpå ut i kampen og heva Førde-spelet merkbart.

Gode domarar i kampen var Per Inge Hjertaker, BSI, og Jarl Tyssekvam, Sande.

# *Viktige kampar både i topp og botn.*

## BSI venteleg i ryggen på Tambarskjelvar.

Tambarskjelvar har spelefri til 30. januar. I løpet av desse to frihelgane kan dei oppleve at BSI overtek leiinga i 1. divisjon damer. Komande helg møter dei Sortland og KFUM Ålesund. Sortland står utan tap sidan 15. november, og kan kanskje skape problem for BSI, som ikkje har spelt seriekamp sidan 13. desember. Det er vel meir utslag av ynskjetenking enn realisme som gjer at ein ser denne sjansen til BSI-tap. Laget synest solid, og tek vel 4 poeng denne helga. 23. og 24. januar møter BSI Porsgrunn og Bergkameratene i utsette kampar, og det mest trulege er nok at Tambarskjelvar vert forvist til 2. plassen to poeng etter BSI.

Oslo overtydde sist helg med siger over Tambarskjelvar etter godt spel. Dette gjer dei til favorittar mot Bergkameratene. Sandnes skapte vanskar for Tambarskjelvar sist helg, og vil kanskje med same innsats ta to poeng mot Porsgrunn.

Førde går mot to vanskelege kampar mot Møre-laga Lagopus og Hareid. Lagopus greidde ikkje å ta poeng frå serieleiaren Sverresborg sist helg. Dette bør også Førde unngå, skal dei ha sjanse til å kjempe med serieleiaren. I første oppgjeret mot Hareid gav Førde bort eitt sett. Hareid har ein ukonvensjonell spelestil, og har kapra sett frå dei fleste laga. Men eit topptent Førde-lag bør kunne vinne kampen 3—0.

I herrar 2. divisjon har Hornindal sjansen til 4 nye poeng. Nidaros viste sterke tendensar i og med sigeren over Nessegutten sist helg. Åsheim slo botnlaget Kristiansund solide 3—0, så det vert to vanskelege, men viktige kampar for Nordfjordlaget.

Førde sitt lag i 3. divisjon herrar reiser til Svelgen. Denne kampen kan bli avgjerande i toppstriden. Heimelaget er nok favoritt, då Førde venteleg vil få problem i den små salen i Svelgen. Men meistrar dei den, kan det bli eit jamt

# Førde møter serieleiaren Tromsø laurdag.

Etter tapet mot KFUM Volda må Førde slå minst eitt av dei tre topplaga i tillegg til Sandnes og KFUM Ålesund, skal dei ha sjanse til å nå sluttspelet. Laurdag møter dei serieleiar Tromsø i Førdehuset. Tromsø har hittil i sesongen levert framifrå innsats, mellom anna i Europa-cupen. Der stod dei for den største prestasjon eit norsk lag har gjort i internasjonal volleyball. Eit av Europas beste volleyball-lag, Grenoble, slapp med støkken og vann 3-2.

Tromsø er eit fargerikt lag med mange individualistar og har tre seniorlandslagsspelarar og ein juniorlandslagsspelar på laget. Laget tapte knepent for KFUM Oslo sist helg. Inge Andersen i Førde Volleyballklubb meiner at Førde sin sjanse ligg i at Tromsø ikkje maktar å mobilisere seg psykisk etter det oppgjeret. — Møta mellom desse to laga har alltid vore jamne, dersom ein ser bort frå oppgjeret i haust. Så ein kan sjå fram til ein jamn og spanande kamp i Førdehuset laurdag, seier han.



To utflytta fjordingar spelte ei sentral rolle i Volda-laget. Magne Hornnes (nr. 8), spelte tidlegare for Førde, og Dag Tore Haugen har spelt for KFUM Måløy.

# Førde ute av sluttspillstriden

AV: PER INGE HJERTAKER

**Førde VBK — KFUM Volda 2—3 (5—15, 15—9, 15—10, 7—15, 7—15.)**

Førde VBK hadde med seier i oppgjøret mot KFUM Volda store muligheter til å komme over streken og inn på en plass blant sluttspillkandidatene. Selv et entusiastisk hjemmepublikum klarte imidlertid ikke å motivere laget og mye tyder nå på at Førde ikke klarer å spille seg inn blant de beste i herrenes 1. divisjon.

**Volleyball**

Alt lå likevel til rette for hjemmeseier. Et stort publikum gjorde sitt beste for å støtte bygdens håpefulle, men det så faktisk ut til at spillerne ikke orket å gi det siste som skulle til i hver ballveksling for å få poeng. Det så unektelig lyst ut en stund etter at Førde-guttene vant andre og tredje sett, men så virket det som om gløden ble fullstendig borte. KFUM-erne fikk dominere fullstendig de to siste settene og mot slutten av kampen så vi bare sporadiske hjemmeangrep med særlig brodd i. Den som prøvde mest, var Knut Føleide, men han fikk ikke de andre med seg. Mannen mye dreier seg om i Førde, Asbjørn Vølstad, fikk lite til å stemme denne gangen og Førde VBK må dermed se KFUM Volda foran seg på tabellen.

Også sluttspillplassen rant vel ut av fingrene på Førde som dermed må konsentrere seg om å holde unna for bl.a. Sandnes for å berge plassen i 1. divisjon.

## Utsatt

Baneproblemene i England gir seg ikke, og i går var det ligacupoppgjøret mellom Aston-Villa og West Bromwich som fikk lide. Utsettelse og leiting etter ny kampdato betyr ytterligere press på en full terminliste.

(86)

# Volda i siget igjen

**KFUM Volda slo Sandnes uten å avgi sett i Voldahallen lørdag kveld. Volda-laget vant 3-0 med settsifrene 15-10, 15-13 og 15-11 etter en time og ti minutters spill. Seieren var fullt fortjent.**



*KFUM Volda fant tilbake til de rette takter da Sandnes ble sendt hjem med tap.*

De som har sett KFUM-Voldas hjemmekamper tidligere i høst har ofte stusset over at stabiliteten har manglet i Volda-laget. Dette var ikke tilfelle da rogalendingene ble slått helt fortjent lørdag kveld.

**NØKKELSPILLERE**

Tapet av enkelte nøkkelspillere hos KFUM-Volda før denne sesongen ser ikke ut til å bli så merkbart som man kunne frykte. Til tross for en noe trengt tabellposisjon i øyeblikket ser det ut til at det etter hvert kan løsne skikkelig for Volda-laget. Det har fått en helt annen profil i år enn tilfellet har vært de siste sesongene. Flere unge spillere begynner nå å innfri forventningene, og stabiliteten i laget er langt bedre enn i de tidlige høstkampene.

Det var virkelig fin stemning i Voldahallen da hjemmelaget mot slutten av første sett servet glimrende ved Torstein Hagen og gikk direkte fra å ligge under 7-10 og opp til settseier 15-10. Det defensive spillet fungerte meget godt i denne perioden og Lars Petter Eggesbøs smasher hadde Sandnes-laget store problemer med å finne mottrekk mot.

**JEVNERE**

Andre sett ble jevnere enn det første. Sandnes ledet imidlertid 6-0 før KFUM-Volda våknet. Lagene fulgte hverandre helt til 13-13, da Volda avgjorde settet til sin fordel med et par raske fulltreffere.

Tredje sett startet med flott Volda-spill. Laget fikk en 4-0 ledelse, men fikk deretter en slapphetsperiode. Sandnes hadde muligheter til å snu kampen, men kom aldri lengre enn til en 9-6 ledelse.

Mot slutten av kampen virket det som om humøret forsvant hos rogalendingene og vi måtte vente lenge mellom de gangene de klarte å fange opp KFUM-Voldas knallharde avleveringer.

På Volda-laget vil vi framheve brødrene Torstein og Dag Tore Hagen. De jobbet glimrende, Torstein særlig i servefasen og broren framme ved nettet. Rune Humberset viste hva han er god for ved enkelte anledninger i første sett, og han spilte meget bra helt mot slutten av kampen. Lars Petter Eggesbø er nevnt, og hans smasher er det få her i landet som er i stand til å ta imot.

E.J.

## Volleyball

**Førstedivisjon volleyball, menn: NTHI—BK Tromsø 0-3 5-15 10-15 12-15. KFUM Volda—Sandnes 3-0 15-10 15-13 15-11. KFUM Ålesund— Sandnes 0-3 10-15 5-15 13-15. Damer: Porsgrunn—Sortland 1-3 15-13 9-15 7-15 3-15. Ålesund—VBK Tambarskjelvar 1-3 14-16 10-15 15-11 11-15. Bergkameratene—Sortland 0-3 7-15 6-15 9-15. Oslo VBK—BSI 3-0 15-12 15-9 16-14.**

Tabeller: Menn:

| | | | |
|---|---|---|---|
| BK Tromsø | 8 | 23- 6 | 14 |
| Hellerasten | 7 | 19-10 | 10 |
| KFUM Oslo | 7 | 18-14 | 8 |
| KFUM Volda | 8 | 15-17 | 8 |
| NTHI | 8 | 12-18 | 8 |
| Førde | 7 | 14-16 | 6 |
| Sandnes | 9 | 15-20 | 6 |
| KFUM Ålesund | 8 | 7-21 | 2 |

Tabeller kvinner:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar | 8 | 21- 9 | 14 |
| BSI | 6 | 15- 6 | 10 |
| Sortland | 9 | 19-15 | 10 |
| Oslo VBK | 8 | 17-16 | 8 |
| Porsgrunn | 7 | 14-13 | 8 |
| Bergkameratene | 7 | 11-17 | 4 |
| Ålesund VK | 8 | 12-22 | 4 |
| Sandnes | 7 | 8-19 | 2 |



**Tambarskjelvar strekker seg mot høgre mål etter den sensasjonelt gode haustsesongen. Biletet er henta frå deira første seriemøte med Ålesund, som enda med 3-0 siger til Naustdal-jentene.**

# Bra av ÅVK tross 1–3 tap for serielederen

*ÅVK–Tambarskjelvar 1–3*
*(14–16, 10–15, 15–11, 11–15)*

ÅVK-jentene var, som settsifrene viser, langt fra sjanseløse i lørdagens kamp mot serielederen Tambarskjelvar. I alle settene holdt ÅVK følge til 10 poeng var passert, men i sluttfasen var Tambarskjelvar et lite hakk flinkere og hentet de nødvendige tre settgevinstene.

ÅVK leverte i perioder friskt spill i angrep, både midtspillerne og kantspillerne fikk flere ganger demonstrert at de har kapasitet. Jentene fra Naustdal tok ÅVK på bedre teknikk og godt forsvarsarbeid. Ved nettet hadde ÅVK også store problemer med å finne ut av oppleggeren Gunnvor Aase. Sammen med søsteren Ingrid slo de inn svært mange baller. En topp smasher i tillegg til dagens spillerstall ville gjort Tambarskjelvar til et desidert topplag.

ÅVK startet kampen svært godt. Gode server og fine blokker overrasket nok Tambarskjelvar-laget en god del. 6–0 ledet ÅVK før sunnfjordingene fikk samlet seg. De fikk rettet på klare mottak-feil og plukket poeng etter poeng. ÅVK ledet 8–3, Tambarskjelvar snudde settet til 13–9 i sin favør.

ÅVK-jentene gav ikke opp. Unni Bilden førte an med fint spill og ledelsen ble hentet opp. De avverget en settball på 12–14, utliknet til 14–14, men måtte gi tapt.

Andre settet ble dagens klareste Tambarskjelvar-gevinst. Jentene virket som om de hadde tatt lærdom av den svake starten de hadde i første sett. Gode opphentinger og variert angrepsspill gav raskt ledelsen.

ÅVK hadde også i dette settet en sterk periode. En del flotte server var ikke langt fra å snu kampen. ÅVK hadde kontakt på 8–8, men det ble for mange feil til at de maktet å følge opp.

3. settet ble flott sett med ÅVK-øyne. Jentene spilte god angrepsvolleyball, servene satt godt og de lyktes med å presse Tambarskjelvar til å gjøre feil. ÅVK ledet hele 13–4 før Tambarskjelvar kom med sin sterke periode. De reduserte ÅVK-ledelsen til 13–11 før ÅVK fikk satt inn de to siste ballene.



*★ Gunnvor Aase er bare 16 år, men har spilt 25 landskamper. I lørdagens kamp viste Gunnvor flere ganger hvorfor hun regnes som landets beste opplegger.*

**AVGJØRELSEN**

Oppgaven ÅVK gikk til i 4. settet var vanskelig. Laget måtte vinne dette settet. Lagene var helt jevne oppover i poeng. Begge lag servet uvanlig godt. Mottakene i andre laget ble derfor svært variable. Fra stillingen 11–11 fikk ÅVK smake noe av den typiske Tambarskjelvar-medisinen denne sesongen: Samspillet mellom Aase-søstrene som avgjorde kampen.

ÅVK har ingen grunn til å skamme seg etter dette tapet. Laget spilte i perioder fint, men problemet med ujevnt spill ser det ut til de har vanskelig å bli kvitt. Unni Bilden er svært flink til å få jentene med seg. Forsvarsspillet er svakeste delen.

Dommerparet Arne Helge Gamlem og Karl Arne Remvik dømte stort sett bra. Samarbeidet sviktet litt for ofte til at karakteristikken kan bli fullgod.

K.S

# Volleyball

Menn:

NTHI–BK Tromsø 0-3 5-15 10-15 12-15. KFUM Volda–Sandnes 3-0 15-10 15-13 15-11. KFUM Ålesund–Sandnes 0-3 10-15 5-15 13-15.

Damer:

Porsgrunn–Sortland 1-3 15-13 9-15 7-15 3-15. Ålesund–VBK Tambarskjelvar 1-3 14-16 10-15 15-11 11-15. Bergkameratene–Sortland 0-3 7-15 6-15 9-15. Oslo VBK–BSI 3-0 15-12 15-9 16-14.

Tabeller: Menn:

| | | | |
|---|---|---|---|
| BK Tromsø | 8 | 23- 6 | 14 |
| Hellerasten | 7 | 19-10 | 10 |
| KFUM Oslo | 7 | 18-14 | 8 |
| KFUM Volda | 8 | 15-17 | 8 |
| NTHI | 8 | 12-18 | 8 |
| Førde | 7 | 14-16 | 6 |
| Sandnes | 9 | 15-20 | 6 |
| KFUM Ålesund | 8 | 7-21 | 2 |

Tabeller kvinner:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar | 8 | 21- 9 | 14 |
| BSI | 6 | 15- 6 | 10 |
| Sortland | 9 | 19-15 | 10 |
| Oslo VBK | 8 | 17-16 | 8 |
| Porsgrunn | 7 | 14-13 | 8 |
| Bergkameratene | 7 | 11-17 | 4 |
| Ålesund VK | 8 | 12-22 | 4 |
| Sandnes | 7 | 8-19 | 2 |

VOLLEYBALL

# Krinsfinale for jenter og gutar.

Førde VBK står som arrangør av Krinsfinalen i Volleyball, gutar og jenter i Førdehuset laurdag. Dei fire beste laga i fylket har gjennom innleiande runder kvalifisert seg til denne finalen. Vinnarane går vidare til distriksfinale 27.-28. februar.

Inge Andersen i Førde VBK uttrykkjer stor misnøye med at arrangementet vart lagt til denne helga, då damelaget til Førde spelar seriekampar på Møre og ikkje får nytte sine beste spelarar i denne finalen. – Førde er automatisk kvalifisert som deltakar i landsfinalen, men det kunne vore artig og kjempa med Tambarskjelvar om eit Krinsmeisterskap, seier han. Han er også misnøgd med at Førde VBK må ta på seg arrangementet, då dei denne helga har 3 lag i aksjon forskjellige plassar i distriktet. Dette skapar unødig stort press på Førde sine aktive. – Det finst andre lag i distriktet som kan arrangere i Førdehuset, seier han.

Dei deltakande laga i Førdehuset er Tambarskjelvar, Svelgen, Eid og Førde i guteklassa. Eid, KFUM Sandane, Førde og Tambarskjelvar stiller i jenteklassa.

VOLLEYBALL

*Etter å ha tatt 12 poeng på sju kampar:*

# Tambarskj. favoritt også på bortebane.

1. divisjonsklubbane tek komande helg fatt på andre halvdel av serien, og eitt av dei lokale laga som skal i aksjon, er Tambarskjelvar. Dei har hatt ein sensasjonelt god haustsesong i 1. divisjonsdebuten og har sikra seg 12 av 14 mogelege poeng etter m.a. å ha slått Ålesund 3-0. No står ålesundarane igjen for tur, men denne gongen har dei fordelen av heimebane i Fagerlihallen. Likevel stiller gjestene med favorittstempelet då Ålesund hittil har berre ein heimesiger å vise til og ligg nestnederst på tabellen.

Då er det faktisk meir spenning kring kampen Oslo-BSI, når det samansette Oslo-laget på heimebane får ein ny sjanse til å prøve seg mot dei tredoble seriemeistrane. Dei klarte ikkje å vippe BSI av pinnen i første forsøket og sidan den gong har det berre gått dårlegare og dårlegare for Osloklubben, som no må sjå at Tambarskjelvar har overtatt rolla som BSI sin hardaste opponent. Sortland er i framgang og trass i bortebane bør det kunne bli poeng til nordlendingane i denne runda – i alle fall mot Bergkameratane. Kampen mot Porsgrunn kan verte den jamnaste denne helga og vi held ein liten knapp på heimelaget.

Førde skal ikkje i aksjon før neste helg, men kan likevel styrke sin posisjon vis av vis NTHI dersom Trondheims-studentane taper for serieleiar Tromsø. Sandnes sine kampar på Sunnmøre vert faktisk botnoppgjer ut frå dagens tabell, men KFUM Volda har nok ikkje gjeve opp håpet om sluttspelplass og Sandnes kan få kontakt med laga lenger oppe på tabellen dersom dei slår KFUM Ålesund. Onsdag går lokaloppgjeret mellom Hellerasten og KFUM Oslo, som er venta å bli eit nytt jamt oppgjer med Hellerasten som knepen favoritt. Dei vann første møtet 3-2.

Lokaloppgjer står også på programmet i 2. divisjon der Førdedamene vitjar KFUM Måløy. Frå Førde har dei med seg eit klart favorittstempel i denne siste kampen før halvspelt serie. Samstundes er mange i Førde-leiren spente på utfallet av Sverresborg-Vinne. Dersom Vinne tar poeng frå det andre trøndar-laget, vil faktisk Førde med ein 3-0 siger ligge i tabelltoppen når dei er halvvegs. Men Sverresborg og Vinne vil ligge hakk i hæl på same poengsum, men med dårlegare settskilnad. I kampen Spjelkavik-Valder går det i retning av heimesiger, men ingen av desse laga vil kunne blande seg inn i toppen.

I herreserien møtest Nordfjordlaga KFUM Måløy og Hornindal i ein kamp om å kome bort frå botnen. Heimelaget ligg mest utsett til utan poeng, og dei er så godt som klare for nedrykk dersom dei også taper for Hornindal. Rett nok ligg fleire lag på 4 poeng, men det ser unekteleg mørkt ut for Måløy-klubben. Toppkampane i helga spelar Nessegutten mot Hessa og Ålesund. Desse tre laga utgjer tet-trioen, der mykje skal avklarast i helga.

I dei andre seriane går det i retning av to bortesigrar til Sande og KFUM Sandane i 3. divisjon damer. Svelgen-Sande møtest også i herreserie – til ein jamn kamp der alt kan skje. I dei to andre herrekampane held vi Førde og Pil som favorittar på bortebane. Dale skal spele to 4. divisjonskampar. Damene trur vi slår Sogndal, medan herrane truleg får problem med Breim.

**D1:**
5/12 Porsgrunn-Sortland
Ålesund-Tambarskjelvar
6/12 Bergkameratene-Sortland
Oslo-BSI

**H1:**
5/12 NTHI-Tromsø
KFUM Volda-Sandnes
6/12 KFUM Ålesund-Sandnes

**D2:**
5/12 Spjelkavik-Valder
KFUM Måløy-Førde
6/12 Sverresborg-Vinne

**H2:**
5/12 Hessa-Nessegutten
KFUM Måløy-Hornindal
6/12 Nidaros-Åsheim
Ålesund-Nessegutten

**D3:**
5/12 Tambarskj.-KFUM Sandane
Svelgen-Sande

**H3:**
5/12 KFUM Sandane-Pil
Sogndal-Førde
Svelgen-Sande

**D4:**
6/12 Dale-Sogndal

**H4:**
6/12 Breim-Dale

**Krinsfinalen:**

# Favorittsigrar til Førde og Tambarskjelvar.

## Dramatisk herrefinale mellom Førde og KFUM Måløy.

Ikkje uventa vart det Tambarskjelvar og Førde som gjekk vidare til distriktsfinalen i volleyball. Under krinsfinalen på Sandane laurdag vann damene til Tambarskjelvar finalen mot Førde 2-0. Herrane til Førde fekk store problem mot KFUM Måløy, men halte sigeren i land i siste sett, og vann kampen 3-2.

**Dameklassa:**

Innleiande runder baud på lite spenning. Tambarskjelvar I vart flytta over i pulje 2, medan Tambarskjelvar II vart flytta til pulje A. Dermed fekk ein ikkje oppleve Førde-Tambarskjelvar I i innleiande kampar. Begge desse laga vann sine puljer utan å avgje sett. Heller ikkje i krysskampane greidde nokon å ta sett frå desse to laga.

Finalen vart difor eit reint Sunnfjord-derby, med Tambarskjelvar som soleklar favoritt. Dei opna også klart best i første sett og var oppe i 7-0, før Førde makta å komme lenger fram på bana og gjekk opp i 3-7. Sidan drog Tambarskjelvar jamt i frå og vann settet 15-7.

Reaksjonen på den klare settsigeren kom i 2. sett. Tambarskjelvar sine jenter tapte konsentrasjonen og spelte dårleg i forsvar. Dette gav Førde-jentene sjansen til å komme til nett, og med godt arbeid både i forsvar og angrep kom Førde i 8-3 leiing, før naustedølingane forstod faren. God serving kombinert med dårleg servemottak hos Førde, gav Tambarskjelvar 13-8 leiing og til slutt settsiger 15-10.

3. settet vart rein Tambarskjelvar-oppvisning. Førde-jentene var tydeleg knekte etter 2. settet og spelte usikkert i forsvar. Tambarskjelvar viste ikkje godt spel, men likevel var dei oppe i 13-0 før Førde-jentene reduserte til 1-13. Det var likevel aldri tvil om kven som var best, og Tambarskjelvar vann sikkert 15-4.

I denne kampen fekk vi tydeleg sjå nivåforskjellen på 1. og 2. divisjon. Begge laga høyrer med til toppen av sine divisjonar, og sjølv om ingen av laga vel viste det dei eigentleg kan, var likevel jentene frå Naustdal aldri truga. Vi vil ynskje Tambarskjelvar lukke til i distriktsfinalen som går i Hordaland 6. og 7. februar.

**Herreklassa:**

Heller ikkje herrekampane baud på den store spenninga. Overraskande var vel Tambarskjelvar sin innsats. Dei viste ingen respekt for motstandarane og slo 3. divisjonslaga Eid og Sande 2-0 i sett. Tap vart det derimot for 2. divisjonslaget til Hornindal og for Førde i krysskampen. Men likevel må naustedølingane vere godt nøgde med innsatsen.

Finalemotstandarane vart ikkje uventa Førde og KFUM Måløy. Førde gav ikkje bort sett i dei innleiande kampane, og slo mellom andre finalemotstandaren solid 2-0. Måløy måtte derimot slite for plassen, men vann 2-1 mot Hornindal i krysskampen.

Finalekampen opna med sikkert Førde-spel. Måløy hadde ingen sjanse i første-settet, og Førde vann med 15-6. 2. settet opna også med klart Førde-overtak, og dei var oppe i 5-0 før Måløy fekk orden på rekkene. At dei gjekk i leiing 7-6, skuldast ikkje berre godt spel frå Måløy si side, men like mykje dårleg spel frå Førde. Dei spelte ukonsentrert og umotivert både i forsvar og angrep, og låge dippar over nett var ikkje effektivt mot eit Måløy-lag som jobba effektivt i forsvar og var heldige i angrep. Måløy var oppe i 13-7, før Førde-spelarane innsåg alvoret og med god skjerping fekk kontakt på 12-13. Men ein Måløy-timeout braut Førde sitt spel, og Måløy fekk settball på 14-12. Førde fekk igjen kontakt på a-14, før Måløy avgjorde og vann 16-14.

3. settet opna med godt spel frå nordfjordingane si side. Dei var oppe i 6-1, før Knut Føleide vakna til liv, og med god smashing frå kant tende resten av Førde-laget til sikker settsiger 15-8.

Alle rekna no med at kampen var avgjort, inklusive spelarane frå Førde. Dei var aldri skikkeleg med i spelet, og på stillinga 8-7 til Måløy braut førstedivisjonslaget nærmast totalt saman, og Måløy vann dette settet 15-9.

I pausen før siste sett tok Inge Andersen fram si strengaste maske, og bad laget spele enklare i angrep. Opplegggarane måtte rive seg ut av småspelet ved nett. Greidde dei det, ville Førde avgjere kampen til sin fordel. Andersen si tale var effektiv, og etter ei litt tam opning av 5. settet, var det inga tvil om kven som ville vinne. Førde fekk igjen fart i angrepsspelet, og Måløy sitt forsvar greidde ikkje å demme opp for smashane frå kant. Førde vann settet sikkert 15-8, og kampen 3-2. Dermed er Førde kvalifisert for distriktsfinalen, og vi ynskjer



Førde hadde problem med å demme opp for Tambarskjelvar sine smashar. Her har Venke Andal funne opning i Førde-blokka.

## Frå nabokrinsane

er fire andre distriktsfinalistar klare i Norgescupen. I Hordaland var det ikkje uventa BSI som var sterkast i dameklassen, medan KFUM Bergen slo Ulriken i herrefinalen. På Møre er det klart etter krinsfinalen i helga at Sunnmørs-vinnarane KFUM Volda (herrar) og Ålesund (damer) skal møte høvesvis Kristiansund og Lagopus, som vann i Nordmøre/Romsdal. KFUM Volda fekk kamp av 2. divisjonsklubben i Ålesund, som i semifinalen hadde slått ut naboklubben KFUM Ålesund. I dameklassen var ÅVK heilt suverene.

# Landskamp utan Aase-systrene.

Damelandslaget i volleyball reiser rett over nyttår til Sverige for å delta i to storinternasjonale turneringar, Galaxie Cup i Vara 2. og 3. januar og Sibylla Cup i Avestad 5. og 6. januar. Begge stader ventar ein deltaking av landslag og klubblag frå store delar av Europa.

Norges Volleyballforbund har m.a. teke ut Marita Hjelmeland, BSI, og dessutan er Liv Roald frå 3. divisjonsklubben Sogndal attende i landslagstrøya. Elles merker vi oss at systrene Aase frå Tambarskjelvar ikkje er med denne gongen. Dei prioriterer nemleg krinsfinalen i juniormeisterskapen, som går i Førdehuset 3. januar.

Dei andre i troppa til Sverige er Heidi Brox, BSI, Brit Farstad, Oslo, Gunn Garvik, Porsgrunn, Jorunn Grødum, Birkenes, Anita Nilsen, Sortland, Eli Wenche Nilsen, Bergkameratene, Ellen Røraas, Bergkameratene, Ranveig Wallin, Hellerasten, og Gro Årstad, Børstad.

## Ute av E-cupen.

Både KFUM Oslo og Tromsø er ute av Europacupen etter kvar sine 0-3 tap i helga. Tromsø, som laga sensasjon med så knepent tap som 15-17 i femte og avgjerande sett mot franske Grenoble heime i Tromsøhallen, var sjanselause i returkampen mot franskmennene, som er eit av favorittlaga i cupvinnarcupen. Etter 0-3 i Belgia vart KFUM Oslo på heimebane nok ein gong feia av bana av Hormann, som er rekna blant dei beste laga i Vest-Europa.

Resultat innleiande kampar:

| | | |
|---|---|---|
| **Damer:** | | |
| **Pulje A:** | | |
| Tambarskj. II—Førde | 0-2 | 3-30 |
| KFUM Sandane—KFUM Måløy | 0-2 | 23-30 |
| Tambarskj. II—KFUM Sandane I | 0-2 | 16-30 |
| Førde—KFUM Måløy | 2-0 | 30-14 |
| Tambarskj. II—KFUM Måløy | 0-2 | 20-30 |
| Førde—KFUM Sandane | 2-0 | 30- 3 |
| **Pulje B:** | | |
| Sogndal—KFUM Sandane II | 2-0 | 30- 6 |
| Tambarskj. I—Hornindal | 2-0 | 30- 5 |
| Sogndal—Hornindal | 2-0 | 30-20 |
| KFUM Sandane II—Tambarskj. I | 0-2 | 1-30 |
| Sogndal—Tambarskj. I | 0-2 | 2-30 |
| KFUM Sandane I—Hornindal | 1-3 | 27-41 |
| **Krysskampar:** | | |
| Førde—Sogndal | | 2-0 |
| Tambarskj.—KFUM Måløy | | 2-0 |
| **Finale:** | | |
| Tambarskj.—Førde | | 2-0 |
| **Herrar:** | | |
| **Pulje A:** | | |
| Førde—KFUM Måløy | 2-0 | 30-17 |
| Sogndal—Svelgen | 2-0 | 30- 0 |
| Førde—Svelgen | 2-0 | 30- 0 |
| KFUM Måløy—Sogndal | 2-0 | 30- 8 |
| Førde—Sogndal | 2-0 | 30- 5 |
| KFUM Måløy—Svelgen | | avlyst. |
| **Pulje B:** | | |
| Hornindal—Sande | 2-0 | 30-14 |
| Tambarskj.—Eid | 2-0 | 30-10 |
| Hornindal—Eid | 2-0 | 30-17 |
| Sande—Tambarskj. | 1-2 | 42-43 |
| Hornindal—Tambarskj. | 2-0 | 30-15 |
| Sande—Eid | 0-2 | 17-30 |
| **Krysskampar:** | | |
| KFUM Måløy—Hornindal | | 2-1 |
| Førde—Tambarskj. | | 2-0 |
| **Finale:** | | |
| Førde—KFUM Måløy | | 3-2 |

89

# Tambarskjelvar beholdt toppen

Tambarskjelvar har lenge toppet hovedserien i volleyball for damer. Ungjentene fra Naustdal har overrasket, men både vi og andre med oss har lest tabellen med en smule skepsis. At BSI var, og er fortsatt, storesøster i norsk damevolleyball har hele tiden ligget i bakhodene. Når BSI får spilt sine utsatte kamper er situasjonen en annen, mente vi. I helgen spilte BSI sine to siste hengekamper, og på tabelltoppen står fortsatt Tambarskjelvar. 3 kamper står tilbake å spille i grunnserien og Tambarskjelvar leder med 18 poeng, to poeng foran BSI.

Hva vinneroddsen før seriestart ville ha vært på et tips på Tambarskjelvar som seriemester vet vi ikke, men helt sikkert ikke lavt.

Resultatet i helgens to kamper: Bergkam–BSI 3–1, Porsgrunn–BSI 1–3.

**TABELL 1. DIV. DAMER**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar | 11 | 29–16 | 18 |
| BSI | 11 | 27–25 | 16 |
| Sortland | 10 | 22–17 | 12 |
| Oslo VBK | 10 | 24–22 | 12 |
| Porsgrunn | 12 | 23–24 | 12 |
| Bergkameratene | 10 | 18–22 | 8 |
| Sandnes | 9 | 13–26 | 4 |
| Ålesund | 10 | 17–28 | 4 |

VOLLEYBALL

*Landsfinale vidareg. skular:*

# Gull er innan rekkevidde.

Førde Gymnas reiste torsdag kveld til Mo i Rana med eitt mål for auga: gull i landsfinalen for vidaregåande skular. Jentelaget har vel størst sjansar til å nå dette målet, og med eit lag samansett av spelarar frå Tambarskjelvar og Førde stiller dei vel så sterkt som i fjor, då dei vann meisterskapen. Gutelaget er samansett av spelarar frå Førde og Sande, dei har som mål å komme til semifinalen, så får ein heller sjå.

I jenteklassa er Fagerlia Gymnas, Ålesund, tradisjonelt den mest frykta motstandaren. Førde og Fagerlia har vore finalemotstandarar dei to siste åra, og høyrer med i favorittgruppa også i år.

Medan nivået i jenteklassa er ujamnt, er guteklassa heilt open. Kvaliteten på laga varierer frå år til år, men stader med godt volleyballmiljø går ofte igjen i toppen. Førde er i innleiande runder i pulje med mellom andre Ringerike som stiller eit sterkt lag. Dersom laget går til sluttspelet vil fjorårsvinnar Kongsbakken skule frå Tromsø vere motstandar anten i kvartfinalen eller i semifinalen. Så det vert harde kampar før ein eventuell finale er innan rekkevidde.

Utsette kampar i damer 1. divisjon:

# BSI overtek venteleg tabelltoppen.

## KFUM Volda — KFUM Ålesund viktig i kampen om 4. plassen i herreserien.

Eit BSI-lag tydeleg prega av for lang juleferie tapte overraskande mot eit heiltent Sortland-lag. Heller ikkje mot Ålesund fekk BSI vist kva dei kan. Laget var tydeleg lite tent på oppgåva, og verka slitne etter hard og lang reise frå Sortland. Kampen mot Ålesund vart aldri god, og først i dei to siste setta viste BSI litt av det dei verkeleg kan. Dette gjer det sannsynleg at Bergens-laget sikrar seg fire poeng i dei utsette oppgjera mot Porsgrunn og Bergkameratene denne helga. På grunn av sin gode settskilnad kan BSI gje bort to sett i begge kampane og likevel overta leiinga i 1. divisjon med same poengsum som Tambarskjelvar. Men med tap i ein av kampane, vil Naustdals-jentene halde førsteplassen.

I går kveld møttest Møre-laga KFUM Volda og KFUM Ålesund i Voldahallen. I skrivande stund er resultatet ukjent, men utfallet har ei viss interesse for Førde sin lagnad i divisjonen. Ein venta Voldasiger vil gje laget 12 poeng og 4. plass på tabellen. Med slikt utfall vil Volda ta eit viktig steg mot sluttspelet, og kampen KFUM Volda—NTHI neste helg vil verte heilt avgjerande for om Førde har sjanse til å nå dette sluttspelet. Med siger også der, vil møringane vere i 14 poeng, ein poengsum Førde berre har teoretiske sjansar å nå.

I våre lokale seriar vert det spelt full serierunde. I damer 3. divisjon ligg det an til heimesiger i alle tre oppgjera. Rett nok stelte Jotun i stand vanskar for Breim sist helg, men Sande på heimebane let nok ikkje desse to poenga gå frå seg. I herrane sin 3. divisjon bør det bli 2 poeng til Vik og Svelgen. Eidarane har ikkje vist påliteleg spel i det siste og vert nok for svake mot serieleiar Svelgen.

Tambarskjelvar sikrar seg venteleg 4 poeng mot Sognelaga Jotun og Sogndal i 4. divisjon herrar. Tambarskjelvar jobbar medvite for å byggje opp eit slagkraftig lag. Siger i 4. divisjon er målet for denne sesongen, noko som synest innan rekkevidde.

**D1:**
24/1 Porsgrunn—BSI
— Bergkam.—BSI

**H1:**
21/1 KFUM Volda—KFUM Ålesund

**D3:**
23/1 KFUM Sandane—Tamb.
Sande—Jotun
24/1 Breim—Hornindal

**H3:**
23/1 KFUM Sandane—Vik
24/1 Eid—Svelgen

**D4:**
23/1 Dale—Eid

**H4:**
23/1 Jotun—Tambarskjelvar
24/1 Sogndal—Tambarskjelvar

## Retting.

**D3 Volleyball:**

**KFUM Sandane – Sande** 2-3

Ved ein feil gav vi opp resultatet i kampen KFUM Sandane og Sande med siger til Sandane. Det var Sande-jentene som vann kampen 3-2. Sande får då 14 poeng på andreplass, medan KFUM Sandane blir ståande med 8 poeng på 4. plass.

# BSI-damene nordover på poengjakt

AV PER INGE HJERTAKER

Etter en måneds pause fra serievolleyball skal BSI-damene denne helgen ut på en tur som burde gi fire nye poeng. Lørdag skal laget helt til Sortland og møte fremgangsrike Nordlands-jenter med landets største publikum i ryggen. Får gjestene fra Bergen spillet til å gli etter den lange ferien skulle det allikevel ikke by på problemer å slå «strikkmotor»-laget fra Vesterålen. Lørdag står Ålesund for tur. Dette laget tok to sett fra BSI i høst, men må avskrives uten denne gangen, om Bergens-jentene skal hamle opp med Tamberskjelvar som fortsatt ligger på tabelltoppen.

Denne volleyballturen regnes som den hardeste blant lagene i Sør-Norge, og mange har reist skuffet hjem etter tap på Sortlands fryktede hjemmebane. En annen faktor som også er vanskelig å hanskes med for tilreisende lag, er en lang og strabasiøs tur som kan ta gnisten fra de fleste. BSI-damene har de siste årene ikke latt seg vippe av volleyballtronen verken av vanskelige forhold eller motstandere.

Søndag møter BSI bunnlaget Ålesund. Selv med en hard kamp i beina skulle ikke Bergensjentene ha større problemer med dette laget, som forrige helg gikk på klare tap mot to av kollegene i bunnstriden.

## Nytt tap for Førde?

Førde VBK er det eneste Sunnfjord-laget som er i ilden i 1. divisjon denne helgen. Laget får besøk av selveste Tromsø. I herreklassen er dette laget ingen hvem som helst denne sesongen. «Dvergene» som de kalles blant sine kolleger i hovedserien kom nemlig denne sesongen til 2. runde i Europa-cupen, der de spilte jevnt med ett av Europa's beste klubblag. De leder også den hjemlige serien, men maskineriet har begynt å skrante i det siste, KFUM/Oslo slo faktisk de kortvokste og spenstige Tromsøguttene sist helg, og et opplagt seriemesterskap er ikke fullt så sikkert lenger.

VOLLEYBALL

# Serie-runda

**H3:**

### Sogndal – Pil 3-2.

Eit Pil-lag som brukte to sett på å forstå at kampen var i gang og avslutta eitt sett for tidleg, tapte 3-2 mot Sogndal. I dei to første setta vann Sogndal 15-9 og 15-3. Dei fekk det meste til å gli og spelte opp mot sitt beste, medan Pil hadde problem i mottak og fekk lite til av angrep. Sogndal spelte godt i serve og forsvar, og tok det som kom. I 3. og 4. sett fekk gjestene spelet på gli. Tre gode blokker sette heimelaget utanfor, og med spel opp mot sitt aller beste tok Pil setta 15-8 og 15-9. Spesielt angrepsspelet til gjestene fungerte godt i denne perioden, og Sogndalspelarane gjekk etter kvart sure. I siste sett gløymde Pil-spelarane å røre seg, spelet vart stilleståande og heimelaget tok settet sikkert 15-4.

Pil ligg no utsett til på nest siste plass på tabellen, men ser ikkje vonlaust på situasjonen. Får laget orden på servemottaka, bør dei absolutt berge plassen i divisjonen.

### Vik – Pil 3-0.

Med settsiffera 15-4, 15-3 og 15-13 tok Vik to poeng mot Viksdølingane. Pil viste same tendensar som i Sogndalkampen, og uti 3. sett fekk dei spelet til å gli. Dei serva seg opp frå 2-11 til a-13, men greidde ikkje å setje inn den avgjerande støyten.

### Sande – K/Sandane 3-0.

Settsiffera 15-2, 15-6, 15-1 fortel om utklassingssiger til Sande. KFUM Sandane ytte svak motstand og 3-0 sigeren var klar alt i løpet av ein halvtimes spel, etter at heimelaget hadde dominert alle fasar av spelet.

**D3:**

### Hornindal – Tamb. 3-2.

5-15, 15-6, 5-15, 15-11, 15-9.

Tambarskjelvar hadde taket på Hornindal i 1. sett. Med gode angrep var dei nordfjordingane heilt overlegne. I 2. sett svikta det i angrep. Laget gløymde å slå, i staden vart det enkle dippar over nettet. Dette opna for Hornindal sine angrep, og dei tok settet lett. 3. settet vart mykje likt det første, Tambarskjelvar fekk igjen til angrepsspelet, før dei i dei to siste setta fall tilbake til gamle synder og tapte kampen på det.

### Sogndal – Breim 3-1.

Kampen i Sogndal vart god og underhaldande. Breim viste sitt beste spel hittil i sesongen, og var absolutt på talefot med serieleiaren. Hos gjestene jobba heile laget godt, og med betre serving kunne dei lett ha fått med seg begge poenga heim til Breim. Sogndal viste seg som eit jamt og godt lag, med landslagsspelaren Liv Roald som den store dirigenten. Settsiffera 15-3, 14-16, 15-7 og 15-5 gjev ikkje det rette biletet av kampen, då mange servebyte gjorde at den var jamspelt trass alt. Men etter 1 time og 20 minutts spel kunne Sogndal juble over sin 8. strake siger.

### Jotun – Breim 1-3.

Jotun overraska Breim-jentene med godt og sikkert spel. Tabellposisjonen til heimelaget fortel ikkje sanninga om Jotun-laget, som i denne kampen jobba godt i alle delar av laget. Breim vart nok tekne på senga, og spelet var mykje prega av nervøs og oppjaga jobbing. Så Breim-jentene var godt nøgde med å få dei to poenga med seg tilbake. Settsiffera var 11-15, 15-10, 8-15, 12-15.

**D3:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sogndal | 8 | 8-0 | 24- 2 | 16 |
| Sande | 10 | 6-4 | 22-15 | 12 |
| Breim | 9 | 6-3 | 20-14 | 10 |
| KFUM Sandane | 7 | 5-2 | 17-13 | 10 |
| Svelgen | 8 | 3-5 | 15-17 | 6 |
| Tambarskjelvar | 9 | 2-7 | 12-24 | 4 |
| Jotun | 7 | 2-5 | 8-18 | 4 |
| Hornindal | 10 | 2-8 | 11-26 | 4 |

**H3:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Svelgen | 8 | 7-1 | 22- 5 | 14 |
| Sande | 8 | 6-2 | 20-10 | 12 |
| Eid | 9 | 6-3 | 21-13 | 12 |
| Førde | 8 | 6-2 | 19-13 | 12 |
| Vik | 9 | 5-4 | 20-13 | 10 |
| Sogndal | 9 | 3-6 | 11-23 | 6 |
| Pil | 10 | 2-8 | 13-25 | 4 |
| KFUM Sandane | 9 | 0-9 | 3-27 | 0 |

(90)



Jentegjengen frå Naustdal som har spela seg til toppen i norsk volleyball.

# Vegen til toppen

BT FØRDE: Vegen til topps i norsk dame-volleyball for Tambarskjelvar, er denne: Heimekampar: Tambarskjelvar-Ålesund 3-0, Tambarskjelvar-Oslo 3-1. Tambarskjelvar-Sandnes 3-0, Tambarskjelvar-Porsgrunn 3-1, Tambarskjelvar-Sortland 3-2.

Borte: BSI-Tambarskjelvar 3-0, Ålesund-Tambarskjelvar 1-3, Porsgrunn-Tambarskjelvar 1-3, Bergkameratene-Tambarskjelvar 1-3, Oslo-Tambarskjelvar 3-2, Sandnes-Tambarskjelvar 2-3.

Tambarskjelvar har etter 11 av 14 kampar 18 poeng på topp, og kan ikkje ein gong teoretisk unngå å bli med i sluttspelet mellom dei fire beste laga. Det står att tre kampar, den 30. januar i Førdehuset mot Bergkameratene, den 13. februar mot Sortland borte og sist 20. februar mot BSI på heimebane.

# KFUM Volda slo Førde

Onsdag kveld vart returoppgjeret mellom Førde volleyballklubb og KFUM-Volda spela i Førdehuset. Denne kampen ville langt på veg avgjere kven av dei to laga som ville nå sluttspelet i gjevaste pulja. Volda trakk til slutt det lengste strået i en lang femsettskamp som varte i ein time og 55 minutt. Førde spela ukonsentrert og kunne berre konstatere at Volda spela seg til ein klar 5–15 sett gevinst. Dei to neste setta var klare Førde-sett med henholdsvis 15–9 og 15–10. Dette hadde tydelegvis ikkje nokon innverknad på psyken til Volda. Dei kom attende og spela variert og god volleyball. Førde-laget hadde lite å stille opp med, og Volda spela seg til forholdsvis klart 5–15 sett. Femtesettet vart det lengste og mest jamne settet reint spelemessig. På stillinga 7–11 til Volda skifta serven heile 11 gonger før Volda til slutt fekk med seg dei nødvendige poenga og kampsiger. Dei vann settet 7–15. På Volda sitt lag må opplegggaren Langlo framhevast for måten han snudde kampen i fjerde settet på.

For Førde var dette sesongens sjette femsettskamp, noko som tyder på at manglande evne til å stå på heile kampar igjennom. Dommarane Per Inge Hjertaker og Jarl Tyssekvam kom relativt godt frå den vanskelege kampen. Kanskje kunne det vore litt strengare slagdøming.

(92)

# Kongsbakken fra Tromsø uten sjanser

**Kampfakta**

**Førde gymnas - Kongsbakken videregående skole 2-0 (15-8, 15-8)**
**Dommere: Yngve Herseth, Nesna og Kristian Grønlie, Ringerike.**

AV KLAUS SOLBAKKEN

Førde gymnas hadde ingen store vanskeligheter med å skaffe skolen sitt andre Norgesmesterskap i volleyball for videregående skoler i Ranahallen i går. Med settseire 15-8 og 15-8 gir dette et noenlunde inntrykk av styrkeforholdet mellom Førdespillerne og spillerne fra Kongsbakken videregående skole i Tromsø, som forøvrig kom ut av mesterskapet med æren i behold, og som Nord-Norges beste lag.

Allerede fra start var det klart at Førde sitt lag var best, og spørsmålet var bare hvor stor seieren skulle bli. Hele åtte poeng fikk laget nemlig inn før Tromsøguttene klarte å redusere, og etter hvert fikk også de til mer spill. Men laget kastet bort alt for mange poengsjanser ved å serve i nettet, smashe ut eller i nettet. Dessuten klarte de ikke å blokke ned de gode angrepsspillerne til Førde, som stadig fikk inn sine kraftige angrep fra sidene.

Kongsbakken åpnet friskere i andre sett, og klarte å tilrive seg poengledelse i begynnelsen av settet. Lagene lå likt 5-5 inntil Førde igjen tok føringen. Men Tromsøguttene hang på helt til stillingen 12-8, da laget tok sin siste time-out. Førdes Vidar Vie avsluttet kampene i Ranahallen med en kjempesmash, som satte punktum for et vellykket arrangement og som ga sluttresultat 15-8 og 2-0 til Førde gymnas.

# Jentene fra Førde vant fortjent

**Kampfakta**

**Førde gymnas - Ajer videregående skole 2-0 (15-5, 15-11)**
**Dommere: Snorre Burmo og Erlend Aune, Nessegutten.**

AV KLAUS SOLBAKKEN

Finalekampen for damer i landsfinalen i volleyball for videregående skoler kom til å stå mellom Ajer videregående skole, Hamar, og Førde gymnas.

Kampen åpnet jevnt i første sett, med friskt og godt spill fra begge lagene. Men ved stillingen 4-4 begynte Førde å kjøre på og overtok mer og mer av initiativet på banen. Laget lyktes med det meste, og kunne sette inn den ene gode avslutningen etter den andre. Med spillere som Jofrid Vølstad, som hele tida forsynte de gode smasherne Gunnvor og Ingrid Aase med fine baller, hadde Hamar-laget lite å stille opp med i dette første settet. Førde vant da også fortjent 15-5.

Annet sett ble atskillig jevnere. Hamar-laget hadde tatt seg kraftig sammen etter pausen, og det var derfor Førde som først måtte be om time-out ved stillingen 8-4 til Ajer. Etter dette skiftet lagene om føringen, og det var jevnt helt til stillingen A-11. Da satte Førde inn slutt-spurten med spill som de hadde vist i første sett, og laget kunne gå av banen som Norgesmestre i volleyball for videregående skoler i Ranahallen i går. En seier som var helt fortjent.

*Sluttspill volleyball videregående skoler:*

# Førde-guttene til topps

**Førde Videregående skole vant både dame og herreklassen i sluttspillet for Videregående skolevolleyball i Mo i Rana. Førde stilte med reint 1. divisjonslag i dameklassen med samtlige spillere fra Tambarskjelvar. De stilte således i en særklasse. Finalekampen mellom Førde og Ajer Videregående skole fra Hamar ble aldri noe spennene, fordi det hele tiden var klart hvor seieren ville havne.**

Finalekampen i herreklassen mellom Førde og Kongsbakken Videregående skole fra Tromsø, var på forhånd antatt å bli en mye jevnere kamp, begge lag hadde flere spillere med 1. divisjonsrutine. Men Førde tilrev seg raskt initiativet i kampen. De hadde mye bedre formasjon i angrepsspillet, det raske midtangrepet deres rev opp blokka til Tromsø, og da Kongsbakken satset mest på høye legg på kanten hadde Førde ingen problemer med å sette opp et solid og støtt tomannslag. Førde vant således til slutt en solid 2–0-seier i herreklassen også.

Fagerlia Videregående skole fra Ålesund forspilte sine sjanser for videre avansement i mesterskapet allerede i de to første kampene, da de tapte begge. De spilte likevel periodevis godt mot Gand fra Sandnes, i sin andre kamp.

Kampen om 9. plassen mot Moelv Videregående skole hadde Fagerlia ingen problemer med å vinne. Møre og Romsdal sin representant i dameklassen, Atlanten Videregående skole fra Kristiansund greide seg derimot mye bedre enn Fagerlia. Laget består mest av spillere fra 2. divisjonslaget Lagopus. De spilte blant annet glimrende mot Sortland i innledningskampene, og vant kampen 2–1. I kampen om 3. plassen mellom Atlanten og Kristiansund Katedralskole, vant Atlanten lett 2–0, og sikret seg således bronseplass.

Sluttstillingen: Damer: 1. Førde, 2. Ajer, 3. Atlanten.

Herrer: 1. Førde, 2. Kongsbakken, Gand.

LANDSFINALEN I VOLLEYBALL

# Ingen suksess for Moheia-lagene



Moheias guttelag nede for telling. Laget kom aldri på beina igjen, og ble tilslutt bare nr. 10 blant de 12 deltakende skolene.

AV DAG HÅKON HELLEVIK

Det ble ingen stor suksess for Moheia-lagene i landsfinalen i volleyball for videregående skoler i Ranahallen i helga. Både dame- og herrelaget gikk på to tap allerede lørdag formiddag, og ble dermed utslått allerede i de innledende rundene. Senere vant de en kamp hver i sluttspillet i «jumbopuljen» og plasseringen ble til slutt 10. plass for guttelaget og 11. plass for jentene.

Guttelaget startet allerede klokken 09.00 lørdag morgen, hvilket skulle vise seg å være i tidligste laget. De sov seg gjennom et førstesett som motstanderne, de senere mestrene, fra Førde gymnas vant maksimalt - 15-0. At de etterhvert klarte å yte noe mer motstand i det neste settet hjalp ikke. Det ble 9-15 etter solid Førde-dominans, og dermed var det klart at neste motstander, Ringerike, måtte beseires.

Ringerike viste seg å være en sterk, men ikke uoverkommelig motstander. Mo-guttene tapte to jevne og spennende sett, og det holdt ikke helt til mål til tross for ledelse i begge settene. Samspillet var for dårlig, de personlige feilene ble for mange og konsentrasjonen sviktet etterhvert. Det var ingen tvil om at det laget som stilte opp ikke var godt nok til å gå videre, men til det lokale volleyballforsvar må vi nok si at dette fort kunne snudd seg dersom Rana VBKs solide kampspiller Geir Voldsund hadde kunnet stille opp.

Han skadet seg tidligere i uken, med det resultat at Moheia både mistet en av støttespillerne og samtidig måtte legge om de inntrente spillesystemene på kort varsel.

Revansjen med seier over Levanger søndag ettermiddag kom i seneste laget, og den avsluttende kampen mot Fagerlia viste at laget heller ikke var godt nok til en 9. plass. I førstesettet gikk det nesten like ille som mot Førde, 1-15, og med 12-15 i neste sett var turneringen over og 10. plassen blant 12 lag et faktum.

Både Kongsbakken fra Tromsø, med finaleplass, og Vesstun fra Brønnøysund forsvarte den nordnorske æren med større hell. Vesstun endte til slutt som nr. 7 etter to seire i innledningskampene, og tap for Christianslund fra Fredrikstad i kvartfinalen.

Også Moheias jentelag ble spurver i tranedansen i Ranahallen. Det ble 0-2-tap både mot Sandnes og mot Levanger i innledningen, og bedre gikk det heller ikke da de møtte Heggen fra Harstad i kamp om de nederste plassene. Heggen hadde vært ekstremt uheldig fra start av, og kommet i pulje med begge de to lagene som senere kom til finalen. Lørdag ettermiddag satte de også Moheia på plass, riktignok med største besværligheter i det siste settet som de vant 16-14.

Moheia fikk dermed den tvilsomme fornøyelsen av å spille for å unngå jumboplassen, en oppgave de imidlertid klarte. To klare settseire over Ølen ;ga 11. plass til slutt.

Sortland gymnas 8. plass var kanskje i underkant av hva som var ventet. Det så overbevisende nok ut da laget vant begge sine innledende kamper, men så var det også slutt.

Det ble tre tap i fortsettelsen, og det avgjørende kom i kvartfinalen med 0-2 for Atlanten fra Kristiansund.

**Innledende runder: Damer**
Moheia-Sandnes 0-2 (9-15/6-15)
Moheia-Levanger 0-2 (9-15/13-15)
Porsgrunn - Sortland 1-2
Sortland-Kristiansand 2-0
Heggen-Ajer 1-2 (1-15/15-12/7-15)
Heggen-Førde 0-2 (2-5/11-15)
**Kvartfinaler**
Atlanten-Sortland 2-0
Kristiansand-Oppegård 2-1
Ajer-Sandnes 2-0
Levanger-Førde 0-2
**Semifinaler**
Atlanten-Ajer 1-2
Kristiansand-Førde 0-2

**Finale:**
Førde—Ajer 2-0 (15-5, 15-11)

**Bronsefinale**
Atlanten—Kristiansand 2-0
**Kamper om plassering 9-12:**
Moheia—Heggen 0-2 (6-15 14-16)
Porsgrunn—Heggen 1-2
Moheia—Ølen 2-0 (15-6 , 15-2)
**Herrer: Innledende runder:**
Moheia—Førde 0-2 (0-15, 9-15)
Moheia—Ringerike 0-2 (13-15, 12-15)
Levanger—Kongsbakken 0-2 (8-15,13-15)
Kongsbakken—Kristiansand 2-0 (15-12,15-9)
Vesttun—Grand 2-1
Vesttun—Fagerlia 2-0
**Kvartfinaler**
Førde—Kristiansand 2-0
Gand—Øystese 2-0
Vesttun—Christianiund 1-2
Ringerike—Kongsbakken 1-2 (16-14, 7-15, 11-15)
**Semifinaler**
Førde—Gand 2-1
Kongsbakken—Christianslund 2-0 (15-8, 15-12)

**Finaler:**
Førde—Kongsbakken 2-0 (15-8, 15-8)
**Bronsefinale**
Gand—Christianslund 2-1
**Kamper om plassering 9-12**
Moheia—Levanger 2-0 (15-13, 15-8)
Moheia—Fagerlia 0-2 (1-15, 12-15)

**Damer**
1. Førde, 2. Ajer, Hamar, 3. Atlanten, Kristiansund, 4. Kristiansand, 5. Oppegård, Oslo, 6. Levanger, 7. Sandnes, 8. Sortland, 9. Heggen, Harstad, 10. Porsgrunn, 11. Moheia, Mo i Rana 12. Ølen, Sunnhordaland

**Herrer**
1. Førde, 2. Kongsbakken, Tromsø, 3. Gand, Sandnes, 4. Christianslund, Fr.stad, 5. Ringerike, 6. Øystese, 7. Vesttun, Brønnøysund, 8. Kristiansand, 9. Fagerlia, Ålesund, 10. Moheia, Mo i Rana, 11. Bjørknes, Oslo, 12. Levanger

(94)



Lukkelege, men trøytte spelarar etter triumf-ferda til Mo i Rana. Spelarane frå Sande, Tambarskjelvar og Førde kom heim med to solide Noregs-meisterskap til Førde Gymnas.

# Solide finalesigrar til Førde Gymnas.

## Ujamt nivå under Landsfinalen for vidaregåande skular.

Førde Gymnas markerte seg sterkt under landsfinalen for vidaregåande skular i Mo i Rana sist helg. Ei lang og slitsam reise på 20 timar greidde ikkje å setje stoppar for dei to laga som tok sikre sigrar både i dame- og herre-klassa. Damene vann alle sine kampar 2-0, medan herrane laut gje bort eitt sett i kvartfinalen mot Gand, Sandnes.

Størst spaning knytte det seg til herre-kampane. Eit revansjelysta Førde-lag møtte fjorårsvinnar Kongsbakken, Tromsø i finalen. I turneringa i fjor vart Førde utslegen i semifinalen av nettopp Kongsbakken, så det var litt av kvart å hevne. Eit Førde-lag samansett av spelarar frå Sande og Førde sine 1. og 3. divisjonslag var topp tende på oppgjeret, og det var nok medverkande til at dei gjekk i 8-0 før Tromsø-spelarane vakna. Dei fekk kontakt på 9-8, men eit kontant og velspelande Sunnfjord-lag avviste all motstand og vann til slutt settet 15-8. Siste sett enda også 15-8, og dermed 2-0 siger til Førde.

Sunnfjordingane imponerte med gode servar og topp konsentrasjon heile kampen gjennom. Laget spelte godt i angrep, og mottaka fungerte fint i periodar. Kongsbakken gjekk nok i fella og undervurderte Førde-laget, og fekk ikkje vist det dei kan i denne kampen. På laget hadde dei mellom andre 2 spelarar frå Tromsø sitt førstelag, og var nok favorittar, men Førde viste seg som det beste laget og vann fortjent 2-0.

Damefinalen vart lite dramatisk. Eit Førde-lag samansett av spelarar frå Førde og Tambarskjelvar viste godt samspel trass i lite samtrening, og trengde ikkje ta fram sitt beste spel for å hente heim gullmedalja. Laget fungerte bra i angrep, spelet glei fint, og servemottaka sat som dei skulle i lange periodar. Men heile kampen var tydeleg prega av den store nivå-forskjellen mellom dei to laga.

I innleiande runder slo Førde finalemotstandaren, Ajer 2-0 i sett, og i det eine vann dei 15-0. I finalen ytte Hamar-laget betre motstand, men kunne ikkje hindre Førdesiger 2-0 etter 15-5 og 15-11.

Begge lag rosar Magne Hornnes som ein ypparleg lagleiar, han skal ha sin del av æra for den gode innsatsen til dei to laga frå Førde Gymnas.

# Serie-runda

### D3:

**Sande – Jotun 3-1.**

Jotun viste seg som eit godt lag, som kjempa friskt heile kampen gjennom og var fleire gonger farleg frampå ved nett. Men laget vart for dårleg teknisk mot Sande, som i denne kampen pressa gjestene med gode servar. Det vart ingen god kamp på Sande, men heimelaget var best og vann fortent 3-1, 15-10, 15-7, 12-15, 15-4.

**Breim – Hornindal 3-0.**
15-9, 15-0, 15-10.

Hornindal viste fin framgang frå første oppgjeret mot Breim. Laget jobba godt, og imponerte med gode angrep avslutta av fine smashar. Breim spelte ikkje så godt som mot Sognelaga sist helg, men laget jobba bra i alle delar av laget. Dei jobbar målmedvite for å betre servane, og denne kampen viste fin framgang, spesielt dei to første setta. Hornindal var som sagt godt med i kampen, og spesielt i første sett var dei farlege. I 2. sett punkterte dei skikkeleg, og Breim tok strakt sett før gjestene kom tilbake i siste.

### D4:

**Dale – Eid 1-3.**

Dale og Eid møttest i ein utsett kamp på Dingemoen sist helg. Kampen var svært skiftande, og opna med Dale-siger 16-14 i første sett. Dale jobba godt i dette settet. Angrepet var betre enn i tidlegare kampar, og det nye oppleggarsystemet fungerte godt. Eid viste god serving, og heile laget kjempa godt, noko som vart utslagsgjevende i dei tre siste setta som gjestene vann 15-7, 15-1 og 15-1.

**Eid – Dale 3-2.**

Dale burde avgjort denne kampen i 3. settet. Etter å ha vunne dei to første 15-2 og 15-9, let Dale-spelarane Eid kome betre til, og i det jamne 3. settet vann Nordfjord-laget 15-13. Også 4. settet var jamt og enda med 15-12 siger til Eid. I 5. og avgjerande sett var det ingen tvil om at Nordfjordlaget ville vinne kampen og dei tok settet lett 15-7.

Dale var meir inspirert i denne kampen enn nokon gong tidlegare, og leverte sin beste kamp hittil i sesongen. Det triste var at laget ikkje avgjorde det 3. settet til sin fordel. Dei hadde fortent siger i denne kampen.

### H4:

**Jotun – Tamb. 0-3.**
**Sogndal – Tamb. 0-3.**

Tambarskjelvar hadde som mål å gje bort minst mogeleg poeng i kampane mot Jotun og Sogndal laurdag og sundag. I kampen mot Sogndal lukkast dei og vann 15-0, 15-1 og 15-0. I dette oppgjeret serva Naustedølingane heimelaget i senk, Sogndal fekk aldri skikk på mottaka og oppgjeret utvikla seg til «servekamp» der det var stor nivåforskjell på dei to laga.

Også i oppgjeret mot Jotun var Tambarskjelvar overlegne. Laget makta å halde konsentrasjonen på topp heile kampen gjennom, og spelte utan personlege feil, bortsett frå ein periode i 2. sett. Settsiffera vart 4-15, 8-15 og 6-15.

### J 0-16 år.

**Breim – Tambarskj. I 2-1**
**Breim – Tambarskj. II 2-0.**

Både Breim og Tambarskjelvar viste overraskande godt spel i jentekampane i Breimshallen fredag. Spesielt bydde kampen mellom Breim og Tambarskjelvar I på godt spel. Breim fekk revansje over tapet i førre møtet og vann kampen på betre oppbygd angrepsspel. Laget makta å gjennomføre 3 slag, medan Tambarskjelvar som oftast hadde to slag før ballen vart returnert. Men begge laga viste som sagt overraskande god volleyball.

Krinsfinale junior:

# Favorittsigrar til Førde og Tambarskjelvar.



Breim viste i periodar fint spel under krinsfinalen. Her har Breim-angrepet funne ei opning i Eid-forsvaret.

Førde og Tambarskjelvar viste at spranget mellom dei beste og nestbeste laga framleis er stort. Dette vart vist under Krinsfinalen for junior som vart avvikla i Førdehuset sundag. Førde vart klar vinnar i herreklassa, medan Tambarskjelvar vann like klart i damene sin finale. Rett nok fekk dei hard motstand av Førde i første del av første sett, men frå stillinga a-6 var dei ikkje til å true.

Turneringa vart kraftig amputert, då Heia, Florø, Sogndal og Førde 2 ikkje møtte i dameklassa. Det vart då berre 4 lag som kjempa om plassen i Distriktsfinalen. I herreklassa uteblei Svelgen og Pil. Pil og Førde 2 hadde gyldig grunn for ikkje å stille, medan dei andre ikkje gav melding om at dei ikkje møtte, noko som skapte problem for arrangøren, Førde VBK.

I herreklassa vann som venta Førde, men bak dei var det jamn kamp om dei neste plassane. Breim sikra seg finaleplassen etter god kjemping mot Eid i krysskampen. Breims-gutane viste tendensar til godt spel i periodar, og viste at Breimsbygda har eit lag å byggje på. I finalen mot Førde vart dei som venta for lette, og Førde vann utan å toppe laget.

Også i dameklassa vart det favorittsiger til Tambarskjelvar. I finalen fekk dei uventa hard motstand av Førde-jentene som viste inspirert og godt spel og var oppe i 6—5 leiing før dei sprakk, og Naustdal-jentene kunne sikre seg settsigeren 15-6.

Vinnarane går vidare til Distriktsfinale i Hordaland 6.-7. februar.

Resultata:

**Herrar.**

**Pulje 1:**
Breim—Sogndal 2-1
13-15, 15-5, 15-13.

**Pulje 2:**
Eid—Tambarskjelvar 2-0
15-7, 17-15.
Førde—Tambarskjelvar 2-0
15-5, 15-6.
Eid—Førde 0-2
4-15, 8-15.

**Krysskampar:**
Førde—Sogndal 2-0
15-7, 15-2.
Eid—Breim 1-2
15-17, 15-11, 12-15.

**Kamp om 3. plass:**
Eid—Sogndal 3-1
15-8, 13-15, 15-6.

**Finale:**
Førde—Breim 2-0
15-4, 15-7.

**Damer.**

**Innleiande kampar:**
Breim—Tambarskjelvar 1 0-2
2,15, 4-15.
Førde—Tambarskjelvar 2 2-0
15-7, 15-7.

**Krysskampar:**
Førde—Breim 2-0
15-[illegible], 15-7.
Tamb. 1—Tamb. 2 2-0
15-4, 15-0.

**Kamp om 3. plass:**
Breim—Tambarskjelvar 2 2-1
15-8, 6-15, 15-3.

**Finale:**
Tambarskjelvar 1—Førde 2-0
15-6, 15-3.

**Sluttresultat.**

**Herrar:** Førde, Breim, Eid, Sogndal og Tambarskjelvar.

**Damer:** Tambarskjelvar 1, Førde, Breim og Tambarskjelvar 2.

VOLLEYBALL

Julevolleyball i Ålesund:

# Finaletap for Tamb.

Førdeherrane på 5. plass i denne kvalitetsturneringa.

Sunnfjordlaga utgjorde eit sterkt innslag i ei kvalitetsmessig god juleturnering i Ålesund like før nyttår. Tambarskjelvar spelte seg til finalen i dameklassen etter å ha gått gjennom dei innleiande kampane utan sett-tap. Men så var det slutt på både motivasjon og krefter. Innleiingsvis sette dei på plass Bergkameratene, KFUM Ålesund og Tromsø utan vanskar, og vann dessutan semifinalen over eit redusert BSI-lag. Men i finalen mot Bergkameratene kom dei på etterskot alt frå starten. Kongsberg-laget hadde eit tap å hemne og jobba godt for å få ny sjølvtillit, noko som gav ein overraskande siger.

Førde sine damer tapte 0-2 for BSI, slo Spjelkavik 2-0 og trekte kortaste strået i ein jamn 1-2 kamp mot ÅVK. Dermed var dei slått ut etter god innsats første dag. Dagen etter vart det 2-0 siger over KFUM Ålesund før dei tapte kampen om 5. plassen, som gjekk til Tromsø med settsiffera 2-0.

Førde-herrane gjekk glipp av finaleplass heilt på målstreken. Etter tap 1-2 for KFUM Oslo, slo dei både BSI og ÅVK med same siffer, men på grunn av dårlegare settskilnad måtte sunnfjordingane sjå at KFUM Oslo og ÅVK gjekk til dei avsluttande kampane. Andre dag hadde dei ingen vanskar med Hessa og BSI og vart dermed nr. 5 i turneringa. I finalen møttest til slutt Tromsø og KFUM Volda, etter å ha sett på plass KFUM Oslo og ÅVK. «Dvergane» avgjorde finalen til sin fordel sjølv om dei innleiingsvis hadde tapt nettopp for Volda-laget.

Ei oppreising for Førde var det at juniorane deira vann klassen for 17-18 år etter 2-0 over KFUM Volda og 1-1 mot KFUM Ålesund.



Glade Førde-gutar klare for distriktsfinale. Bak frå v. Vidar Råheim, Kenneth Hafstad, Ivar Johan Vågen, Vidar Vie, Frode Svalheim, Harald Indrebø, Bjarte Berge (lagleiar), Ove Hjelmeland. Framme frå v. Asbjørn Vølstad, Bent Sunde, Geir Vangen og Øyvind Berge.

# Endelig Volda!

96

**KAMPFAKTA**

**1. divisjon herrer:**
**FØRDE VK-KFUM VOLDA 2-3.**
**5-15, 15-9 15-10, 7-15, 7-15.**
**Tilskuere: 220.**
**Dommere: Per Inge Gjerstaker, BSI og Jarl Tussekvam, Sande.**

**Folk med dårlig hjerte bør ikke gå på volleyballkamp! Iallefall ikke når Førde og KFUM Volda møtes. I to timer og et kvarter holdt lagene vel to hundre tilskuere på pinebenken. Spesielt tredje og femte sett innholdt alt det volleyball skal ha — lange slagvekslinger, fine opphentinger og gode smasher.**

Siste settet på 35 minutter var direkte ulidelig spennende. Volda vant kampen, men som lagleder Geir Humberseth i KFUM Volda sa:

—I denne kampen var det så små marginer at det like godt kunne vært Førde som vant 3-2.

Volda vant kampen på sitt gode forsvarsarbeid som ga oppleggeren muligheter til å legge presise opplegg. I det femte og avgjørende settet var Volda hele tiden på offensiven selv om Førde presset maksimalt. I første sett viste Magne Hornes sin klasse. Ved flere anledninger utmanuverte han Førde-blokka. Dette åpnet for Volda sine kryssmasher og en lett settseier.

I andre sett skiftet kampen karakter. Førde presset Volda med gode server og upresises servemottak hos Volda gjorde at Førde kom til nett og kantsmasherene deres kom dermed til sin rett. Tredje sett åpnet med klart Volda-overtak. Voldingene ledet 5-0 før kampen igjen skiftet karakter og hjemmelaget gikk direkte til 9-5. Volda var igjen unøyaktige med mottak og opplegg og Førde tok settet med 15-10.

Fjerde sett var jevnt til 5-5 før Volda dro jevnt fra og vant 15-7. Hele Volda-laget jobbet godt og det vil dermed være urettferdig å fremheve noen spesielle.



*KFUM Volda tok samling i bunnen og vant i Førde.*

3-1 mot KFUM Ålesund:

# Det avgjerande steg mot toppsluttspel for KFUM Volda?

KFUM Volda - KFUM Ålesund 3-1
15-10, 12-15, 15-3, 15-13.

— Eg er glad. Sjølv om spelet i perioder ikkje var noko særleg, greidde vi det vi skulle. Det var mykje nervar og vi fekk ikkje til spelet vårt utan å ha 5-6 poengs leiing.

Det var trenar Geir Humberset sin umiddelbare kommentar etter den viktige kampen torsdag der KFUM Volda tok det kanskje avgjerande steget til topp-sluttspelt.

KFUM Volda har alltid hatt vanskar med KFUM Ålesund. Sjølv om Volda-laget har vore klar favoritt har Ålesund hatt eit godt tak på desse kampane. Og det var tydeleg at det var ein del nervar ute og gjekk i denne kampen som måtte vinnast. Også for gjestane var det ein svært viktig kamp, sjansane til ny 1. divisjonskontrakt er etter dette tapet berre teori.

Volda-laget har framleis ein god del å rette på fram til den avgjerande kampen mot NTHI i Trondheim 31. januar. I perioder svikta det for mykje i blokkene til heimelaget og det vart forsømt å dekke opp i tomromet bak blokk, noko KFUM Ålesund fleire gongar utnytta.

Men i 3. settet fekk Voldalaget spelet til å gli. Då viste dei at dei kan måle krefter med dei aller fleste og Ålesund vart sette ettertrykkeleg på plass med 15-3.

I første sett gjekk KFUM Volda raskt til ein 5-1 leiing etter bra spel, men så såg det ut til at konsentrasjonen ikkje var på topp og eit kjempande Ålesund-lag utlikna. Bjørn Ove Langlo kom inn som oppleggar. På stillinga 11-10 greidde heimelaget å slite seg lause og sikra seg settet med 15-10. 2. sett bør KFUM Volda gløyme fort. Nervar, ukonsentrert spel og personleg feil gjorde at Ålesund fekk overta initiativet.

Gode blokker og innsatsfylt spel ga Ålesund 5-0 mot eit tafatt Voldalag. Etter spelet så langt såg det ut til at Ålesund ville greie å sikre seg dette settet. Men så svikta det litt i Ålesunds-laget og Volda kom betre med i kampen og kunne gå opp i 6-5 leiing utan å vise noko stort spel. Heimelaget hadde og leiinga 10-7 før Ålesund snudde settet til 13-10. Litt krampaktig spel av Ålesund i denne fasen og Volda kunne hente inn til 12-13, men KFUM Ålesund greidde å hale i land dei to siste poenga.

3. settet er det ikkje mykje å skrive om. KFUM Volda fekk til det meste og formeleg feia Ålesund av bana med 15-3. I dette settet viste Volda mykje bra spel. 4. sett såg lenge ut til å skulle gå til Ålesund. Dei leia både 5-1 og 9-4 før Volda byrja å få spelet sitt til å gli. Frå å ligge under 4-9 gjekk laget rett i leiinga med 12-9. I siste del av denne fasen viste Volda-laget, som leid under saknet av Rune Humberset, bra spel.

Siste del av kampen vart dramatisk. Trenar Geir Humberset kom sjølv innpå på stillinga 14-11. Ålesund greidde å kutte ned til 14-13 og her stod kampen lenge og bikka utan at noko av laga greidde å få inn avgjerande ballar. Men betre kjemping av heimelaget avgjorde og 3-1 sigeren og dei to svært verdfulle poenga var eit faktum.



**— Vi greidde det vi skulle, sjølv om spelet ikkje var så godt sa ein nøgd Geir Humberset som sjølv kom innpå i sluttfasen av kampen.**

# Med tap er KFUM-Volda i faresonen

Torsdag kveld har KFUM-Ålesund sjansen til å trekke KFUM-Volda med seg til nedrykkingsstriden i herrenes 1. div. i volleyball. KFUM-Volda ligger a poeng med NTHI, og kjemper om vippeplassen mellom sluttspillgruppene. Kampen torsdag er derfor langt mer enn et prestisjeoppgjør mellom KFUM-Ålesund og KFUM-Volda. I sesongens første møte mellom disse to lagene i Fagerlihallen gikk Ålesund av med seieren 3–1. KFUM-Volda bør ikke tape enda en gang dersom de har ambisjoner om plass blant de fire første.

NTHI, som er konkurrenten til KFUM-Volda om sluttspillplassen, har fordelen av hjemmebane i alle sine tre siste kamper. Møtet med KFUM-Volda 31. januar kan avklare serien. Taper voldingene torsdag mot KFUM-Ålesund og mot NTHI i Trondheim spøker det alvorlig for KFUM-Volda. Mot Tromsø og KFUM-Oslo er det ikke realistisk å tro på seier for voldingene.

NTHI skal foruten KFUM-Volda også møte KFUM-Ålesund og Hellerasten hjemme. NTHI er langt fra sjanseløse i disse kampene.

Konklusjonen på dette bør for KFUM-Volda være grei. Ålesunds-guttene bør sendes hjem med tap fortest mulig.

(97)

# Volda vant!

**KAMPFAKTA**

**1. divisjon volleyball herrer: KFUM VOLDA-KFUM ÅLESUND 3-1. 15-10, 12-15, 15-3, 15-13. Dommere: Trond Skarbøvik og Arne Remvik.**

**Det ble en poengløs Volda-tur for KFUM Ålesund i går. KFUM Volda var minst dårlige i lokaloppgjøret mellom fylkets to 1. divisjonslag i volleyball for herrer. To jevne og nokså uinteressante åpningssett viste hvorfor KFUM Volda ikke befinner seg i toppen av 1. divisjonstabellen. Vi skjønner også godt hvorfor Ålesund er så godt som ute av bildet i norsk toppvolleyball for øyeblikket.**

Først da Volda våknet og vant tredje sett så klart som 15-3 ble det liv i kampen. Før det hadde lagene mer fått poeng for motstandernes feil enn ved eget godt spill. Typisk for perioden var smasher som gikk utenfor, ukonsentrerte opplegg og dårlig samspill innad i lagene.

I det andre settet som Ålesund vant, klarte gjestene i stor grad å blokkere Volda ved nettet. Dette ga uttelling og selv om laget fikk en baksmell etter å ha tatt en 5-0 ledelse, klarte de å ro i land settet med 15-12. Framme ved nettet var i denne perioden Ola og Per Åge Fagerslett gode. Geir Tanstad både servet og spilte godt.

Tredje sett ble en parademarsj for KFUM Volda. Ålesund klarte ikke å følge opp det brukbare spillet laget hadde prestert minutter før. Det ble i det hele en lett 15-3 seier i settet til Volda. Kampens positive beholdning ble det siste settet. Det så lenge ut til at Ålesund skulle klare å snu oppgjøret. De var oppe i en 9-4 ledelse før vertslaget fant ut at noe måtte gjøres. Hele Volda-laget begynte å kjempe om hver ball, og oppleggene endte ofte i gode smasher — særlig av Lars Petter Eggesbø og unge Erling Bjørn Sørensen. Imidlertid fant KFUM Ålesund igjen kampviljen og det ble en spennende settavslutning.

Volda satte inn Geir Humberseth for første gang i kampen etter å ha stått og stanget fra stillingen 13-9 til 13-12 i egen favør. Og dermed var det gjort — hjemmelaget vant 15-13.

Det var samspillet det skortet på for begge lag i store perioder. KFUM Volda led ganske sikkert av at Rune Humberseth måtte melde forfall på kort varsel på grunn av hekseskudd. KFUM Ålesund er for ujevnt besatt. En mann av Geir Tanstads format er ikke nok til å holde 1. divisjonsnivå i volleyball.

EJ.



*KFUM Ålesund (mørke drakter) forsøker å finne åpning i Voldamuren, men det lyktes for sjelden i Voldahallen i går.*

## Volleyball

Oslo (NTB): 1. divisjon volleyball:

Damer:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sandnes — Porsgrunn | | | 0-3 |
| Sortland — BSI | | | 3-2 |
| Oslo VBK — Bergkameratene 3-1 | | | |
| Ålesund — BSI | | | 2-3 |
| Tambarskjelvar | 11 | 29-16 | 18 |
| BSI | 9 | 23-11 | 14 |
| Sortland | 10 | 22-17 | 12 |
| Oslo VBK | 11 | 24-22 | 12 |
| Porsgrunn | 11 | 22-21 | 12 |
| Bergkameratene | 9 | 15-21 | 6 |
| Sandnes | 10 | 13-26 | 4 |
| Ålesund | 11 | 17-31 | 4 |

Herrer:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Førde — KFUM-Volda | | | 2-3 |
| Førde — BK Tromsø | | | 1-3 |
| Sandnes — BK Tromsø | | | 0-3 |
| BK Tromsø | 11 | 31-10 | 18 |
| Hellerasten | 10 | 27-16 | 14 |
| KFUM-Oslo | 10 | 27-18 | 14 |
| KFUM-Volda | 10 | 20-22 | 10 |
| NTHI | 11 | 17-24 | 10 |
| Førde | 10 | 20-24 | 8 |
| Sandnes | 11 | 15-26 | 6 |
| KFUM-Ålesund | 9 | 8-25 | 2 |

VOLLEYBALL

# Tambarskjelvar til topps i 4. divisjon.

Med 3-0 siger over Svelgen har Tambarskjelvar gått til topps i herrane sin 4. divisjon.

I damene sin 2. divisjon har vi trekt ut Spjelkavik sine kampar, utan at dette har ført til endringar i tabellen. Ein merkar seg elles at herrelaget til KFUM Måløy slo Hessa i Måløy. Dette er Hessa sitt andre nederlag på ei veke, og når Nessegutten samstundes tapte for Nidaros, har Ålesund betra sine sjansar til seriemeisterskap monaleg.

**D2:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Vinne—Lagopus | | | | 3-2 |
| Sverresborg—Lagopus | | | | 3-0 |
| Sverresborg | 8 | 8-0 | 24- 3 | 16 |
| Førde | 6 | 5-1 | 17- 5 | 10 |
| Vinne | 7 | 5-2 | 16-12 | 10 |
| Lagopus | 7 | 4-5 | 16-17 | 8 |
| Hareid | 7 | 2-5 | 11-17 | 4 |
| KFUM Måløy | 8 | 2-6 | 6-19 | 4 |
| Valder | 7 | 0-7 | 4-21 | 0 |

**H2:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Nessegutten—Nidaros | | | | 2-3 |
| Åsheim—Kristiansund | | | | 3-0 |
| KFUM Måløy—Hessa | | | | 3-1 |
| Ålesund | 8 | 7-1 | 23- 5 | 14 |
| Nessegutten | 8 | 6-2 | 20-12 | 12 |
| Hessa | 10 | 6-4 | 22-17 | 12 |
| Nidaros | 9 | 5-4 | 19-16 | 10 |
| Hornindal | 8 | 4-4 | 13-16 | 8 |
| Åsheim | 9 | 3-6 | 15-19 | 6 |
| Kristiansund | 8 | 2-6 | 8-21 | 4 |
| KFUM Måløy | 10 | 2-8 | 13-27 | 4 |

**D3:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sogndal—Hornindal | | | | 3-0 |
| Svelgen—KFUM Sandane | | | | 3-2 |
| Breim—Tambarskjelvar | | | | 3-0 |
| Jotun—Hornindal | | | | 3-1 |
| Sogndal | 7 | 7-0 | 21- 1 | 14 |
| Sande | 9 | 6-3 | 20-12 | 12 |
| Breim | 7 | 5-2 | 16-10 | 10 |
| KFUM Sandane | 6 | 4-2 | 14-11 | 8 |
| Svelgen | 8 | 3-5 | 15-17 | 6 |
| Jotun | 6 | 2-4 | 7-15 | 4 |
| Tambarskjelvar | 8 | 2-6 | 10-21 | 4 |
| Hornindal | 9 | 1-8 | 8-24 | 2 |

**H3:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Førde—KFUM Sandane | | | | 3-0 |
| Vik—Svelgen | | | | 1-3 |
| Sande—Eid | | | | 3-1 |
| Sogndal—Svelgen | | | | 0-3 |
| Pil—Eid | | | | 1-3 |
| Svelgen | 8 | 7-1 | 22- 5 | 14 |
| Eid | 9 | 6-3 | 21-13 | 12 |
| **Førde** | **8** | **6-2** | **19-13** | **12** |
| Sande | 7 | 5-2 | 17-10 | 10 |
| Vik | 8 | 4-4 | 17-13 | 8 |
| Pil | 8 | 2-6 | 11-19 | 4 |
| Sogndal | 8 | 2-6 | 8-21 | 4 |
| KFUM Sandane | 8 | 0-8 | 3-24 | 0 |

**D4:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Eid—Sogndal | | | | 3-1 |
| Sogndal—Eid | | | | 2-3 |
| Høyang | 5 | 5-0 | 15- 5 | 10 |
| Eid | 4 | 3-1 | 10- 7 | 6 |
| Dale | 4 | 2-2 | 8- 9 | 4 |
| **Sogndal** | **6** | **1-5** | **9-16** | **2** |
| Tambarskjelvar | 5 | 1-4 | 7-12 | 2 |

**H4:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar | 5 | 5-0 | 15- 3 | 10 |
| Breim | 6 | 5-1 | 16- 8 | 10 |
| Svelgen | 5 | 2-3 | 9- 9 | 4 |
| Dale | 4 | 2-2 | 7- 7 | 4 |
| Jotun | 6 | 1-5 | 7-16 | 2 |
| Sogndal | 4 | 0-4 | 1-12 | 0 |

Skjebne-veke for Førde VBK —

# Møter KFUM Volda i Førdehuset i dag.

**Kampen heilt avgjerande for plass i sluttspelet.**

Førde VBK innleiar si skjebneveke i dag med kamp mot KFUM Volda i Førdehuset. Laurdag møter dei serieleiaren Tromsø. Begge kampane vil bety mykje i kampen om plass i sluttspelet.

Inge Andersen i Førde VBK opplyser til Firda at Førde alltid har vanskar med Volda, som er eit teknisk godt lag utan dei store stjernene på laget. Men med spel opp mot sitt beste, vil Førde kunne slå dei. Førdespelarane er litt usikre på seg sjølve då det er lenge sidan laget har spelt seriekampar. Sunnmøringane spelte godt mot KFUM Oslo sist helg og møter nok breiddfulle av sjølvtillit.

Inge Andersen vonar at samspelet i laget til Førde vil fungere, og ser dette som eit av dei store spenningsmomenta i kampen. Han vonar at publikum vil slutte godt opp om kampen. Mykje publikum er ei uvurderleg støtte, og kan bli avgjerande for ein eventuell plass i sluttspelet, seier han.

98

VOLLEYBALL

***Trass i godt Førde-spel:***

# Serieleiarane vart for sterke.



Tromsø imponerte med gode servemottak det meste av kampen. Her tre av laget sine fire landslagsspelarar, Ulf E. Johansen (1), Svein Arild Jacobsen (i mottak) og Eirik Lohne (junior, nr. 4).

**Førde – Tromsø 1-3**
**(17-19, 15-13, 4-15, 11-15).**

Tromsø måtte jobbe hardt for sigeren mot eit kjempande og velspelande Førde-lag som trong siger for å nå sluttspelet. Eit fantastisk førstesett på 40 minutt vart på mange måtar avgjerande for det endelege utfallet av kampen. Etter i alt ni settballar laut heimelaget sjå gjestene ta settet 19-17 på sin første settball. Med Førdespelarane viste stor styrke ved å vinne 2. settet.

Førde varta opp med festspel, det låg fleire hakk over det laget viste i onsdagens kamp mot Volda. Laget jobba godt i alle ledd i periodar. Skal ein setje fingeren på noko, må det vere servemottaka som til tider var dårlege. Men dette skuldast like mykje glimrande serving frå Tromsø-laget, som viste seg som eit teknisk betre lag enn Førde. Men innsatsviljen i heimelaget kunne lett påført serieleiaren eit nederlag.

**Etter å ha lege under 3-8 i første** sett fekk heimelaget tak på servane, og pressa Tromsø-laget tilbake på bana. Dette resulterte i mange personlege feil hos gjestene, og gav rom for gode mottak hos heimelaget, som slo inn fleire smashar i midten. På stillinga 13-10 til Førde gjekk lufta ut av spelarane, Tromsø kom til med sine harde kantsmashar og fekk kontakt på a-13. Etter 9 settballar til heimelaget greidde Tromsø med godt, og ikkje minst heldig forsvarsarbeid å ta settet 19-17 på sin første sett-ball.

laget, og Tromsø fekk boltre seg fritt. Førde sitt spel må vel sjåast som reaksjon på 1. settet. Det overraskande var at den ikkje kom

I andre sett gjekk spelet mykje i bølgjer. Begge lag hadde sine dårlege periodar. Heimelaget hadde store problem å demme opp for Tromsø sine angrep frå kant, og gjestene var oppe i 8-3, før kampen skifta karakter. Førde greidde igjen å presse gjestene med god serving, dei jobba godt i forsvar og opplegga sat som dei skulle. Dette gode spelet heldt til stillinga 13-10 til heimelaget, då Tromsø igjen fekk til servemottaka og utlikna til a-13. Men Førde-spelarane sin vilje til å vinne dette settet vart avgjerande, og til ellevill jubel og trampeklapp frå tribuna vann dei settet 15-13.

Etter dei to dramatiske setta vart 3. settet reine antiklimaks. Dei vel 250 på tribunane vart vitne til at ingen ting lukkast for heime-

# BSI-damene på vei opp av bølgedalen

AV PER-INGE HJERTAKER

**BSI-damene skal til Sandnes i helgen og møter et hjemmelag i akutt poengnød. Suveren seier over Tambarskjelvar har gitt Bergens-laget fornyet selvtillit, og grunnseriens nest siste kamp burde gi klar seier til BSI. Førde og Tambarskjelvar skal henholdsvis til Oslo og Sortland. Sterke hjemmelag kan gi et magert poengutbytte for Sunnfjord-lagene.**

**Volleyball**

BSI-damene er i skuddet igjen etter seier over sesongens «slager» i dameklassen. Tambarskjelvar har toppet tabellen det meste av debutsesongen i 1. divisjon, men etter serietap mot Bergkameratene er det ting som tyder på sviktende formkurve. Inntrykket ble ytterligere forsterket med tap for BSI i cupen. Bergenslaget er dermed på offensiven og har også overtatt ledelsen på tabellen.

I helgen står Sandnes for tur. Dette laget skifter fra det helt begredelige til strålende og innsatsfylt volleyballspill, og ingen vet når de slår til. Uansett burde BSI nå være så sterke at selv ikke et opplagt hjemmelag kan stikke kjepper i Bergens-hjulene.

**Hjemme-jubel**

Tambarskjelvar skal ut på langtur. Sortland er målet, et mål som har vist seg å ligge i det fjerne på mange måter denne sesongen. Det ene topplaget etter det andre er kommet slitne fram etter en lang og strabasiøs tur, og alle forhåpninger om poeng er brutalt blitt knust til enorm jubel fra fem hundre elleville nordlandspatrioter. Mye tyder på at Naustdal-jentene får den samme behandlingen. Med full pott på hjemmebane kan Sortland seile opp som en farlig outsider i sluttspillet som begynner i Bergen første helgen i mars.

I herreklassen skal Førde til hovedstaden og møte to av kandidatene til seriegullet. Selv om Førde slo Hellerasten i høstoppgjøret, tvler vi på at det ligger poeng i luften mot ambisiøse Oslo-gutter.

Heller ikke KFUM/Oslo er å spøke med for tiden. KFUM-erne har i det siste slått til med seier over Tromsø-laget som holdt på å slå et av Europas beste klubblag i E-cupen. Det er dermed lite som skulle tilsi hardt tiltrengte Førdepoeng denne helgen.



Oppoverbakke for Eli Bakken og lag-venninnene hennes i BSI

VOLLEYBALL

# Nye 1. divisjonskampar i Førdehuset gjev håp

## om sluttspelplassar for Sunnfjord-laga.

Porsgrunn fekk sist helg bank av framstormande Sortland, og lettare vert ikkje oppgåva komande helg når dei vitjar topplaga BSI og Tambarskjelvar. Porsgrunn kan vise til ein fjerdeplass i fjorårets 1. divisjon og til to tredjeplassar i NM dei siste åra. Også i år vil dei vere med og kjempe om ein plass i sluttspelet. Deira sterkaste våpen er rutine og svært god rekkevidde. Nest yngst og høgst er Gunn Garvik (21 år og 1,78) med 11 landskampar før sesongstart. For å hindre ho og dei andre høge spelarane i å kome til nett, må motstandaren presse dei i serve og angrep, noko Tambarskjelvar makta i det første møtet som enda 3-1. Vi trur Naustdal-jentene klarer det nok ein gong og held sin posisjon øvst på tabellen. Bak dei jagar BSI og Oslo som begge tar poeng i helga etter våre tips.

Også Førde har heimekamp i denne runda. Oppgjeret mot NTHI kan bli ein nøkkelkamp, for nettopp studentane frå Trondheim kjempar med Førde om ein av dei siste plassane i sluttspelet. Dersom Sandnes vinn heimekampen mot NTHI laurdag, kan sundagens oppgjer i Førdehuset få svært så varierte resultat for Førdeklubben. Med siger overt NTHI vil Førde avansere til fjerdeplass bak KFUM Oslo, men før KFUM Volda. Med tap vil Førde hamne nest nederst på tabellen berre med botnlaget frå Ålesund bak seg. Etter NTHI sitt 0-3 tap for Tromsø, ser sjansane for Førdesiger bra ut, men studentlaget har vist fin utvikling denne sesongen. Laget er utan desiderte einarar, og når lagsamarbeidet fungerer, kan dei slå kven som helst. Førde har hatt eit visst tak på NTHI, men dette kan også slå negativt ut, og dessutan har heimelaget no ikkje spelt seriekamp på tre veker og er usikre på kvar dei står etter 2-3 tapet for Sandnes. Vi trur likevel heimepublikum vil få sjå Førde-gutane kjempe seg fram til siger.

I 2. divisjon skal KFUM Måløy sine damer og herrar ut i nye bortekampar. Dette er faktisk deira siste kampar på bortebane denne sesongen når ein ser bort frå lokaloppgjera mot Hornindal og Førde, og attende står Måløy-laga med fire heimekamper kvar. Så kanskje går det mot lysare tider etter nyttår, men komande helg vert det heller skralt med poeng. Damene møter Lagopus og Hareid, medan herrane skal til Trondheim og spele mot Åsheim og Nidaros. I haust enda alle desse kampane 0-3 og det er vel berre Hareid gjestene kan kome på talefot med.

Sverresborg-damene burde ikkje ha problem med å hente 4 poeng på Sunnmøre der motstandarar er Spjelkavik og Valder. Derimot vert det eit interessant toppoppgjer i herreserien når Hessa og Ålesund møtest. Begge desse laga har 12 poeng og det første møtet enda med Hessa-siger 3-2.

Toppkamp vert det også i 3. divisjon damer. Heimelaget Sande toppar tabellen, men gjestene frå Sogndal er framleis utan tap på fire kampar. Etter sigeren over Sande i Sogndal, er nok gjestene på nytt favoritt. Spennande vert det også i herrekampen mellom Vik og Førde, som begge står med 8 poeng på seks kampar. Vik har favorittstempelet på grunn av heimebane. Heimesiger tippar vi også i kampen Eid-Pil.

Høyang-Dale møttest i damer 4. divisjon i slutten av november. Då vann heimelaget 3-0 og kommande helg er det sett opp returoppgjer i Dale — med sogningane som favoritt. Dale har heimekamp også i herreserien, der det går i retning av Tambarskjelvar sin femte strake siger. Svelgen er knepen favoritt heime mot Breim, medan vi trur Sogndal vinn botnoppgjeret mot Jotun.

### Askvoll, Førde og Tambarskjelvar

**i innleiande kampar i gute- og jentemeisterskapen.**

Etter 1. divisjonskampen mellom Førde og NTHI sundag, vert det i Førdehuset spelt innleiande kampar i gute- og jentemeisterskapen. Det er venta at fem lag vil stille i desse kvalifiseringskampane. Gutelaga kjem frå Førde (2) og Askvoll, medan Tambarskjelvar (2), Askvoll og Førde stiller jentelag. Til krinsfinalen i Førdehuset 16. januar går dei to beste jentelaga og det vinnande gutelaget.

### Nytt 2-3 tap for Hellerasten.

Hellerasten fekk onsdag kveld sitt tredje 2-3 tap på mindre enn ein månad. Etter å ha tapt for Førde og Tromsø, måtte Kolbotnlaget sjå slaget tapt også mot KFUM Oslo etter å ha vunne første og fjerde sett. Det var til dels jamne sett og Oslo-laget heldt på å avgjere kampen på stillinga a-13 i fjerde sett, men heimelaget rodde settet i land. Kanskje dette gav ein reaksjon i avgjerande sett, då gjestene straks tok leiinga 9-0.

**H1:**

Hellerasten—KFUM Oslo 2-3

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tromsø | 8 | 7-1 | 23- 6 | 14 |
| Hellerasten | 8 | 5-3 | 21-13 | 10 |
| KFUM Oslo | 8 | 5-3 | 21-16 | 10 |
| KFUM Volda | 8 | 4-4 | 15-17 | 8 |
| NTHI | 8 | 4-4 | 12-18 | 8 |
| Førde | 7 | 3-4 | 14-16 | 6 |
| Sandnes | 9 | 3-6 | 15-20 | 6 |
| KFUM Ålesund | 8 | 1-7 | 7-22 | 2 |

**D1:**
12/12 Tambarskj.-Porsgrunn
13/12 BSI-Porsgrunn
Sandnes-Oslo

**H1:**
12/12 Sandnes-NTHI
13/12 Førde-NTHI

**D2:**
12/12 Lagopus-KFUM Måløy
Spjelkavik-Sverresborg
13/12 Valder-Sverresborg
Hareid-KFUM Måløy

**H2:**
12/12 Hessa-Ålesund
Åsheim-KFUM Måløy
13/12 Nidaros-KFUM Måløy

**D3:**
12/12 Sande-Sogndal

**H3:**
12/12 Vik-Førde
13/12 Eid-Pil

**D4:**
13/12 Dale-Høyang

**H4:**
12/12 Sogndal-Jotun
13/12 Svelgen-Breim
Dale-Tambarskjelvar

VOLLEYBALL

**Krinscupfinalen:**

# Tambarskjelvar og Førde klare favorittar.



**Dei to leiande laga i dameklassen, Tambarskjelvar og Førde, møtest alt i innleiande rundar i Firdahallen laurdag. Førde-laget, her representert ved Iris Loftheim, vil venteleg få store problem mot Gunvor Aase & co.**

Førstkomande laurdag vert krinsfinalane i Norgescupen avvikla på Sandane med KFUM Sandane som arrangør. I alt 8 damelag og 8 herrelag har kvalifisert seg til finalane etter dei innleiande rundene. Vinnarane i krinsfinalen går vidare til Distriktsfinalen som vert avvikla i Hordaland 6.-7. februar.

Turneringa har to klare favorittar. Det skal vel godt gjerast at nokon kan slå 1. divisjonslaga Tambarskjelvar og Førde i dame- og herreklassa. Men nivået i volleyball er godt her i fylket, så ein kan sjå fram til interessante kampar i Firdahallen laurdag.

Det vert spelt innleiande runder, der kvar klasse er delt inn i to puljer. Vinnarane av pulje A skal deretter spele mot toar i pulje B. Toar i pulje A spelar mot vinnar i pulje B. Vinnarane av desse kampane spelar så finale.

Trekninga har gjeve denne puljesamansetjinga:

**Damer**

**Pulje A:** Tambarskjelvar I, Førde, KFUM Måløy, KFUM Sandane I.

**Pulje B:** Tambarskjelvar II, Sogndal, KFUM Sandane II, Hornindal.

**Herrar**

**Pulje A:** Førde, KFUM Måløy, Sogndal, Svelgen.

**Pulje B:** Hornindal, Sande, Tambarskjelvar, Eid.

# BSI- hegemoniet vakler, dame-tap

(100)

AV PER INGE HJERTAKER

**De tre siste års suverene seriemester i dameklassen har hatt for vane å tape bare en kamp i sesongen. Denne sesongen ser det derimot ut til at BSI-damene får større problemer med å forsvare mesterskapene.**

**Volleyball**

I helgen tapte laget nemlig sin andre kamp for sesongen, og lag som Tambarskjelvar og Oslo VBK øyner nå sjansen til å vippe BSI av volleyballtronen. Poeng ble det likevel på BSI denne helgen. Søndag slo laget Ålesund i en heller svak kamp.

Norsk damevolleyball er atskillig bedre enn sitt rykte. Vi våger denne påstanden etter at BSI denne helgen måtte bite i gresset for Sortland i damenes 1. divisjon. Bergenslaget er like godt besatt i år som de tre tidligere gull-årene. Spillere som Inger Gundersen og Marita Hjelmeland gir laget tyngde i angrep, og trener Torbjørn Alme disponerer ellers over et spillermateriell som er uten svake punkter.

At BSI nå tapte sin andre kamp for sesongen er bare et utslag av at de andre lagene er blitt bedre. Spillerne er fremfor alt mye bedre trent, og dette gir ikke lenger BSI fordel i serve. Tidligere vant BSI mye på hardere og bedre server. Nå har de andre lagene utliknet dette, og dermed har BSI-spillerne sin fulle hyre i mottak. Dette var et gjennomgående trekk i kampen lørdag.

En fullsatt Sortlandshall ble vitne til at hjemmelaget presset BSI voldsomt i serven. Gjestene fikk ikke tilstrekkelig ro til å bygge opp sine fryktete midtangrep, og Sortland hadde overtaket i kampen. Samspillet led som vi antydet før helgen av en altfor lang juleferie, og Sortland kunne innkassere de to første settene uten alt for store problemer. Publikum øynet da en sensasjonell utklassings-seier til sine favoritter, men BSI klarte å ro i land en knepen gevinst i tredje sett.

Dette settet ble svært spennende. Et aggressivt Sortlands-angrep presset Bergensjentene til å ta ut sitt ypperste for å berge settet, og gi kampen fornyet spenning. Det virket som luften gikk fullstendig ut av hjemmelaget etter den voldsomme kjempingen i tredje sett. BSI fikk gjøre som de ville i fjerde og de fleste regnet vel da med at Sortland hadde gjort sitt, og gitt opp håpet om å slå mesterlaget.

Vi vet ikke hva trener Ole Petter Bergland hvisket i Sortlands-ører før avgjørende sett, men det hadde i et hvert fall enorm virkning. Hjemmelaget tok fullstendig luven fra Bergens-jentene med knallharde server og velplasserte dipper. BSI så ut til å være helt paralysert. Spillerne begynte å trekke seg både i serve og angrep, og hadde ingen mulighet til å forhindre at Anita Nilsen & Co. til enorm jubel innkasserte sin første seier over storfavorittene fra Bergen.

## Seier i Ålesund

Ålesund-BSI 2-3 (12-15, 15-13, 15-10, 13-15, 10-15).

Det var et tydelig slitent BSI-lag som kom på banen i søndagens kamp mot Ålesund. Den lange og strabasiøse reisen til Sortland hadde tatt på spillerne, og det var ikke rare konsentrasjonen som ble lagt for dagen i dette oppgjøret mot en av nedrykningskandidatene i damenes 1. divisjon. Rammen om kampen var heller ikke den aller beste. I Sortland hadde Bergenslaget spilt for over 500 tilskuere, mens bare om lag 50 Ålesundere hadde funnet det bryet verd å ta ferden til Fagerlihallen.

Det ble heller ikke det store spillet i denne kampen. BSI var preget av usikkerhet etter tapet mot Sortland, og kom vel ikke til hektene før i de to siste settene. Da viste laget imidlertid litt av sitt gamle angrepsspill, og lot aldri motstanderen få initiativet. Kampen under ett ble likevel for mye preget av dårlig serving og svakt forsvarsarbeid.

## Førde sjanseløs

Førde VBK-BK Tromsø 1-3

Førde hadde som ventet lite å hente mot serieleder Tromsø i herrenes 1. divisjon lørdag. Hjemmelaget hadde tapt på forhånd, og dette preget et oppgjør der Tromsø stort sett fikk gjøre som de ville. Bare i ett sett var Førdeguttene med på notene. Etter å ha sikret seg settseier virket det imidlertid som om hjemmelaget var fornøyd med dagens innsats, og ga fra seg initiativet og seieren til gjestene fra nord.

VOLLEYBALL

# Tambarskjelvar sleit for 2 poeng.

Tambarskjelvar kom heim med to poeng etter å ha møtt Oslo og Sandnes denne helga. Det vart 2-3 tap mot Oslo medan dei vann 3-2 mot Sandnes.

**Oslo – Tambarskjelvar 3-2**
**15-9, 10-15, 15-11, 10-15, 15-6.**

Kampen var god, med fin volleyball frå begge lag. Tambarskjelvar hadde problem med å presse Oslo-laget i serve, og vertane klarte dermed å kome til nettet, og med si store rekkevidde avgjorde dei kampen. Det var ein hard kamp som varde i 1 time og 40 minutt. Tambarskjelvar miste litt trua på seg sjølv då dei ikkje greidde å møte kantsmasharane til Oslo. Dei slo over blokk, som resultat av at Tambarskjelvar ikkje greidde å presse Oslo tilbake på bana. Tambarskjelvar var for snille i serv.

Oslo var den jamnaste poengplukkaren, gjennom harde og gode smashar. Hos Oslo utmerka den nye danske kantsmasharen, Dorthe Svenningsen seg, og den nye oppleggaren Liv Karin Husabø, spelte også svært godt. Dette gjorde at Oslo-laget var jamnare besett enn tidlegare. Hos Tambarskjelvar spelte Venke Andal ein god kamp. Laginnsatsen til Oslo avgjorde kampen. Tambarskjelvar vert for små i blokk når motstandaren kjem til nett, og med så gode angrep blir det gjort ein del personlege feil. Stort sett ein bra kamp.

Første settet var jamt til 9-11, men då drog Oslo ifrå litt etter kvart og kom til 15. 2. settet starta Tambarskjelvar friskt og var i 12-0 før Oslo fekk spelet til å gli. Men spelet jamna seg ut mot slutten og Tambarskjelvar vann til slutt 15-10. 3. settet var også jamt til 9-11, og det same skjedde som i første sett, og heimelaget vann 15-11. 4. sett var Tambarskjelvar flinkare å presse i serve og plukka eitt og eitt poeng og vann 15-10. I 5. og avgjerande sett hadde gjestene lite å stille opp mot det velspelande Oslo-laget, og Naustdalsjentene tapte 6-15.



Som venta møtte Tambarskjelvar store problem i kampen mot Oslo. Heimelaget vart for sterke i ein jamn kamp, der gjestene hadde problem med å overvinne Oslo-spelarane si større rekkevidde. Vi ser Venke Andal slå i Oslo-blokka, medan Gunnvor Aase og Randi Standal sikrar.

Hos Tambarskjelvar spelte Venke Andal ein god kamp, på eit Tambarskjelvarlag som viste fint spel trass i nederlaget.

**Sandnes – Tambarskjelvar 2-3**
**10-15, 13-15, 15-12, 15-9, 8-15.**

Sandnes viste seg som eit heilt anna lag enn det dei viste i Førdehuset. Laget blokka ypparleg og jobba godt i forsvar. Dei makta å kjempe gjestene ut av stilen, og sjølv om Tambarskjelvar var eit betre lag hadde dei store problem med det kjempande Sandneslaget. Erna Viken spelte ein stor kamp for Tambarskjelvar og vippa kampen over til Tambarskjelvar sin favør. Hos Sandnes spelte oppleggaren Gro Wigeland ein god kamp.

Første sett gjekk greitt til gjestene. I andre fekk Sandnes betalt for kjempinga. Tambarskjelvarjentene merka den harde kampen frå laurdagen, men halte settsigeren i land. I 3. sett vart gjestene regelrett kjempa av bana. I 4. sett greidde ikkje oppleggarane til Tambarskjelvar å treffe smasharane samtidig som framlegga ikkje var dei beste.

I pausen før siste og avgjerande sett greidde gjestene å motivere seg. Dei innsåg at dei måtte kjempe for å få med seg 2 poeng heim til Naustdal, noko som gav utslag i 12-0 før Sandnes fekk orden på rekkene. Tambarskjelvar vann settet 15-8.

**D1:**

| | |
|---|---|
| Oslo – Tambarskjelvar | 3-2 |
| Porsgrunn – Ålesund | 3-2 |
| Sandnes – Tambarskjelvar | 2-3 |
| Bergkam. – Ålesund | 3-1 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar | 11 | 9-2 | 29-16 | 18 |
| BSI | 7 | 6-1 | 17- 6 | 12 |
| Sortland | 9 | 5-4 | 19-15 | 10 |
| Oslo | 10 | 5-5 | 21-21 | 10 |
| Porsgrunn | 10 | 5-5 | 20-22 | 10 |
| Bergkam. | 8 | 3-5 | 14-18 | 6 |
| Sandnes | 9 | 2-7 | 14-22 | 4 |
| KFUM Ålesund | 10 | 2-8 | 15-28 | 4 |

**H1:**

| | |
|---|---|
| Tromsø – KFUM Oslo | 2-[illegible] |
| KFUM Ålesund – Hellerasten | 1-[illegible] |
| KFUM Volda – Hellerasten | 2-[illegible] |
| NTHI – KFUM Oslo | 0-[illegible] |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tromsø | 9 | 7-2 | 25- 9 | 1[illegible] |
| Hellerasten | 10 | 7-3 | 27-16 | 1[illegible] |
| KFUM Oslo | 10 | 7-3 | 27-18 | 1[illegible] |
| NTHI | 11 | 5-6 | 17-24 | 1[illegible] |
| Førde | 8 | 4-4 | 17-18 | |
| KFUM Volda | 9 | 4-5 | 17-20 | |
| Sandnes | 10 | 3-7 | 15-23 | |
| KFUM Ålesund | 9 | 1-8 | 8-25 | |

*1. divisjon i volleyball:*

# Ujamt spel av KFUM-Volda gav siger til Hellerasten



Hellerasten-folka var ikkje lette å gjere noko med i slike situasjonar som dette. Laget har lange spelarar, som spratt opp og serverte knallharde, vanskelege smashar.

**KFUM Volda måtte sjå seg slegen med sluttresultatet 2-3 då laget møtte Hellerasten i ein hard og spanande volleyballkamp i Voldahallen sundag.**

**Ei stund såg det ut til at Voldalaget låg an til å vinne denne kampen, då 4. sett skulle ta til, hadde Volda vunne to av dei føregåande. Men nei. gjestelaget kom sterkt i dei to siste setta, og banka i periodar Volda-laget sønder og saman med jamnt, sikkert og solid spel, medan voldingane spela ustabilt og mindre samla.**

**Til dømes hadde Volda i 4. sett to og ein halv rotasjon utan å få eit einaste poeng, og i 5. sett vart laget ei lang, lang stund ståande på 7 poeng, medan Hellerasten grov seg oppover frå 3 til 13, og dermed ei solid leiing.**

**Truleg var Hellerasten sin styrke i blokk ei medverkande årsak til at dette laget strauk av med sigeren. Laget hadde også ei rad livsfårlege, lange spelarar, so lurte ved nettet som gjedda i sivet, til dei brått var i veret og serverte dundrande smashar det var vanskeleg eller umogleg å gjere noko med.**

**Kring 250 tilskodarar såg kampen.**

Fyrste settet gjekk til Hellerasten, med resultatet 7-15. Det verka som om Volda freista å finne ein måte å møte gjestelaget sin styrke i blokk på. Mellom anna hadde Volda langt meir innbyte av spelarar enn Hellerasten. Det verka prøvande, som om det leitte etter måtar til å kome i sig og kome på offensiven.

**TO STERKE SETT FOR VOLDA**

Volda opna sterkt i 2. sett, og opparbeidde seg ei 4-0 leiing over Hellerasten, før gjestane fekk samla seg og teke til å sanke poeng, dei også. Volda slapp likevel ikkje leiinga frå seg, og vann sett 15-9 etter 17 minutts spel.

Det var på mange måtar eit heilt anna Volda-lag ein såg på banen i dette settet enn i det føregåande. Det verka meir konsentrert, meir samspel, meir tent og inspirert.

3. sett var også eit velspelt sett frå Volda-laget si side, sjølv om Hellerasten no tydeleg skjerpa seg av alle krefter. Settet vart meir jamspelt enn det føregåande, og eit par gonger var gjestelaget oppe i leiinga. I den avgjerande fasen mot slutten av settet makta likevel Volda å halde nervane best under kontroll, og kunne gå til 4. sett med 2-1 leiing. Heimepublikumet tok no til å sjå ein Volda-siger teikne seg i det fjerne, og hoia entusiastisk på benkane.

**MEN SÅ...**

Det gjekk likevel ikkje som heimepublikumet vona. Volda fekk rett nok det fyrste poenget i 4. sett, men vart så ståande på dette gjennom to og ein halv rotasjon medan Hellerasten arbeidde seg oppover til 1 - 9 leiing. Spelet var meir ukonsentrert enn i dei to føregåande setta, og det kunne sjå ut som om Volda-spelarane hadde teke til å verte slitne. Gjestane vann settet med heile 6-15.

Då 5. og avgjerande sett tok til, hadde kvart lag vunne to sett, og utfallet av kampen var fullstendig uviss.

Ei stund såg det ut til at Volda skulle kopiere det friske andresettet. Laget gjekk rett opp i ei 3-0 leiing, heldt stand heilt til stillinga var 7-3. Men trass i eit entusiastisk heimepublikum, var det eit eller anna som no slo klikk. Hellerasten gjekk inn i ein sterk periode, åt opp heile Volda-forspranget, og hadde brått både leiinga 7-13 og taket på kampen. Trass i at Volda-laget kvikna litt til mot slutten, greidde ikkje laget å bryte rekka til gjestelaget. Hellerasten vann settet med resultatet 9-15, og dermed også kampen 2-3.

**IKKJE TIL Å SPØKE MED**

Hellerasten, som kjem frå Kolbotn, er eit lag som ikkje er til å spøke med i volleyball-samanheng. Sigeren laget vann i Voldahallen sundag var også fortent. Laget har den største spelarstallen nokon norsk volleyballklubb rår over, og vert i tillegg trena av landslagstrenaren, Harald Karlsen. Hellerasten har 4-5 landslagsfolk, samstundes som spelarstallen jamt over er av høg kvalitet. Det er også storvaksne folk, gjennomsnittshøgda på laget er kring 195 cm.

Trass i tapet, var det likevel mange positive takter å sjå hjå voldingane. I periodar var det futt og fart, godt samspel og fiffige kombinasjonar å sjå hjå Volda-spelarane. Skilnaden dei to laga i mellom såg fyrst og fremst ut til å vere at hellerasten spela jamnare og var sterkare i blokk.

# ÅVK-jentene kjempet forgjeves

ÅVK pådro seg dobbelttap i sin tur til Østlandet i helga, men jentene leverte en innsats som lover det aller beste for resten av sesongen.

Lørdag spilte de mot Porsgrunn og tapte 2–3. Men vår mann på kampen fortalte at aldri har han sett en slik spennende kamp. Ålesund vant første sett etter godt spill. Porsgrunn tente seg og dro av gårde med andre settet før Ålesund snappet sett nr. 3. Så var det Porsgrunns tur til å vinne, og det sto 2–2 og det måtte et femte sett til for å avgjøre kampen. Lagene fulgtes som skygger framover i settet helt til det sto 14–14. Da satte Porsgrunn «alle kluter til» og tok seieren.

Porsgrunns leder uttalte etter kampen at ÅVK var mye bedre nå enn i den forrige kampen de møttes. «Framgangen er stor», sa han.

Turen til Kongsberg endte også med tap, 1–3. Ålesund åpnet optimistisk og tok første sett. Etter 5–5 stakk ålesunderne fra. ÅVK begynte også best i det andre settet og ledet 5–0 og 8–2, ja, endog til 11–4. Men så satset heimelaget for fullt og vant settet 15–12.

| Vik | 11 | 6- 5 | 25-19 | 12 |
| Eid | 11 | 6- 5 | 25-19 | 12 |
| Sogndal | 12 | 4- 8 | 16-32 | 8 |
| Pil | 12 | 3- 9 | 17-30 | 6 |
| KFUM Sandane | 10 | 0-10 | 3-27 | 0 |



Inger Gundersen og Marita Hjelmeland var begge sentrale på eit rutinert BSI lag.

(111)

# BSI sin rutine avgjorde.



BSI hadde store problem å finne hol i Tambarskjelvar-blokka. Vi ser her Gunvor Aase (4) og Venke Andal i blokk. Marita Hjelmeland sikrar hos BSI.

**Tambarskjelvar – BSI 1-3**
**16-14, 12-15, 11-15, 14-16.**

BSI fekk to viktige poeng i ein kamp der Tambarskjelvar så absolutt var med på notane. Under kampen i Førdehuset laurdag viste begge lag ypperleg serving. Heimelaget satsa maksimalt på å presse BSI på serven, og lukkast med det i store deler av kampen. Men i periodar då laget vart pressa resulterte det i litt for mange feilservar. BSI vann kampen på si store ro, laget jobba roleg og sikkert sjølv i motgang, og deira maskinmessige spel vart til slutt avgjerande for utfallet av kampen.

Tambarskjelvar kunne lett ha avgjort kampen til sin fordel. Men på stillinga 9-3 i 4. sett gløymde heimelaget å spele volleyball, medan BSI makta å halde roa i laget og utlikna til a-9, og då var slaget i realiteten tapt for naustdals-jentene.

Lagleiar hos Tambarskjelvar, Atle Øen, sa seg bra nøgd med kampen, taktikken var å presse BSI med harde servar og halde dei borte frå nettet. — Dette lukkast i store periodar, men det verkar som sigersgnisten er gått ut av laget, seier Øen. Han meinte at Tambarskjelvar ville ha vunne dette oppgjeret med den innstillinga som var i laget føre jul. Men han slo fast at Tambarskjelvar no hadde vist at laget kan spele jamnt mot dei beste laga, og ser fram til eit dramatisk sluttspel.

Tambarskjelvar gjekk hardt ut i oppgjeret mot BSI. Med ypperleg serving pressa dei motstandaren til upresise mottak alt i byrjinga på første sett, og laget var oppe i 8-4 leiing før Inger Gundersen serva inn 3 poeng til Bergenslaget. Men Naustdals-jentene avviste og gjekk i 14-8 leiing før konsentrasjonen svikta. Laget hadde fleire feilservar og samarbeidet i laget fungerte ikkje godt nok. Dette gav rom for BSI, og laget fekk kontakt på a-14, før heimelaget igjen fekk orden på sine rekker og vann settet 16-14.

2. sett opna med tafatt spel hos heimelaget. BSI serva glimrande og fekk 3-0 leiing før Gunnvor Aase serva inn 4 strake poeng. I denne perioden hadde Tambarskjelvar klart taket på kampen, og med godt arbeid i blokk og varierande angrepsspel utspelte dei BSI og kom i 9-6 leiing. Men då kom BSI maskina i gang, og med sitt rolege og kontante spel pressa dei Tambarskjelvar tilbake på bana. Tambarskjelvar svarde på nytt og fekk kontakt igjen på a-11 og a-12. I dei hektiske sluttminutta var BSI heldigast med avslutningane og vann settet 15-12.

I 3. sett var BSI klart dominerande. Laget spelte ikkje godt, men med rutinert og roleg spel tok dei 11-5 leiing over det stilleståande heimelaget. Men nok ein gong vakna dei, og med godt og variert spel pressa dei BSI tilbake på bana og fekk kontakt på 11-12, før gjestene igjen drog frå og vann settet 15-11.

Tambarskjelvar opna offensivt i 4. sett. BSI hadde tydeleg problem i mottak. Gode servar og overraskande dippar gjorde at heimelaget kom i 9-3 leiing, før konsentrasjonen svikta og BSI kom til nett. Sakte men sikkert innhenta dei leiinga, og gjekk i 12-9. Men igjen vakna Tambarskjelvar og med god kjemping i alle deler i laget fekk dei kontakt på a-12. BSI fekk matchball på 14-12, men to gode og overraskande dippar gav heimelaget a-14. BSI fekk ny matchball på 15-14, og tok heim settsigeren 16-14.

Kampen vart aldri god. Begge lag satsa på harde og vanskelege servar som resulterte i korte slagvekslingar, tilfeldig oppbygde angrep og mange serveskifte. Men kampen hadde heile tida nerve, og dei vel hundre tilskodarane fekk full valuta for pengane, og gav uttrykk for det med trampeklapp og jubel når heimelaget var i medgang.



Tambarskjelvar lukkast i store delar av kampen å presse BSI med harde og vanskelege servar. Her Gunnvor Aase i serve.

# Trenerkrise i volleyballens hovedserie

Av ERIK UNAAS

**Trenermangelen i norsk volleyball er prekær. Kun et av 1. divisjonslagene på herresiden har til nå klart å skaffe seg trener — enda det snart er gått tre måneder siden serien ble avsluttet. Hos damene ser det noe bedre ut, men det skyldes ene og alene at de fleste tidligere trenerne motvillig har latt seg presse til å fortsette. Alternativet har som regel vært å la sitt gamle lag stå igjen uten instruktør.**

På forbundstinget nylig ble alvoret til stadighet påpekt, men det vil ta mange år å få fram en ny trenergenerasjon. I mellomtida har flere lag, blant dem BK Tromsø, tenkt å se seg om etter utenlandske kandidater, men uten hell så langt.

Hva skyldes denne situasjonen?

Først og fremst den vekst både i bredde og kvalitet denne unge idretten har hatt. Forbundet har ikke klart å følge opp sine gamle trenere etter hvert som nivået har steget. Dessuten er de fleste utøverne unge og vil heller spille selv enn å ta på seg treneroppgaver. Økonomien er neppe årsaken, de fleste klubber har like mye midler som håndball- og fotballklubbene har. Slik ligger det an hos våre hovedserielag i dag.

**HERRER:**

BK Tromsø: Uten trener. Siste sesongs trippelmestre river seg i hodet. Trener Børre Torsvik har gitt seg, hans påtenkte etterfølger, Ivar Bakken, er blitt engasjert som damelandslagstrener og leting i Sverige har ikke gitt resultater.

KFUM/Oslo: Uten trener.

Hellerasten: Uten trener. Harald Karlsen gir seg etter tre suksessfulle sesonger. Skal bare konsentrere seg om landslaget.

KFUM/Volda: Uten trener. Men håper på Geir Humberseth dersom han ikke blir med Ivar Bakken om damelandslaget.

Førde: Uten trener.

NTHI: Uten trener. Spillerne er imidlertid innstilt på å trene seg selv.

Ålesund: Hovedseriedebutanten er alene om å ha tegnet kontrakt. Den gamle OSI-spilleren Trond Skarbøvik har tatt jobben.

Gimsøy: Uten trener, veteranen Eldar Spakmo leder treningene nå.

**DAMER:**

BSI: Uten trener.

Oslo VBK: Stig Jørstad fortsetter.

Tambarskjelvar: Atle Øen fortsetter.

Sortland: Ole Petter Bergland fortsetter.

Bergkameratene: Sten Bjertnes fortsetter.

Porsgrunn: Uten trener.

Hellerasten: Gunnar Syrrist fortsetter.

Førde: Inge Andersen fortsetter.

(114)

# 4 poengs siger til Førde.



Førde jobba godt i blokk, men hadde problem med kantsmasharane til Sandnes.

**Førde – Sandnes 3-1**
**16-14, 15-13, 11-15, 15-8.**

Førde sin siger over Sandnes må reknast som 4 poengs siger med hensyn til sluttspelet. Kampen i Førdehuset laurdag vart aldri god. Vi fekk sjå to lag som satsa hardt på eigen serve. Dette sette mottaka på ein hard prøve, og resulterte i svakt angrepsspel hos begge lag. Men kampen hadde heile tida nerve, og mange frykta nok Sandnes då dei vann 3. settet, men Førde levna ingen tvil og tok 4. settet med solide siffer.

Sigeren over Sandnes betyr at Førde leiar nedrykkingspulja i sluttspelet med 10 poeng. NTHI har 8 på andreplass, medan Sandnes og Ålesund ligg sist med høvesvis 6 og 0 poeng.

Første sett opna med god serving frå Sandnes, heimelaget hadde problem i mottak, og hadde heller ikkje millimeterane på si side i avslutningane. Fleire smashar gjekk hårfint utanfor linja, noko som gav Sandnes 8-6 leiing. Men Førde fekk kontakt på a-9, og var i leiinga første gong på 12-11. Laget fekk settball på 14-11. Heimelaget fekk store problem i eigen serve, og Sandnes fekk igjen kontakt på a-14, før Førdelaget sikra settsigeren med 16-14.

Førde hadde store problem å stoppe Sandnes sine harde og gode servar i 2. settet. Heimelaget vart pressa bakover på bana, og Sandnes fekk betre rom ved nettet. Men på stillinga 10-4 til gjestene, fekk heimelaget igjen tak på serven. Blokka til Førde fungerte prima og Sandnes var pressa over på defensiven, og heimelaget kom i 8-10, før Sandnes igjen fekk orden på blokkarbeidet. På stillinga 12-8 skifta kampen igjen karakter og Førde fekk kontakt på a-12, og tok leiinga i settet første gong på 13-12.

Førde-laget viste stor styrke i siste del av settet, laget makta å halde roa sjølv om Sandnes heile tida var i føringa.

Førde sitt gode spel heldt fram i 3. sett. Laget pressa gjestene med gode servar og opparbeidde 6-3 leiing. Men utover i settet kom gjestene meir og meir med, og Førde fekk store problem i eigen serve. Dessutan vart forsvarsarbeidet for stilleståande, og Sandnes kom i leiing 11-9, og vann til slutt settet 15-11.

Dei som no frykta klart Sandnesovertak vart skuffa. Førde viste i dette settet svært god serving og ypperleg arbeid i blokk og feltforsvar. Sandnes var for stilleståande, og settsigeren til heimelaget var aldri truga.

Kampen vart som nemnt aldri god, men Førde greidde det dei hadde som mål, sikre seg to poeng. Laget viste også i periodar bra spel, men i lange periodar vart servemottaka for dårlege, noko som kan tilskrivast god serving frå Sandnes. Førde-spelarane viste også at dei kan skjerpe seg når det gjeld, avslutningane av 1. og 2. sett viser dette tydeleg. Lagleiar Inge Andersen sa seg etter kampen godt nøgd med sigeren, men understreka at spelet ikkje var det aller beste.

# Førde med kurs mot 1. divisjon.

**Førde – Vinne 3-0**
**15-2, 15-8, 15-12.**

Vinne var rekna for eit vanskeleg lag for Førde, men i oppgjeret laurdag vart dei for reine statistar å rekne. Førde viste stor styrke og heldt topp konsentrasjon i det meste av kampen, og viste at dei kan spele godt når motstanden krev det. Etter ein solid siger 15-2 i første sett slappa laget av i andre, noko som gjorde at Vinne kom meir med i spelet. Men settsigeren var aldri i fare. Det same gjentok seg i 3. sett. Men då Heidi Hjelmeland kom innpå i serve, og serva Førde i 13-11 leiing var det heile avgjort.

Førde viste alt i opninga av første sett at dei ville vinne. Med roleg og sikkert spel utmanøvrerte dei Vinne-blokka, og kom i 5-1 leiing ganske tidleg. Vinne hadde store problem å møte heimelaget sine harde og vanskelege servar, samstundes som laget var for svakt i eigen serve. Deira taktikk å stykke opp Førde sitt spel med stadige spelarbytte verka ikkje inn på Førde sin konsentrasjon, og Førde fekk settball på 14-2.

Reaksjonen på den solide settsigeren kom i 2. sett. Førde-spelarane vart stilleståande i forsvar, og gjorde mange personlege feil. Vinne jobba og kjempa godt i forsvar, men viste sjeldan gode avslutningar på angrepa. Vinne gjorde utover i settet mange personlege feil, og Førde sine poeng kom ofte etter dårleg Vinne-spel. Heimelaget kom i 9-6, før dei mot slutten fekk dreis på serven igjen og serva seg til settsiger 15-8.

3. sett opna med lite aggressivt Førde-spel. Vinnelaget jobba bra og var heile tida i føringa. Først på a-8 fekk Førde kontakt. Men etter godt og variert angrepsspel var Trønderlaget i føringa 11-8. Men lagleiar Inge Andersen hadde fleire trumf-kort på hand. Han sette Heidi Hjelmeland innpå i serve, og hennar glimrande servar fann gjestene ikkje utav, og først på 13-11 leiing til Førde makta dei å bryte. Heimelaget fekk matchball på 14-12, og vann settet solid 15-12.

Førde viste ikkje stort spel i denne kampen, noko som heller ikkje var nødvendig mot eit lag som ikkje var faretrugande sterkt. Førde viste denne gong stor styrke i eigen serve, og laget viste at det kan spele godt i pressa situasjonar. Sigeren laurdag gjorde at laget no kan tape sett mot Måløy i siste seriekamp og likevel vinne 2. divisjon. Sigeren denne helga var eit stort og viktig steg mot 1. divisjon. I underkant av 20 tilskodarar såg kampen.



Førde-blokka fungerte godt i store deler av kampen.

# Tromsøs «dverger» til topps

**Tromsø, 14. mars.**
**Hvilken jubel! En fullstappet Gyllenborghallen i Tromsø formelig eksploderte i jubelscener efter at de populære «dvergene», Tromsøs lag avgjorde sluttspillet i volleyball for herrer til sin fordel. Men det var hardt. Efter en jevn og dramatisk siste og avgjørende kamp mot KFUM-Oslo kunne de gå av banen med 3—1-seier (15—8, 15—9, 12—15, 15—12).**

TORGEIR VØLSTAD

Det var et vinnerlag vi så på banen idag. Opplegger Jan Rønnestad er fantastisk god til å fordele ballene, det er opplest og vedtatt forlengst. Når han så i tillegg får følge av alle de andre — ja, da må det bli seier. Ulf Johansen og Stein Arild Jacobsen sendte den ene «granaten» efter den andre i parketten, men vel så imponerende er midtspillerne Eirik Lohne, Håvard Danielsen og Audun Rørstad. Det de mangler i kroppslengde, tar de igjen med sin spenst og vilje til å avgjøre ved nettet.

KFUM-Oslo var med helt til døren, ikke minst takket være meget bra angrepsspill av Rune Høgevoll, en spiller som alltid gir respons på slik atmosfære som det var i Gyllenborghallen idag. Da det gikk som tyngst i begynnelsen av kampen, kom i tillegg lange Tom Hatlestad inn og inspirerte sitt lag til å yde det lille ekstra som skulle til for å få ny spenning i kampen. Bare så merkelig at denne spilleren ikke blir mer brukt.

Sluttspillet ble spilt som serie der også Hellerasten og KFUM-Volda var med i bildet. KFUM-Volda overrasket med å presse Tromsø og KFUM-Oslo mer enn ventet på forhånd. Det skyldtes først og fremst ringreven Geir Humberseths inntreden på laget. Han hadde egentlig lagt opp, men når en gammel sirkushest lukter sagmugg igjen, skjer det som kjent saker og ting.

Hellerasten var derimot en skuffelse. Sist helg slo de Tromsø, men to klare 3—0-tap for Tromsø og KFUM-Oslo lørdag var klart under pari. Lagets styrke er midtspillet, men denne gangen ble det totalt dominert av motstanderne ved nettet.

Resultater: Tromsø—KFUM-Volda 3—1, Hellerasten—KFUM-Oslo 0—3, Tromsø—Hellerasten 3—0, KFUM-Volda—KFUM-Oslo 1—3, KFUM-Volda—Hellerasten 0—3. Tromsø—KFUM-Oslo 3—1.

# BSI overtok leiinga i 1. divisjon.

## Førde klar for nedrykkingspulja i herreklassen.

BSI overtok denne helga leiinga i damene sin 1. divisjon. I oppgjeret mot Sandnes var dei klart best og vann 3-0. BSI har dermed vunne grunnserien før siste seriekamp mot Tambarskjelvar i Førdehuset neste helg. Oslo sikra seg den siste plassen i sluttspelet med siger over KFUM Ålesund, samstundes som Bergkameratene slo Porsgrunn. Dermed er BSI, Tambarskjelvar, Sortland og Oslo VBK klare for sluttspelet, medan dei andre laga kjempar i nedrykkingspulja. Også KFUM Volda har sikra seg plass i sluttspelet i herrane sin serie. Laget spelte ikkje denne helga, men Førde sine tap gjorde at laget no er klar for sluttspel saman med Tromsø, KFUM Oslo og Hellerasten, Førde skal spele i nedrykkingspulja saman med NTHI, Sandnes og KFUM Ålesund.

Førde sin siger over Sverresborg på laurdag bringa laget til topps i damene sin 2. divisjon, men Sverresborg sikra seg to poeng mot KFUM Måløy sundag og ligg to poeng føre med ein kamp meir spelt, Førde vil med 3-0 sigrar i dei to gjennståande oppgjera vere sikra retten til kvalifiseringskampar til 1. divisjon.

Herrelaget til KFUM Måløy gleda denne helga stort med siger over Nessegutten. Kanskje har laget no funne godforma som kan redde plassen i 2. divisjon? I damene sin 3. divisjon tok Tambarskjelvar to viktige poeng i kampen om å unngå nedrykk. I oppgjeret mot Jotun var dei klart best, og tok ein sikker 3-0 siger. Også Pil sikra seg to viktige poeng i herrane sin 3. divisjon i og med den overraskande sigeren over Førde laurdag. Laget er no forbi Sogndal og ligg 3. sist i divisjonen. Sande tok også to viktige poeng i oppgjeret mot Vik.

**D1:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sandnes—BSI | | | | 0-3 |
| Bergkam.—Porsgrunn | | | | 3-0 |
| Oslo—Ålesund | | | | 3-1 |
| Sortland—Tambarskjelvar | | | | 3-2 |
| BSI | 13 | 10-3 | 33-16 | 20 |
| Tamb. | 13 | 9-4 | 32-22 | 18 |
| Sortland | 12 | 8-4 | 28-19 | 16 |
| Oslo | 13 | 8-5 | 30-25 | 16 |
| Bergkam. | 13 | 6-7 | 25-26 | 12 |
| Porsgrunn | 14 | 6-8 | 26-31 | 12 |
| Sandnes | 13 | 3-10 | 16-32 | 6 |
| Ålesund | 13 | 2-11 | 18-37 | 4 |

**H1:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Hellerasten—Førde | | | | 3-2 |
| Tromsø—KFUM Ålesund | | | | 3-0 |
| KFUM Oslo—Førde | | | | 3-1 |
| NTHI—KFUM Ålesund | | | | 3-0 |
| Tromsø | 13 | 11-2 | 37-12 | 22 |
| Hellerasten | 12 | 9-3 | 33-20 | 18 |
| KFUM Oslo | 12 | 9-3 | 33-20 | 18 |
| KFUM Volda | 13 | 7-6 | 28-28 | 14 |
| NTHI | 13 | 6-7 | 27-27 | 12 |
| Førde | 13 | 5-8 | 26-30 | 10 |
| Sandnes | 13 | 3-10 | 18-32 | 6 |
| KFUM Ålesund | 13 | 1-12 | 9-37 | 2 |

**D2:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Førde—Sverresborg | | | | 3-0 |
| KFUM Måløy—Sverresborg | | | | 0-3 |
| Valder—Lagopus | | | | 0-3 |
| Sverresborg | 11 | 10-1 | 30- 6 | 20 |
| Førde | 10 | 9-1 | 29- 5 | 18 |
| Vinne | 9 | 7-2 | 22-12 | 14 |
| Lagopus | 11 | 5-6 | 19-20 | 10 |
| KFUM Måløy | 10 | 3-7 | 9-22 | 6 |
| Hareid | 10 | 2-8 | 11-26 | 4 |
| Valder | 11 | 0-11 | 4-33 | 0 |

**H2:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Nidaros—Kristiansund | | | | 3-0 |
| Hornindal—Nessegutten | | | | 0-3 |
| Hessa—Åsheim | | | | 3-2 |
| Ålesund—Åsheim | | | | 3-0 |
| KFUM Måløy—Nessegutten | | | | 3-1 |
| Ålesund | 13 | 12-1 | 38- 6 | 24 |
| Nessegutten | 12 | 8-4 | 28-20 | 16 |
| Hessa | 13 | 8-5 | 30-22 | 16 |
| Nidaros | 11 | 7-4 | 25-18 | 14 |
| Hornindal | 12 | 5-7 | 18-27 | 10 |
| Åsheim | 12 | 3-9 | 19-28 | 6 |
| KFUM Måløy | 12 | 3-9 | 14-33 | 6 |
| Kristiansund | 11 | 2-9 | 8-30 | 4 |

**D3:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar—Jotun | | | | 3-0 |
| Breim—Sogndal | | | | 2-3 |
| Hornindal—Svelgen | | | | 0-3 |
| KFUM Sandane—Sogndal | | | | 0-3 |
| Sogndal | 10 | 10-0 | 30- 4 | 20 |
| Sande | 11 | 8-3 | 26-15 | 16 |
| Breim | 11 | 7-4 | 25-17 | 14 |
| KFUM Sandane | 9 | 5-4 | 19-18 | 10 |
| Svelgen | 9 | 4-5 | 18-17 | 8 |
| Tamb. | 11 | 3-8 | 16-27 | 6 |
| Jotun | 9 | 2-7 | 9-24 | 4 |
| Hornindal | 12 | 2-10 | 11-32 | 4 |

**H3:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Førde—Pil | | | | 2-3 |
| Vik—Sande | | | | 2-3 |
| Svelgen | 9 | 8-1 | 25- 7 | 16 |
| Førde | 10 | 7-3 | 24-18 | 14 |
| Sande | 9 | 7-2 | 23-12 | 14 |
| Vik | 11 | 6-5 | 25-19 | 12 |
| Eid | 10 | 6-4 | 23-16 | 12 |
| Pil | 11 | 3-8 | 16-27 | 6 |
| Sogndal | 10 | 3-7 | 13-26 | 6 |
| KFUM Sandane | 10 | 0-10 | 3-27 | 0 |

# Førde toppar 2. div.



Førde satsa hardt på å blokke ned Sverresborg sine høge angrepsspelarar, og lukkast med det i store deler av kampen.

**Førde—Sverresborg 3-0**
**15-13, 15-13, 15-8.**

Med 3-0 siger over Sverresborg sikra Førde seg to viktige poeng i kampen om seriemeisterskapen i 2. divisjon. Eit topptent heimelag viste alt frå starten av at denne kampen ville dei vinne. Og begge lag viste i periodar spel av ypperste klasse, men heimelaget var best i store delar av kampen og vann ein fortent 3-0 siger. Kampen baud på det meste volleyball skal ha, lange slagvekslingar, varierande spel og nerve gjennom heile kampen. Heimelaget viste i dette oppgjeret stor styrke, og med god serving, sikkert og roleg spel makta dei å slå Sverresborg 3-0, og sikra seg dermed førsteplass på tabellen.

Første sett opna med godt Førde-spel. Sverresborg sine angrep vart effektivt blokka ned samtidig som heimelaget pressa motstandaren med harde gode servar. Sverresborg vart for stilleståande i forsvar, og heimelaget kom i 4-1 leiing, før gjestene fekk orden på servemottaka. Laget kom fram på bana og var i kontakt på a-6. Resten av settet følgde laga kvarandre poeng for poeng, ingen greidde å tilrive seg



Topp konsentrasjon og gode servemottak gjennom mesteparten av kampen gav fortent siger til Førdejentene, her representert ved Iris Loftheim.

initiativet i kampen. Men begge lag leverte spel av ypperste klasse, med lange slagvekslingar, og gode opphentingar og godt oppbygde angrep. Sverresborg var i leiinga på 13-12, der det utvikla seg til stillingskrig før heimelaget utlikna, og med to glimrande servar avgjorde dei settet og vann 15-13.

Sverresborg verka heilt paralysert i opninga av 2. sett, medan Førde fekk til det meste. Med gode servar og roleg oppbygde angrep gjekk dei fort i 8-0 leiing. Men då fekk gjestene orden på servemottaka og Førde vart pressa over på defensiven. Gjestene kom i 4-8 før Førde med glimrande serving igjen pressa dei til dårlege mottak og usikkert spel. Heimelaget opparbeidde 6 poengs leiing før kampen igjen skifta karakter, og Sverresborg slo inn fleire poeng frå kant. Gjestene kom i 9-13 før Førde med god serve av Anita Eide fekk settball på 14-9. Fru Fortuna var nok svært delaktig i at Sverresborg avverga første settball, og Hilde Heggebø pressa Førdeforsvaret med glimrande servar til stillinga 13-14. Førde var tydeleg prega av nervar, og hadde store problem i eigen serve. Først på 8. settball lukkast dei og sikra settsiger 15-13.

Med framifrå kjemping frå samtlege spelarar, godt arbeid i blokk og feltforsvar var heimelaget det førande laget i 3. sett, men på stillinga 9-2 svikta konsentrasjonen og Sverresborg kom lett til 5-9 mot eit stilleståande Førdelag. Men nok ein gong skifta kampen karakter. Førde fekk taket på servane, gjestene vart pressa tilbake på bana, og Førde fekk 11-5 leiing. Mot slutten var begge lag tydeleg prega av nervar, og vi fekk sjå begge lag gjere mange personlege feil, men heimelaget rodde det heile i land, og sikra seg ein solid 15-8 siger, og strålande Førde-jenter kunne juble over 3-0 siger.

På Førde jobba som nemnt heile laget godt, men Anita Eide viste ved fleire høve ypperleg spel, spesielt kjempa ho godt når laget var i motgang, noko som tende dei andre på laget. At ikkje meir enn vel 50 tilskodarar såg oppgjeret må vel tolkast som Førde-publikumet er vorte for blasert med 1. divisjonsoppgjer. Men kanskje såg vi her konturane av det neste Sunnfjord-laget i elitedivisjonen?

Landsfinalen:

# Godt nivå både i gute- og jenteklassa.

## Karmøy tok gull i guteklassa etter å ha slått Harstad i finalen.

Landsfinalen for gutar og jenter vart eit nytt prov på at volleyball er i framgang. Guteklassa hadde høgt og framfor alt, jamnt nivå. Jenteklassa var ujamn, men også her heldt dei beste eit godt nivå.

Vinnar av guteklassa vart Karmøy etter å ha slått Harstad 2-0 i finalen. Karmøy viste seg som eit jamnt og godt, og vann ein fortent siger. Harstad var for ujamnt samansett, men viste vanleg nord-norsk sisu, med god kjemping og periodevis godt spel, men den harde kjempinga i dei innleiande såvel som i dei avsluttande kampane gjorde at laget delvis «punkterte» i 2. settet mot Karmøy, og rogalendingane vann ein klar siger i finalen.

Gimsøy tok ein fortent 3. plass etter å ha vist godt teknisk spel, det unge mannskapet frå Sørlandet viste at rekrutteringa til det ny opprykka 1. divisjonslaget er i orden. Det same kan seiast om KFUM Volda. I semifinalen mot Harstad vann laget klart 1. sett, og hadde føringa i store deler av 2. men tapte i den avgjerande innspurten. Også 3. settet var jamnt, men Harstad si evne til å kjempe vart avgjerande, og KFUM Volda tapte knepent, og måtte nøye seg med bronsefinale, der det vart knepe tap mot Gimsøy.

I jenteturneringa var det til dels stor nivåforskjell mellom dei to finalelaga og dei andre. Typisk for turneringa vart at korkje Tambarskjelvar eller Lagopus gav bort sett i dei innleiande kampane, men eit lag som Halden viste at dei har talent å byggje på.

Eit anna typisk trekk ved turneringa var at dei dominerande laga i norsk volleyball, BSI, Oslo, Hellerasten, Tromsø og KFUM Oslo ikkje var representert i det heile. Det viser kvar rekrutteringsarbeidet til norsk volleyball vert gjort.

**RESULTAT JENTER.**

**Innleiande kampar.**

**Pulje A:**

| | |
|---|---|
| Tambarskj.—Stathelle | 2-0 (15-1, 15-12). |
| Frisinn—Leirådal | 2-1 |
| Tamb.—Frisinn | 2-0 (15-9, 15-9) |
| Stathelle—Leirådal | 2-1 |
| Leirådal—Tamb. | 0-2 (3-15, 2-15) |

**Pulje B:**

| | |
|---|---|
| Lagopus—Halden | 2-0 |
| Førde—Sortland | 0-2 (2-15, 2-15) |
| Lagopus—Førde | 2-0 (15-2, 15-7) |
| Halden—Sortland | 2-0 |
| Halden—Førde | 2-0 (15-1, 15-2) |
| Sortland—Lagopus | 0-2 |

**Krysskampar:**

| | |
|---|---|
| Leirådal—Førde | 2-0 (15-3, 15-6) |
| Tambarskj.—Halden | 2-0 |
| Lagopus—Frisinn | 2-0 |
| Sortland—Stathelle | 2-0 |

**Kamp om 7. plass:**

| | |
|---|---|
| Førde—Stathelle | 0-2 (5-15, 5-15) |

**Kamp om 5. plass:**

| | |
|---|---|
| Leirådal—Sortland | 0-2 |

**Kamp om 3. plass:**

| | |
|---|---|
| Frisinn—Halden | 0-2 (4-15, 5-15) |

**Finale:**

| | |
|---|---|
| Tamb.—Lagopus | 2-0 (15-13, 15-11) |

**Sluttstilling:**

Tambarskjelvar, Lagopus, Halden, Frisinn, Sortland, Leirådal, Stathelle, Førde.

**RESULTAT GUTAR.**

**Innleiande kampar.**

**Pulje A:**

| | |
|---|---|
| Førde—Karmøy | 0-2 (9-15, 7-15) |
| Ajer—KFUM Volda | 2-0 |
| Førde—Ajer | 1-2 (15-6, 9-15, 7-15) |
| Karmøy—KFUM Volda | 0-2 |
| Karmøy—Ajer | 2-0 |
| KFUM Volda—Førde | 2-0 (15-5, 16-14). |

**Pulje B:**

| | |
|---|---|
| Alvidra—Harstad | 1-2 |
| Ekne—Gimsøy | 0-2 |
| Alvidra—Ekne | 1-2 |
| Harstad—Gimsøy | 2-0 |
| Harstad—Ekne | 2-0 |
| Gimsøy—Alvidra | 2-0 |

**Krysskampar:**

| | |
|---|---|
| Ajer—Alvidra | 2-0 |
| Karmøy—Gimsøy | 2-0 |
| Ekne—Førde | 1-2 (5-15, 15-11, 12-15) |
| Harstad—KFUM Volda | 2-1 |

**Kamp om 7. plass:**

| | |
|---|---|
| Alvidra—Ekne | 2-0 |

**Kamp om 5. plass:**

| | |
|---|---|
| Førde—Ajer | 2-1 (8-15, 15-11, 15-11) |

**Kamp om 3. plass:**

| | |
|---|---|
| Gimsøy—KFUM Volda | 2-1 |

**Finale:**

| | |
|---|---|
| Karmøy—Harstad | 2-0 (15-12, 15-7) |

**Sluttstilling:**

Karmøy, Harstad, Gimsøy, KFUM Volda, Førde, Ajer, Alvidra, Ekne.

# Arrangementet ein suksess sportsleg og teknisk.

## — Samtlege aktive fortener ros for fin framferd, seier Inge Andersen.



I sekretariatet var det til tider hektisk med ajourføring av tabellar, sal av T-skjorter og andre ting som dukka opp under vegs.

Inge Andersen i Førde VBK seier seg godt nøgd med avviklinga. — Alt gjekk etter programmet, seier han til Firda. Han vil rose spelarane for deira fine framferd under opphaldet i Førde.

— Enkelte av laga overnatta 3 netter, og vi har ikkje registrert disiplinproblem i det heile. Dei bortimot 200 deltakarane tok oppgåva si alvorleg, og samtlege er velkomne tilbake ved seinare høve, seier Andersen.

— Førde VBK stod godt rusta til

Førde Volleyballklubb stod for eit prikkfritt arrangement. Tidsskjema vart litt trangt sundag, noko som var rekna med. Men for at alle skulle komme seg frå Førde sundag var dette nødvendig. Dei fleste kampane gjekk etter tidsskjema, einaste forseinkinga var gutefinalen, som vart sett i gang 15 minutt etter oppsett tid.

å gjennomføre arrangementet. Laget har sjølv mange dommarar, og fekk god hjelp frå naboklubbane Tambarskjelvar og Sande. Dette var ei uvurderleg hjelp når andre og meir opplagde samarbeidspartnarar svikta, seier han. Dessutan gjev Førdehuset lokale som gjer eit slikt arrangement mo geleg, hevdar han.

Andersen meiner at turneringa var ein sportsleg suksess. — Det vart vist volleyball på høgt nivå både i gute- og jenteklassa. Guteklassa vart som venta jamn og god, medan jenteklassa var meir varierande. Men dei beste laga heldt eit godt nivå, meiner han.

Publikumsoppslutnaden var også bra teke i betraktning at volleyball først og fremst samlar publikum vinterstid. Omlag 300 betalande tilskodarar skapte saman med dei aktive god stemning i Førdehuset laurdag og sundag.

# Førde med lovande takter sundag.

## Gutelaget sikra 5. plass, jentene vart for urutinerte.



Førde sitt lag som sikra 5. plass i gutemeisterskapen: Bak frå v. Frank Kalstad, Geir Vangen, Ivar Johan Vågen, Bent Sunde, Jørn I Wie, Bent Ove Hundvebakke (lagleiar). Framme frå v. Geir Indrebø, Leif Arne Pettersen, Asbjørn Eikenes, Øystein Wie, Terje Hilding. Thor Anders Loftheim var ikkje til stades.

Gull til Tambarskjelvar, 5. plass til Førde sitt gutelag og 8. plass til Førde sitt jentelag vart facit for dei lokale laga under årets Noregsmeisterskap for gutar og jenter i Førdehuset.

Førde sitt gutelag leverte innsats omlag som venta, men det kunne lett vorte betre. Sundag leverte laget to gode kampar mot høvesvis Ekne og Ajer. Laget viste i desse to kampane vilje til å ville vinne, og kjempa godt om kvar ball. Spesielt imponerte spelarane i dei to siste setta mot Ajer. Etter å ha tapt det første 15-8, kom Førde sterkt tilbake i 2. og vann eit jamnt sett 15-11. I 3. sett tok Førde ei klar føring og var oppe i 8-2-leiing. Trass i at Ajer tok godt innpå i ein periode var settsigeren aldri truga, og Førde sikra seg ein fortent 15-11 siger og sikra dermed 5. plassen i turneringa.

I kampen mot Ekne tidlegare på dagen vart det også 2-1 siger til Førde-laget etter settsiffera 15-6, 11-15 og 15-12. Førde-laget hadde i laurdagens kampar store problem å kompensere si korte rekkevidde. Blokka hadde store problem å demme opp ved nett, og feltforsvaret var ikkje godt nok. Spelarane verka lite motivert på oppgåva, noko som gav seg utslag i tap mot Karmøy, Ajer og KFUM Volda og siste plass i pulja. Spelet på sundag var heilt anleis, spelarane var tende på oppgåva, og gav aldri opp ein ball.

Lagleiar hos Førde, Bent Ove Hundvebakke, sa seg etter kampane godt nøgd med innsatsen til laget, spesielt 2. dag. — I kampen mot Ajer viste laget disiplinert og godt spel, og med slik innsats heile turneringa ville vi nok vore med og kjempa om plass i semifinalen. Laget er for ujamnt, men dei unge spelarane har framtida føre seg. Deira store handicap denne gongen var at dei var for små og hadde for lita rekkevidde, seier han. Bent Ove spelar som kjent på Førde sitt 1. divisjonslag og debuterte denne gongen som lagleiar, ei oppgåve han tilsynelatande kom seg vel i frå.

Førde sitt jentelag vart denne gongen for lett til å hevde seg i den harde kampen. Det vart klare tap i alle kampane og ein klar sisteplass i turneringa, men dei unge spelarane får vonleg fleire høve seinare.



Ordførar Oddbjørn Schei har ingenting imot at sølv- og gull-festen vert ein årleg tradisjon, her i samtale med Gunnvor Aase.



Erna Viken Holvik har flytta til Naustdal, Håvard Røyset — naustdøling som representerer Førde. Begge var like velkomne til festen.

**Gull- og sølv-fest i Naustdal:**

# — Gjerne ein årleg tradisjon,

## sa ordførar Schei då han overrekte helsing frå kommunen til dei aktive og trenarar.

— Ved slike høve er det ei glede å vere politikar. Desse orda kom frå **ordførar Oddbjørn Schei** under sølv- og gullfesten i Naustdal tirsdag. Naustdal kommune hadde invitert gull- og sølvjentene frå volleyball-laget, dobbelt Noregsmeister i vektløfting, Håvard Røyset og sølv-vinnar i friidrett, Heidi Mallasvik, til feiring av deira store triumfar den siste sesongen.

Oddbjørn Schei meinte vidare at det er godt at det utifrå vårt skule- og ungdomsmiljø har utvikla seg idretts- og ungdomsarbeid som vi kan gjere ære på på ein slik måte. Schei kunne ikkje vere einig med ei Oslo-avis som sa at Naustdal ligg i skuggen av Førde. — Det gjer vi ikkje, sa han. — Det er ei glede å kunne fastslå at våre idrettsutøvarar ikkje ligg noko i skuggen av andre. Schei hevda vidare at desse ungdomane sin innsats er god reklame for kommunen, i tillegg til at dei gjev inspirasjon til yngre aktive.

Schei konstaterte vidare at bak alle store prestasjonar står det ei kvinne, og han overrekte difor ei sølvskei til Signe Øen i tillegg til dei aktive og trenarane.

**Gunnar Hage** helsa frå idrettslaget, og sa at han hadde fylgt laget i 15 år og opplevd mange store prestasjonar i laget. — Men at vi no har fått dusinet fullt med noregsmeistrar, det må vere toppen, sa han mellom anna.

Formann i kulturstyret, **Inge Velle** bar fram helsing frå kulturstyret. Han syntest det var gledeleg å sjå kameratskapen og at desse ungdomane gledest ved å trene. Men den sportslege suksessen har ei bakside. — Dei aktive veks frå anlegga, og det er no ei kjend sak at gymnastikksalen er for liten, sa han. Han kunne ikkje love noko nytt anlegg, men er innstilt på at dette må planleggast. — Når dei aktive skapar behovet er det vår oppgåve å følgje opp med anlegg, sa han til slutt.

Skulesjef **Olav Stendal** sa at han ikkje berre var kry over innsatsen til dei unge, han var også mektig imponert. — Med dykkar innsats, uthald og viljestyrke er de eksempel for annan ungdom, sa han mellom anna.

Formann i volleyballgruppa, **Per Gunnar Aase** takka kommunen og idrettslaget for interesse og stimulans. Han syntest også det var gledeleg å sjå formannskapsmedlemer møte opp i Førdehuset for å heie på Tambarskjelvar. At dei engasjerer seg viser tydeleg når dei etter kampen kjem raude i toppen og varme i hendene for å gratulere med resultatet. Han ville også minne dei same om følgjene av å byggje på gymnastikksalen med ein sal og løfte taket slik at det går an å spele volleyball i Naustdal. — Då slepp de å reise til Førde for å heie på oss. Då gjer vi det her oppe (i gymnastikksalen).

**Britt Fjellanger** takka på vegne av volleyball-laget, Naustdal kommune for all støtte. — Vi vil de skal vete at vi set stor pris på den støtte og merksemd vi blir til del. Interessa frå kommunen og foreldra er enorm inspirasjon for oss, og festen i kveld kan kanskje bety fortsatt suksess, sa ho. Ho understreka vidare at det ikkje berre er dei aktive å takke. Etter hennar syn er det ikkje overraskande at eit så lite lokalsamfunn har fått fram eit topplag, det har hendt mange gonger før. — Det som imponerer meg er den gode organisasjonen som får fram talenta og trenar dei opp til eit så godt nivå. Æra må difor i stor grad tilfalle trenarane Atle Øen og Per Gunnar Aase. Det er også ein stor prestasjon av trenarane å utvikle seg i takt med spelarane, sa Britt Fjellanger.

Det mangla ikkje på godord, og alle aktive og leiarar fekk sølvskei frå kommunen og blomar frå idrettslaget. Også foreldre og presse fekk tildelt blomar som takk for god støtte og oppdekking av prestasjonane.



Naustdalsbygda har no dusinet fullt med medaljevinnarar i NM. Desse er framme frå v. Gunnvor Aase, Randi Standal, Håvard Røyset, Heidi Mallasvik, Torunn Solheim, bak frå v. Ingrid Aase, Venke Andal, Anne Kristin Røyset, Trine Hove, Erna Viken Holvik, Britt Fjellanger og Helene Mallasvik.

# Eli Wenche Nilsen og Jan Rønnestad årets spillere

I den svakeste sesongen på lang tid for Ålesunds-volleyballen ble i helgen sesongen avsluttet med kåring av årets spiller i dame- og herreklassen. Paradoksalt nok ble det en ålesunder som kom på topp i begge klassene. Eli Wenche Nilsen og Jan Rønnestad fikk flest stemmer blant sine kollegaer i 1. div. Jan Rønnestad har denne sesongen representert BK Tromsø og løst jobben sin som eneopplegger glimrende. Rønnestad har også vært fast mann på landslaget.

Eli Wenche Nilsen er nesten en institusjon innen damevolleyballen. I tillegg til å ha vært nøkkelspiller for lag som ÅVK, BSI, NIHI og Porsgrunn var hun hovedgrunnen til at Bergkameratene sikret seg ny 1. div. kontrakt. Eli Wenche er eneste norske volleyballdame som kan skilte med over 50 landskamper.

Ikke dårlig av Ålesund. To på topp og to i bunn.

**Volleyball:**

# Tromsø og Oslo tok kongepokalene

Tromsø BK og Oslo VBK vart Noregsmeisterar i volleyball i helga. Dei siste fire rundene i Noregscupen vart avvikla i Grimstad. Tromsø var suveren vinnar i herreklassen, og kopierte sigeren i Alta i fjor. På eit år har Tromsø BK etablert seg som landets beste klubb på herresida. Først og fremst har laget eit forsvarsarbeid og ein lagmoral som saknar motstykke i Noreg, og tillegg landets beste oppleggar, Jan Rønnestad. Hellerasten frå Oslo vart sett grundig på plass i finalen. Som plaster på såret får dei delta i Europacupen neste sesong sidan Tromsø vel å delta i serievinnarcupen.

Damefinalen mellom BSI og Oslo VBK vart det sportslege høgdepunktet i Grimstad. Begge laga spela svært god volleyball. Publikum fekk underhaldning i form av lange, spanande ballvekslingar. På viktige ballar i 5. settet gjorde dei rutinerte BSI-spelarane avgjerande feil mot den solide Oslo-blokka. BSI vart for fyrste gong på 3 år detronisert i ein cup-finale. Liv Karin Huseby førte Oslo VBK til klubben sitt første Noregsmeisterskap. Klubben vart stifta so seint som i fjor av tidlegare spelarar på NIHI og Wahl. Ålesund VBK og KFUM-Volda vart nummer 4 og nummer 6 i dame- og herreklassen. ÅVK møtte Oslo VBK i semifinalen og tapte 3–0. I bronsekampen vart det også eit klart 3–0 tap for Sortland. KFUM-Volda rauk i kvartfinalen mot Hellerasten med 1–3, og kunne i beste fall bli nummer 5. På søndag tapte dei so den plassen med eit unødvendig tap 2–3 mot Jessheim.

Førde VBK forsvara 3. plassen frå i fjor med siger over Gimsøy i herrane i bronsefinale.

| | |
|---|---|
| Damer laurdag: | |
| BSI–Bergkameratene | 3–0 |
| Sverresborg–Sortland | 1–3 |
| Oslo–Birkenes | 3–0 |
| Ørsta–Ålesund | 1–3 |
| Bergkameratene–Sverresborg | 3–1 |
| Birkenes–Ørsta | 0–3 |
| BSI–Sortland | 3–1 |
| Oslo–Ålesund | 3–0 |
| Damer søndag: | |
| Sverresborg–Birkenes | 3–2 |
| Bergkameratene–Ørsta | 3–1 |
| Ålesund–Sortland | 0–3 |
| BSI–Oslo | 2–3 |
| Herrer laurdag: | |
| Tromsø–Jessheim | 3–2 |
| Førde–Sandnes | 3–0 |
| Hellerasten–Volda | 3–1 |

# Sølv intet nederlag

AV PER-INGE HJERTAKER

**BSI-damene var i helgen på jakt etter sin fjerde kongepokal på like mange år. Laget hadde imidlertid alle odds mot seg med sentrale spillere ute av bildet eller halvskadet. At BSI likevel kom til finalen, var overraskende, og forholdene tatt i betraktning var det en stor prestasjon å ta sølv.**

Bergens-jentene reiste til finalespillet i Grimstad med mange bange anelser. Eneopplegger Bente Wold måtte være igjen i byen, og i hennes sted var oppleggeren som for lengst har lagt opp, med i flyet sørover. Ragnhild Korneliussen lovte før denne sesongen å tre inn om det skulle oppstå problemer og har vært til verdifull hjelp ved flere anledninger. I lørdagens kamper mot Bergkameratene og Sortland viste hun forrykende spill, og motiverte sine lagvenninner til topp innsats. Særlig førstnevnte var ansett som en vanskelig motstander med Eli Wenche Nilsen (ex. BSI) i toppform. Denne gangen ble hun imidlertid totalt overskygget av Ragnhild Korneliussen, og selv om Kongsbergs-laget holdt godt følge, var det ingen tvil om at BSI hadde full kontroll. Resultatet ble da også så godt som mulig i volleyball, og cupstemningen i BSI-leiren steg noen hakk.

Selv om det haltet litt mot Sortland, begynte vel noen å tro at BSI skulle klare det igjen. Ragnhild Korneliussen fortsatte nemlig i samme stil, og ingen i Grimstadhallen ville tro at hun bare har tatt i håndballen siden jul.

## Haltende

Med en småhaltende Inger Gundersen og flere andre Bergens-jenter uten mulighet til å gå til for fullt, var laget ute å kjøre i det ene settet mot Sortland. BSI ledet settet hele 8-0, men så sviktet det fullstendig, og nordlendingene utliknet til å 1 i sett. BSI-optimistene fikk seg et lite støkk og en anelse om at det skulle bli vanskelig å ta kongepokalen denne gangen.

Sortland hadde bare denne settseieren å by på, mens BSI hadde mer i vente fra Oslo. Og som vi antydet før helgen ble det Oslo VBK og BSI i damefinalen. For øvrig en finale som er noe av det jevneste og mest spennende som er vist i damevolleyball her til lands. Lagene fulgte hverandre som skygger. Et fullstendig skadefritt Oslo-lag hadde imidlertid klare fordeler av at kampen etterhvert utviklet seg til en maratonforestilling.

BSI-jentene kjempet mot motstanderne og sine egne skavanker etter beste evne. I seg selv en kjempeprestasjon å servere så god volleyball når gamle skader blir som nye etter fire harde sett.

Det måtte altså et femte og avgjørende sett til for å kåre helgens beste damelag. Det må likevel i anstendighetens navn tilføyes at et BSI-lag like skadefritt som helgens finalemotstander ikke hadde hatt problemer med å vinne denne kampen. Litt ergerlig for landets beste damelag å få så mange motstandere på en gang. Under de rådende forholdene kan ikke sølv karakteriseres som nederlag for BSI som sikkert vil ta «fryktelig» revansj ved neste korsvei.

Resultater:
BSI—Bergkameratene 3-0
BSI—Sortland 3-1
BSI—Oslo VBK 2-3 (finale).

## Førde - bronse

Førde VBK fikk bronse under fjorårets finale, og ungguttene var ikke snauere enn at de forsvarte disse medaljene i helgen. Det måtte riktignok fem sett til mot Gimsøy, men i siste sett gjorde de kort prosess med 15-4.



**Ragnhild Korneliussen (til v. i blokken) steppet inn på BSI-laget da skadeproblemene tårnet seg opp, og markerte seg som turneringens beste og nyttigste hos seriemestrene.**

Dette ser for øvrig ut til å bli siste året Førde spiller likt med de store. Sunnfjordingene mister tre av sine beste spillere neste år, og det skal bli vanskelig for Inge Andersen å erstatte spillere som Knut Føleide og brødrene Asbjørn og Olav Vølstad.

---

VOLLEYBALL

***Førde i Landsfinalen:***

# Målet er å forsvare bronsemedaljen.

Førde sitt herre-lag stiller denne helga i Landsfinalen i Norgescupen i volleyball. Laget møter Sandnes i første runde og burde ha gode sjansar å avansere, dersom ein legg dei siste oppgjera mot Sandnes til grunn. Med siger mot Sandnes er laget klar for bronsefinale mot Tromsø, som nok er favoritt til gullet etter overtydande spel i sluttspelet.

Lagleiar hos Førde, Inge Andersen, seier til Firda at han ikkje på nokon måte har innkassert siger over Sandnes på førehand. — Det vert denne gongen spela på lita bane, noko som gjer Førde sin store force, servinga, mindre farleg. Sandnes er godt i angrep, men svake i den oppbyggjande fasen av spelet. Difor har nok Sandnes ein fordel av den små hallen i Grimstad, meiner Andersen. Men han understrekar at målet er å forsvare bronsemedalja frå i fjor.

Favoritt til siger og Kongepokal er nok Tromsø. Den hardaste motstandaren KFUM Oslo er ikkje kvalifisert til Landsfinalen, i staden vert kanskje Hellerasten sterkaste out-sider. Dei andre laga i sluttspelet er Jessheim, KFUM Volda, Nessegutten og Gimsøy.

I damefinalen er BSI favoritt, men laget vil nok få hard kamp av Oslo. BSI-laget er ein del hemma av skader, og vil nok få problem mot Oslo-laget, men ein skal heller ikkje sjå bort frå Sortland, som nok satsar alt på å reise kjerringa etter den svake innsatsen i sluttspelet. Tambarskjelvar er ikkje kvalifisert til landsfinalen, dei vart som kjent slått ut av BSI i distriktsfinalen.

Laurdagsgjesten

**Inge Andersen:**

# — Miljø-faktoren viktig for vår framgang.

## Ser den sosiale treninga som like viktig som den fysiske.

Mister volleyball personleg, Inge Andersen, er vel kjend for dei aller fleste. Dei siste 8 åra har han vore hovudansvarleg for framgangen i volleyballen i Førde. Han har vore lagleiar for herrane som no har to år i norsk førstedivisjon og trenar og lagleiar for damelaget som denne helga spelar kvalifiseringskampar for toppdivisjonen. Men han har også trenaransvaret for dei om lag 50 unge volleyballrekruttane som nok dei aller fleste ser fram til å bli like gode som Vølstad-brødrene og Marita Hjelmeland, to av «produkta» til Inge Andersen. Som medlem av styret i Norges Volleyballforbund er han også med på å forme volleyballen si framtid.

Alle aktive snakkar om at dei trenar så og så mange timar for veka. Inge Andersen kan fortelje at han trenar dei aktive omlag 10 timar for veka, i tillegg vert det mykje reising i kampsesongen, så han har sjeldan ei ledig helg.

— Kva får deg til å legge ned så mykje tid på volleyball?

— Når ein først har byrja vert ein dregen med. Eg trivst med unge folk rundt meg og likar ungdom generelt. Sjølv kom eg ikkje med i aktiv volleyball før eg var for gammal til å satse på sporten. Men spelet fascinerte veldig. For meg er det det mest sosiale spel som finst, alle lyt dele like mykje både av siger og tap, difor er den sosiale delen heilt naturleg.

Er volleyballklubbar for sosialklubbar å rekne?

— Det kjem an på kva ein legg i ordet sosial, seier Inge, ein volleyballspelar er nok like godt trent som andre topputøvarar. Den enkelte spelaren veit heller ikkje mindre om den treninga han driv, men i tillegg treng han stor sjølvdisiplin. I Førde VBK satsar vi på å ha størst mogeleg glede av det vi driv med, og vi føler vi har stor nytte av mykje balltrening. Andersen fortel vidare at han neppe trur laget ville vore betre om dei hadde satsa meir på fysisk trening, og det viser seg at dei med sitt opplegg har makta å halde på sine spelarar. — Så sosialklubb — ja — idrett må vere sosial, seier han.

— Vi har ikkje satsa medvite for å nå toppen, det har berre vorte slik, seier Inge. Han fortel vidare at han har satsa på å byggje opp eit godt miljø, så viste det seg at det var mange gode talent, og dette har nok ført klubben mot toppen, etter hans meining. Men han understrekar at han aldri medvite har lagt opp til eit elitelag. Det har i stor grad kome av seg sjølv. — Men når vi først er komne der, er det klart vi satsar, seier han.

Kva er ditt personlege mål?

Det er klart at vi må vinne kampar, vi reiser ikkje så mykje utan å ville vinne. Men for meg er det like stor glede å sjå eit lag fungere som lag som at det nødvendigvis skal vinne.

Inge veit ikkje om han er god nok til å seie kva som krevst av ein god trenar. Men han trur det er viktig å skjøne dei ein har med å gjere, ein må heile tida drive på deira premissar. Dessutan må ein trenar på topplan ha god kjennskap til fysisk trening og rørsletrening. Volleyball er ein teknisk idrett, og den enkelte trenar må også vere god taktisk, meiner han.

Herrelaget er i dag kome på eit så høgt nivå at mine kunnskapar ikkje lenger strekk til, trass i at eg har C-kurs. Eg føler eg ikkje lenger kan tilføre dei noko meir teknisk og taktisk, men eg har lært mykje gjennom dei to åra som lagleiar i 1. divisjon, og det at vi har landslagsspelarar tilfører oss stadig nye impulsar, noko som er heilt nødvendig for å komme vidare, seier han.

**Hardt å vere lagleiar.**

Er det slitsamt å vere lagleiar?

Alle som har vore toppspelarar og som seinare går inn som lagleiarar meiner bestemt at det er meir slitsamt å vere lagleiar enn spelar. Som lagleiar kan du ikkje alltid vise dine kjensler, noko du har godt høve til som spelar. Andersen fortel vidare at han ikkje driv fysisk trening sjølv, men har vore aktiv fotball- og handballspelar (mellom anna i 3. divisjon handball) og no vert det litt bedriftsfotball i sommarhalvåret. Dessutan har han ein jobb å ta seg av, så det vert lite tid til fysiske «utskeiingar». Men han meiner at ein trenar bør vere i god fysisk form.

Andersen er også medlem i styret i Norges Volleyballforbund og er einig i deira satsing for å få betre nivå i volleyball. Forbundet har satsa mykje på å gjere seriesystemet betre. Volleyball er ein liten idrett, noko som fører til at ein berre kan gjere ein ting om gangen. Satsinga på serieordninga går difor utover tilbodet for massen, men er nødvendig for å få spelet opp på høgare nivå, meiner han. Men han vil ikkje vere med på at nivået i norsk topp-volleyball ligg noko tilbake for til dømes fotball og handball. Noreg er C-nasjon i alle desse disiplinane. Volleyballforbundet jobbar med sine små ressursar for å komme opp på eit betre nivå. Landslaget er etter kvart vorte ein attraktiv motstandar for landa i Skandinavia og er i ferd med å innhente det forespranget Danmark og Sverige har hatt, meiner han.

**Manglar ein generasjon.**

— Volleyball-klubbane slit med at dei manglar ein generasjon, dette fører til at dei aktive sjølve må skaffe inn ein stor del av pengane for å drive. I Førde VBK lagar dei aktive sjølve programma til kampane, til dømes, dei samla inn annonser og set opp heftet. Dette ser han som ein viktig del av den sosiale treninga, og er med på å gjere volleyball til ein fritidsaktivitet som er med på å gje dei unge verdifulle erfaringar når dei skal ut på eiga hand.

Inge vil avlive den myten om at volleyballspelarar berre «dillar» med ballen. Det er slutt på den tida då ein volleyballspelar ikkje trengde å trene. — Vi har etter kvart eit engasjert publikum som forstår kva som ligg bak vår innsats i serien. Vi er heller ikkje ein eksklusiv flokk som ikkje blandar oss med andre, seier han. Volleyballmiljøet i Førde er etter kvart vorte ganske stort, og volleyballspelarar er ikkje lenger ei eksklusiv samling av elitefolk. Vi har no fått med oss massen, og 50 deltakarar på treningane for gutar og jenter viser dette, seier han.



**Forlang ikkje for mykje.**

Det Inge er mest redd for er at publikum heile tida skal forlange at klubben skal hevde seg i 1. divisjon. Vi ser tendensen til dette i publikumsoppslutnaden om damelaget sine kampar. Folk bør ikkje forlange at vi alltid skal vere i toppen, seier han. — Dei bør forstå at volleyball er mykje meir enn akkurat toppidrett. Men Inge forstår godt at folk heller tek ein skitur framfor å gå på volleyballkamp på etterjulsvinteren, men oppslutnaden om heimekampane føre jul viser at den engasjerer, seier han.

Inge føler sjølv at han får mykje att for det han legg ned av tid og krefter på volleyball, og med si satsing på den miljømessige faktor kombinert med hard fysisk trening vil han nok også i framtida halde på dei aktive, like godt som han har gjort hittil.

Dette i tillegg til vona om a «eksporterte produkt» skal vende tilbake til klubben for å gjere ein innsats gjer at ein kan sjå framtida lyst i møte.

## «Norway Cup» feirar ti-års jubileum til sommaren.

Den store fotballturneringa «Norway Cup» kan i år høgtide tiårsjubileum. Førebuingane ti turneringa er alt i godt gjenge, for å ta i mot dei rundt 20.000 som ein reknar med skal kome til Oslo ti starten 2. august.

«Norway Cup» er største fotball turneringa i verda, og ein reknar også i år med deltaking frå mange nasjonar. M.a. har ein alt fått påmeldingar frå USA og Gambia.

Av omsyn til talet på baner som kan brukast, vil ein ikkje ta mot fleire i år enn i fjor, då 22.000 var med, fordelt på 1100 lag. Men arrangørane lovar ei verdig bursdagsfeiring med ymse overraskingar.

30. april er siste sjansen til å melde seg på for jente- og gutelag som måtte greie å finansiere ein tur til Oslo og den store fotballfesten til sommaren. (NPK)

---

VOLLEYBALL

# Sogn og Fjordane til topps i Volda.

## Vann gutefinalen, jentene på 4. plass.



Sogn og Fjordane sitt vinnarlag, bak frå v. Per Inge Hestetreet, Svelgen, Dag Gjerde, Svelgen, Geir Vangen, Førde, Are Einevoll, Tambarskjelvar, Frank Kalstad, Førde, Børge Einevoll, Tambarskjelvar, Valdemar Bjørhovde, Eid, og lagleiar Per Gunnar Aase, Tambarskjelvar. Framme frå v. Frode Hilde, Tambarskjelvar, Bent Sunde, Førde, Ivar Johan Vågen, Førde, Atle Standal, Tambarskjelvar, Frank Midtbø, Svelgen, og Stig Bell, Svelgen.

Den 27. og 28. mars vart det arrangert krinslagsturnering i volleyball i Voldahallen for gutar og jenter fødd i -65 eller seinare. Fire lag deltok i kvar klasse. Desse laga var med: Sogn og Fjordane, Sunnmøre, Nordmøre og Romsdal og Inn-Trøndelag.

Laurdag spelte alle laga i kvar klasse mot kvarandre. I guteklassa vann Sunnmøre alle kampane medan Inn-Trøndelag, Sogn og ~~Fjordane og~~ Nordmøre og Romsdal kom på plassane etter. I jenteklassa vann også Sunnmøre medan Nordmøre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Inn-Trøndelag kom på dei andre plassane.

På sundag spelte Sogn og Fjordane mot Inn-Trøndelag om 3. plassen i jenteklassa. Denne kampen vann Inn-Trøndelag 3-1 etter ein lettspelt kamp. I guteklassa vart det derimot ein svært jamn kamp mellom Inn-Trøndelag og Nordmøre og Romsdal om 3. plassen. Inn-Trøndelag klarte til slutt å hale i land ein 3-2 siger, etter å ha lege under 0-2.

I gutefinalen mellom Sunnmøre og Sogn og Fjordane, fekk Sogn og Fjordane revansj etter 2-1 tapet på laurdagen. Dei to laga delte dei to første setta mellom seg, men etter dette sa Sogn og Fjordane takk for seg og tok dei to siste setta utan nemneverdige problem (15-4 i siste sett).

Jentefinalen mellom Sunnmøre og Nordmøre og Romsdal viste seg å verte langt meir spanande. Sunnmøre vann dei to første setta, men då sa det stopp. Sakte men sikkert klarte Nordmøre og Romsdal å hale i land dei to neste setta. I 5. settet fekk Sunnmøre taket på kampen igjen og klarte å ro i land gullet.

**Resultat:**

**Jenter:**

1. Sunnmøre, 2. Nordmøre og Romsdal, 3. Inn-Trøndelag, 4. Sogn og Fjordane.

**Gutar:**

1. Sogn og Fjordane, 2. Sunnmøre, 3. Inn-Trøndelag, 4. Nordmøre og Romsdal.

Dette er første gongen at så mange krinslag har spela mot kvarandre. Vi får håpe at fleire kretsar vil gå inn i eit slikt samarbeid, for dette er til stor inspirasjon for dei unge og lovande volleyballspelarane.

VOLLEYBALL

Sluttspelet:

# Hard fysisk og psykisk prøve.








Tambarskjelvar i 3 fasar i sluttspelet: Øverst — opplading, i midten — ulideleg spanande kamp, nederst — avslapping før neste kamp.

Veninnegjengen frå Naustdal har slått til igjen, men frå laget reiste frå Naustdal torsdag ettermiddag til dei var tilbake sundag kveld skjedde uendeleg mykje. Ikkje berre hadde laget vunne sølv i serien, det hadde vorte beste laget i sluttspelet og gjort ein prestasjon som ingen hadde våga å drøyme om ved sesongstart.

Dei ni spelarane hadde overvunne den harde fysiske og psykiske påkjenninga eit slikt sluttspel er. I løpet av tre hektiske kampar skal det avgjerast kven som er best og kven som er dårlegast. I 1. divisjonsvolleyball er det snakk om små marginar, spelarane kan ikkje slappe av i eitt sekund under kampen. I kampen Oslo—Tambarskjelvar hadde Tambarskjelvar 5 poeng meir samanlagt etter 5 sett enn det Oslo hadde, så lite skilde det mellom sølv og bronse, — ein liten miss, og sølvet kunne hamna hos Oslo-laget.

Lagleiar Atle Øen og spelarane på Tambarskjelvar var klar over at det ville bli jamt og hardt på førehand, og tok konsekvensen av det. Spelarane reiste til Oslo to dagar før kampane for å finne roa før det harde slaget. Før kvar kamp var alle spelarane samla, og saman med lagleiar Atle Øen gjekk dei grundig gjennom det ein kunne vente seg av motstandaren. Kva trekk ein kunne vente seg i den og den situasjonen, og kva mottrekk ein sjølv måtte gjere.

— Det er viktig at spelarane har det rette spenningsnivået før dei går på bana. Dette regulerer vi med samankomster før kampen, og oppvarminga. Den enkelte spelar må ikkje ha for høgt spenningsnivå, då vert han for anspent. Er dette for lågt, har han vanskeleg for å yte «maks». Dette seier Atle Øen, som legg stor vekt på den psykiske oppladninga før ein kamp.

Men førebuingane til ein kamp er ikkje berre «pep-talken» i garderoben. Også ved frukostbordet var det tydeleg at den enkelte var innstilt på oppgåva. Men her konsentrerte spelarane seg om heilt andre ting. Praten gjekk om alt anna enn volleyball. Det kunne vere Torunn som hadde kjøpt ei «forferdeleg» bukse, eller maten som var så altfor god. Heile tida ein spøkefull tone, og heile laget samla.

Kampen mot Oslo var jamn, nesten uhyggeleg jamn for oss som sat på sidelinja. Tambarskjelvar-jentene var på defensiven i første del av 4. sett, spelarane gjorde mange personlege feil, og noko måtte gjerast. Atle Øen bad om time-out, og ved forsiktig håning av spelarane, makta han å tenne dei til ny innsats. Dei skulle så visst ikkje finne seg i at lagleiaren hadde grunn til å håne deira spel. Kampen snudde, og Tambarskjelvar vann settet.

Stemninga etter BSI-kampen var kort og godt ubeskriveleg, ein ny milepel og eit nytt mål var nådd. Jentene var topp tende på å slå Bergens-laget, og då dei lukkast, vart ein vitne til fantastiske gledescener. Tenk å ha slege BSI, — det heile verka mest utruleg. Sølvet var så godt som sikra.

Trøytte Tambarskjelvar-spelarar måtte sjå at Oslo banka Sortland i siste kampen laurdag. Dermed var det grei beskjed — laget måtte slå Sortland i siste kampen sundag. «Det gjer vi lett», var innstillinga i Tambarskjelvar-leiren — bortsett frå ein — lagleiar Atle Øen. «De må hugse at Sortland no har tapt alle sine kampar, og nok vil skjerpe seg maksimalt i siste for å vise at dei er betre enn det dei hittil har fått vist», var hans greie beskjed til spelarane. Og akkurat det viste det seg at Atle skulle få så inderleg rett i. Tambarskjelvar-jentene gjekk på bana med innstillinga — dette er vår siste sjanse til å ta sølvmedaljen — og den vart utslagsgjevande i oppgjeret mot

# Sølvjentene frå Naustdal.

Firda presenterer her dei ni sølvmedaljevinnarane til Tambarskjelvar. Like etter sluttspelet stilte vi dei spørsmål om alder og plass på laget. Dernest spurde vi om yrke, og kva dei var mest nøgd med under siste runde i sluttspelet. Siste spørsmål var: Kva er din hobby utanom volleyballen?

Vi kan legge til for eiga rekning at sivilstanden hos alle, bortsett frå ei, er ugift, og at gjengen utgjer eit fargerikt innslag i norsk volleyball.



**Torunn Solheim 18 år, midtspelar.** Syerske. — Artig å slå BSI, sølvmedalja toppen. Litt friidrett og amatørteater.



**Gunnvor Aase 17 år, kaptein, oppleggar** Skuleelev. — At vi greidde å gjennomføre sluttspelet. Korsong.



**Ingrid Aase 18 år, midtspelar** Skuleelev. — At vi tukta Oslo og BSI og fekk sølv. Musikk, ungdomsarbeid.



**Britt Fjellanger 29 år, kantspelar** Lærar. — 6 poeng i sluttspelet og sigeren over BSI. Hovudoppgåva om idrett.



**Randi Standal 19 år, oppleggar** Bakar. — 6 poeng, at vi endeleg slo BSI. Leiar for ungdomsklubb.



**Helene Mallasvik, 18 år, kantspelar** Skuleelev. — At vi fekk spelet til å gli. Friluftsliv.



**Venke Andal 19 år, midtspelar** Syerske. — Sølvet. Litt friidrett.



**Erna Viken 25 år, kantspelar** Lærar. — Sigeren over BSI. Friluftsliv.



**Trine Hove 16 år, kantspelar** Skuleelev. — Sølvet. Ingen.

VOLLEYBALL

# Serie-runda

## H3:

### Pil – Svelgen 1-3.

Kampen mellom Pil og Svelgen vart ingen god kamp, men var underhaldande og publikumsvenleg. Svelgen viste god evne til å avslutte angrepa sjølv på vanskelege opplegg, og var klart betre enn Pil. Laget er klar som seriemeister og Pil må ta vegen til 4. divisjon, men laget surmuler ikkje av den grunn. Settsiffera var 12-15, 15-8, 7-15, 9-15.

### Sande – Pil 3-0.

Sande vart sterkast i nabooppgjeret mot Pil sist onsdag, og vann ein fortent 3-0 siger.

### Førde – Vik 3-1.

Førde vann ein jamn og viktig kamp mot Vik i Førdehuset laurdag. Vik vann førstesettet 16-14. Førde tok dei tre siste, men i 3. settet var det hard kamp, og Førde vann til slutt 17-15. Førde trygga dermed 2. plassen i 3. divisjon, men er utan sjanse i kampen om seriemeisterskapen i og med Svelgen sin siger over Sande.

## D3:

### Tamb. – Sogndal 1-3.

Sogndal sin landslagsspelar Liv Roald viste til fullnads kva ho betyr for Sogndal si sigersrekkje denne sesongen. Sogndal vann første og dei to siste setta lett 15-2, men i 2. sett tok Liv Roald seg ei pause, med det resultat at Tambarskjelvar vann settet 15-13.

Tambarskjelvar var i denne kampen fullt på høgde med Sogndal i servinga, men var ikkje i stand til å møte Sogndal sin høge midtspelar som var farleg når ho fekk dei presise opplegga frå Liv Roald.

**H3:**

| | |
|---|---|
| Sande – Pil | 3-0 |
| Sogndal – Eid | 3-0 |
| Førde – Vik | 3-1 |
| Sande – Svelgen | 1-3 |
| Pil – Svelgen | 1-3 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Svelgen | 13 | 12- 1 | 38- 9 | 24 |
| Førde | 12 | 10- 2 | 31-18 | 20 |
| Sande | 14 | 9- 5 | 33-23 | 18 |
| Vik | 14 | 7- 7 | 29-27 | 14 |
| Eid | 13 | 6- 7 | 27-25 | 12 |
| Sogndal | 13 | 5- 8 | 19-32 | 10 |
| Pil | 14 | 3-11 | 18-36 | 6 |
| KFUM Sandane | 11 | 0-11 | 3-30 | 0 |

**D3:**

| | |
|---|---|
| KFUM Sandane – Jotun | 3-0 |
| Sande – Svelgen | 3-1 |
| Tambarskjelvar – Sogndal | 1-3 |
| Breim – Jotun | 3-1 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sogndal | 12 | 12- 0 | 36- 5 | 24 |
| Sande | 14 | 11- 3 | 35-19 | 22 |
| Breim | 13 | 9- 4 | 31-20 | 18 |
| KFUM Sandane | 11 | 7- 4 | 25-19 | 14 |
| Svelgen | 11 | 4- 7 | 21-23 | 8 |
| Tambarskj. | 13 | 3-10 | 19-33 | 6 |
| Jotun | 12 | 2-10 | 10-33 | 4 |
| Hornindal | 13 | 2-11 | 12-35 | 4 |

## Spring Cup i volleyball.

Gunvor og Ingrid Aase, Tambarskjelvar er uttekne til landslaget i volleyball. Med på laget er også Marita Hjelmeland, BSI, (eks. Førde). Laget skal delta i den såkalla Spring Cup.

Asbjørn og Olav Vølstad er uttekne til landslaget for herrar.

Laurdagsgjesten

Atle Øen:

# Trenar utan aktiv volleyball-bakgrunn

**Hadde nokon sagt til meg i fjor at vi kom til å ta sølv i 1. divisjon ville eg oppfatta det som fleip, for det har enno ikkje gått opp for meg korleis vi makta dette.**



Desse orda kjem frå Atle Øen, lagleiar og trenar i Tambarskjelvar sitt volleyball-lag, som sist helg sette ei førebels krone på ein jubelsesong utan sidestykke her i fylket.

Atle er mannen bak suksessen, men er redd for at han skal bli tillagt for stor del av æra. – Dette er ikkje nokon einmannsjobb. Ein trenar treng spelarar som er villige til å innordne seg i eit system. Dei aktive må vere villige til å jobbe mot eit mål. Foreldre og bygdefolk må støtte opp om ein skal lukkast. Alt dette har vi oppnådd her i Naustdal, og trenaren er berre den vesle brikka i eit stort spel, der alle er like viktige for at det skal bli suksess, seier han.

**Lite volleyball-bakgrunn.**

Som dei færraste kanskje ville tru har Atle ikkje bakgrunn som aktiv volleyballspelar. Eitt år i 3. divisjon er hans aktive bakgrunn. Han har heller ikkje ei strålande trenarutdanning bak seg. Eitt år på lærarskulen si gymnastikklinje gav han innsikt i dei mest elementære grunntreningsprinsipp. Dessutan har han B-kurs i volleyball. – Eg har lært mykje av Inge Andersen og Svein Rørvik, dessutan har eg plukka opp forskjellige ting på turneringar og under kampane, fortel han.

Kvifor starta du med dette arbeidet?

– Eg har drive idrettsarbeid i lengre tid, og kom med i volleyballkrinsen og fekk kontakt med Inge Andersen. Damelaget i Tambarskjelvar hadde bruk for ein trenar – og du veit – der er nokre som ikkje har vit til å innsjå si begrensing, så eg sa ja. Eg las mykje treningsteori, og fekk råd frå mange. Eg tok B-kurs i volleyball utan å få noko utbytte av det, og frå gymnastikkskulen hadde eg ein del kunnskapar om grunntrening. Dessutan har vi eit svært godt gymnastikkmiljø i Naustdal, der fleire lærarar er interesserte.

– Kva betyr sølvmedalja for deg personleg?

– Den har ein tosidig verknad. For meg betyr det mykje å hjelpe dei unge til å oppnå eit slikt resultat. Men i og med suksessen aukar krav, noko som gjev eit auka press.

– Vi er no i ein slags forsvarsposisjon, og må sjå neste sesong som ein heilt ny sesong. Volleyball-Noreg har nok enno vanskeleg for å godta Tambarskjelvar som eit topplag, vi vert nok enno sett på som ei «døgnfluge». Men det er klart at hadde vi behalde alle spelarane neste sesong ville vi vorte enda betre. Alt no er det klart at vi misser i alle fall to spelarar. Dette gjer at vi til ein viss grad er avhengig av ei viss tilflytting. 6-7 spelarar er for lite til å hevde seg i 1. divisjon.

– Kor mykje tid legg du ned på volleyballarbeidet?

– Det veit eg ikkje, men det går med 6 timar for veka til trening (han og Per Gunnar Aase deler trenaransvaret). Dessutan tek planlegginga mykje tid, og over 20 helgar i året går med til reising.

Atle fortel vidare at han føler at han lever eit normalt familieliv. Han er gift og har ein gut på 4 år, og innrømmer at satsinga nok ikkje hadde gått utan velvillig innstilling frå kona. – Vi diskuterer opplegget på førehand og førebur oss på det som skal skje. Dette gjer det nok enklare å få det heile til å fungere, hevdar han.

**Temperamant – autoritet – fellesskap.**

Atle kjem frå Sørbøvåg, og flytta til Naustdal for 6 år sidan. Som sogning har han eit godt temperament og på spørsmål innrømmer han at temperament er nødvendig for å vere ein god trenar og lagleiar. Dessutan må ein trenar og lagleiar ha sjølvtillit, meiner han. – I stressa situasjonar må ein ha sjølvtillit til å ta ei avgjerd. I motgangen over nyttår i år var nok min sjølvtillit ganske frynset, men eg makta å slå i bordet til meg sjølv, og kom ovanpå igjen. Han hevdar vidare at ein trenar må vere autoritær. Ein kan ikkje drive idrett dersom demokratiet skal gjelde i alle situasjonar. Det er svært viktig at lagleiaren, og ikkje den enkelte spelar, tek avgjerdene, seier han. På trening pressar eg spelarane til innsats ved å minne dei om at dei har eit ansvar overfor kvarandre, seier han, og fortel vidare at han ofte kjem opp i vanskelege situasjonar der god kjennskap til den enkelte spelar er nødvendig for å kunne ta dei rette avgjerdene. – Det er viktig at vi har ein stor grad av fellesskap, for å gjere fellesansvaret større, hevdar han.

**– Volleyball ein del av meg sjølv.**

Den gjengen som i år tok sølv har jobba saman sidan dei var små knøttar i 1977-78. Ein av spelarane som i år flytter innrømmer at ho får tårer i auga når ho tenkjer på at ho skal reise frå dette miljøet, fortel han.

– Volleyballgruppa er vorte ein del av meg sjølv. Eg kan ikkje seie at no gidd eg ikkje lenger. For spelarane er eg nok ikkje berre ein trenar. Opp gjennom åra har eg reist ein god del saman med dei og bestemt mykje for di. I år fekk vi to nye i laget, og laget voks mykje på det, og dei to spelarane hadde ein positiv innverknad på dei andre på laget.

Atle er storleg nøgd med støtta laget får hos bygdefolket i Naustdal, og nemner jobben på Ankerløkken som døme. Utan den støtta hadde arbeidet vore mykje vanskelegare, seier han. Han føler også at kommunen set pris på arbeidet som blir gjort, og innser reklameverdien i laget. – Volleyball-gruppa fekk 3000 kroner i tilskot, utan å ha bedt om det. Dette viser at kommunen set pris på vårt arbeid, men eg kunne ønskt meg at den hadde hatt betre råd. Treningsforholda våre er dårlege, og mitt største ønskje er at vi får trene på stor bane av og til i alle fall. Gymnastikksalen i Naustdal er for liten, og den eine salen vi har i Førdehuset vert også for liten, seier han. Men han legg til at det også er fordelar ved å trene under «trange kår» det stiller større krav til teknikken for å få utbytte av treningane, meiner han.

Laget står denne helga framfor nok ei viktig turnering. Veninnegjengen har no sin sise sjanse å ta junior-NM. Og det er klart dei satsar maksimalt på det. Men Atle minner oss om filmen «Heltane er trøytte». – Det var ein dårleg film, og det kan bli dårleg utfall dersom reaksjonen på innsatsen i serien kjem til denne helga. Vi håpar og trur den ikkje kjem før etter finalekampane, då bør det bli gull på Naustdal-jentene, meiner han.

# Jamn fin stigning for Tambarskjelvar

## Ligg på 2. plass før siste runde i sluttspelet.

Tambarskjelvar er i ferd med å finne tilbake til godforma. I første runde i sluttspelet for damene viste laget fin stigning frå kamp til kamp. Første kampen mot Oslo vart den dårlegaste og siste kampen mot Sortland var den beste laget har vist nokon gong. Med to sigrar og eitt tap er laget på 2. plass før siste og avgjerande runde i Oslo neste helg, men det er jamnt i kampen om sølvmedalja, så ingenting er avgjort.

Lagleiar i Tambarskjelvar, Atle Øen, seier til Firda at han er godt nøgd med kampane i helga. Oppladinga tok sikte på at Sortland og Oslo skulle slåast, og det makta jentene frå Naustdal. BSI hadde dei ikkje rekna med å slå, men faktum er at med god vinnarinnstilling i det oppgjeret kunne dei tukta Bergens-laget.

**Tambarskjelvar – Oslo 3-2.**

I kampen mot Oslo leverte Tambarskjelvar 3 gode og to svake sett. Kampen opna godt, sett med Tambarskjelvar sine auge, og med god serving, samstundes som mottaka fungerte godt, tok dei dei to første setta 15-12 og 15-8. I 3. sett kom reaksjonen, og laget vart usikkert på dei fleste punkt. Laget gjorde feil i eigen serve og makta ikkje utnytte sin force, og Oslo vann eit jamnt sett 16-14. Heller ikkje i 4. sett lukkast det for Tambarskjelvar, samstundes som Oslo lukkast i det meste og vann eit raskt sett 15-9.

Eit «nytt» Tambarskjelvar-lag kom på bana til 5. sett. Dei ville vinne kampen. Men settet starta dårleg for Naustdals-jentene, og Oslo kom 6-0 leiing. Tambarskjelvar fekk delvis kontakt før sidebyte på stillinga 8-5. Og då sa det stopp for Oslo-laget. Med god serving og ypperleg spel vann Tambarskjelvar settet 15-8.

Det viktige i denne kampen var at laget vann ein kamp dei hadde hatt taket på, og mista, for så å komme tilbake i det siste avgjerande sett. Dette har laget hatt problem med i dei siste oppgjera.

**Tambarskjelvar – BSI 1-3.**

Denne kampen vann BSI på si større rutine. Tambarskjelvar synest nøgde med å spele godt mot Bergens-laget og maktar ikkje få fram sigers-viljen som er nødvendig for å avgjere desse kampane. Som i Førdehuset for 14 dagar sidan var Naustdals-jentene fullt på høgde med Bergens-laget, men tapte på eigne feil i 4. sett. Tambarskjelvar hadde då leiinga 13-12 etter å ha innhenta ei 12-6 leiing. Men 4 feilservar nyttar ikkje mot eit rutinert BSI-lag, som utnytta sjansen og vann settet 15-13.

Første sett gjekk til BSI 15-11 etter bra spel. I 2. sett fekk Tambarskjelvar servane til og vann lett 15-7. Men BSI kom sterkt tilbake i 3. og vann greitt 15-5, før det tidlegare omtalte 4. sett sikra BSI sigeren 3-1. Men trass i tapet viste Tambarskjelvar-jentene fin framgang frå Oslo-kampen, noko som lova det aller beste før oppgjeret mot Sortland.

**Tambarskjelvar – Sortland 3-1.**

Før denne kampen hadde Tambarskjelvar den rette innstillinga til å vinne. Dette gav seg utslag i topp spel dei to første setta. Lagleiar Atle Øen kunne sitje roleg på sidelinja og studere spelet, og gripe inn med time-out var unødvendig. Tambarskjelvar viste beste spel hittil, og leverte to sett utan personlege feil. Servane sat som dei skulle, mottaka var sikre, samstundes som angriparane jobba godt heile tida. Tambarskjelvar vann setta lett 15-7 og 15-5.

Reaksjonen kom i 3. sett. Sortland serva betre enn tidlegare, samstundes som laget hadde den nødvendige flaksen. Hos Tambarskjelvar lukkast ingenting, og Sortland vann settet lett 15-7. I 4. sett styrka Tambarskjelvar mottaket, og avgjorde på den måten kampen. Det vart ikkje vist feil i mottak i siste sett, og etter litt stillingskrig i opninga gjekk laget klart frå og vann settet 15-6.

# BSI seriemeistrar i dameklassa

Første runde i sluttspelet gav ikkje noko avklaring i dei to meisterskapspuljene. BSI var på førehand klar favoritt i dameklassa og vann alle sine tre kampar og er dermed klar som vinnar. I herreklassa er kampen mellom KFUM Oslo og Tromsø framleis like jamn. Begge lag tapte ein kamp denne helga. Oslo tapte mot Tromsø, medan Tromsø tapte mot Hellerasten. Dette gjer at Tromsø no toppar takka vere betre settskilnad enn Oslo-laget.

I kampen om 2. plassen er det framleis jamnt og spanande i dameklassa. Ingenting er avgjort mellom Sortland, Oslo og Tambarskjelvar. Her vil dagsforma neste helg verte heilt avgjerande, men Tambarskjelvar viste fin stigning frå kamp til kamp denne helga, og kan laget halde fram der dei slutta sundag, bør laget ha sjanse på sølv-medalja. Men som sagt, ingenting er avgjort.

I nedrykkingspulja sikra Førde seg to viktige sigrar mot Sandnes og KFUM Ålesund. Dette gjer at laget no treng ein siger i siste runde for å vere sikra plassen i 1. divisjon også til neste år. Sandnes har sjanse å ta denne plassen dersom Førde tapar alle sine kampar samstundes som dei vinn alle sine. I realiteten er vel det heile avgjort, men ein skal vere varsam med å utelukke Sandnes-laget som viste fin stigning frå siste serierunde.

I damene si nedrykkingspulje er det Ålesund sin innsats som interesserer mest. Deira skjebne er i høgste grad viktig for divisjonane nedover. Bergar dei plassen vil Måløy behalde plassen i 2. divisjon. Ålesund tapte alle sine oppgjer, og har eit dårleg utgangspunkt før dei siste kampane neste helg.

Det skal bli spanande å følgje laga i den harde kampen i sluttspelet. Tambarskjelvar reiser til Oslo, medan Førde tek turen til Ålesund.

**Meisterskap damer:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar – Oslo | | | | 3-2 |
| Tambarskjelvar – Sortland | | | | 3-1 |
| Tambarskjelvar – BSI | | | | 1-3 |
| BSI – Sortland | | | | 3-0 |
| Sortland – Oslo | | | | 2-3 |
| BSI – Oslo | | | | 3-0 |
| BSI | 9 | 7-2 | 23- 9 | 14 |
| Tambarskjelvar | 9 | 4-5 | 18-21 | 8 |
| Oslo | 9 | 4-5 | 17-21 | 8 |
| Sortland | 9 | 3-6 | 16-23 | 6 |

**Nedrykkingspulje:**

Porsgrunn – Bergkam. 0-3, Ålesund – Sandnes 2-3, Bergkameratene – Sandnes 3-1, Porsgrunn – Sandnes 0-3, Bergkameratene – KFUM Ålesund 3-1, Porsgrunn – Ålesund 3-1.

**Meisterskapspulje herrar:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| KFUM Oslo – KFUM Volda | | | | 3-1 |
| Tromsø – Hellerasten | | | | 1-3 |
| Tromsø – Volda | | | | 3-0 |
| KFUM Oslo – Hellerasten | | | | 3-2 |
| Hellerasten – KFUM Volda | | | | 3-1 |
| KFUM Oslo – Tromsø | | | | 1-3 |
| Tromsø | 9 | 6-3 | 23-16 | 12 |
| KFUM Oslo | 9 | 6-3 | 23-18 | 12 |
| Hellerasten | 9 | 5-4 | 22-18 | 10 |
| KFUM Volda | 9 | 1-8 | 10-26 | 2 |

**Nedrykkingspulje:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Førde – Sandnes | | | | 3-2 |
| NTHI – KFUM Ålesund | | | | 3-0 |
| NTHI – Sandnes | | | | 3-1 |
| Førde – KFUM Ålesund | | | | 3-0 |
| Sandnes – KFUM Ålesund | | | | 3-1 |
| NTHI – Førde | | | | 3-2 |
| Førde | 9 | 7-2 | 25-13 | 14 |
| NTHI | 9 | 7-2 | 23-12 | 14 |
| Sandnes | 9 | 4-5 | 18-18 | 8 |
| KFUM Ålesund | 9 | 0-9 | 4-27 | 0 |

# Førde med fornya 1. div.-kontrakt.



Asbjørn Vølstad stod for fleire fine angrep i midten etter fikse opplegg m.a. frå Bjarte Berge. Men NTHI vart til slutt for sterke.

**Botnstriden i årets 1. divisjon for herrar er avklara alt før siste runde i sluttspelet. Kampane i Førdehuset laurdag og sundag stadfesta det mange tippa på førehand – KFUM Ålesund er**
**definitivt ute av 1. divisjon og de**
**får etter alt å døme fylgje av**
**Sandnes. Rett nok har rogalendin**
**gane ein teoretisk sjanse til å**
**overleve i divisjonen, men ingen**
**ting tyder på at dette skal bli ann**
**enn teori.**

Førde og NTHI berga sin
plassar med høvesvis to og tr
sigrar i denne delen av sluttspele
og ligg no på same poengsum me
Førde hårfint framom takka ver
settskilnaden. Spenninga – de
som det kan snakkast om spennin
– framfor sluttspelkampane
Ålesund komande helg, ligg
duellen mellom Førde og NTH
som kjempar om 5. plassen. So
ein kuriositet kan vi nemne at ei
av desse laga må tape alle sin
kampar samstundes som Sandn
vinn samtlege, for at rogalendi
gane skal avansere bort frå ne
rykksplassen.

■■■ Framh. side

# Førde treng 3-1 siger over KFUM Måløy.

**Avgjerande kampar både i 3. og 4. divisjon denne helga.**



**Med minst 3-1 siger over Måløy i kveld vil desse jentene frå Førde vere klar for kvalifisering til 1. divisjon. Framme frå v. Vigdis Bruland, Line Sunde, Idunn Bøyum og Solbjørg Steiro. Bak frå v. Tone Oppedal, Arnhild Hage, Heidi Hjelmeland, Iris Loftheim, Jofrid Vølstad og Anita Eide.**

Medan Førde kjempar om retten til kvalifisering til 1. divisjon, kjempar fylket sin andre representant i divisjonen, KFUM Måløy, for å unngå nedrykk. Laget ligg nest sist på tabellen, og må slå Førde i siste seriekampen i kveld for å unngå nedrykk. På førehand har nok Førde størst sjanse til å nå målet, men Måløylaget vil nok selje seg dyrt. Førde treng minst 3—1 siger for å vere sikra seriemeisterskapen. Førde sin hardaste konkurrent, Sverresborg, møter Vinne på bortebane, og sikrar seg nok to nye poeng.

Dersom Førde maktar å halde roa i laget og spelet med hovudet, vil nok laget ta den nødvendige sigeren over Måløy. Nordfjordlaget ligg eit godt stykke etter sunnfjordingane både teknisk og

■■■ Framh. frå side 7

**Sluttspelet:**

# Tambarskjelvar satsar på medalje.

**Førde ligg best an i nedrykkingspulja på herresida.**

BSI og KFUM Oslo leiar høvesvis dame- og herreserien i meisterskapspuljene. Tambarskjelvar som lenge leia grunnserien, og til slutt greidde ein 2. plass der, er ramla ned på 4. plass før sluttspelet. Førde ligg på topp i nedrykkingspulja, og har to poeng til gode på NTHI på andreplass.

Første runde i sluttspelet vert avvikla denne helga. Damene spelar i Bergen, medan herrane har sine oppgjer i Tromsø og Førde. Tambarskjelvar møter BSI, Sortland og Oslo, og har på ingen måte gjeve opp kampen om ei medalje. Lagleiar i Tambarskjelvar, Atle Øen, seier til Firda at han ikkje har lagt opp nokon spesiell taktikk før kampane. — Vi møter 3 lag med forskjellig spelestil, og satsar på å spele vårt eige spel, seier han. Han har satsa spesielt på å gjere dei enkelte spelarane sikrare i serve før desse oppgjera, men elles har treningane gått som vanleg. Han fortel vidare at spelarane er byrja å gå trøytte etter det harde programmet i det siste, men alle spelarane er skadefrie og stiller topp motiverte til kampane i Bergen.

Alle fire laga viste i grunnserien at dei kan spele jamnt med kvarandre, og det er vel sannsynleg at det vert fleire 5-setts kampar, så det laget som har best kondisjon vil kanskje til slutt bli ståande som vinnar. BSI har eit lite føresprang, men vi skal ikkje gløyme at laget har tapt ein kamp mot både Oslo og Sortland. Oslo og Sortland har begge tapt eit av oppgjera mot laga i sluttspelet, medan Tambarskjelvar i tillegg har tapt begge oppgjera mot BSI. Så alt ligg til rette for eit dramatisk sluttspel som vert innleia i Bergen denne helga. Tambarskjelvar møter Sortland laurdag og Oslo og BSI sundag. Siste og avgjerande runde går i Oslo neste helg.

I Førdehuset møtest NTHI, Sandnes, Ålesund og Førde. Førde ligg best an føre sluttspelet, og treng to sigrar i tillegg til siger over KFUM Ålesund for å vere sikra 1. divisjon også neste sesong. Laget har slege både NTHI og KFUM Ålesund i begge oppgjera i grunnserien, medan det vart eitt tap mot Sandnes. NTHI står med to sigrar både mot Sandnes og Ålesund. Sandnes vann over Ålesund i tillegg til ein siger mot Førde. Resultata frå grunnserien tyder på at sluttspelet blir svært jamnt. Førde er vel knepen favoritt, men det er vel ingen som i dag torer å seie sikkert kven som vinn denne pulja. Dei to dårlegaste laga må ta den tunge vegen ned til 2. divisjon.

I meisterskapspulja har KFUM Oslo, som var nummer to i grunnserien, passert Tromsø. Begge laga ligg på 8 poeng, men Oslo har hårfint betre settskilnad.

For sluttspelet vert berre oppgjera i grunnserien mellom dei fire laga i kvar pulje rekna med. Dette har slege spesielt ugunstig ut for Tambarskjelvar og Tromsø, som begge gjekk nedover på tabellen. Men begge laga kan med godt spel i sluttspelet vere med i kampen om gullet.

Stillinga før sluttspelet:

**Damer meisterskap:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| BSI | 6 | 4-2 | 14- 8 | 8 |
| Sortland | 6 | 3-3 | 13-14 | 6 |
| Oslo | 6 | 3-3 | 12-13 | 6 |
| Tambarskj. | 6 | 2-4 | 11-15 | 4 |

**Nedrykkingspulje:** Porsgrunn 10, Bergkameratene 8, KFUM Ålesund 4 og Sandnes 2.

**Herrar meisterskap:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| KFUM Oslo | 6 | 4-2 | 16-11 | 8 |
| Tromsø | 6 | 4-2 | 15-12 | 8 |
| Hellerasten | 6 | 3-3 | 14-13 | 6 |
| KFUM Volda | 6 | 1-5 | 8-17 | 2 |

**Nedrykkingspulje:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Førde | 6 | 5-1 | 17- 8 | 10 |
| NTHI | 6 | 4-2 | 14- 9 | 8 |
| Sandnes | 6 | 3-3 | 12-11 | 6 |
| KFUM Ålesund | 6 | 0-6 | 3-18 | 0 |

**Sluttspelet:**

# Tambarskjelvar i hard kamp om sølvet.

**BSI tek gull. Førde sikrar venteleg plassen i herrar 1. divisjon.**

Første runde i sluttspelet i volleyball gav avklaring på mykje, men samstundes skapte det nye spaningsmoment. Det heile vert avgjort denne helga, då siste runde vart avvikla.

Tambarskjelvar spelte seg opp frå 4. til 2. plass på tabellen med sine sigrar over Oslo og Sortland. Men det er svært jamnt mellom desse laga i kampen om 2. plassen. Tambarskjelvar ligg a poeng med Oslo, men har eitt sett betre settskilnad. Sortland på 4. plass ligg to poeng bak, men er absolutt med i kampen om sølvmedalja. I duellen mellom dei tre laga vil nok dagsforma bli avgjerande, men kan Tambarskjelvar halde på det fine spelet frå Sortland-kampen er ei sølvmedalje innan rekkevidde. Spelarane er i alle fall topp tende på oppgåva og reiste til Oslo i går for å få den rette oppladinga. BSI er alt klar som vinnar av damene sin 1. divisjon.

Førde sitt herrelag treng 2 poeng for å vere sikra 1. divisjonsplassen neste sesong. Laget fekk Knut Føleide skada sist helg, men vonar at han er tilbake til kampane i Ålesund. Sandnes er Førde sin hardaste motstandar i kampen om plassen i divisjonen. For å sikre seg plassen må laget vinne alle sine kampar, samstundes som Førde tapar alle sine. KFUM Ålesund peika seg sist helg ut som klar dumpekandidat med solide tap i alle kampane, det er vel lite truleg at laget rettar noko på dette i siste runda. Dermed skulle plassen i divisjonen vere sikra for Førde.

I meisterskapspulja står kampen i første rekke mellom Tambarskjelvar og KFUM Oslo, men også Hellerasten kan med sterk avslutning vere med å kjempe om gullet. KFUM Volda er alt klar på 4. plass. I nedrykkingspulja i dameklassa er det klart at Ålesund rykkjer ned i 2. divisjon, og mykje tyder på at også Sandnes må ta den tunge gangen ned frå elitedivisjonen.

# Fjordane hevdar seg på landsnivå

1 gull, 2 sølv og 1 bronse under NM i bogeskyting. 3. plass i Landsrennet i alpint for gutar og jenter, og 3. plass til volleyball-laget til Førde under finalen i Norges-cupen. Dette er fasit etter helgas nasjonale stemne. Dessutan har Sogn og Fjordane utkjempa krinskamp i vektløfting mot Bergen.



**Stein Kjetil Holvik med fin samling på pilene under NM. Det heldt til sølv.**

Vi viser elles til Sporten side 5 og 6. I morgon kjem vi attende m.a. til Florøturneringa i fotball.

*Jubelhelg for Tambarskjelvar og Førde:*

# Tre lag i 1. div. neste år



Sunnfjord markerte seg sterkt på volleyballkartet denne helga. Tambarskjelvar sikra seg sølvmedaljen i damene sin 1. divisjon, Førde sitt herrelag sikra fornya kontrakt, og sist, men ikkje minst sikra damelaget til Førde distriktet sitt 3. første-divisjonslag.

Alt dette kan nesten bli for mykje av det gode, men sindige sunnfjordingar veit å halde beina solid planta på bakken. Greier Tambarskjelvar-jentene det, kan det bli meir hejder på laget. Neste helg stiller nemleg sju av sølvmedaljevinnarane som favorittar i Landsfinalen for junior i Grimstad.

Vi viser til reportasje frå kampane i helga på sportssidene.

VOLLEYBALL

# Slitne Naustdal-jenter sikra gull.

## — Vi hadde ikkje greidd ein kamp til, seier lagleiar Atle Øen.

Tambarskjelvar kan no ta seg ein fortent kvil etter å ha greidd det alle venta dei skulle makte, men som berre Tambarskjelvarjentene til fullnads viste kor vanskeleg det ville bli.

Lagleiar hos Tambarskjelvar Atle Øen, seier til Firda at laget ikkje viste det store spelet i denne finalen. — Jentene spelte så godt som nødvendig for å vinne gullet. Spelarar som leiarar var heilt utslått etter kampane i helga, og Øen er overraska over at spelarane makta å hente fram dei ressursane som var nødvendig for å hente heim gullet. — Spelarane hadde ikkje krefter til å vise den store sigersgleda, men innerst inne var dei så inderleg nøgde, seier Øen.

I finalen mot Bergkameratene hadde laget store problem med å komme i gang i setta. I første sett låg laget under 7-1, før dei fekk sving på spelet, og gjekk direkte i 14-7 leiing, men igjen svikta konsentrasjonen, og Bergkameratene halte innpå, men det var aldri direkte fare på ferde. Også i 2. sett kom Tambarskjelvar skeivt ut og Bergkameratene vann settet. Naustdals-jentene kom på etterskot også i 3 sett, men viljen til å vinne, dei einskilde spelarane si evne til å jobbe for kvarandre i vanskelege situasjonar vart avgjerande, og dei innhenta Bergkameratene si leiing og fekk settball på 14-11. Men BK kom tilbake og pressa Tambarskjelvar, men det heldt, og Naustdalsjentene kunne nøgde konstatere at gullet var sikra.

I dei innleiande kampane vann dei 2-0 over høvesvis Birknes, Øksil og Halden, utan å ta fram det dei kan. I semifinalen gav dei bort eit sett mot Børstad.

Lagleiar Atle Øen seier til Firda at spelarane etter dette skal kose seg og slappe av. Samtlege er heilt nedkøyrde etter det harde programmet dei siste 3 vekene. Dei har til saman spelt 11 kampar og vunne ti av dei. 6 av kampane var sluttspelet i 1. divisjon, 5 i juniorfinalen. Alt i alt har laget spelt 38 sett. Til saman har desse kampane vart i omlag 14 timar, i tillegg til 9 timar oppvarming. Dei siste tre helgane har laget vore borte i til saman 8 dagar.

Kva fekk dei ut av det? Sølv i serien og gull i juniormeisterskapen. Det er berre å ta av seg hatten for det desse jentene har gjort.

# 5. plass til redusert Førde-lag.

Førde må ha god grunn til å seie seg nøgd med innsatsen under landsfinalen i junior NM i Halden laurdag og sundag. Laget vart til slutt nummer 5 etter å ha vist så godt spel ein kan vente av laget. Førde mangla Asbjørn Vølstad, som denne helga var oppteken med landslagsspel, og laget samansett av 2 førstedivisjonsspelarar og resten frå 3. divisjon leverte ein fin innsats.

I første kampen mot Sandnes hadde Førde rogalendingane i kne i 3. og avgjerande sett, men på stillinga 14-10 fall laget fullstendig saman, og Sandnes vann settet 16-14 og kampen 2-1. Også neste kamp mot Halden vart jamnspelt, og Førde halte i land ein 2-1 siger. Før kampen mot Gimsøy var det klart at Førde måtte vinne for å få plass i finalen sundag. Gimsøy var alt klar. Dette gjorde nok at laget ikkje var topp tent på oppgjeret, men halte likevel i land en 2-1 siger over Sunnfjord-laget.

Førde vart dermed nummer 3 i si pulje, og kunne i beste fall bli nummer 5 totalt. I sundagens kamp mot Nessegutten vann dei 2-0 etter setta 15-6 og 15-11. I kampen mot Halden tok dei ein lett siger 15-6 og 15-3 og sikra seg 5. plassen.

Noregsmeister vart Gimsøy som vann finalen mot KFUM Volda 2-1. I kampen om bronsemedalja vann Tromsø 2-0 over Sandnes.

Inge Andersen i Førde VBK seier seg bra nøgd med innsatsen. Etter hans meining gjorde Førdegutane om lag det ein kunne vente. Dei fekk vist at dei høyrer med i den øvre halvdel, og veit med seg sjølv at med fullt lag ville dei hevda seg høgre oppe i sluttkampen.

VOLLEYBALL

# Førde-damene til 1. divisjon?

## Svaret veit vi etter kampane i Førdehuset laurdag og sundag.

Skal Førde få sitt andre førstedivisjons-lag? Dette vert avgjort i løpet av to hektiske kampdagar i Førdehuset laurdag og sundag. Førde møter då vinnarane frå dei andre 2. divisjonsavdelingane, Hellerasten (Oslo), St. Svithun (Stavanger) og Tromsø.

Inge Andersen i Førde VBK meiner at det kan bli ei jamn og spanande turnering, der eit entusiastisk heimepublikum kan hjelpe Førde mykje for å bli blant dei to laga som rykkjer opp i 1. divisjon frå neste sesong.

På førehand er vel ingen av laga favorittar. Hellerasten og St. Svithun er lag som begge har 1. divisjonsrutine frå før. St. Svithun rykte ned frå 1. divisjon for to sesongar sidan, og vann 2. divisjon også i fjorårs-sesongen men valde å utestå frå kvalifiseringskampane. I år har laget sagt seg interessert i 1. divisjonsspel, og berre det vitnar om styrke. Laget er bygt opp omkring dei tidlegare landslagsspelarane Ellen Oftedal og Britt Jacobsen, og er med si store rutine ein trugsel for eitkvart lag.

Hellerasten rykte ned frå 1. divisjon etter fjorårssesongen, og vil nok gjere sitt opphald i 2. divisjon kortast mogeleg. Laget har sine sentrale spelarar i søstrene Valin. Rannveig er fast inventar på landslaget, men også Kristin er ein farleg spelar. Hellerasten er eit sikkert og godt organisert lag, så for å slå det må motstandarane spele solid og gjennomført heile kampen.

Tromsø er nok det mest ujamne av Førde sine motstandarar, men laget har vist stor innsatsvilje, og frå sisteplass i fjorårets serie har laget avansert til topp-plass i år. Laget har sin sentrale spelar i Sissel Røssum, med 1. divisjonserfaring frå Ålesund VBK.

Inge Andersen understrekar at dei 4 laga har hatt lik serieutvikling denne sesongen. Alle har hatt ein jamnbyrdig motstandar, medan dei andre i divisjonen har lege klart bak. Utifrå det stiller alle laga med likt utgangspunkt, seier han. Han fortel vidare at Førde har møtt Tromsø og Hellerasten i turneringar tidlegare. Det enda med tap for Tromsø og siger over Hellerasten. Men han understrekar at ingen av laga stilte med fullt mannskap, så han vil ikkje legge for stor vekt på desse resultata. — Det bør bli ei jamn og spanande turnering, seier Andersen, og vonar at mange finn vegen til Førdehuset desse to dagane.

VOLLEYBALL

Norges-cupen:

# Førde sikra seg bronsemedalje.

Førde fekk ei god avslutning på årets sesong i volleyball. Under Landsfinalen i Norges-cupen tok dei bronse, etter å ha slege Sandnes 3-0 i første kampen. I oppgjeret mot Tromsø vart det 1-3 tap, etter å ha spelt eit godt 1. sett. I bronsefinalen mot Gimsøy vart det 3-2 siger i ein kamp som skifta frå det gode til det heilt dårlege spelet.

I 1. sett mot Tromsø viste Førde sitt beste spel denne sesongen. Alt glei som det skulle og seriemeistrane frå Tromsø vart regelrett spelt av bana, og Førde tok ein lett 15-8 siger. Det gode spelet heldt seg til midt i 2. sett, men då «punkterte» Førde-laget og det var sidan aldri tvil om kven som ville vinne kampen. Tromsø skjerpa seg godt i serve og tvinga Førde til dårlege mottak, og dermed var det gjort, dei vann dei tre siste setta 15-9, 15-3 og 15-1.

I oppgjeret mot Sandnes fekk Førde liten motstand, eit dårleg motivert Sandnes-lag, viste tydeleg at dei ikkje var i slag og Førde vann kampen 3-0 etter 15-6, 15-12 og 15-7.

Bronse-kampen mot Gimsøy vart eit antiklimaks i høve til Tromsø-kampen. Gimsøy hadde alt å vinne, og satsa hardt alt frå start. Men Førde svarde og vann settet greitt 15-6. I 2. sett svikta konsentrasjonen og Gimsøy vann eit jamnspelt sett 15-13.

Førde kom tilbake i 3. utan å vise toppspel og vann 15-9. I 4. sett viste Førde sitt dårlegaste spel denne sesongen. Spelarane gjekk sure, og laget fungerte ikkje, og Gimsøy tok ein klar settsiger. Men i 5. og avgjerande sett levna Førde-spelarane inga tvil. Godt spel og 15-4 siger.

Lagleiar hos Førde, Inge Andersen, seier seg godt nøgd med bronsemedalja. At det vart vist svært variabelt spel av alle lag tek han som teikn på at dette var siste kamp denne sesongen, og spelarane hadde store problem å stå ut ein heil kamp.

# Kongepokalar til Tromsø og Oslo.

Ikkje uventa var det Tromsø som sikra seg Kongepokalen i herrane sin finale. Laget vann ein solid siger etter å ha slått Jessheim og Førde i dei innleiande kampane. I finalen tok laget ein solid siger over Hellerasten.

At Oslo skulle ta gull i damene sin finale var ikkje direkte overraskande. BSI har hatt store problem i det siste, og med oppleggaren Bente Wold på skadelista, vart angrepa for lite varierte mot eit topptrent Oslo-lag. Inger Gundersen var denne gongen tilbake på BSI. Finalekampen mellom Oslo og BSI vart turneringa sin beste kamp. Begge lag viste godt og innsatsfylt spel, der Oslo tok det avgjerande settet og vann 3-2. Settsiffera var:

Oslo—BSI 9-15, 15-13, 15-7, 10-15, 15-10.

**Innleiande runder herrar:**

| | |
|---|---|
| Tromsø—Jessheim | 3-2 |
| Førde—Sandnes | 3-0 |
| Hellerasten—KFUM Volda | 3-1 |
| Gimsøy—Nessegutten | 3-1 |
| Jessheim—Sandnes | 3-0 |
| KFUM Volda—Nessegutten | 3-1 |
| **Botnkampar:** | |
| Jessheim—KFUM Volda | 3-2 |
| Sandnes-Nessegutten | 3-1 |
| **Kamp om 3. plass:** | |
| Førde—Gimsøy | 3-2 |
| **Finale:** | |
| Tromsø—Hellerasten | 3-0 |
| **Damer:** | |
| **Kamp om 3. plass:** | |
| Sortland—Ålesund (15-4, 15-3, 15-6) | 3-0 |
| **Finale:** | |
| Oslo—BSI | 3-2 |

VOLLEYBALL



# Serie-runda

**D3:**

## Breim — K Sandane 1-3

Breim fekk sin faste oppleggar skada tidleg i første sett, noko som resulterte i at heile laget måtte omstokkast. Dette gjorde at KFUM Sandane fekk lett motstand mot eit Breim-lag som ikkje fungerte som lag. KFUM Sandane vann ein fortent 3-1 siger etter settsiffera 14-16, 9-15, 15-9 og 9-15.

## Svelgen — Breim 2-3

Breim vann dei to første setta, Svelgen tok dei to neste, medan Breim vann det siste ganske klart, og sikra seg dermed 3-2 siger over eit kjempande Svelgen-lag. Breim hadde store problem med den låge takhøgda, og heimelaget kom i 6-0 leiing tidleg i første sett. Men utover i settet kom gjestene i gang, og tok sikkert settsigrane i dei to første setta. Men Svelgen kom tilbake og kjempa seg til settsiger i dei to neste, før Breim igjen fekk taket på kampen og vann siste settet klart.

**H4:**

## Tambarskjelvar — Dale 3-0

Tambarskjelvar hadde små problem å slå Dale i Naustdal onsdag. Heimelaget viste i periodar godt spel med aktiv god jobbing ved nett. Bakover bana jobba laget godt i forsvar, og Dale-angrepa vart blokka ned. Dale kom ikkje med i kampen, men viste at dei fortener 3. plass på tabellen. Settsiffera: 15-5, 15-3 og 15-7.

## Tambarskjelvar — Breim 3-0

Seriefinalen mellom Breim og Tambarskjelvar vart ikkje så spanande som ein kunne vone. Tambarskjelvar viste seg som eit klart betre lag og hadde små problem å slå breimingane 3-0. Breim sine høge spelarar hadde stor rekkevidde ved nett, og jobba godt i blokk, men laget vart for spinkelt mot eit Tambarskjelvarlag som ikkje spelte opp mot sitt beste. Men 3-0 sigeren var nok til å sikre 3. divisjonsspel neste sesong. Settsiffera var 15-12, 15-6 og 15-9.

Kampen viste at nivåforskjellen mellom Tambarskjelvar og dei andre laga i divisjonen er stor, og Tambarskjelvar vil venteleg finne seg godt til rette i 3. divisjon. Vi har fått inn resultat frå ein tidlegare kamp mellom Dale—Tambarskjelvar. Tambarskjelvar vann 3-0, og har dermed spelt alle sine kampar.

**D3:**

Breim—KFUM Sandane 1-3

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sogndal | 11 | 11- 0 | 33- 4 | 22 |
| Sande | 13 | 10- 3 | 32-18 | 20 |
| Breim | 13 | 8- 5 | 29-22 | 16 |
| KFUM Sandane | 11 | 7- 4 | 25- 2 | 16 |
| Svelgen | 10 | 4- 6 | 20-20 | 8 |
| Tambarskjelvar | 12 | 3- 9 | 18-30 | 6 |
| Jotun | 10 | 2- 8 | 9-27 | 4 |
| Hornindal | 13 | 2-11 | 12-35 | 4 |

**H4:**

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Tambarskjelvar | 10 | 10-0 | 30- 3 | 20 |
| Breim | 9 | 7-2 | 22-12 | 14 |
| Dale | 8 | 4-4 | 13-15 | 8 |
| Svelgen | 8 | 3-5 | 13-15 | 6 |
| Jotun | 10 | 2-8 | 10-26 | 4 |
| Sogndal | 8 | 1-7 | 7-21 | 2 |

**Helsedirektoratet har vedteke at spritinnhaldet i hostemixtur skal reduserast frå opptil 30 til under 10 prosent, då dei meiner spritinnhaldet ikkje har noko å seie for verknaden på hosten, og heller kan vere årsak til misbruk.**

# Jamt i herrar 3. divisjon.

Serievolleyballen nærmar seg avslutninga. I våre lokale seriar er 4. divisjon ferdigspelt, og denne helga vert siste serierunde i 3. divisjon avvikla. Men det står enno att enkelte utsette kampar.

Førde sitt herrelag har enno ikkje gitt opp kampen om seriemeisterskapen. Laget ligg på 2. plass, 2 poeng bak leiarlaget Svelgen. Svelgen møter denne helga Sande som sist helg tapte to kampar mot Førde. Med siger til Svelgen i dette oppgjeret vil laget vere sikra seriemeisterskapen, men med Sandesiger har Førde sjansen til 1. plassen. Dei må då slå Vik i Førdehuset laurdag og KFUM Sandane i ein utsett kamp. Då vil den utsette kampen mellom Svelgen og Førde bli heilt avgjerande for seriemeisterskapen. Pil møter denne helga Svelgen, og har vel små sjansar å tukte serieleiaren.

KFUM Sandane og Breim sikrar seg venteleg to nye poeng i kampane mot Jotun i damene sin 3. divisjon. Også Sande bør sikre seg to poeng i oppgjeret mot Svelgen, medan Tambarskjelvar nok vil få problem mot serieleiaren Sogndal.

**D3:**

13/3 KFUM Sandane—Jotun
Sande—Svelgen
Tambarskjelvar—Sogndal
14/3 Breim—Jotun

**H3:**

Emo Nr. 2020

Produsenter Martin Aase Bahr & Roald Bahr